



Statsforvalteren i Møre og Romsdal



Årsrapport 2024

Innholdsliste

Innholdsliste	2
1 Statsforvalterens beretning	4
2 Introduksjon til statsforvalteren og hovedtall	6
2.1 Statsforvalteren og samfunnsoppdraget	6
2.2 Organisasjon og ledelse	6
2.3 Presentasjon av utvalgte nøkkeltall	7
3 Årets aktiviteter og resultater	8
3.1 Redegjørelse for, analyse og vurdering av oppnådde resultater	8
Hovedmål 1 - Nasjonal politikk er kjent og iverksatt	8
Hovedmål 2 - Statlig virksomhet er godt samordnet på regionalt nivå	9
Hovedmål 3 - Rettssikkerhet er ivaretatt på en enhetlig måte	9
3.1.1 Nasjonal politikk er kjent og iverksatt	10
3.1.1.1 En bærekraftig, trygg og fremtidsrettet samfunnsutvikling og arealbruk	10
3.1.1.2 Helhetlig og samordnet oppfølging av samfunnssikkerhet og beredskap i kommunene	15
3.1.1.3 Et velfungerende plansystem i kommunene	16
3.1.1.4 Økt kunnskap om sosialtjenesteloven	18
3.1.1.5 Tilgjengelighet og kapasitet, samt styrket kvalitet og pasientsikkerhet i helse- og omsorgssektoren i kommunene	19
3.1.1.6 Økosystemene i fylket skal ha god tilstand og levere økosystemtjenester	21
3.1.1.7 Ingen arter og naturtyper skal utryddes, og utviklingen til truede og nær truede arter og naturtyper skal forbedres	22
3.1.1.8 Forurensning skal ikke skade helse og miljø	23
3.1.1.9 God økonomiforvaltning i kommunene	24
3.1.1.10 Økt verdiskaping i landbruket og landbruk over hele landet	26
3.1.1.11 Bærekraftig landbruk	29
3.1.1.12 Barnehageeiere og skoleeiere har ansatte med kompetanse som fremmer utvikling, læring og trivsel tilpasset barn og unges behov	30
3.1.1.13 Andre oppdrag	33
3.1.2 Statlig virksomhet er godt samordnet på regionalt nivå	34
3.1.2.1 Gode og helhetlige tjenester til utsatte barn og unge	34
3.1.2.2 Tilsyn skal være samordnet, målrettet og medvirke til læring og forbedring	35
3.1.2.3 Klimahensyn skal ivaretas i alle sektorer	36
3.1.2.4 Beredskap i en utfordrende sikkerhetspolitisk situasjon	38
3.1.2.5 Andre oppdrag	39
3.1.3 Rettssikkerhet er ivaretatt på en enhetlig måte	39
3.1.3.1 Høy kvalitet i veiledning, kontroll, tilsyn og saksbehandling	39
3.1.3.2 Effektiv og korrekt lov- og tilskuddsforvaltning	42
3.1.3.3 Befolkningen har tillit til tjenestene og får ivaretatt sin rett til forsvarlige og nødvendige tjenester	45
3.1.3.4 Andre oppdrag	49
3.1.3.5 En effektiv og velfungerende vergemålsforvaltning	49
3.1.3.6 Vergemål utøves med respekt for vergehavers behov og vilje	50
3.1.3.7 Barnehagemyndigheter, barnehageeiere og skoleeiere forstår, formidler og etterlever regelverket	51
3.1.3.8 Statsforvalteren understøtter nasjonale myndigheters, fylkeskommunenes og kommunenes arbeid med bosetting og integrering	57
3.1.4 Gjennomførte evalueringer	58

3.2 Avvik på oppdrag i tildelingsbrevet og/eller faste oppgaver i hovedinstruks	58
3.2.1 Tverrsektorielle oppdrag/oppgaver	58
3.2.2 Arbeids- og inkluderingsdepartementet	58
3.2.3 Barne- og familiedepartementet	58
3.2.4 Helse- og omsorgsdepartementet	58
3.2.5 Justis- og beredskapsdepartementet	58
3.2.6 Klima- og miljødepartementet	58
3.2.7 Kommunal- og distriktsdepartementet	59
3.2.8 Kunnskapsdepartementet	59
3.2.9 Landbruksdepartementet	59
3.3 Særskilte rapporteringskrav fra tildelingsbrevet	59
3.4 Redegjørelse for, analyse og vurdering av ressursbruk	89
3.5 Samlet vurdering av måloppnåelse i forhold til samfunnsoppdraget og regnskapsresultat	90
3.6 Andre forhold	90
4 Styring og kontroll hos statsforvalteren	91
4.1 Redegjørelse for vesentlige forhold hos statsforvalterens planlegging, gjennomføring og oppfølging	91
4.1.1 Statsforvalterens risikostyring	91
4.1.2 Statsforvalterens internkontroll, herunder iverksatte tiltak	91
4.1.3 Bemanning, kapasitet og kompetansesituasjonen hos statsforvalteren	92
4.1.4 Forvaltning av egne eiendeler (materielle verdier)	92
4.1.5 Oppfølging av eventuelle avdekkede svakheter/utfordringer, herunder merknader fra Riksrevisjonen og status for arbeidet med informasjonssikkerhet	92
4.2 Rapportering av andre vesentlige forhold knyttet til personalmessige forhold, likestilling, HMS/arbeidsmiljø, diskriminering, ytre miljø og lignende	92
4.3 Fellesføringer 2024	93
5 Vurdering av framtidsutsikter	94
5.1 Forhold i og utenfor statsforvalteren som kan påvirke statsforvalterens evne til å løse samfunnsoppdraget på sikt	94
5.2 Konsekvenser for statsforvalterens evne til å nå fastsatte mål og resultater på lengre sikt	94
6 Årsregnskap	95
7 Vedlegg	96

1 Statsforvalterens beretning

Tryggleikspolitikk og totalberedskap

Uroa i verda har utfordra også vår region i 2024. Situasjonen verkar inn på arbeidet vårt og arbeidet til dei vi samordnar med.

Eit meir tilspissa trusselbilde gir oss auka fokus på motstandskraft. Vi har løfta opp behovet for oppdaterte beredskapsplanar og øvingar både i kriseleiinga og i Fylkesberedskapsrådet.

Vi har starta opp totalberedskapskurs for toppleiarar frå offentleg og privat sektor i samarbeid med HV11 og Politiet. Kursa går over fem dagar og inneheld oppdatert informasjon om den tryggleikspolitiske situasjonen, kva regjeringa gjer for forsvar og totalberedskap, historisk bakteppe og totalberedskap nasjonalt, regionalt og lokalt.

Kursa inneheld ei øving i det høgaste krisespekteret. Kursa løfter beredskapen, styrker og tryggjar leiarar, bygger fellesskap og kjennskap og spreier viktig informasjon om tryggleik og beredskap i heile fylket. Begge kursa i 2024 var fullbooka, med 30 personar på kvart kurs. Deltakarane gav toppscore i si evaluering.

Vi ser at kursa har bidratt til auka merksemd og kriseforståing i fylket.

Kursa har også resultert i eigne beredskapsdagar i kommunane og økt kriseforståing rundt tryggleik og beredskap i den enkelte kommune og i dei interkommunale råda.

Vi har delt informasjon om korleis vi har rigga disse kursa, slik at det skal vere enkelt å ta i bruk same konsept i dei andre fylka. Vestfold og Telemark har kome langt i å arrangere eigne kurs.

Eigenberedskap har vi også i år løfta opp. Saman med Sivilforsvaret har vi hatt ulike aktivitetar og medieoppslag rundt temaet. Kommunane er flinke til å informere sine innbyggjarar.

Statsforvaltaren har stilt opp på mange møte med innlegg om tryggleik og beredskap. Tema er no løfta høgare på dagsorden i heile fylket.

Tøffe prioriteringar hos kommunane

Endringar i demografien er no eit faktum hos kommunane. Fleire eldre og færre yngre og i arbeidsfør alder krev tøffe prioriteringar, og vi følgjer kommunane tettare opp.

Dialogen viser eit aukande behov for meir førebygging i oppvekstsektoren. Vi ser både manglande fagkompetanse i barnehagar og skular, og auka utfordringar rundt psykisk helse, rus og kriminalitet. Vi treng ungdom som er i stand til å bidra i samfunnet og i arbeidslivet. Her er det behov for treffsikre tiltak.

Kommuneøkonomi

Kommuneøkonomien i Møre og Romsdal er krevjande. Fleire kommunar har stor lånegjeld. Dei slit med høge renter og mange har brukt opp store deler av/ eller heile disposisjonsfondet sitt. I 2024 blei Rauma kommune meldt ut frå ROBEK. Hareid og Tingvoll kommunar blei meldt inn.

15 av 27 kommunar gjekk med underskot i 2023. Vi følgjer opp alle kommunane, og særskilt dei som er innmeldt på Robek og dei som ligg i faresona for å bli meldt inn. Vi er tydelege i vår informasjon og rettleiing.

Når kommunane er på ROBEK har vi konkrete verkemiddel til å snu situasjonen. Vi ser at det er forskjell på kor raskt kommunane tar dei nødvendige grepa.

Vi jobbar aktivt inn mot den einskilde kommune og i ulike fellesmøte for fleire kommunar. Felles informasjon og forståing er viktig.

Hausten 2024 skreiv vi kronikken «Tøffe tider krev tøffe prioriteringar». Fleire kommunar har vist til kronikken i sine budsjettmøte.

Kommunebilde og kommunebesøk

2024 er vårt andre år med verktøyet Kommunebilde. Internt gir arbeidet oss større forståing av situasjonen i kommunane, og av deira forvaltning, kompetanse, ressursar og oppgåveløysing. Formannskapet og kommunalsjefane er med i dialogmøta der vi tar utgangspunkt i våre vurderingar i kommunebilda. Diskusjonen er utviklande for begge parter undervegs.

Prosessen i arbeidet med kommunebilda er utviklande for oss, for kommunane og for samarbeidet vårt. Alle kommunane får eit besøk i løpet av valperioden. Der møter vi formannskapet og kommunedirektøren si leiargruppe.

Kommunebilde-verktøyet treng fortsatt utvikling.

Forventningsbrev til kommunane

I starten av året sender vi eit brev med nasjonale forventningar til kommunane. Brevet blir brukt i kommunestyremøte, og i diskusjonar og andre møte i kommunen. Kommunebrevet bidrar også til gode drøftingar i regionale møte med kommunedirektørar og ordførarar.

"Tett-på-kommunar"

Vi følgjer fem kommunar ekstra tett denne kommunestyreperioden i lag med Fylkeskommunen og Distriktssenteret. Målet er at kommunane skal bli betre til å styre gjennom plan og til å gjennomføre omstillingsarbeid.

Både KDD og HOD er svært interesserte i prosjektet. Det er etablert følgjeforsking.

Plansaker

Vi har behandla og mekla i fleire krevjande plansaker i 2024. I fire av fem meklingsaker vart partane ikkje samde. Desse er no til behandling i KDD. Sakene om Raudbergvika og Sulafjellet er svært omfattande og vil ha store konsekvensar for interessene Stats-forvaltaren er sett til å forvalte.

Miljøservice Eide

For statsforvaltaren har også 2024 vore eit år der vi har arbeidd mykje med det konkursramma avfallselskapet Miljøservice Eide. Vi har hatt eit godt og nødvendig samarbeid med Miljødirektoratet når det gjeld opprydding på anlegget mm. Vi har også førebudd oss til ei rettsak mot tidlegare leiar av anlegget som skal gjennomførast tidleg i 2025. Vi har hatt mange møter med, og orienteringar til politisk og administrativ leiding i kommunen. Det har i dessutan vore ein del interesse frå media om denne saka.

Interne tema**Effektivisering og svar frå overordna**

Eit auka tal på klagar og innsynskrav, utfordrar oss på arbeidsmetodar, prosessar, malar og IT- løysingar. Krevjande mediesaker tar også mykje tid. Heile vegen må vi ha fokus på auka effektivitet og sjå etter nye måtar og løyse oppdraga våre på.

Vi forventar at våre overordna i departement, direktorat og tilsyn kan gje oss raske tilbakemeldingar i krevjande saker. Vi har eksempel på at det kan ta opp mot eit år før vi får svar.

Arbeid på tvers

Internt har vi fokus på betre tverrfagleg samarbeid gjennom fleire samarbeidsgrupper. Dette er ei klar målsetting i ny organisasjonsstruktur. Målet er å betre ta tak i felles utfordringar og møte nye moglegheiter i lag.

Vi har no to verksemdsområde; sosial berekraft og berekraftig naturbruk. I 2024 har dei to områda arbeidd seg inn i ny struktur, både innfor områda og mellom kvarandre.

Vår strategiske leiargruppe har arbeidd med strategi, og fått på plass eit internt forventningsbrev. Dette gir retning til den einskilde medarbeidar og til samarbeidsgruppene.

Ny organisasjonsstruktur har også fått leiarane tettare på tilsette.

Medarbeidarundersøking - MUST

Hausten 2024 gjennomførte vi MUST-undersøking blant alle våre tilsette. Leiinga var ekstra spent på resultatet sidan dette var første året med ny organisasjonsstruktur. Mange hadde fått nye roller og nye leiarar. Strukturendringa gjorde at kvar leiar har personalansvar for færre medarbeidarar. Dette gav god utteljing.

- 88 prosent responderer på godt klima med leiinga (67 prosent i 2022)
- 83 prosent responderer på høg grad av psykologisk tryggleik (77 prosent i 2022)
- 56 prosent responderer på stor arbeidsmengde og høgt tidspress (53 prosent i 2022)

Den siste bekymrar oss, og vi ser at resultatet heng saman med sjukemeldingar og auka saksmengder.

Molde, 28.02.25



Else-May Botten

statsforvaltar

2 Introduksjon til statsforvalteren og hovedtall

2.1 Statsforvalteren og samfunnsoppdraget

Statsforvalteren er Kongen og Regjeringa sin representant i fylket, og vi er tillagt ei rekkje oppgåver frå departement, direktorat og tilsyn.

"Trygg framtid for folk og natur" er visjonen for Statsforvalteren i Møre og Romsdal, og vi synes denne gir ei god oppsummering av samfunnsoppdraget i stort. Den har også vore til inspirasjon når vi har bygd ny organisasjonsstruktur. No har vi kun to verksemdsområder; eit område for folk og eit område for natur.

For å lykkast med det aller største samfunnsoppdraget, FNs berekraftsmål innan 2030, så må vi som statsforvaltarar nytte handlingsrommet i alle våre roller. Det gjeld

- Iverksetting av nasjonal politikk,
- Samordningsrolla vår og den mynde vi har i den
- Rettstryggleik- og sist, men ikkje minst,
- Informasjon, kunnskapsinhenting, initiativ og forslag.

Vi ser gjennom våre 5 meklingsaker i 2024, at det er store målkonflikter knytt til FNs berekraftsmål som er årsaka til at sakene blir sendt inn til KDD. Som oftast er det natur mot næringsutvikling.

Statsforvalteren i Møre og Romsdal har tatt initiativ til et samarbeid med fylkeskommunen og distriktssenteret om utvikling av et prosjekt vi har kalla **"Tett-på"**. I denne kommunestyreperioden har vi gjort det annleis når det gjelder opplæring av nye kommunestyrepolitikarar. I staden for å invitere til møter og prioritere alle kommunar likt, har vi spelt inn 30 opplæringsvideoar som handlar om politikerrolla og spesielt arbeid med styring etter plan. Desse filmane er korte, 4-7 minutt, og kommunane kan sjølv bestemme korleis dei nyttar det inn i sin politikeropplæring. Vi har fått gode tilbakemeldingar på videoane, og at dei brukast både som lenke i saksframlegg og til innspel med påfølgande diskusjonar i aktuelle utval ute i kommunane.


Så har vi vald ut 5 kommunar som vi, Statsforvaltar, Fylkeskommune og Distriktssenteret vil følge tett i heile kommunestyreperioden. Dette gjeld Sande, Vanylven, Stranda, Fjord og Gjemnes. Både KDD og HOD er interessert i prosjektet, og det er etablert følgeforskning. Ein annleis måte å jobbe på for å hjelpe kommunane i veg til betre styring og omstillingsevne.

Vi har mange møteplassar gjennom året med regional stat, kommunar og våre oppdragsgivarar. Vi samarbeid med andre statsforvaltarar innan dei ulike sektorområda, både på leiarnivå og på sakshandsamarnivå, men fortsatt trur vi det er eit potensiale i å samarbeide meir for å finne "beste praksis". Statsforvaltarane må også omstille seg for å møte framtida. KI kan hjelpe mykje, men det løyser ikkje alt.

2.2 Organisasjon og ledelse



Statsforvalteren
i Møre og Romsdal



Statsforvalter Else-May Botten tiltrådte stillingen 01.10.2021, og rapporterer formelt til Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (DFD).

Frå 01.01.2024 innførte vi ny organisasjonsstruktur. Vi gjekk frå ein tradisjonell struktur med 5 avdelingar og 3 stabar, til ein organisasjon med to verksemdsområder og ein stab (verksemdsstøtte).

Vi har no to områdedirektørar som leiar kvart sitt verksemdsområde med 5 seksjonar. Godt inspirert av FNs berekraftsmål har vi eit område for "sosial berekraft" og eit område for "berekraftig naturbruk". Det er ass. statsforvaltar som leiar verksemdsstøtte.

Her er økonomi, HR, servicekontoret, som administrasjonssjefen har ansvar for i det daglege. Og her er samordningsstaben med kommunikasjon, kommuneøkonomi, plan og berekraft, som rapporterer direkte til ass. statsforvaltar.

Strategisk leiargruppe består av:

Else-May Botten, statsforvaltar

Rigmor Brøste, ass. statsforvaltar

Frank Madsøy, direktør for verksemdsområde berekraftig naturbruk

Tone Monsen Aarø, direktør for verksemdsområde sosial berekraft

Møte annakvar måndag 9-12. Andre leiarar blir invitert inn avhengig av saker. Møte i utvida leiargruppe skjer annakvar månad, 9-11.

I 2024 har vi brukt noko tid på å få den nye organisasjonen opp i fart. Mange nye rutiner som måtte på plass. Ikkje heilt knirkefritt, men vi er på rett veg. Ny organisering skal mellom anna gi større effekt i å samhandle på tvers og prioritere ressursar dit det trengs mest til ei kvar tid.

Hos Statsforvaltaren i Møre og Romsdal er det 140 tilsette, og vi har kontorlokaler i Fylkeshuset i Molde. Nokre av våre medarbeidarar er stasjonert på ytre arbeidsplassar. Til dømes dei tilsette på Herje Genbank. Talet på årsverk i 2024 var 121,4.

2.3 Presentasjon av utvalgte nøkkeltall

Alle nøkkeltala er henta frå våre støttesystem for økonomi og HR.

Nøkkeltall

Nøkkeltall	2024	2023
Antall ansatte	140.0	146.0
Utførte årsverk	121.4	127.5
Turnover (%)	9.9	5.5
Sykefravær (%)	5.6	4.9
Samlet tildeling alle poster	300 601.0	286 546.0
Driftsutgifter	110 042.0	105 099.0
Budsjettavvik driftsutgifter (%)	3.5	-1.6
Lønnsandel av driftsutgifter (%)	84.9	83.3
Lønnsutgifter per årsverk	1 045.0	1 010.6
Husleie	9 326.0	8 739.0
Journalposter (totalt)	78 584.0	74 643.0

Det er ein reduksjon i antal tilsette frå 2023 til 2024, dette kjem av vakanse i stillingar. Turnover i prosent er no tilbake til eit normalt nivå slik det var før korona. Budsjettavviket har tatt utgangspunkt i ramme uten supplerende tildeling for lønnsoppgjøret som kan overføres i sin helhet. Halvparten av budsjettavviket skuldast ubetalt oppgjør til statens pensjonskasse som følge av utsatt lønnsforhandling, resten skuldast i all hovedsak avsatte midler til Forvaltningssenteret for ordning av arkiv og høgare refusjon av sjukepengar enn forventet. Lønnsandel av ramma er auka frå 2023 til 2024, dette fordi lønningane har auka og driftsutgiftene har ikkje auka tilsvarande.

3 Årets aktiviteter og resultater

3.1 Redegjørelse for, analyse og vurdering av oppnådde resultater

Hovedmål 1 - Nasjonal politikk er kjent og iverksatt

Verksemdsområde Sosial berekraft

Verksemdsområde sosial berekraft omfattar mellom anna helse og omsorg, barnehage og skole, sosiale tenester, barnevern og verjemål. Vi har gjort nasjonal politikk betre kjent både gjennom vårt forventningsbrev til kommunane, i kunngjeringar på heimesida, på møtearenaer og i dialog med kommunane og helseføretaka, og i rettleiingar og tilbagemeldingar gjennom vår saksbehandling. Vi har også gitt høyringsfråsegner til kommunale planar på våre område. Arbeid for å motverke og redusere sosial ulikhet, merksemd på tverrfagleg samhandling og barn og unge sine oppvekstvilkår, har vore ein viktig del av dette.

Med søkelys på eit inkluderande barnehage- og skolemiljø og prioritering av dette m.a. i saksbehandlinga vår, meiner vi at vi bidrar vi til å sette fokus på nettopp eit inkluderande, trygt og godt barnehage- og skolemiljø. Vidare er prioritering av spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning/ individuelt tilrettelagt opplæring med på å sikre at barn og elevar får oppfylt sine rettar.

Vår vurdering er at vi gjennom å prioritere sentrale tema frå gjeldande nasjonal politikk på fleire nivå i kommunedialogen, bidrar til at nasjonal politikk blir betre kjent og iverksett.

Verksedsområde Berekraftig naturbruk.

Som eit av dei minste fylka i landet har statsforvaltaren valgt å organisere seg i to verksemdsområder og ei verksemdstøtte. Vi trur dette skal gi ei betre utnytting av embetets samla ressursar. Verksemdsområde berekraftig naturbruk omfattar landbruksoppdraget, miljøvernoppdraget, klimaoppdraget, beredskapsoppdraget og klagesaker etter plan og bygningsloven.

Vi vil trekke fram at gjennom bruk av kommunebilde i kommunedialogen, har vi fått løfta fram desse viktige samfunnsområda for administrativ og politisk leiing i kommunane. Dette er fagområder som lett kan blir drukne i kommunane sine utfordringar knytt til økonomi og store utfordringar med å produsere velferdstenester.

Beredskap er eit fagområde med auka utfordringar. No har vi fokus på den sikkerheitspolitiske situasjonen. I beredskapsarbeidet er det viktig at alle relevante aktørar er kjent med utfordringane ein står over for. Statsforvaltaren er derfor opptatt av å få ut kunnskap om beredskapsarbeid. I forventningsbrevet til kommunane informerar vi om krav og forventningar til kommunal sektor.

Vi har i samarbeid med heimevernet og politiet arrangert 2 totalforsvarskurs (TBK) over 5 dagar for toppleiarar i privat og offentleg sektor. I tillegg har statsforvaltaren vore på mange arenaer og informert om beredskapsarbeid. Vår kompetanse på dette området er etterspurt.

Når det gjeld klagesaker etter plan og bygningsloven, har vi over tid hatt restansar som ikkje er akseptable. Ref. tilbagemeldinga på årsrapporten i 2023 frå KDD. Dette skuldast mangel på personell, mange premisjonar og utskift av personell. Vi ba derfor om fritak for å vere settestatsforvaltar i 2024. Vi har per i dag styrka personellgruppa som i utgangspunktet er på 5 årsverk med 1,5 årsverk. Vi er i prosess med å styrke personell gruppa ytterlegare med mellombels tilsette. Vi har i tillegg gjort avtale om å kjøp av ekstern sakshandsamings kapasitet, og vi kjem derfor til å levere vesentleg betre på måloppnåing for 2025.

Vi formidla regjeringa sin landbrukspolitikk gjennom nyhende brev, digitale og fysiske samlingar, nettsider og forventningsbrev til kommunane. Vi har hatt spesielt stor fokus på jordvern, kommunane sitt ansvar som kontrollmynde og viktigheita av å ha ei robust landbruksforvaltning i kommunane. Embetet har ein rutinert og kompetent stab, og har ikkje avvik å melde på vår gjennomføring av landbruksoppdraget.

Vi vil likevel melde inn ei uro med omsyn til robustheita i den kommunale landbruksforvatninga, fleire kommunar har tynn bemanning. Vi får og tilbagemelding om at det i fleire vaktområder er det problem med tilgang på dyrehelsepersonell. Problema er størst i områder med svakt næringsgrunnlag for veterinærar.

Plan og bygningsloven er eit kraftfullt virkemiddel når vi skal ivareta framtidige generasjonar sitt behov for naturressursar og miljøverdiar. Tidleg og god dialog er viktig i plansaker. Vi ser på planforum som ein viktig arena for drøfting og informasjonsutveksling. Det er viktig å vidareformidlar viktige nasjonaleinteresser tidleg i plan prosessane. I 2024 har vi hatt fleire tunge plansaker. I 4 av desse oppnådde vi ikke semje i mekinga og sakene er oversendt KDD for avgjerd.

Innan forureiningsfeltet vil vi løfte fram at vi brukar betydeleg ressursar på Miljøservice Eide som er eit avfallsanlegg. God dialog og støtte frå Miljødirektoratet har vore viktig i denne saka. Vi vil og melde at frekvensen på tilsyn er på veg opp og har vore på akseptabelt nivå andre halvår 2024. Forureiningsområdet vil vere eit prioritert område i 2025, då dette er et område med utfordringar også i tida som kjem.

Vi arbeider godt på tvers i embetet innan klimaområdet. Dette gjer at vi har klart å løfte merksemda knytt til desse store utfordringane.

Verksemdstøtte

Vi har gjennomført introduksjonskurs i berekraft for nyttilsette i både 2023 og 2024. Her er særleg fokus på kva berekraft inneber som tilsett i statsforvaltaren, breidda i vårt oppdrag for å sjå koplingar til andre fagområder sitt arbeid med berekraft og målkonflikter.

Til saman har alle tilsette fått denne grunnleggande opplæringa i kva berekraft er og korleis ein skal arbeide for å identifisere og handtere målkonflikter.

Kurs, konferansar og webinar er og viktige arenaer for å formidle og gjere kjent nasjonal politikk. I 2024 hadde vi tilsaman 40 slike arrangement, med ca 2200 deltakarar. Dei digitale kursa utgjer ein del av kursportefølgjen.

Hovedmål 2 - Statlig virksomhet er godt samordnet på regionalt nivå

Verksemdsområde Sosial berekraft

Tilsynsaktivitar i samband med innføring av Helseplattformen i lokale helseføretak og i fleire kommunar vart koordinert med Statens helsetilsyn og Statsforvaltaren i Trøndelag. Vår erfaring frå tidlegare tilsyn blei brukt i den lokale oppfølginga, og kunnskap om verksemdene sitt kvalitetsarbeid blei delt og brukt av fleire statlege aktørar.

Tilsynskalenderen vert nytta internt og av andre statlege aktørar. På sosialområdet har vi samarbeidd med NAV Møre og Romsdal om felles kompetanseplan og aktivitetar til NAV-kontora. Vi har også samarbeidd med Husbanken og har utarbeidd felles handlingsplan på satsingsområda i Bu trygt heime.

I arbeidet med kompetanseordningane innafor barnehage-, skule og opplæringsfeltet har vi eit kontinuerleg samarbeid på regionalt nivå, der m.a. universitet- og høgskolesektoren er med i partnerskapa i samarbeidsforum. Dette er også eit bidrag til samordninga i regionen.

Felles tilsynskalendar gjer at vi er meir forutsigbare i vår kontakt med kommunane på tilsynsområdet.

Verksemdsområde Berekraftig naturbruk

Oppdrag knytt til den tryggleikspolitiske situasjonen er vanskeleg å handtere der det er nødvendig å samhandle med aktørar som ikkje har graderet system. Dette gjeld til dømes kommunane.

Vi vil og løfte fram totalberedskapskurset for toppleiarar i offentlig og privat sektor. Kurset gir aktørane eit felles situasjonsbilde, noko som lettar samhandlinga.

Statsforvaltaren samordnar våre innspel og kommentarar til kommuneplanar og reguleringsplanar. Vi har hovudsaksbehandlarar for kvar kommune som har ansvar for å få innspel frå dei ulike fagområda i embetet og samordne desse.

Hovedmål 3 - Rettssikkerhet er ivaretatt på en enhetlig måte

Verksemdsområde sosial berekraft

På områda for helse og omsorg skal saker som omhandlar tvang prioriterast, og det er også krav i helse- og omsorgstenestelova kapittel 9 knytt til tilsyn. Statsforvaltaren gjennomførte få tilsyn i 2024. Orsaka til dette er at løpande saksbehandling må prioriterast og vi har ikkje nok ressursar til begge oppgåvene. Slik situasjonen er no ser vi med bekymring på rettstryggleiken til desse gruppene.

Vi ser også at vår evne til å ivareta rettstryggleiken blir utfordra av eit aukande gap mellom talet på innkomne, ofte komplekse klager som gjeld pasient- og brukarrettar, og manglande standardar for nødvendige tenester ved ulike hjelpebehov. Dette gjeld både for kommunane og for Statsforvaltaren som klageinstans. Trass i forenkla arbeidsprosessar og prioritering av klagesaker basert på risikovurderingar, har vi ikkje klart å kompensere for utviklinga og når ikkje resultatmål. Dette fører til at saksbehandlingstida for ikkje-prioriterte saker har auka konstant. Lang saksbehandlingstid kan føre til at dei som ventar, ikkje får nødvendige tenester i tide, noko som kan svekke rettstryggleiken og tilliten til offentlig forvaltning.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har dei siste to og eit halvt åra organisert eit fagnettverk med helsefaglege tema som bidrar til utveksling av erfaringar mellom embeta og sørger for betre kjennskap til korleis andre embete behandlar saker.

Vi meiner at Helsetilsynet sitt arbeid med harmonisering, faglege forum og deling av tolkningsuttaler og prinsippavgjerder med alle embeta har effekt og bør fortsette.

På barnevern har vi ikkje klart å behandle alle klager på tvang i institusjonane innan ein månad. Dette skuldast ressursituasjonen og at vi har prioritert å gjennomføre institusjonstilsyna og bli ferdig med rapportane etter dei. Vi har hatt skifte i halve faggruppa dette året og fått inn nye som har trengt tid til opplæring. Vi har hatt dialogmøte med ein kommune som har slite med kontinuitet og kapasitet i barnevernstenesta.

På dei landsomfattande tilsyna på sosialområdet har vi gjennomført 2 av kravet på 3. Vi har hatt workshoppar for kompetanseheving i oppfølginga av tidlegare tilsyn som ikkje er lukka. Tala for dette arbeidet kjem ikkje før i 2025.

Vi har i 2024 etablert ei juridisk samarbeidsgruppe der alle juristane på embetet er med. Gruppa skal arbeide med oppgåver som kan forenklast og forbeistrast, og gi juristane ein felles diskusjonsarena for juridiske problemstillingar. Vi trur at dette vi være med å betre rettstryggleik, gi meir lik oppgaveløysing på tvers i embetet og meir lik tolking av regelverket.

Eit trygt og godt barnehage- og skolemiljø, samt spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning/individuell tilrettelagt opplæring er prioriterte område. Når det gjeld handhevsordninga har vi klart å oppretthalde målet om ta kontakt med melder same dag eller i løpet av to dagar etter at vi har mottatt melding. Vidare er målet om å oppretthalde ei rimeleg saksbehandlingstid oppnådd også i 2024. Vi vurderer at dette bidrar til å styrke rettstryggleiken til dei elevane som opplever at dei ikkje har eit trygt og godt skolemiljø.

På eksamensfeltet har vi mellom anna gjennom tilsyn og spørjingar bidratt til å sikre elevane sine rettar.

Verksemdsområde berekraftig naturbruk

Vi har ikkje greidd målet om at alle klagesaker etter byggesakforskrifta skal vere behandla innan 12 veker. Her er 92 % av sakene ikkje behandla innan fristen. Dette skuldast redusert bemanning. Embetet tek grep slik at situasjonen skal betra seg vesentleg i 2025.

Statstovvaltaren har gjennomført risikobasert forvaltningskontroll av kommunane si tilskotsforvaltning. Der vi avdekkjer avvik blir kommunane fulgt opp med rettleiing og i nokre tilfeller nye kontrollar

3.1.1 Nasjonal politikk er kjent og iverksatt**3.1.1.1 En bærekraftig, trygg og fremtidsrettet samfunnsutvikling og arealbruk**

Det er klima- og naturkrise, endringar i aldersstrukturen i befolkninga, endringar i busettingsmønsteret og i næringslivet. Det gir store utfordringar, og det er trong til å tenke, og ikkje minst handle på nye måtar.

Det er endring på gang. Vår dialog med kommunane gjennom forventningsbrev og ulike typar dialog innafor dei områda der vi har oppdrag har effekt. I kor stor grad Statsforvaltaren skal ta ære for dei positive endringane, er det vanskeleg å vurdere, for det er mange ulike aktørar som formidlar budskap innafor same tema. For område der vi har eintydige og sterke styringssignal er det enklast å få til endring. Styrking av jordvern er eit døme på det.

Strategisk planlegging, oppdaterte, realistiske planer og god kopling mellom samfunns-, areal og økonomiplan er avgjerande for å nå dette delmålet. Vi har i 2024 halde fram med vår satsing og prioritering med å følgje opp fem utvalde kommunar sitt strategiske planarbeid. Vi følgjer også opp to Bygdevekst-kommunar.

Vi ser at det at vi er tettare på kommunane gir tidlegare involvering, betre dialog og meir tilpassa rettleiing. Det tette samarbeidet med Distriktssenteret og Møre og Romsdal fylkeskommune på dette området bidreg til samordning på regionalt nivå. Vi samlar erfaringar frå dette samarbeidsprosjektet som vil kome dei andre kommunane til nytte etterkvart, og prosjektet kan og ha overføringsverdi til andre embeter og til andre fagområder internt hos oss.

I siste halvdel av 2024 har vi arbeidd særskilt med tiltak som skal bidra til betre koplingar mellom folkehelsearbeid og helse- og omsorgssektoren og det kommunale planverket. Vi ser i dette arbeidet at det er naudsynt å sjå desse tema i samanheng med bustad- og stadsutvikling og kommunen si arealplanlegging.

Har sett fleire eksempel på at det som står i forventningsbrevet vi lager til kommunene og kommunebildet blir lagt vekt på i kommuneplanens samfunnsdel og prioriteringar som vert gjort i kommunen.

Vi har finansiert berekraftkoordinatorar (toårige prosjekstillingar) som til saman dekkjer heile fylket. Koordinatorane er tilsett i ein kommune og skal verke for kommunen og omlandet (til dømes Søre Sunnmøre). I 2024 har vi kopla kommunane sine planleggarar saman berekraftkoordinatorane med samling, webinar og konferanse. Det har vore særleg relevant med tanke på frist for kommunal planstrategi og deira arbeid med samfunnsplanar og vi ser fleire døme på at kommunane brukar ressursen i planarbeidet sitt.

Både kommunar og berekraftkoordinatorar har teke initiativ til eit stort tal konkrete prosjekt som verkar på kommunalt og regionalt nivå for meir heilskapleg og berekraftig planlegging. Berekraftkoordinatorane har hatt ulikt oppstartstidspunkt og siste kom på plass i april 2024. Kvar av dei skal ha stillinga i minst to år. Der er slik grunn til å vente ytterlegare effekt av tiltaket etter 2024.

Nasjonale og regionale hensyn (fra kapittel 3.1.1.1.1 i TB)**Rapportere på**

Kommunene har god kunnskap om nye Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027, vedtatt ved kgl. res. 20. juni 2023 og statlige planretningslinjer for samordnet bolig, areal- og transportplanlegging.

Vi rettleiar og driv med aktiv formidling av dei nasjonale forventningane til regional- og kommunal planlegging. Til dømes arrangerte vi nasjonal plankonferanse med tittelen «Plan og klimakonferanse» i oktober 2024. Hovudtemaet for konferansen var dei spesielle utfordringane det er med å innarbeide dei nasjonale målsettingane på klimaområdet inn i dagleg planlegging og drift ute i kommunane.

Om lag fire gonger per år sender vi ut eit nyheitsbrev der målgruppa er kommunale planleggarar. Vi har og formidla nasjonale og regionale forventningar i vårt årlege forventningsbrev som blei sendt ut til kommunane tidleg i 2024.

Vi følgjer også opp dei nasjonale og regionale interessene gjennom vår rolle som høyringsinstans for plan- og dispensasjonssaker, og vi viser konkret til aktuelle føringar gitt i nasjonale forventningar, rundskriv T-2/16 med vidare.

Kompetanse og kapasitet på planområdet varierer frå kommune til kommune, og det er dei minste kommunane som er mest sårbare. Vi ser at interkommunalt plannettverk og samarbeid gir fordeler.

Statsforvaltaren har i 2024 støtta nokre av dei mindre kommunane som ønskjer bistand med å bygge opp plankompetanse. Denne oppfølginga vil gå over fleire år.

Det er potensiale for å få til meir interkommunalt plansamarbeid også andre stader i fylket. Rapporten om interkommunalt samarbeid i Møre og Romsdal, utarbeidd av NIVI analyse i 2023, har mellom anna regionale plankontor som eit av sine forslag til løysingar.

Å svare ut konkrete plan- og dispensasjonssaker må naturleg nok prioriterast føre det å følgje opp kommunane med meir generell rettleiing og dialog på planområdet. Det vil seie at den utadretta aktiviteten vil variere med kva ressursar vi har til ei kvar tid. Sidan mykje av den utadretta aktiviteten vår skjer i tett samarbeid med fylkeskommunen, blir vi og påverka av kva kapasitet fylkeskommunen har på planområdet.

Fylkeskommunen har hatt lite kapasitet til arbeidet med plan i 2024. Det gjer at vi hadde ein redusert utadretta aktivitet siste del av 2024. dette vil venteleg halde fram langt inn i 2025.

I tillegg er det forvirrande for omverda når Statsforvaltaren og fylkeskommunen sin administrasjon har tilsvarande og godt grunngjeve motsegner i ein og same sak og hovudregelen er at fylkeskommunen sine motsegner blir trekte dersom dei kjem til politisk behandling.

Statsforvalteren skal bidra til gode og effektive planprosesser (fra kapittel 3.1.1.1.2 i TB)

Rapportere på

Kommunene utnytter ressurser i planlegging på en effektiv måte.

Kommunane har varierende ressurser til planlegging. I samarbeid med fylkeskommunen legg vi vekt på å få god start på planprosesser; mellom anna ved å prioritere å få komplekse saker inn i regionalt planforum.

Elles inviterar vi til dialog så langt kapasiteten vår strekk til. Dei sakene der vi kjem i dialog med kommunen før det er tatt endeleg stilling til kor eit planlagt tiltak skal lokaliseras gir rom for dei beste løysingane.

Ivaretaking og samordning av nasjonale og viktige regionale interesser (fra kapittel 3.1.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Nasjonale og viktige regionale interesser er ivarettatt i kommunale og regionale planer.

Ivaretaking av nasjonale og viktige regionale interesser

Det varierer mellom kommunane i kva grad kommunale planar sikrar nasjonale og viktige regionale interesser. Fylkeskommunen arbeider godt med sine planer for å sikre nasjonale og viktige regionale interesser.

Arsakssamanheng

Vi følgjer opp og gir uttale til alle kommunale planar og dispensasjonssøknader, og vi har ein markert effekt på utfallet i fleire saker. Det er spesielt der vi har tydelege oppdrag og styringssignal, som til dømes tema som er tatt opp i rundskriv T-2/16.

Statsforvaltaren sitt forbettringspotensial

Statsforvaltar saman med fylkeskommunen kan klargjere kva som er viktige premisser ved planlegging for tyngre og meir komplekse etableringar. Det gjeld til dømes batterifabrikkar, datalagringssentre, landbaserte fiskeoppdrettsanlegg og energiproduksjonsanlegg.

Statsforvaltaren har størst forbettringspotensiale innafor utadretta aktivitet; spesielt mot kommunane tidleg i planprosessane. Det gjeld både dialog kring konkrete saker og ulike faglege samlingar.

Andre aktørar sin påverknad

Tiltakshavarar ulike prosjekta blir ofte førande i fleire planprosessar, utan at kommunen tek ei aktiv rolle som planmyndigheit.

Samordne og løse statlige innsigelser (fra kapittel 3.1.1.2.2 i TB)

Rapportere på

Statlige innsigelser er samordnet.

Det er Statsforvaltaren som sett fram dei fleste motsegna til plansaker i vårt fylke. Dei fleste motsegna blir løyst gjennom tidleg og tett dialog med kommunane. Dei fleste motsegna blir også løyst utan at vi kjem til eit formelt meklingsmøte. I 2024 gjennomførte vi meklingsmøte i 5 av 33 saker. Ei av sakene vart løyst i meklingsmøte, medan 4 blei oversend KDD.

Når det kjem motsegn frå andre statlege etatar oppfordrar vi til tidleg dialog mellom partane. Vi kallar inn og deltek som møteleiar i dialogmøter mellom partane der det er trong til det. Vi har eit mål om handsame motsegn på ein samordna måte slik at det blir enklast mogleg for kommunen å få framdrift i den aktuelle plansaka.

Oppfølging av samfunnssikkerhet i planer etter plan- og bygningsloven (fra kapittel 3.1.1.3.1 i TB)

Rapportere på

Samfunnssikkerhet er ivaretatt i alle planer etter plan- og bygningsloven.

Vi har sett gjennom alle planer etter pbl som har kome på høyring. Vi har over tid prioritert samfunnstryggleik i plan, noko vi ser har hatt ein positiv effekt med betre ROS-analysar frå kommunane. Samtidig ser vi at det er stor utskifting av planleggarar i kommunane, og dette krev jamleg oppfølging og rettleiing av kommunane. Både i ROS-arbeidet og korleis ein føl opp og sikrar funna frå analysen inn i plankart og planføresegner for å sikre tilstrekkeleg tryggleik.

I 2024 har vi hatt mange planstrategiar og samfunnsplanar til høyring. Vi har hatt eit spesielt fokus på om, og korleis, desse har/bør følgje opp funn og kunnskap frå heilskapleg ROS-analyse.

Grunna ressursituasjonen i 2024 har samfunnstryggleik i planar etter plan- og bygningslova blitt noko nedprioritert. Vi har hatt avgrensa høve til å drive rettleiing i sakshandsaminga i forhold til tidlegare år.

Hensynssoner rundt storulykkevirksomheter (fra kapittel 3.1.1.3.2 i TB)**Rapportere på**

Hensynssoner med tilhørende bestemmelser rundt storulykkevirksomheter er ivaretatt i kommunale planer ved etablering av nye virksomheter og når planer revideres/rulleres.

Statsforvaltaren sikrar som høyringsinstans at storulykkeverksemdar vert vareteke med omsynssoner og tilhøyrande vilkår der dette er relevant når kommunale planar reviderast/rullerast.

Nasjonale og vesentlige regionale miljøinteresser formidlet i tråd med T-2/16 (fra kapittel 3.1.1.4.1 i TB)**Rapportere på**

Nasjonale og vesentlige regionale interesser i tråd med revidert T-2/16 er ivaretatt

Innafor dei tema der vi har tydelege definert kva som er nasjonale og viktige regionale føringar for klima- og miljøområdet og vi har motsegn som verktøy gjennom T-2/16 eller anna styringsdokument, planlegg kommunane i tråd med føringane når vi har tidleg og tydeleg dialog om føringane. Det inneber at vi må nytte motsegn som verktøy der det er rett nivå, sidan det er varierende i kva grad kommunene legg vekt på faglege råd frå Statsforvaltaren.

Vi gir uttale i alle plansaker og dispensasjonssaker, og vi har dialog med kommunane i ulike faser av planprosessane og i ulike former. I slike samanhengar refererer vi alltid til rundskriv T-2/16 som ein avgjerande basis for vårt samfunnsoppdrag på plan så samt tema i T-2/16 er relevant i den konkrete saka. Vi informerar og om innhaldet i rundskriv T-2/16 i ulike arrangement for kommunar og planleggarar.

Det mest opplagte forbettringspotensialet ligg i å gjere meir av det vi allereie gjer. I tillegg kan vi auke kontakten med kommunane og planleggarane slik at vi kjem inn i forkant av planprosessane.

Det mest opplagte forbettringspotensialet ligg i det å komplettere og tydeleggjere innhaldet i rundskriv T-2/16 slik at rundskrivet blir enda betre eigna som formidlingsplattform for nasjonal politikk.

Boligsosiale hensyn i plan (fra kapittel 3.1.1.5.1 i TB)**Rapportere på**

Boligsosiale hensyn er ivaretatt i kommunale planer.

Statsforvaltaren har gitt innspel til kommunale planar om kravet i den nye boligsosiallova på at kommunen skal ha kjennskap til behovet for dei ulike bustadtypane og at dette skal ligge til grunn i arbeidet med planstrategien. Vi har og gitt innspel til samfunnsplanar og bustadplanar om bustadsosiale omsyn. Dei få samfunnsplanane som har kome på høyring har ikkje hatt med boligsosiale omsyn.

Med bakgrunn i dei planane vi har hatt på høyring kan vi seie at kommunane berre i middels grad teke bustadsosiale omsyn i plan. Dette meiner vi kan skuldast at dei i planstrategien har skreve at kommunen skal vedta ny bustadplan/ bustadsosial plan i 2024/ 2025.

Effekten av innsatsen vår

At vi prioriterer å gi innspel på planer ser vi gir ein effekt ved at kommunane tek med seg innspela våre i planarbeidet.

Statsforvaltaren har gjennom å informere om nytt krav til bustadsosialt arbeid både i dialogmøte med kommunane, i plankonferanse og i webinar gitt opplæring om dette tema.

Vi har kun fått ei klage etter den nye lova i 2024.

Gjennom Husbanken sitt digitale verktøy Kobo har Møre og Romsdal fått med 6 kommunar til no. [Kobo: Digital tjeneste for boligsosialt arbeid - Husbanken](#)

Statsforvaltarens eige forbetringspotensial

Vi må jobbe vidare med informasjon og opplæring.

Vi har for lite oversikt over korleis kommunane har organisert arbeidet etter bustadsosial lov, både i høve plankrav og det å fatte enkeltvedtak og forberede klagesaker.

I kommunebrevet som er sendt til alle kommunane er dette temaet løfta fram.

Rekruttering og kompetanseplanlegging innen helse- og omsorgsområdet (fra kapittel 3.1.1.1.6.1 i TB)

Rapportere på

Rekrutterings- og kompetanseplanlegging ivaretas godt i samfunnsplanarbeidet i kommunene.

Kommunane i Møre og Romsdal er godt kjende med utfordringar knytt til demografisk utvikling og forventta mangel på kvalifisert arbeidskraft i helse- og omsorgstenestene. Dei har fokusert på rekruttering og kompetanse gjennom arbeid med kommunale planstrategiar og revisjon av kommuneplanens samfunnsdel. Planar for 2024 viser at kommunane rettar merksemd på utfordringar som demografi, auka tenestebehov og behov for rekruttering, men det er variabel kvalitet på folkehelseoversiktene mellom kommunane. Samstundes har kommunane i liten grad etterspurt hjelp til planprosessar og strategisk kompetanseplanlegging, og det er vanskeleg å vurdere effekten av vårt arbeid på kommunane sitt planarbeid. Erfaringa vår viser at kommunane treng rettleiing og støtte i dette arbeidet.

Høy arealutnyttelse (fra kapittel 3.1.1.1.7.1 i TB)

Rapportere på

Planleggingen skjer geografisk differensiert og i tråd med statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging.

Kommunane følgjer i middels grad planretningslinjene for samordna bolig- areal- og transportplanlegging ved utbygging i by- og tettstadsområde. Dette skuldast for ein del at mange planinitiativ kjem frå private interessentar. Dei har oftast målsettingar med sine prosjekt som i liten grad vektlegg bolig- areal- og transportplanlegging.

Vi gir uttale til alle plansaker som kjem frå kommunane, og nært opp til byar og tettstadar legg vi vekt på å informere om Statlege planretningslinjer for nettopp bolig-, areal- og transportplanlegging. Vi nyttar og motsegn når vi vurderar det som rett i forhold til formuleringane i rundskriv T-2/16. I nokre saker fører våre innspel og motsegn til at planane blir endra til det betre.

Andre instansar med motsegnrett på bakgrunn av rundskriv T-2/16 eller H-2/14 nyttar i liten grad motsegn som verktøy, og det svekkar vår handlekraft innafor dette temaet. Det hadde til dømes vore enklare å nå fram om Statens vegvesen hadde vore meir aktive på temaet.

Vi ventar at dei nye statlege planretningslinjene for arealbruk og mobilitet vil gi oss betre høve til å påverke kommunane i rett lei.

Høy arealutnyttelse (fra kapittel 3.1.1.1.7.2 i TB)

Rapportere på

Massehåndtering avklares i regionale og kommunale planar.

I vårt fylke har vi mange tunnelprosjekt som gir svært store overskot av sprengstein.

Vi har ikkje lukkast med å få fram gode prosjekt som sikrar at slike overskot av sprengstein har blitt nytta som ein reell ressurs.

Tema blir ofte dumping eller dumping kamuflert som massebehov til prosjekt som oppstår på grunn av tilgang på gratis sprengstein. I seinare tid har nokre av desse massekrevjande prosjekta blitt "innarbeida" i reguleringsplanar utan at det har auka samfunnsnyttan av prosjekta.

Vi saknar regionale planar som gir høve til å gjenbruke sprengsteinen som oppstår i dei store prosjekta i fylket.

Strandsone og vassdragsforvaltning (fra kapittel 3.1.1.1.8.1 i TB)

Rapportere på

Planlegging i strandsonen langs sjø og vassdrag skjer i tråd med plan- og bygningsloven § 1-8, statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen, rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag og regionale planer.

Planlegging i kystnære sjøområder skjer i tråd med nasjonale og regionale føringer.

Kommunane ivaretek nasjonale og regionale føringer i strand- og vassdragsforvaltninga i middels grad gjennom planprosessar. Det skuldast for ein del at mykje av arealdisponeringa skjer gjennom dispensasjonar, og ikkje etter heilskapelege planprosessar.

Ved behandling av dispensasjonssaker legg kommunane ofte meir vekt på grunneigarar og tiltakshavarar ønske om tiltak enn dei vektlegg almenne interesser. På det viset blir ikkje resultatet så godt som det burde vere.

Kommunane oppdaterar sjøområdeplanar i middels grad. Det er ikkje alle kommunane som fullt ut ser nytten av å planlegge sjø på same viset som dei gjer det på land. I tillegg er det vesentleg meir komplekst ved at det er andre sektorstyresmakter som har vesentleg myndigheit i dei areala som ikkje er eigd av ein grunneigar.

Saman med Fylkeskommunen har vi dei seinare åra arrangert nasjonal konferanse med tittelen "kampen om sjøareala" annakvart år. Sist blei denne arrangert i oktober 2023. Vi har og vore sentrale saman med fleira andre aktørar for å utvikle og få fart på marine grunnkart og naturtypekartlegging (NIN) i sjø. Vi ventar at begge desse satsingane har påverka kartlegging i sjø på ein positiv måte. I utgangspunktet er kunnskapsnivået i sjø så mykje lågare enn på landjorda at kunnskapsmangel nok har vore og framleis er ein hemsko for planlegging i sjøområda.

Vi kan bli betre i å rettleie kommunane og oppmode overordna styresmakter om å framskaffe eit betre kunnskapsgrunnlag for planlegging i sjø.

Vi oppmodar difor om at overordna styresmakter satsar på full dekning når det gjeld marine grunnkart og naturtypkart langs kysten. I tillegg er det trong til ei fagleg nøytral vurdering av potensielle konflikter mellom aktuelle tiltak og dei verdiane kommunane skal forvalte i sjøareala.

Mange vassdrag har redusert økologisk eller morfologisk tilstand som følgje av inngrep i vassdrag og nedbørfelt. Vi held fram med rettleiinga om dette til kommunane og stiller strengare krav og vilkår i plansaker. Vi utøver også vår rolle som mynde på forskrift om fysiske tiltak i vassdrag og vassressurslova § 11 i større grad enn før.

Bærekraftig forvaltning fjell og utmark (fra kapittel 3.1.1.1.8.2 i TB)**Rapportere på**

Planlegging i fjell og utmark skjer i tråd med Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027, vedtatt ved kgl. res. 20. juni 2023, og regionale planer. Det vises her til Rettleiar om planlegging av fritidsbustader.

Det har vore lite planleggingsaktivitet opp mot fjellområda våre i 2024. Det gjer det vanskeleg å svare ut dette punktet på ein god måte.

Vi har nokre eldre planar som ligg inn mot villreinområde, men som ikkje har ført til utbygging ennå. Dersom vi får tydelege verkemiddel knytt til villreinforvaltning, planvask og arealnøytralitet, kan det hende at vi kan oppfylle intensjonane i dette resultatmålet i større grad i tida framover.

Ivaretagelse av landbrukets arealressurser (fra kapittel 3.1.1.1.9.1 i TB)**Rapportere på**

God ivaretagelse av jordbrukets arealressurser og styrke jordvernet i tråd med nasjonalt jordvernmål, og øvrig nasjonal politikk for forvaltning av jordbrukets arealressurser.

Vi har inntrykk av at kommunane i stor grad ivaretar nasjonale føringer for jordvern. Vi ser at saker som gjeld nedbygging av dyrka jord er blitt færre. Dette gjeld både dispensasjonssaker og planar. Dette tydar på at kommunane i større grad enn før er bevisste på føringane om eit styrka jordvern.

Vi har hatt 2 motsegner grunngjeve med jordvernomsyn i 2024.

Vi har inntrykk av at auka fokus på jordvern som sektormynde i plansaker, både gjennom bruk av motsegn, klage og i andre høyringsuttaler, gir positiv effekt for jordvernet. I tillegg meiner vi at politikaropplæring har hatt noko effekt.

Omdisponering av jordbruksareal til vegbygging er den største utfordringa for måloppnåinga.

Reduksjon i omdisponering av dyrka jord

2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
463	403	254	602	183	167	113	141	195	161

Tilbakeføring av areal (fra kapittel 3.1.1.1.9.2 i TB)

Rapportere på

Areal tilbakeføres i større grad fra utbyggingsformål til LNF-R (Landbruks-, natur- og friluftsmål samt reindrift)

Vi har formidla dei innstrammingane som har vore i jordvermpolitikken gjennom dialog knytt til plan- og dispensasjonssaker og gjennom generell utadretta informasjon. Planvask har blitt eit kjend og aktuelt tema som kommunane har eit aktivt forhold til; spesielt i forhold til nedbygging av dyrka mark og myr. Vi ventar at dette vil gje konkrete utslag i komande kommuneplanrevisjonar.

Kommunene setter av mindre naturareal til utbyggingsformål enn tidligere i sin overordnede planlegging (fra kapittel 3.1.1.11.1 i TB)

Rapportere på

Kommunene setter av mindre naturareal til utbyggingsformål enn tidligere i sin overordnede planlegging

I våre byområde blir dei nasjonale føringane fulgt opp i middels grad. Det vil seie at det er fleire prosjekt som går på fortetting i byområde, men det er samstundes vesentlege bustadbygging i randområda til tettstadane våre der både utmark og landbruksareal blir tatt i bruk til bustadbygging. Dei fleste fortettingsprosjekta i tettstadane våre er initiert av private aktørar utan at kommunen har styrt det gjennom overordna plan.

Planinnspela våre verkar i liten til middels grad til med å redusere naturareal til utbyggingsareal. I fleire høve får vi gehør for å redusere tomtestørrelse og auke utnyttingsgrad.

Når det gjeld konkret reduksjon av areal som blir planlagt omdisponert, skjer det i hovudsak når areala er i konflikt med nasjonale eller viktige regionale interesser lista opp i T-2/16 eller tilsvarande. Målsettinga om mindre omdisponering av naturareal i seg sjølve er ikkje eit sterkt nok verktøy.

Av andre tiltak enn gjennom innspel til kommunale planar kan vi nemne:

- Tema på "Tett på"-oppfølging av utvalde kommuner
- Filmsnutt om arealstrategi og natur i politkaropplæring ([Arealstrategiar - opplæring i plan for politikarar](#) og [Ta vare på naturen - opplæring i plan for politikarar](#))
- Klar forventning til kommunane om å sette seg mål for å redusere nedbygging side 14 i [forventningsbrevet-2024_.pdf](#)
- Kronikk om sirkulær økonomi på trykk i fleire aviser ([Ein sirkel av liv | Statsforvaltaren i Møre og Romsdal](#))

3.1.1.2 Helhetlig og samordnet oppfølging av samfunnssikkerhet og beredskap i kommunene

Statsforvaltaren nyttar det vi har av verktøy til å sikre heilskapleg og samordna oppfølging av samfunnstryggleik og beredskap i kommunane. Vi vil trekke fram god erfaring med at den/dei som jobbar med tilsyn óg jobbar med planar etter pbl, og omvendt. Vi ser dette gjev positive utslag når spesielt planstrategiar og samfunnsplanar frå kommunane kjem på høyring.

Samfunnstryggleik og beredskap er eitt av fleire tema frå Statsforvaltaren til kommunane i vårt årlege kommunebrev. Kommunebrevet løftar fram våre forventingar til kommunane innanfor samfunnstryggleik med bakgrunn i nasjonale politikk/forventingar.

Vi har god erfaring med å sikre samordna krisehandtering gjennom bruk av samverkemøter med både kommunar og FBR.

Ein utfordrande oppgåve no og framover vert å sikre heilskapleg og samordna samfunnstryggleik og beredskap i eit øvre krisespekter, og kva dette gjev av forventingar til kommunane. Her er vi berre i startfasen.

I januar 2025 vart det etablert ein samarbeidsgruppe for beredskap med delakarar frå fleire seksjonar. Gruppa har oppstart i februar, og vert eit nytt verktøy som mellom anna kan nyttast i arbeidet med å sikre heilskapleg og samordna oppfølging av samfunnstryggleik og beredskap i kommunane.

Virkemiddelbruk (fra kapittel 3.1.1.2.1.1 i TB)

Rapportere på

Orienter kommunene om deres samlede ansvar og rolle innen sivil beredskap.

Vi har i 2024 nytta fleire arena til å rettleie kommunane om deira oppfølging av kommunal beredskapsplikt:

- Vi har gjennomført i samarbeid med Politi og HV11 to (vår og haust) totalberedskapskurs retta mot toppleiarar frå kommunar, forvaltning, næringsliv og akademia i Møre og Romsdal. Vi planlegg å fortsette med dette kurset for nye deltakarar i 2025.
- I tilsynmøta, og dialogen vi har med å følge opp tilsyna, legg vi og vekt på å rettleie om korleis kommunen kan utvikle og forbetre

samfunnstryggleiksarbeidet.

- Vi gjennomførte ei skrivebordsøving for kommunane i fylket som hadde totalforsvar som tema.
- Totalberedskap var eitt av fleire tema på vår fagsamling for kommunale beredskapsmedarbeidarar i 2024

Forebyggende perspektiv i klimatilpassningsarbeidet (fra kapittel 3.1.1.2.1.2 i TB)

Rapportere på

Være en pådriver og veilede for samfunnssikkerhet og tilfredsstillende beredskap i klimatilpassningsarbeidet.

Vi informerer om statlege forventingar til klimatilpassingsarbeidet i planar etter plan- og bygningslova. Frå planstrategiarbeidet til detaljreguleringar. Effekter av klimaendringar skal inkluderast i ROS-analysar etter pbl. ROS-analysen skal sikre kommunen eit godt kunnskapsgrunnlag for å gjere gode vurderingar knytt til arealbruken. Vi informerer aktivt i plansaker om Klimaprofil Møre og Romsdal som eit kunnskapsgrunnlag til arbeidet med ROS-analysar. Tilsvarande informerer vi om Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing, og rettleiaren Miljødirektoratet har laga for denne. I år har vi hatt eit ekstra fokus på DSB sin oppdaterte rettleiar "Havnivåstiging og høge vassstandar".

I dialog med kommunane legg vi vekt på at det å ta vare på natur også er eit forebyggande element i klimatilpassingsarbeidet.

Øvelser for kommuners kriseorganisasjon (fra kapittel 3.1.1.2.1.3 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal i løpet av 2019- 2024 gjennomføre øvelse for alle kommuners kriseorganisasjon.

Statsforvaltaren gjennomførte i november 2024 ein skrivebordsøving for kommunane sin kriseorganisasjon. 24 av 27 kommunar deltok, og ein kommune valde å gjennomføre øvinga i januar 2025 (og ført på statistikken for 2024). Temaet for øvinga var "Totalforsvar".

Vi gjennomførte òg ei skrivebordsøving for kommunal kriseleiing i januar 2024 som opphavelag var planlagt for haust/vinter 2023 (og er derfor ført på statistikken for 2023).

Vi har i 2024 ikkje hatt ressursar til å kunne tilby kommunane eigne tilpassa øvingar for kommunens kriseleiing der Statsforvaltar er tilstades.

Gjennomførte øvelser med kriseorganisasjonen i kommunene

Ar	Totalt antall kommuner i embetet	Antall gjennomførte øvelser for kommunens kriseorganisasjon	Overordnet øvingsmål
2019	35	19	Øvinga skal bidra til auka forståing for kva konsekvensar pandemi kan medføre for kommunen
2020	26	0	Gjennomførte ikkje øving - grunna krisehandtering pandemien
2021	26	25	Øvinga skal bidra til auka forståing for kva konsekvensar dataangrep kan medføre for kommunen
2022	26	25	• Øvinga skal bidra til auka forståing for kva konsekvensar ei atomhending kan medføre for kommunen
2023	27	26	Mottak av høgt tal flyktningar til kommunen og bruk av krisestøtteverktøyet AYVN
2024	27	25	Hending i øvre krisespekter - tryggingsspolitisk krise

Oppfølging av skogskadeberedskap (fra kapittel 3.1.1.2.3.1 i TB)

Rapportere på

Følge opp kommunenes oppgaver i beredskapsarbeid hjemlet i §§ 9 og 10 i skogbrukslova og § 16 i brann- og redningsvesenforordningen

Det har ikkje vore store skogskadehendingar i 2024, berre nokre mindre vindfellingar i kanten av hogstflater.

Det har vore arbeid med ny vernskogforskrift. Arbeidet framover vil fokusere på vernskog mot kyst.

Skogbrann er ikkje mykje nemnd i ROS-analysane grunna historisk ver, men stormfelling på straumnett ligg inne både i fylkes- og kommunale ROS-analysar

I samarbeid med NIBIO blei bestanden av stor granbarkbille kartlagt for ein større del av fylket i 2024. Kartlegginga viser at billa er til stades i fylket, men i små mengder. Det er ikkje påvist skader gjort av billa.

3.1.1.3 Et velfungerende plansystem i kommunene

Vi brukar mykje ressursar for å følgje opp kommunane og i vår pådrivarrolle for eit velfungerande plansystem. Rettleiing, oppfølging og dialog på dette temaet krev tett oppfølging over lengre tid.

Fleire av dei fem utvalde kommunane vi følgjer opp ekstra tett, har i løpet av 2024 sett i gong arbeid får å få til betre koplingar i planverket sitt. Her ser vi ein heilt tydeleg samanheng mellom dei ressursane vi legg ned i form av tett dialog og rettleiing tilpassa kommunen sine behov og det planarbeidet som

kommunen gjer.

I 2024 har vi sett at det etablerte plansamarbeidet på Nordmøre og den felles planressursen dei har tilsett bidreg til å effektivisere arbeid med planstrategi og revisjon av kommuneplanens samfunnsdel. Nordmørskommunane har mellom anna utarbeidd eit felles kunnskapsgrunnlag for sin region, og dei møtast med jamne mellomrom for å drøfte planfaglege tema. Dette er eit godt eksempel på korleis prosjektskjønnsmidlar kan nyttast til å dra i gong og stimulere til meir strategisk interkommunalt samarbeid.

Det gir ein effekt at dei fleste kommunane har relativt nye kommuneplanar. Det er mindre ressurskrevjande å sette i gong revisjon av ein samfunnsdel av nyare dato i kommunane, og det gjer det lettare å følgje fireårshjulet.

Vi ser at plan og økonomi ikkje er tilstrekkeleg kopla saman i mange kommunar. I 2024 har vi halde fram med å gjere kommunane meir bevisste på koplinga mellom plan og økonomi, samt at tiltaka i samfunnsdelen blir fulgt opp innanfor kommunen sine økonomiske rammer.

Vi ser også at kommunane bør jobbe med å få til ei tettare kopling mellom samfunnsdelen og arealdelen, til dømes gjennom arbeidet med arealstrategiar.

For å gjere informasjon og opplæring om plan meir tilgjengeleg har SFMR i samarbeid med Fylkeskommunen og Distriktssenteret laga opplæringsvideoar for politikarane.

Dialog med kommunene om (fasene i) plansystemet (fra kapittel 3.1.1.3.1.1 i TB)

Rapportere på

Alle kommuner har oppdaterte overordnede planer.

Vi rettleiar og informerar om viktigheita av at kommunane har oppdaterte overordna planar. Dette gjer vi blant anna i vår kommunedialog, kommunebilete, på samlingar og konferansar og i møter med kvar einskilde kommune.

Samla sett vurderer vi at kommunane jobbar godt med å få på plass eit oppdatert planverk. 23 av 27 av våre kommunar har sendt planstrategi for kommunestyreperioden 2023-2027 på høyring. 26 av 27 kommunar har ein samfunnsdel vedtatt i kommunestyreperioden 2019-2023 eller som er under revisjon. Når det gjeld kommuneplanens arealdel, så har 9 av 27 kommunar revidert arealdelen i kommunestyreperioden 2019-2023. 5 av 27 kommunar har arealdelen under revisjon. Vi har 8 kommunar med arealdel revidert i 2019-2015, og 4 kommunar med ein arealdel som er revidert før 2015.

Vi kan bli enno betre til å følgje opp dei kommunane som ikkje har levert planstrategi eller planar om å revidere eldre arealdelar.

Klager over reguleringsplan (fra kapittel 3.1.1.3.2.1 i TB)

Rapportere på

God og rask klagesaksbehandling.

I 2024 behandla vi 16 klager på plansaker. Talet ligg klart lågare enn dei 37 sakene vi behandla i 2023. To av sakene blei behandla innan 12 veker. Talet på innkomne plansaker var 20, noko som ligg under normalen.

Bemanningssituasjonen som omtalt i punkt 3.3.1.1.1.1 har gjort at talet på vedtak ikkje blei høgare og at behandlingstida blei lang. Heller ikkje alle i arbeidsgruppa har erfaring med å behandle plansaker. Behandlingstida vil også vere lang i 2025. Embetet har imidlertid sett inn betydeleg meir ressursar på arbeidsområdet i 2025, og vi forventar vi får ei klar betring av restansesituasjonen gjennom året.

Klagesakene var i hovudsak tilfredsstillande behandla og førebudd i kommunane. Vi gav medhald i 3 av dei 16 klagesakene.

Juridisk veiledning og kvalitetssikring (fra kapittel 3.1.1.3.3.1 i TB)

Rapportere på

Kommunale planer har juridisk holdbare bestemmelser og plankart.

Vi gjer ein overordna kontroll av den juridiske gyldigheita av føresegna til alle arealdeler og utvalde reguleringsplanar ved behov. Vi har ikkje ressursar til å gå gjennom føresegna til alle reguleringsplanar. Vi ser at det er behov for meir rettleiing om korleis ein utformar juridiske føresegn til arealdel og reguleringsplan.

Kommunane sine kommunale planar har i middels grad god juridisk kvalitet på føresegna og plankartet. Store og openbare feil blir luka ut, men vi ser at føresegna ofte kan vere uklar, for generell, skjønsmessig utforma eller med mykje sitering av anna regelverk og saksbehandlingsreglar.

Vi kan bli betre til å rettleie på dette temaet.

Juridisk veiledning og kvalitetssikring (fra kapittel 3.1.1.3.3.2 i TB)

Rapportere på

Konsekvensutredningsforskriften er fulgt opp.

KU-forskrifta sine utgreiingskrav blir fulgt opp i betydelig grad i store og komplekse reguleringsaker der aktuelle tiltak er tydeleg definerte og der det gjerne er erfarne aktørar som driv reguleringsprosessen.

I kommuneplanar der arealdisponeringa gjerne ikkje er særleg konkretisert, fører det til større uvisse om korleis konsekvensane skal vurderast. Vi ser difor trong til betre rettleiing til KU for overordna plan.

Vi får god effekt av dialog med kommunane, men i nokre tilfelle må vi nytte motsegn som verktøy for å sikre at kommunen følgjer KU-regelverket slik at saksbehandling blir gyldig.

Oppdaterte digitale planregistre (fra kapittel 3.1.1.3.4.1 i TB)

Rapportere på

Alle kommuner holder digitalt planregister løpende oppdatert.

Kommunane fører i betydeleg grad digitalt planregister for nye planar i tråd med gjeldande retningslinjer.

Eldre planar er i stor grad tilgjengeleg på nett, men ikkje som sektoriserde planar. Særleg bykommunane våre har mange eldre planar der hadde vore ønskeleg å få digitalisert. Kommunane oppgir manglande økonomi/kapasitet/prioritering som årsak til at eldre planar ikkje blir digitalisert.

Saman med fylkeskommunen og Kartverket oppmodar vi kommunane til å prioritere dette arbeidet.

Konsekvensutredninger av klima- og miljøtema har god kvalitet og er i tråd med håndbok M-1941 (fra kapittel 3.1.1.3.5.1 i TB)

Rapportere på

Konsekvensutredninger av klima- og miljøtema er i tråd med håndbok M-1941

Vi sjekkar ut alle saker vi får på høyring for å sjå om det er krav til KU eller ikkje. Dersom det er krav til KU, rettleiar vi kommunen om gjennomføringa ved hjelp av handbok M-1941.

Dette har vore enklast på reguleringsplannivå. På kommuneplannivå har det vore noko uklare krav til detaljnivå som har sinka nokre av desse prosessane.

3.1.1.4 Økt kunnskap om sosialtjenesteloven

Vi ser at der er eit kontinuerleg behov for rettleiing og opplæring i sosialtjenestelova. Dette skuldast mellom anna utskifting av personell og at kunnskap må haldast ved likei NAV-kontora. Vi meiner at våre webinar om sosialtjenestelova, som kan nyttast både til nyttilsette, repetisjon og som oppslagsverk, kan bidra til auka kunnskap.

Dei tema vi har hatt oppe på dei ulike opplæringsarenaene, har vore retta mot nytt på området i tillegg til risikoområder som vi har identifisert gjennom klagesaksbehandling, tilsyn, dialogen med kontor og brukarar. Vi ser positive endringar når vi har tatt opp ulike tema og vi ser viktigheita av kontinuerleg merksemd på dei viktigaste utfordringsområda. Desse har vi skrevet meir om i neste rapporteringspunkt.

Samla sett ser vi at dei ulike tiltaka vi har gjennomført mot NAV-kontora har bidratt til betre forståing av sosialtjenestelova og vore med på å betre kvaliteten.

Vi vurderer måloppnåelsen vår som bra.

Alle NAV-kontor i fylket (fra kapittel 3.1.2.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Alle NAV- kontor har god kunnskap om sosialtjenesteloven med tilhørende forskrifter.

Overordna vurdering.

Vår overordna vurdering av NAV-kontorenes kunnskap om sosialtjenestelova med forskrifter er at den er god. Vi ser sjølvstøtt variasjonar i vår klagesaksbehandling men gir god rettleiing til kontora også gjennom vår saksbehandling.

Etter vår vurdering er det likevel behov for økt formell kompetanse hos rettleiarane i NAV knytt til privatøkonomi og gjeldande regelverk. Om NAV ikkje fangar opp økonomiske utfordringar vil det vere vanskeleg å tilby ein heilskapleg og god økonomisk rådgivingsteneste. Det gjer det og vanskeleg å få brukarane inn i tiltak i andre delar av NAV om dei slit med økonomiske utfordringar. Vi veit at terskelen for å spørje brukarar om økonomiske utfordringar er høg og at mange synes dette er vanskeleg å ta opp.

Vi ser også at NAV-kontora har ei god utvikling når det gjeld barnets beste vurderingar og at dette har eit auka fokus. Det er i aukande grad omtalt i klagesaker, men at kartlegging og vurdering ikkje kjem tydeleg nok fram i journalnotat og vedtak. Dette må vi jobbe meir med framover.

Vi tilbyr opplæring og veiledning på ulike arenaer som mellom anna digitale fagtreff, nettverk, ny i NAV, gjennom webinar vi har laga og det vi har kalla sosialtenestedialogen. Det er eit digitalt forum der vi hadde 3 nettmøter i 2024. Kanalen i Teams er open slik at alle kan stille spørsmål som vi gir rettleiing på gjennom året.

Utover dette får NAV-kontor rettleiing på lovforståing på e-post, telefon og i teams møter.

Alle NAV-kontor har tilbud om opplæring og veiledning

Tilpassa opplæring.

I oppfølginga av landsomfattande tilsyn frå 2023 har vi i etter ei risikovurdering tilbydd workshoppar med opplæring i, og gjennomgang av kartlegging av barn når familiar søker om økonomisk stønad til eitt kontor.

Dei største utfordringane vi ser i NAV kontora.

Framleis ser vi at konkrete og individuelle vurderingar i klagesaker generelt og i høve barnefamilialar spesielt, ikkje er gode nok. Det må vi fortsette å arbeide med.

I tillegg ser vi manglar i det å opplyse saka godt nok, slik at grunnlaget for avgjerd er god nok.

Innan økonomisk rådgiving bør det bli eit større leiarfokus og vi har i samarbeid med NAV Fylke lagt planar for det. Vi vil også prioritere å auke grunnkompetansen for alle tilsette i kontora, ikkje berre dei som arbeider med sosiale tenester.

Når det gjeld kartlegging må det arbeidast meir med å sørge for å avdekke dei grunnleggande behova og gjere noko med dei, før ein til dømes startar arbeidsretta tiltak.

Det er også ein del kommunar som melder om utfordringar knytt til å skaffe nok bustader.

Opplæringstiltak for NAV

Resultatmål	Differanse resultatmål - resultat	Resultat	Antall NAV-kontor i fylket som har mottatt tilbud om opplæring	Antall NAV-kontor i fylket totalt
100 %	0 %	100 %	19	19

Alle NAV kontor har tilgang til våre videoer og deltakelse i Sosialtenestedialogen

3.1.1.5 Tilgjengelighet og kapasitet, samt styrket kvalitet og pasientsikkerhet i helse- og omsorgssektoren i kommunene

Vi vurderer at kommunane har store utfordringar med å rekruttere og behalde personell med relevant kompetanse. Det er ei svak positiv utvikling i talet på kommunar med kompetanseplanar, men fleire planar er utdaterte og av varierende kvalitet. Søknadane om tilskot til kompetanse- og tenesteutvikling er ofte ikkje i tråd med planen.

Det er òg ei svak positiv utvikling når det gjeld heiltidskultur i fylket, noko som kan skuldast merksemd på kompetanseplanar og heiltid. Kapasiteten i kommunane til omsorgsbustad, sjukeheim eller heimeteneste er under press, noko som viser seg i talet på utskrivingsklare pasientar på sjukehuset.

Ein pressa kommuneøkonomi, utfordringar med rekruttering av personell med nødvendig fagkompetanse, og låg leiertettleik gir utfordringar med å gjennomføre vedtak og levere gode og forsvarlege tenester. Likevel ser vi ei positiv utvikling i fleire kommunar som har jobba langsiktig og strategisk med kvalitet og pasienttryggleik, delvis grunna nettverk i kvalitetsforbetring og systematisk oppfølging ved lovbrøt etter tilsyn.

Bistand til kommunene for å møte demografiutfordringene innen helse- og omsorgso (fra kapittel 3.1.3.1.1 i TB)

Rapportere på

Kommunene gjennomfører en langsiktig og helhetlig planlegging knyttet til kapasitet, kompetanse og kvalitet i tjenestene.

Dette må ses i sammenheng med helsefelleskapenes arbeid med bedre felles planlegging og utvikling av tjenesteutvikling for de prioriterte pasientgruppene.

Behov for personell med ulik språk- og kulturkompetanse (samisk, minoritetsspråklig mv) skal søkes ivarettatt i planleggingen.

Kommunane planlegg i varierende grad for framtidige utfordringar, men alle tar omsyn til berekraftsmål og demografiutfordringar. Det har vore ei forbetring dei siste åra. Samarbeid mellom kommunar og ulike nivå har ført til auka samhandling, læring og erfaringsdeling.

Mange kommunar har behov for støtte til strategisk kompetanseplanlegging. Fleire av kompetanseplanane er av eldre dato og av ulik kvalitet. Manglande oppdaterte kompetanseplanar kan føre til auka risiko for redusert kvalitet i helse- og omsorgstenestene. Dette fordi det ikkje sikrast nødvendig kompetanse og tilstrekkelege personellressursar. Dette erfarer vi også i tilsyn. Kommunar som manglar formalkompetanse har i mange tilfelle ikkje sikra at dei utan formalkompetanse får tilført nødvendig kompetanse.

Vi har også erfart at fleire kommunar ikkje har oversikt over kva kompetanse dei treng og kva kompetanse tilsette har. Dette kan føre til at tilsette utan formalkompetanse ikkje får nødvendig opplæring.

Nokre planar er ikkje politisk behandla (7 av 20 planar), noko som kan føre til at planlagde tiltak ikkje blir iverksett og arbeidet med å sikre nødvendig kompetanse og tilstrekkelege personellressursar ikkje blir gjennomført.

Samfunnsplanar og ulike delplanar omhandlar kapasiteten på bustad/sjukeheim eller kapasiteten i heimenestene. Tilstrekkeleg samla kapasitet er viktig, til dømes for å ta imot utskrivingsklare pasientar som ofte høyrer til dei prioriterte gruppene som helsefelleskap skal ta ansvar for. Det er vanskeleg å seie om stadig aukande tal utskrivingsklare pasientar tyder at planlegging ikkje sørgjer for tilstrekkeleg kapasitet eller om det er andre faktorar som påverkar utviklinga som vert påverka av kommunen si planlegging.

Det er for tidleg å seie noko om effekten av helsefelleskapa sitt arbeid med dei prioriterte gruppene. Kommunane er aktivt involvert. For meir informasjon, sjå punkt 3.1.3.1.2.1.

Helsefelleskapene bidrar til likeverdig partnerskap og til mer sammenhengende og bærekraftige helse- og omsorgstjeneste (fra kapittel 3.1.3.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Helsefelleskapene bidrar til likeverdig partnerskap og til mer sammenhengende og bærekraftige helse- og omsorgstjenester

Vi har eitt helsefelleskap. Der er kommunane representerte med leiarar i utvala og dei verkar å vere ein jamstilt aktør. Helsefelleskapet er i gjennomføringsfasen. Det har arbeidd med ny samarbeidsavtale med 6 delavtalar som er signerte av 20 av 27 kommunar. Gjenståande kommunar vil behandle avtalen i løpet av mars 2025.

Vi meiner at kommunane og helseføretaka har starta eit godt samarbeid om pasientforløp på fleire område. Heimeoppfølging av skrøpelege eldre er eit døme på samarbeid som har kome langt. Riktig nok er dette samarbeidet i ein fase med utrulling. Helsefelleskapet har starta arbeidet med å søke om samhandlingstilskot frå Nasjonal helse- og samhandlingsplan, og samhandling rundt utskrivingsklare pasientar er eit svært aktuelt tema for det komande året.

Det er for tidleg å uttale seg om helsefelleskapa lykkes med å utvikla tenester til det beste for brukarar og pasientar. Her er det fleire dynamiske faktorar som påverkar tenestene, som til dømes den økonomiske situasjonen til helseføretaket som fører til omlegging og nedskalering av tenestetilbodet og omorganisering av faglege utval.

Langsiktig arbeid med kvalitet i helse- og omsorgstjenestene (fra kapittel 3.1.3.1.3.1 i TB)

Rapportere på

Kommunene gjennomfører et langsiktig arbeid med å sikre kvalitet i tjenestene. Dette må ses i sammenheng med implementering av forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenestene.

Kommunane er opptekne av å levere fagleg forsvarlege tenester. Forskrifta om leiing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenestene har vore eit sentralt fokusområde ved rettleiing og tilsyn frå Statsforvaltaren, særleg gjennom tilsyn etter metode 3. Dette arbeidet har bidrege til at kommunane får betre forståing av forskrifta og dermed oppnår betre kvalitet i tenestene.

Fleire kommunar manglar oppdaterte risikovurderingar på områdene, jf. forskrifta §6, og dei mest utsette tenestene blir ikkje alltid prioriterte. Det er også låg leiarrettlegg i kommunane, og leiarane uttrykkjer at dei ønskjer å jobbe meir systematisk med kvalitet og pasienttryggleik, men drifta tek mykje av tida deira.

Leiarforankring er avgjerande for å sikre at kvalitetsarbeid blir ein integrert del av kommunen si styring og drift. Vi ser at leiinga ikkje alltid har god nok forståing av forskrifta om leiing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenestene og bruken av den i praksis. Mange leiarar og tilsette har mangelfull kunnskap om forbetningsarbeid og manglar modellar for systematisk arbeid på området.

For å møte desse utfordringane er det behov for meir jamn og strukturert opplæring, samt høve til å jobbe meir systematisk med kvalitet og pasienttryggleik. Døme på slike tiltak er faste fagdagar, rettleiing og refleksjonsgrupper, og deltaking i ulike nettverk i regi av Utviklingssenter for sjukeheim og heimenestene og Statsforvaltaren.

3.1.1.6 Økosystemene i fylket skal ha god tilstand og levere økosystemtjenester

Mange viktige økosystem er i negativ utvikling. Likevel har vi gode døme på at tilstanden har blitt betre der vi har hatt høve til å gå inn med målretta tiltak.

I fjellet er villreinen av dei artane som står under sterkast press både frå oppdeling av natur, ferdsel og forstyrningar, og frå eit varmare klima. Heile stammar av villrein står i fare for å døy ut om det ikkje blir gjennomført omfattande reetablering av dei opphævelege sesongtrekkrutene. Dette går tydeleg fram av tiltaksplana som blei utarbeidd i 2023.

Situasjonen for hekkebestandane av sjøfugl i er framleis negativ.

Kulturbetinga naturtypar og tilhøyrande artsinventar lir av endra arealbruk og utbygging. Trass i tilskotsordningar er mesteparten av dei kulturpåverka økosystemelementa på veg til å forsvinne.

Med utgangspunkt i tildelte midlar har vi gjennomført ein effektiv innsats mot framande artar.

Vi har mykje merksemd på restaureringstiltak, blant anna i skog, som regel ved fjerning av regionalt framande treslag. Verneområda har vore hovudprioritet for slike tiltak, noko som har hatt god effekt. Vi kunne ha utvida engasjementet og tilhøyrande positive effektar på økosystema sterkt på dette området, dersom budsjetta både for tiltak og organisering av tiltaka hadde vore større.

Mange vassdrag har god nok vasskvalitet, men økologisk tilstand er redusert i ein del som følgje av til dømes inngrep i vassdrag og nedbørfelt. Dette fører til dårlegare habitatvilkår og lite robuste vassdrag mot til dømes klimaendringar. Vi har fleire døme på saker i 2024 der det er utført store inngrep i vassdrag med store konsekvensar for økosystema, utan at dette er omsøkt og gitt løyve til.

SFMR sin innsats i plan- og utbyggingssaker har verknad, men ikkje nok til å stanse eller snu utviklinga i positiv lei. I mange viktige saker får ikkje omsyn til økosystem og naturverdiar tilstrekkeleg gjennomslag, anten det gjeld plansaker, energiutbygging, vasskraftrevisjonar eller andre inngrepssaker.

Vi er også uroa over bygging av landbruks- og skogsvegar utan vesentleg næringsnytte.

Bedre tilstand i naturen gjennom vern, restaurering og andre relevante tiltak (fra kapittel 3.1.4.1.1 i TB)

Rapportere på

Bedre tilstand i naturen gjennom vern, restaurering og andre relevante tiltak

Vi gjennomfører tiltak for naturen i tråd med tildelinger til formålene og opplever at vi i det store og heile oppnår god effekt på arbeidet vi gjer.

Status og effekt i arbeidet med nytt vern og forvaltning av eksisterande verneområde

Vi har levert 18 tilrådingar om skogvern i 2024, men berre 1 av desse vart verna. Sju eldre tilrådingar førte til vernevedtak. Det er starta ny naturkartlegging i ca. 10 nye område.

Det er meldt oppstart på supplerande vern i tre område, og det er arbeid med innsamling av ny kunnskap i andre. Kommunane motsette seg utgreiing av utvida vern i Trollheimen.

Det er gjennomført informasjons-, skjøtsels- og tilretteleggingstiltak for nesten 10 mill. kr i dei små verneområda. Dei mest omfattande tiltaka gjeld hogst av utanlandske treslag og gran som er planta eller spreier seg til verneområda. Det vert beita med sau, geit og storfe, og ny no-fence teknologi gjer at dette kan skje meir målretta enn før.

Det er behandla ca. 35 dispensasjonssøknader i verneområda. Dei fleste gjeld mindre ferdsels- og kartleggingstiltak, og vert innvilga.

Status og effekt i arbeidet med trua artar og naturtypar

Møre og Romsdal har høg aktivitet innan skjøtsel av kulturbetinga naturtypar. Ordningane opprettheld og forbetrar kvaliteten på mange lokalitetar, men generasjonsskifte trugar effekten på lang sikt. Søknadstala på tilskot er stabile samanlikna med fjoråret, med 121 søknadar på tilskot til trua naturtypar, og 18 søknadar til trua artar. Antall slåttemyrer som blir skjøtta har gått opp.

Samarbeidet med skjøtselsgruppa held fram, og vi har som mål å auke møtefrekvensen med gruppa framover, då vi ser stor nytte av å diskutere relevante tema med dei.

Vi held fram arbeidet med å revidere og utarbeide nye skjøtselsplanar for skjøtselsbetinga trua naturtypar. I 2024 gjaldt dette skjøtselsplan for 13 lokalitetar (slåttemark, kystlynghei og hule eiker). Vi erfarer at dette er ein viktig motivasjonsfaktor for grunneigarane til å starte opp, eller halde fram med

skjøtsel.

Vi gjennomførte ei spørjeundersøking om skjøtsel av kulturbetinga naturtypar, sendt til tilskotsmottakarar, for å kartleggje motivasjon, utfordringar og moglege tiltak frå Statsforvaltaren. Tilbakemeldingane viser at tilskot og tilgang til utstyr er viktig, og at mange ønskjer å vere ein del av eit nettverk, få meir rettleiing og besøk på lokalitetane.

Status og effekt i vassforvaltningsarbeidet

Presset på mange vassførekomstar er stort, særleg frå vasskraft, akvakultur, fysiske inngrep og avrenning frå jordbruk/avløp og urban utvikling.

Vi har heldt fram med overvakingsprosjekt i ei rekkje nye vassførekomstar når det gjeld avrenning frå landbruk og avløp. Prosjektet er heimla i Regional vassforvaltningsplan. Dette har gitt mykje ny kunnskap som vi legg til grunn for vidare tiltaksarbeid.

Vi arbeider kontinuerleg med oppdatering av kunnskapsgrunnlaget ved å importere overvakingsdata frå Vannmiljø til Vann-Nett.

Vi behandlar ei rekke saker innanfor vårt myndigheitsområde når det gjeld vassforvalting. Gjennom vårt lovverk følgjer vi opp/stiller krav ved ulike tiltak i vassførekomstar. Vi har også auka fokus på dette i plansaker. Dette bidrar til å hindre forringing/betrar tilstanden i vassførekomstane.

Vi har eit bra samarbeid med vassregionmyndigheita gjennom faste møte, samt dialog/samarbeid i enkeltsaker.

Det er lite realistisk å nå miljømål for ein del ferskvassførekomstar utan større innsats og endring av regelverk, t.d. for akvakultur (lakselus).

Status og effekt i arbeidet med å kjempe mot framande organismar

Vi prioriterer uttak av rynkerose, kjempebjørnekjeks og noko kjempespringfrø og vestamerikansk hemlokk. Arbeidet skjer etter fylkesdekkande handlingsplan og vert utført av lokale entreprenørar og anleggsgartnarar. Effekten er god, men springfrø krev gjentakande behandling.

Forbetringspotensialet til embetet

Vi ser eit potensial for betre heilskapleg gjennomføring av oppdraget på tvers av tiltaksområda trua natur, trua artar og verneområde-forvalting. Det vil kunne gje betre effekt på arbeidet om vi har meir fokus på samhandling på tvers av tiltaka innfor dei ulike ordningane. Dette gjeld bruk av tilskott, tiltaksmidlar og utarbeiding av planverk.

Vi har elles for liten kapasitet til å ha tilsyn med og følgje opp ulovlege tiltak i vassdrag, kantsone og nedbørfelt. Her kunne kommunane bidratt meir.

Bekjemping av G. Salaris i Driva (fra kapittel 3.1.4.1.3.1 i TB)

Rapportere på

Vellykket behandling av ilnfiserte vassdrag i Driva-regionen

Etter bekjempinga av *Gyrodactylus salaris* i Driva i 2023, vart ikkje parasitten påvist. Grunna usikkerheit om parasitten framleis var til stades, spesielt i områda ovanfor fiskesperra, kom bekjempingsgruppa med anbefalingar om supplerande tiltak i 2024.

Miljødirektoratet ba etter dette om alternativ som innebar nedskalerte tiltak og budsjett.

Basert på dei midlane som vart stilt til rådvelde vart det planlagt og prioritert supplerande tiltak på best mogleg måte. Ein revidert og overordna behandlingsplan vart lagt fram for koordineringsgruppa 24.06.24.

Målet med behandlingsplanen var å eksponere all laks og hybrid, i Driva og sentrale strekningar i dei største sideelver/bekkar, for terapeutisk dose av klor, samt rotenonbehandle mellombelse opphaldsstader i flaumpåverka område på land.

I løpet av behandlinga nådde samtlege stasjonar i elva tilstrekkelege klorkonsentrasjonar (µg-døgn) som trengs for å fjerne parasitten i et eksperimentelt oppsett. Målsettinga vart difor oppnådd.

Nye prøveuttak:

Det er ikkje påvist *Gyrodactylus salaris* ved eDNA etter behandlinga, men det er framleis utslag på laks ovanfor sperra, som kan ha ulike årsaker. Det er i tillegg støy på enkeltindikatorar for *G. salaris* på enkelte prøver ovanfor sperra, men ikkje heile prøven. eDNA-resultata kan ikkje nyttast til å konkludere med om *G. salaris* er til stades eller ikkje.

Reetablering:

Våren 2024 vart det starta opp med utsetting av plommeseckkyngel av laks i Batnfjordselva. Etter behandlinga i Driva vart det også sett ut laksyngel der.

3.1.1.7 Ingen arter og naturtyper skal utryddes, og utviklingen til truede og nær truede arter og naturtyper skal forbedres

Kystlynghei

Vi har ikkje ei god oversikt over nedbygging av areal med kystlynghei i fylket. Mange kystlyngheier er også i sterk gjengroing. Nokre få lokalitetar blir halde i hevd gjennom tiltak som beiting og brenning, og får tilskot til dette frå tilskotordninga for trua naturtypar. Vi opplever at mange ønskjer å ta vare på kystlyngheiane, men kvir seg for å stare opp med skjøtsel utan erfaring, spesielt når det gjeld lyngbrenning. Mangel på tilgang til beitedyr er også eit

problem.

Vipe

Det er brukt RMP-midler for utsatt slått av hekkeområde til vipe. Bestanden er i kraftig nedgang med ein restbestand på Smøla og Aukra.

Pollinatorer

Vi har ikkje oversikt over tilstanden til våre pollinatorar. Til ein viss grad blir dei ivareteke gjennom tilskotsordninga tiltak for å ivareta natur - trua naturtypar og pollinerande insekt. Veldig få gode søknader som går på pollinerande insekt.

Hubro

Hubro er i sterk tilbakegang og snart utrydda i fylket. Utan ei sterkare satsing på tiltak på kraftlinjenettet ser vi ikkje håp for at hubro kan overleve i fylket.

Anadrom fisk

Svært lågt innsig av laks i 2024. Data frå merkeprosjekt på laksesmolt viser ein kraftig nedgang i sjøoverleving dei siste åra. Bekymring for mellom anna reetablering av laks i elver i Raumaregionen, som viser sviktande oppnåing av gytebestandsmål og haustbart overskot. Det blir ikkje teke nok omsyn til villaks og sjøaure av sektormyndigheiter i handsaming av akvakultursaker, og det er behov for endring av regelverk. Vi har hatt eit eige møte med Mattilsynet om situasjonen. Vi har i tillegg hatt fleire lakserømmingar i fylket og regionen det siste året. Situasjonen for laks og sjøaure er betre for elver lengst ute på kysten.

Forvaltning av villrein (fra kapittel 3.1.4.2.1.1 i TB)

Rapportere på

De nasjonale villreinområdene er på vei til å nå minimum middels kvalitet så snart som mulig

Det har i 2024 ikkje vore større areal- eller inngrepssaker som har berørt villreinområda i Møre og Romsdal i vesentleg grad. Det har ikkje vore aktivitet knytt til regionale delplanar for villreinområda i 2024. Forstyrningar frå arbeid med vedlikehald, utbetring og oppgradering av kraftanlegga i Snøhetta villreinområde kan i sum verke negativt. Statsforvaltaren har bistått departementet i arbeidet med tiltaksplan for Snøhetta villreinområde.

3.1.1.8 Forurensning skal ikke skade helse og miljø

I hovudsak har vassmiljøet god tilstand når det gjeld forureining, og utviklinga går i rett retning. Vi har likevel problem i nokre område. Nokre sjøresipientane er registrert med redusert miljøtilstand, ofte grunna miljøgifter i sedimentene. Dette skuldast i stor grad utslipp frå tidlegare næringsaktivitet.

Opprydding i forureina sjøbotn er ei stor oppgåve for oss og vi held fram med arbeidet. I 2024 vart det utarbeidd oppdaterte felt- og datarapportar for sjøområda ved dei prioriterte skipsverfta, som vi har gått gjennom. Omfanget av forureininga er godt kartlagt gjennom prøvetaking. Vidare er det er gjort biotaundersøkingar og økotokstestar. Dette gjev ei vesentleg styrking av kunnskapsgrunnlaget. Vi har gjennom dialog med verksemdene lagt tilrette for at ein no går vidare med risiko- og tiltaksvurderingar basert på det oppdaterte datagrunnlaget. I 2025 skal det sendast inn risikovurderingar med tiltaksplan, og det ventar ei krevjande oppgåve med å vurdere innhaldet i desse og vegen vidare ved kvar av verftslokalitetane.

For det prioriterte verftet med resipient i prosjektområdet for "Renere fjord", har vi i 2024 starta etablert dialog med verksemda om økonomisk bidrag til prosjektet.

Vi rettleier kommunane i fylket om bruk av databasen grunnforureining. Bruk av databasen er også ein av indikatorane i kommunebildet. Vår oppfatning er at det er vanskeleg for kommunane å få tilgang til databasen, vi håpar Miljødirektoratet kan prioritere oppfølging av databasen.

Det konkurssramma avfallsanlegget Miljøservice Eide var også i 2024 ei tidkrevjande og utfordrande oppgåve for statsforvaltaren. Vi har hatt tett dialog med prosjektleiar, politi, kommunen og journalistar. Vi har brukt dei økonomiske løyvingane vi fekk i starten av 2024. Det vart også gitt ei ekstra løyving i slutten av året, det er bra, men det er for vår del lettare å planlegge aktiviteten om løyvinga blir gitt tidlegare i året. Fleire politikere i Hustadvika kommune ønsker ei full opprydding, den vil bli svært kostbart. I 2024 søkte vi Miljødirektoratet om rundt 26 millionar som vi meiner kan være nok til å avslutte saka. Dette er ei løysning der store mengder avfall blir liggande og dekkja til. Vi meiner denne løysninga er forsvarleg både med omsyn til økonomi og miljø. Det er utfordrande å kommunisere dette til kommunen.

Rettssaka mot eigaren av anlegget er planlagt gjennomført i veke 14 i 2025.

Vi har delteke i dei nasjonale tilsynsaksjonane i 2024. Tilsynsaksjonen retta mot landbasert oppdrett har vist at anlegga har forbetringpunkt knytt til kontroll med utslipp til sjø. Dette er i problemstilling som og gjeld for nyare anlegg, desse har og vanskar med å overhalde grensa som er satt i utslippsløyva. Vi har gjennomført ein lokal aksjon retta mot betongprodusentar, i etterkant av aksjonen har vi skreive ein nyheitssak som har fått lokal merksemd. Det er viktig å bruke media for å få merksemd om tilsyna vi gjer, og vi meiner det gir ein god effekt i bransjar og samfunnet generelt.

Brevkontrollen som blei gjennomført med kommunane innanfor tema forsøpling meiner vi har ein begrensa effekt sjølv om tidsbruken er låg. Vi har eit ønske om at Miljødirektoratet arrangerer webinar for kommunane om oppfølging av vanskelege forsøplingssaker.

I all hovudsak går utviklinga i fylket i rett retning. Likevel er det viktig med tett oppfølging av industrien og kommunane. Vi ser og at strategien med uvarsla

tilsyn gir best utbytte i dei fleste tilsyna. 2024 har vore eit år der vi fokusert på å auke vår bemanning på tilsyn, etter sommaren har vi hatt to tilsette som i hovudsak gjennomfører tilsyn. Sjølv om tilsynstala totalt i 2024 ikkje er så høge som vi ønsker for å få ein tilstrekkeleg tilsynsfrekvens, så ser vi at talla frå hausten nærmar seg måla vi har for denne aktiviteten.

Forurensningskilder fra overgjødning (fra kapittel 3.1.4.3.1.1 i TB)

Rapportere på

Forurensningskilder som skaper eutrofiering er godt regulert.

Eutrofi er ikkje et stort problem i sjøresipientane der industrien har utslepp. Men vi må ha fokus på å redusere miljøbelastninga frå spesielt akvakultur, næringsmiddel og avløp. Vi har to kommunar som ikkje overheld krava vi har stilt til avløpsreinsing. Her har vi fortsatt å bruke vår mynde i plansaker som eit verkemiddel, og begge kommunane har gitt seg sjølv byggestopp. I 2024 har vi gitt utsleppsøyve til nytt felles reinseanlegg, og bygging av anlegget er i gang. Virkemidla vi har i plan har gitt god effekt i denne saka.

For landbrukssektoren er det i hovudsak slik at nesten alt jordbruksarealet i fylket er brukt til grasproduksjon, og det er for dei aller fleste rikeleg med spreieareal i forhold til dyretalet. I sum er det ikkje eit problem med at det blir tilført for mykje fosfor og nitrogen slik at det blir skapt overgjødning. Lokalt kan det likevel forekomme, og det kan vere aktuelt å vurdere om det for enkelte vassdrag kan vere hensiktsmessig med ekstra tiltak, t.d. tiltaket 'ugjødsla kantsone mot vassdrag' i ordninga Regionale miljøtilskot i jordbruket. Dette er aktuelt å få kartlagt i forkant av neste rullering av det 4-årige miljøprogrammet (RMP). Punktutslepp/akutthendingar kan også forekomme. Det skjer ikkje ofte, og må handterast av rette instans i kvart enkelt tilfelle.

Vannforvaltningsplaner

Tema	Hvor mange vannforekomster vil nå miljømålene, innen gitte frister	Hvor mange vannforekomster vil ikke nå miljømålene, innen gitte frister	I hvor mange vannforekomster er det fastsatt regionale forskrifter for å nå målene	I hvor mange vannforekomster har SF vurdert å innføre regionale forskrifter
Antall	2 291	10	0	0

Data henta frå Vann-nett (jan 2025). For dei vfk som ikkje når miljømåla innan gitt frist (2033) er det ulike årsaker til dette. Nokre vfk er terskelfjordar der det er usikkert om øk. tilstand er naturleg eller ikkje. Andre vfk er vassdrag påverka av kraftutbygging der tilstand t.d. vil vere avhengig av minstevassføring. (Dette er vfk der det ikkje er sett mindre strengt miljømål). SFMR har ikkje fastsett/vurdert å innføre regionale forskrifter. Vi har hatt RMP-tiltaka "utsatt jordbearbeiding" og "grasdekt kantsone" for komproduksjon i seks år. Desse tiltaka er det aukande bruk av. Regionale forskrifter er hittil ikkje blir vurdert som riktig tiltak. For ein del vfk er det ikkje realistisk å oppnå miljømål, t.d. vfk med elvemusling utan rekruttering, og vfk med laks og sjøaure som er negativt påverka av lakselus. Her er det behov for større innsats og endring av regelverk.

Økt forberedelse til ombruk og materialgjenvinning av avfall i kommunene (fra kapittel 3.1.4.3.2.1 i TB)

Rapportere på

Økt forberedelse til ombruk og materialgjenvinning av avfall i kommunene

Dei fleste kommunane i Møre og Romsdal har delegert oppfølging av avfall til IKS. Vi har ikkje prioritert dette oppdraget i 2024.

3.1.1.9 God økonomiforvaltning i kommunene

For å bidra til god økonomiforvaltning i kommunane, har vi gått gjennom budsjetta for alle dei 27 kommunane i Møre og Romsdal for 2024, og økonomiplanane for perioden 2024 til 2027. I tillegg til å kontrollere balanse i budsjetteringa, har vi sett på sentrale økonomiske nøkkeltal og korleis kommunane har følgd opp økonomiplanlegginga etter kommunelova med forskrifter.

Tre av kommunane fekk brev om for høg budsjettering av inntektene. Vi skreiv høyringssvar til 10 av kommunane. Tilbakemeldinga er at dette er til god hjelp for kommunedirektøren og staben hans i å dra i riktig retning der det må strammast inn på driftsutgiftene.

Gjennomgangen viste at mange av kommunane i Møre og Romsdal planla perioden 2024-2027 med svake netto driftsresultat, auka lånegjeld og fleire av kommunane hadde tømt disposisjonsfonda sine. Mange av kommunane våre har svært høg lånegjeld og den auka renta slår inn for fullt i budsjetta til kommunane. Dette har vi varsla om i fleire år, men no ser vi konsekvensane av dette. I økonomiplanane er det pårekna noko betre resultat utover i planperioden, noko som har samanheng med at effektivisering/innsparingstiltak skal setjast i verk frå 2025 og at innsparingstiltaka får større effekt over tid.

Gjennom året har vi hatt møte med enkeltkommunar i samband med økonomistyring og planlegging, etter ønske frå kommunane eller at vi sjølve har hatt ønske om møte. Generelt får vi positive tilbakemeldingar frå kommunane på samhandling og aktivitetar.

Vi bruker kommunebildet på kommuneøkonomi for å oppdatere indikatorane og for å finne ut kva kommunar som skal få besøk av oss. Dette gir oss god og oppdatert informasjon om økonomien til kommunane. Informasjonen kan nyttast (tverrfagleg) av heile embetet.

Vi arrangerer årleg økonomisjefsamling og får positive tilbakemeldingar om at dette er ein god arena til å diskutere ned på detaljar og det er eit nyttig nettverk for økonomisjefane, KS, NKK og Statsforvaltaren. Økonomisjefane spelar inn forslag til tema og vi tek opp tema som vi meiner er nyttige for arbeidet i kommunane framover.

Embetsleiinga deltek ofte på samlingar der ordførarar og kommunedirektørar treffast. Også der er kommuneøkonomi tema frå Statsforvaltaren.

God oppfølging av kommuner som er i, eller står i en situasjon der de kan komme i, ROBEK. (fra kapittel 3.1.5.1.1.1 i TB)**Rapportere på**

God oppfølging av kommuner som er i, eller står i en situasjon der de kan komme i, ROBEK.

I starten av 2024 var Stranda og Rauma i ROBEK, men dei vart begge utmeldt på sommaren. Vi hadde håpt at vi for ein periode skulle ha null kommunar på lista, men på sommaren måtte vi melde Hareid inn på grunn av stort meirforbruk i 2023-rekneskapen. På hausten vart Tingvoll også meldt inn, då vi vart kjend med at dei låg an til eit stort meirforbruk i 2024.. Så da var det framleis to på ROBEK. Seint 2023 skreiv vi høyringssvar til 10 av kommunane sine budsjett. I tillegg besøkte vi alle desse kommunane enten i formannskapet eller kommunestyret, der vi snakka om kommuneøkonomien og dette å ta tidlege grep for å unngå ROBEK i framtida. Tilsvarande gjorde vi også i 2024, då med høyringssvar til 19 kommunar. Vi ba også om å få komme i kommunestyret og orientere. Dette fekk vi stort sett gode tilbagemeldingar på både administrasjon og politikarar. Lovverket i kommunelova og ROBEK var også eit tema.

Nokre av dei kommunane med utfordrande økonomi var plukka ut til kommunebesøk med kommunebildet. Vi hadde dialog på tvers med alle sektorane.

I tillegg er kommuneøkonomi eit av tema på **tett-på-programmet i Møre og Romsdal**, der kommunane Gjemnes, Stranda, Vanylven, Sande og Fjord blir følgt tett opp i heile valperioden. Gjennom året fulgte vi opp tertialrapportane til dei kommunane som etter trafikklysmodellen skåra rødt og gult ut i frå netto driftsresultat for 2023. Desse var også grunnlaget for at vi besøkte kommunestyra, og skreiv høyringsuttalar.

Vi kjenner kommunane våre rimeleg godt, og vi er tydeleg når vi er på besøk i kommunestyre. Likevel ser vi at "når krybba er tom bites hestene". Nokre politikarar har gått til val på at dei ikkje endre skulestruktur. Andre har gått til val på at eigedomsskatten ikkje skal aukast. Slik lovnader er vonde å vende når kommunen har havna på ROBEK eller er i ferd med å havne der.

Redusert merforbruk i kommunene som har størst merforbruk. (fra kapittel 3.1.5.1.1.2 i TB)**Rapportere på**

Redusert merforbruk i kommunene som har størst merforbruk.

Sande hadde eit meirforbruk i 2023. Dessverre ser det ut til at meirforbruket aukar stort i 2024. Herøy hadde stort meirforbruk i 2023 og dei ligg an til eit stort meirforbruk også i 2024. Hareid vart meldt inn i ROBEK sommaren 2024 på grunn av stort meirforbruk i 2023. Sjølv om vi har følgt kommunen tett over fleire år og råda til å få økonomien på rett kjø, både drifta og å bremse den høge lånegjelda ettersom renta har gått opp, så har kommunen fortsett i same sporet. Vi har også skreiv høyringsuttalar til 19 av våre 27 kommunar når formannskapa la fram sine budsjett- og økonomiplanar i oktober/november 2024.

I alle våre kommunar har kommunedirektørane lagt fram budsjett i balanse slik kommunelova krev, men med mange krevjande tiltak.

Vi ser at det har vore ein bevisst bruk av disposisjonfond i kommunestyrevedtaka over mange år for å skubbe på dei vanskelege tiltaka i budsjett- og økonomiplanperioden.

Det er først når kommunane blir meldt inn på ROBEK at vi har verktøyet og kan bremse lånegjeld og få kommunen til å sette inn nødvendige tiltak. Kommunane som no er på ROBEK har i utgangpunktet ikkje hatt realistiske budsjett og gode styringsverktøy for å følgje opp overskridingar av tildelte rammer.

Rauma kommune betalte ned meirforbruket sitt i 2023 og blei meldt ut av ROBEK i 2024. For 2024 styrer dei mot eit rekneskapsresultat rundt 0. Fjord kommune hadde meirforbruk frå 2021 som dei dekte inn i 2023 og dei melder om at dei ser ut til å kunne dekke inn meirforbruket sitt frå 2022 i 2024 rekneskapen.

Så da har to kommunar lukkast med å redusere meirforbruket sitt (Fjord og Rauma), medan 4 (Sande, Herøy, Hareid og Tingvoll har auka meirforbruket sitt). Fleire av kommunane (uavhengig av ROBEK status) står no utan disposisjonfond, og med store meirforbruk som skal dekkast inn.

Kommunene skal aktivt bruke KOSTRA-data i styring av kommunene (fra kapittel 3.1.5.1.2.1 i TB)**Rapportere på**

Kommunene skal aktivt bruke KOSTRA-data i styring av kommunene.

Vi meiner generelt at Kostra-rapporteringa og kvaliteten på rapporteringa har vorte betre dei siste åra. Vi held fram vår oppfølging ved at vi legg ut all informasjon om Kostra-rapportering på våre heimesider kvart år, med lenkjer til andre aktuelle sider. Vi tek direkte kontakt med kommunane dersom vi finn feil i Kostra-rapporteringa undervegs i rapporteringsperioden. Kostra er og eit tilbakevendande tema på samlingane våre for alle økonomisjefar i kommunane i Møre og Romsdal og vi bruker Kostra-tala i alle våre innlegg hos kommunane.

Vi legg vekt på å bruke dei nasjonale måltala i vår dialog med kommunane, og samanliknar kommunane med fylkes- og landssnittet. Vi gir

tilbakemeldingar i møte med kommunane, på nettstaden vår, og elles i brev og annan kommunikasjon. Det er særleg netto driftsresultat, langsiktig gjeld og disposisjonsfond i prosent av bruttoinntekter vi har hatt merksemd på. I tillegg lagar vi ein rapport «Utviklinga i kommuneøkonomien i Møre og Romsdal» kvart år, der vi analyserer Kostra-tala for kommunane våre. Denne rapporten er fast lektyre på sommaren for både kommunedirektørar og ordførarar.

Nytt av 2024 er at vi også har utarbeidd ei tilhøyrande statistikkpakke for rapporten i Power Point som gjer at kommunane kan hente ut tal for seg på ulike områder og vise dei i høve til andre kommunar i fylket og gjennomsnitt for landet. Dette vart godt motteke og vi legg opp til å halde fram med begge delar.

I tillegg til kontroll av balanse i budsjetteringa, har vi sett på sentrale økonomiske nøkkeltal og korleis kommunane har følgd opp økonomiplanlegginga etter ny kommunelov. Kommunane er ulike, og det er også ulik grad av realisme og styring ved hjelp av dei vedtekne måltala. Økonomiske handlingsreglar og bruken av finansielle måltal som styringsverktøy er tema i møte med kommunane.

Vi skriv høyringssvar på kommuneøkonomi i alle kommuneplanar, samfunnsplanar og i ulike sektor planer. Vi ser at jo meir konkrete vi greier å vere i våre tilbakemeldingar, dess betre blir det oppfatta og teke hensyn til. I arbeidet med Kommunebildet og kommunedialog er KOSTRA ein viktig datakilde.

Ny kommunelov med lovfesta bruk av finansielle måltal i styringa av kommunane, har gjort sitt til at dei folkevalde og administrasjonane får eit meir aktivt forhold til korleis måltala bør vere for den komande økonomiplanperioden, ut frå den økonomiske situasjonen.

Dei aller fleste kommunane har no teke i bruk Framsikt som verktøy for budsjett- og økonomiplanarbeidet. Dei mest brukte måltala (Kostra-tala) er innarbeida der, og kommunane gjer vedtak på budsjett- og økonomiplanar utifrå dette.

3.1.1.10 Økt verdiskaping i landbruket og landbruk over hele landet

Mjølkeproduksjonen står for to tredjedelar av verdiskapinga frå jordbruket. Det er ei utfordring at berre 53 % av dei 563 mjølkebruka har lausdrift (tal frå TINE), sjølv om andelen er svakt veksande. Andelen storfekjøttprodusentar med bås fjøs er ikkje kjent. Partnerskapet har for 2025 (som dei to siste åra) prioritert at minst 70 % av midlane til investering og bedriftsutvikling i landbruket (IBU-midlane) skal gå til mjølk- og kjøttproduksjon på storfe, samt mjølkeproduksjon på geit. Det skal leggjast særleg vekt på omlegging til lausdrift i mjølk- og storfekjøttproduksjon, og ombygging for å tilfredsstille nye krav til dyrevelferd.

Innovasjon Norge Møre og Romsdal vart i 2024 tildelt 83,6 mill kr i IBU-midlar, som omfattar både tradisjonelt landbruk og tilleggsgnæringar. Midlane var oppbrukt allereie i september. Kun to prosjekt til i alt 10 mill kr vart finansiert av den nasjonale ramma før den var oppbrukt. Ved årsskifte 2024/2025 låg 38 søknader på vent med omsøkt tilskot på omlag 101 mill kr. Det har vore god pågang av søknader om investeringstilskot ved generasjonsskifte og forstudie/ressursavklaring for investeringar. Forstudie er ei svært nyttig ordning, mellom anna for å undersøke og avklare om eksisterande bygningsmasse kan nyttast vidare.

Påganga av søknader syner at det er satsingsvilje, og ikkje alle søknader gjeld overgang frå bås til lausdrift. For mjølk- og grovfôr fylket Møre og Romsdal er det svært viktig at det er tilstrekkeleg tilgang på investeringsmidlar for overgang til lausdrift hos dei det ligg til rette for.

Den kommunale landbruksforvaltninga leverer viktige tenester til landbruket. Kommunane er førstestans sakshandsamarar for fleire tilskotsordningar som skal bidra til matproduksjon, landbruk i heile landet og eit levande kulturlandskap. Det er difor nødvendig at kommunane prioriterer å ha ei robust landbruksforvaltning. Statsforvaltaren kartlegg årleg antal årsverk pr 31.12, og utviklinga syner ein reduksjon. Ei robust landbruksforvaltning har fokus i vår dialog med kommunane, og vi framhevar mogelegheitene med interkommunalt samarbeid.

Innan økologisk landbruk er Statsforvaltaren initiativtaker til Økograppa, som består av representantar frå Økologisk M&R, faglag, NORSØK, NLR og fylkeskommunen. Økograppa har eit pågåande prosjekt med fleire delprosjekt, kalla Utvikling av økologisk landbruk i Møre og Romsdal. Prosjekteigar er NLR. Prosjektet skal styrke jordbruket i heile fylket og bidra til kompetanseheving, nettverksbygging og erfaringsdeling innan og mellom ulike produksjonar. Der er tiltak som har overføringsverdi til konvensjonell produksjon, t.d. tiltak som skal støtte opp om auka produksjon av frukt og grønt generelt i fylket, og tiltak som går på jordhelse, kompostering og dyrevelferd. Statsforvaltaren bidreg inn i fleire av delprosjekta. Prosjektet nærmar seg avslutning og Statsforvaltaren er pådrivar for at Økograppa skal jobbe fram eit nytt økologisk prosjekt i 2025.

Det er inngått ein samarbeidsavtale mellom fylkeskommunen og Statsforvaltaren, med bakgrunn i fylkeskommunen sitt oppdrag å sikre god forankring og oppfølging av Matnasjonen Norge regionalt. Føremålet med avtalen er å sikre god og samordna oppfølging av Fylkesstrategi for landbruk i Møre og Romsdal 2023-2026 når det gjeld næringsutvikling innan lokalmat. Statsforvaltaren skal arbeide for å mobilisere og koordinere satsinga på lokalmat, samt følgje opp nettverksarbeid i tett samarbeid med fylkeskommunen. Avtalen gjeld for 2023 – 2026.

Statsforvaltaren sitt samarbeid med Kompetansenettverk Lokalmat Midt sikrar god gjennomføring av MRmat, ei årleg samling for lokalmatprodusentar. I 2024 var samlinga i Kristiansund med over 60 påmeldte aktørar som lærte meir om ulike handverk innan matforedling. Etter vårt initiativ var delar av samlinga overlappande med årets hoppid.no-samling, for nettverksbygging.

"Kurs i ville vekster" og "Grunnmodul salg og marked" vart arrangert i regi av kompetansenettverket, med bidrag frå Statsforvaltaren.

Statsforvaltaren deltek i styringsgruppa for kompetansenettverket. I 2024 arrangerte Statsforvaltaren og Fylkeskommunen studietur for styringsgruppa i Møre og Romsdal. Gruppa vart betre kjend med samarbeidspartnarar, og kom tett på aktørane som kompetansenettverket ønskjer å nå.

Basert på arbeidet i Inn på tunet-løftet 2020-2022 har Inn på tunet Norge SA med bidrag frå Statsforvaltaren jobba fram prosjektet "Innovasjon for auka bruk av Inn på Tunet i Møre og Romsdal og Trøndelag." Inn på tunet Norge SA er prosjekteigar og Statsforvaltaren deltek i prosjektgruppa. Prosjektperioden er 2023-2025. Formålet er å gjere velferdstenester frå landbruket, som Inn på tunet, til ei føretrekt teneste med høg kvalitet og rett

kompetanse. I 2024 vart det sendt ut invitasjon i regi av prosjektet for å samle Inn på Tunet aktørar i Møre og Romsdal til workshop på nyåret i 2025. I tillegg vart det arrangert ei samling tidligare på året, uavhengig av prosjektet og i Statsforvaltaren sin regi. Dette er viktige arenaer for Inn på Tunet tilbydarane.

Statsforvaltaren samarbeider med Matfestivalen i Ålesund, Innovasjonsfestivalen, Hanen Møre og Romsdal og Norsk senter for økologisk landbruk (NORSØK). Vi er involvert i to prosjekt der NORSØK er innvilga 3-årige tilskot frå Fylkeskommunen: Eit skulehageprosjekt, samt eit lokalmatprosjekt med mål å skape betre nettverk for lokalmatprodusentar i fylket.

Skulehageprosjektet har gjennomført fleire samlingar for lærarar, med mål om at fleire skular skal setje dyrking av mat på undervisningsplanen.

Lokalmatprosjektet hadde oppstart i 2024 og er også eit samarbeid med MATARENA som frå før driftar nettverka «Smak av kysten» og «Smak frå Vest». Nettverket har no over 100 medlemar, hovudsakleg lokalmatprodusentar og restaurantar/kokkar. Statsforvaltaren har vore med på å gjennomføre ei inspirasjonssamling og to kokk-bonde verkstader i regi av prosjektet. God deltaking og gode tilbakemeldingar. I tillegg får aktørane gratis tilgong til alle MATARENA sine digitale kurs. Det er kjærkome med eit aktivt nettverk for lokalmatprodusentar i fylket.

Statsforvaltaren bidreg i partnerskapet hoppid.no, saman med kommunane, Fylkeskommunen og Innovasjon Norge. Hoppid.no skal legge til rette for nyetableringar ved å vere ei dør inn til verkemiddelapparatet. Statsforvaltaren har deltatt i planlegging og gjennomføring av 10 mobiliseringsmøter 2024, under namnet "Garden som ressurs". Totalt har mobiliseringstiltaket samla over 300 menneske som eig eller ønskjer å eige ein gard som dei vil utvikle. Den tette koblinga til hoppid.no-miljøet var ein nøkkelfaktor for å oppnå denne suksessen.

Statsforvaltaren legg til rette for tett samarbeid med FoU-miljøa og landbruksaktørane, m.a. med det årlege landbruksmøtet der vi samlar tilsette og tillitsvalde i organisasjonane i landbruket.

Tredrivaren i Møre og Romsdal har gjennomført kurs i berekraftsrapportering for trebaserte næringar. Det har heva kompetansen og merksemda på nye krav i verdikjeda til tre og tømmer.

Tredrivaren har auka merksemda på tre i sirkulærøkonomien i samarbeid med Arkitektforeninga og heva kompetansen om sirkulære bygg og trekonstruksjonar regionalt.

Arbeidet med koplingar mellom bygdesager og trevarebedrifter legg til rette for meir bruk av norsk tre i deira verdikjeder. Arbeidet er i prosess, og skal ende opp som ein digital marknadsplass. Tredrivaren, Innnotre, Norske trevarer og Norsk Bygdesagforening samarbeider i prosjektet.

Tredrivaren har løfta fram kvalitetar ved treverk som har betydning for folkehelse. Dette gjer tre til eit føretrekt material hos kommunane. Nasjonale og internasjonale forskings- og utviklingsmiljø møtast månadleg i nettverket som Tredrivaren i Møre og Romsdal leier. Tema er ulike måtar tre og naturmaterial påverkar folkehelsa. Kommunar og trebedrifter i fylket dreg nytte av den auka kunnskapen i planlegging av bygg og produktutvikling av trevarer.

For å sikre tilstrekkeleg måloppnåing er Statsforvaltaren avhengig av at bonden har gode og trygge rammer rundt drifta si, og at kommunane har tilstrekkeleg med ressursar og kompetanse på aktuelle fagområde.

Verdiskaping (fra kapittel 3.1.6.1.1.1 i TB)

Rapportere på

God ivaretaking av nasjonale mål og regionale strategiske føringer

Statsforvaltaren deltek aktivt i det regionale partnerskapet for landbruket. Fylkestinget har vedtatt Fylkesstrategi for landbruk i Møre og Romsdal 2023 – 2026. Partnerskapet var tett på utarbeidinga og no fylkesstrategien sin handlingsplan. Fleire av tiltaka i handlingsplanen inngår i Statsforvaltaren sitt arbeid med næringsutvikling.

Dialogen med organisasjonane i partnerskapet; fylkeskommunen, Innovasjon Norge, og faglagane, er god. Statsforvaltaren tek initiativ, mobiliserer og bidreg med vår kompetanse, samt samordnar og målrettar innsatsområda inn mot dei ulike verkemidla. Vi er ofte involvert i tidleg fase av prosjekt som ynskjer støtte frå dei regionale tilretteleggingsmidla, både som sparringspartner og ved å koble saman aktuelle personar/aktørar. Statsforvaltaren har tatt initiativ til jamnlege møter med Innovasjon Norge og fylkeskommunen på saksbehandlarnivå, for erfaringsdeling og effektiv samhandling.

Statsforvaltaren deltek i næringsutviklingsarbeidet gjennom Tredrivarprosjektet, men også som part i Kystskogbruket, saman med Fylkeskommunen og skognæringane.

Saman med fylkeskommunen, samlar Statsforvaltaren dei regionale aktørane i skognæringane til diskusjon om utfordringane som gjeld verdiskaping i skog i vårt fylke. Her diskuterer vi sterkare tiltak for planting og ungskogpleie. I forumet oppfordrar vi til bevisstheit om kva hogst av gran i hogstklasse fire betyr for verdiskaping og karbonbinding.

Statsforvaltaren strebar etter å jobbe i tråd med dei nasjonale og regionale strategiane for landbruk. Det er i 2024 sett i gong fleire tiltak som alle er utarbeidd med bakgrunn i gjeldande strategiar, mellom anna Fylkesstrategi for landbruk.

Gjennom ulike prosjekt og samarbeid som nemt i punkt 3.1.1.10 "Økt verdiskaping i landbruket og landbruk over heile landet" er Statsforvaltaren med på å legge til rette for auka verdiskaping både i primærlandbruket og i tilleggsnæringane.

Utfordringane er dei same som i punkt 3.1.1.10.

Tilfredsstillende foryngelse etter all hogst innen tre år etter hogst (fra kapittel 3.1.6.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Kommunenes arbeid med tilfredsstillende foryngelse innen tre år etter hogst er fulgt opp

Årleg forynga areal har auka dei siste åra, men det er framleis areal som ikkje vert planta til. Foryngingsplikt har stort fokus ved alle kontaktflater til kommunane. Vi merkar effekt av at entreprenørane no tek dette meir alvorleg. Det skuldast nok krava i PEFC. Men vi ser framleis at det burde vore betre og meir samhandling/dialog mellom kommune og planteaktørar. Det vil klargjere roller og ansvar for vidare oppfølging.

Kommunane vert jamnleg gjennom året minna på oppgåvene med resultatkartlegging og foryngingskontroll. På slutten av året vert skogbruksansvarleg kontakta personleg.

Grunna store skader av gransnutebille ventar vi tre år med å plante etter hogst. Det gjer at mange bestand ikkje er forynga ved tidspunkt for kontroll. Ventetida gir mykje anna problematikk, men vi ser framleis ikkje betre løysingar. Dei siste åra har ein prøvd ut store planter med ulik beskyttelse ved planting nærare hogsttidspunkt. Dette har hatt effekt på avgang planter, men ikkje tilstrekkeleg for å unngå suppleringsplanting.

Foryngelse etter hogst (gjennomføring)

Betegnelse på rapporteringskrav	Uttrekt antall felt/kontrollfelt	Antall slutført pr. 30.6	Antall slutført pr. 30.11	Antall ikke gjennomførte 30.11	Antall med tilfredsstillende foryngelse pr. 30.11
Resultatkartlegging	45	20	43	2	20
Foryngelseskontroll	131	30	127	4	60

Foryngelse etter hogst (opplæring/oppfølging)

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall fellesmøter med kommunene	Antall møter/befaring med enkeltkommuner
Gjennomførte tiltak og aktiviteter foryngelse, 2024	3	6
Effekt av gjennomførte tiltak (høy/middels/lav)	Middels	Høy
Planlagte tiltak og aktiviteter foryngelse, 2025	3	6

Tilskuddsordningene i skogbruket (fra kapittel 3.1.6.1.2.2 i TB)

Rapportere på

Kommunene forvalter de økonomiske virkemidlene i skogbruket effektivt

Vi vurderer kommunane si forvaltning av dei økonomiske verkemidla i skogbruket som tilfredsstillande. Gjennomførte forvaltningskontrollar viser få og små avvik. Ein ser likevel ulik aktivitet og satsing mellom kommunar. Tradisjonelle skogkommunar har meir skogkulturaktivitet enn skogreisingskommunar.

Tilskotsnivå varierer noko mellom kommunar, men det er også distriktstise samarbeid. Stor variasjon i retningslinjer og tilskotsnivå mellom kommunar er uheldig.

Statsforvaltaren har god og jamnleg kontakt med kommunane og dermed ei løpande rettleiing. Vi hadde i 2024 fleire kompetansebyggande webinar og to fysiske fagsamlingar med ulike skogtema.

Fleire kommunar har etablert ordningar med "skogpårdrivar". Ein ser at dette er viktig, spesielt med tanke på å auke skogkulturaktiviteten. Det er naudsynt å bruke noko midlar frå Nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK) til dette. Personleg frammøte og synfaring med rådgjeving er avgjerande. Ein auka "pott" med rentemidlar vil kunne gje større handlingsrom for innleige av pådrivarar. Samarbeid med, og tilgong på entreprenørar til å utføre arbeidet er også viktig.

Statsforvaltaren inviterer alltid nyttilsette i kommunane for opplæring og aktuell informasjon.

Fordeling av tilskot til veg og drift utløyser aktivitet seint på året. Unntak er større vegprosjekt som går over fleire år, eller ut over kommunes samla tildeling.

I fylket har vi aktive kommunar som fort er tomme og dreg tilskotsmidlar frå den atthaldne fylkesramma, og kommunar med middels/låg aktivitet som sit på ramma si langt utover året.

Med ulik framdrift er det utfordrande for SF å be om auka tildeling til fylket.

SF vil difor halde att ei større ramme i 2025. Det vil vere fyrstemann til mølla for tilgang til fylkesramma, så forbruket aukar tidlegare på året og vi får høve til å spele dette inn.

Vi set frist 1. oktober for omfordeling mellom kommunane.

Økonomiske virkemidler i skogbruket (forvaltning, resultatoppnåelse)

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall kommuner i fylket	Tilfredsstillende (antall kommuner)	Med mulighet for forbedringer (antall kommuner)
Infrastruktur (skogsveier mm)	19	19	2
Skogkultur	27	22	5
Miljøtiltak	27	4	4

Miljøtiltak: Mange skogbruksplanprosjekt dei siste åra burde ført til større bruk av desse midlane.

Økonomiske virkemidler i skogbruket (opplæring/oppfølging)

Betegnelse på rapporteringskrav	Beskrivelse
Tiltak økonomiske virkemidler skogkultur	Vi har i fleire år hatt stort fokus på planting. Ein vonar noko av effekten er synleggjort siste år. Det er stort behov for ungsogpleie i fylket og dette bør og få prioritet framover. Vi vil fokusere på desse tiltaka året som kjem, og informere om gode tilskotsordningar saman med bruk av skogfond. Kommunane vert oppmoda til bruk av "skogpådrivarar" for å få hjelp til dette arbeidet.
Tiltak økonomiske virkemidler infrastruktur	Kompetanseheving av kommunalt ansatte følgjast opp løpande, da fleire kommunar ikkje nyttar tilskot til infrastruktur og systemet kring veg i ØKS årleg. ØKS - ansvarleg og teknisk fylkesskogmeister er inne i kvart eit prosjekt, da kommunane treng og ynskjer oppfølging. ØKS "veg" er sopass tungt å jobbe i at webinar ikkje er funnen optimalt, da det er betre med ein - til - ein oppfølging ved behov.
Tiltak økonomiske virkemidler miljøtiltak	Dette er ei ordning som er lite kjent og nytta av skogeigarar og kommunar. Vi informerer årleg om ordninga i tildelingsbrev. Framover vil vi ha auka fokus på å informere om ordninga ved slutføring av skogbruksplanprosjekt

3.1.1.11 Bærekraftig landbruk

Regionale miljøtilskot (RMP) er eit viktig verkty for å få til eit bærekraftig landbruk. Fleire av tiltaka i miljøprogrammet er innretta mot ei jordbruksdrift som ivaretek både miljø og biologisk mangfald. Rett bruk av husdyrgjødsel, mindre avrenning frå åkerbruk, og tilrettelegging for hekkande fugl er eksempel på slike tiltak. Vi har også klimarådgiving, der det blir utarbeidd tiltaksplan for det enkelte bruk med sikte på meir klimavenleg produksjon.

NIBIO er i gang med jordsmonnkartlegging. Hittil er berre tre kommunar ferdig kartlagt, samt mindre deler av eit par andre kommunar. Totalt er 27 % av jordbruksarealet i fylket kartlagt. Dette trur vi etter kvart kan bli nyttig for areal- og klimaplanlegging og for å redusere avrenning.

Regionale miljøutfordringer (fra kapittel 3.1.6.2.1.1 i TB)**Rapportere på**

Virkemidler på miljøområdet bidrar til å opprettholde kulturlandskapet og redusere miljøbelastningen fra jordbruksdriften

Jordbruket i Møre og Romsdal er dominert av grasproduksjon og husdyrhald. Å utnytte husdyrgjødsel best mogleg og unngå næringstap til luft og vassdrag vurderer vi som gode miljøtiltak. Det største enkelttiltaket innan Regionalt miljøtilskot i jordbruket (RMP) er tilskot til spreiring av husdyrgjødsel i vår-/vekstsesong, som bidreg til at næringsstoffa blir tatt opp av plantene i staden for næringstap til luft og vassdrag. Det blir også brukt slangespreiingsutstyr på stadig meir areal, i kombinasjon med enten spreiring i vår-/vekstsesong eller med nedleings- eller nedfellingsutstyr. Det bidreg ytterlegare til miljøriktig gjødselspreiring samt mindre jordpakking.

Det nest største tiltaket er tilskot til slått av bratt areal. Fylket har mykje bratt areal. Slikt areal er ofte godt synleg og det betyr derfor mykje for kulturlandskapet at det er halde i hevd. Tilskotet er eit viktig bidrag for fortsatt drift på slike areal.

Vi har også tilskot til drift av særleg verdifulle jordbrukslandskap, drift av beitelag, slått av slåttemark, beiting av kystlynghei, tilrettelegging av hekkeområde for fugl, setring, skjøtsel av freda kulturminne, vassdragstiltak som utsatt jordarbeiding, grasdekte kantsoner og vedlikehald av fangdammar.

Drenering er også eit godt miljøtiltak, og tilskot til drenering er eit godt virkemiddel. Det er mykje areal i fylket som er i dårleg hevd dreneringsmessig. På grunn av topografi, grunnforhold og teigstorleik er kostnadene med drenering store, men vi ser auka aktivitet dei siste par åra. Mykje leigejord påverkar også dreneringsaktiviteten.

Det er ulike miljøutfordringar og prioriteringar i kommunane. Det blir tilstreba at kommunane i sine strategiar for bruk av midlar frå ordninga Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) dreg i same retning som det regionale miljøprogrammet (RMP).

Utmarksbeite er ein viktig fôrressurs, men det blir fleire og fleire utfordringar rundt arealbruk i utmark. Under ordninga Tilskot til tiltak i beiteområde melder kommunane store behov for midlar. Det er lite midlar i den fylkesvise ramma for ordninga, og det gjer det utfordrande å fordele tilskotsmidlane mellom kommunane. Midlane går til dei tradisjonelle samarbeidstiltaka som skal lette beitebruk i utmark; som sanke- og skiljesystem og bruer, samt gjerdessystem og elektroniske overvakingssystem.

Innan KMP drog eit større prosjektsamarbeid mellom dei tidlegare avdelingane i NLR med kurs i drenering for bøndene, mykje av ramma på slutten av året. Dreneringskurser skal gjennomførast i 2025. Avrenning og tiltak for vassmiljø og kompetanseoverføring har vore fokus i 2024.

Virkemidler på miljøområdet (andel)

Miljøtema	Andel av de regionale miljøtilskuddene
Friluftsliv	0 %
Kulturlandskap	33 %
Biologisk mangfold	2 %
Kulturarv og kulturmiljøer	7 %
Avrenning til vann	11 %
Utslipp til luft	46 %
Jord og jordhelse	0 %
Plantevern	0 %
Miljøavtale og klimarådgiving	1 %
Sum	100 %

Miljøvirkemidlene (fra kapittel 3.1.6.2.1.2 i TB)**Rapportere på**

Innholdet i miljøvirkemidlene er godt kjent for aktuelle søkere, landbrukets organisasjoner og kommuner.

Vi er no midt i ein 4-årig programperiode for det regionale miljøprogrammet (RMP). Det er derfor lite nytt frå året før, men vi har jamnleg fagleg oppdatering av den kommunale landbruksforvaltninga. Både digitale møte og årleg fysisk fagsamling. Vi sender dessutan ut eit nyheitsbrev kvar veke til kommunane med informasjon om det som er aktuelt.

Informasjon om Regionalt miljøtilskot i jordbruket er gjort kjent på heimesida og blir sendt som eige dokument til kommunane med oppmoding om direkte informasjon til bøndene (e-post, SMS, Facebook) samt at kommunane legg ut på eigne heimesider.

For ordningane Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL), tiltak i beiteområde og drenering held Statsforvaltaren digitalt møte med kommunane i starten på året, der ein går gjennom tildelte rammer til kommunane og oppfordrar til kjentgjerding av ordningane via kommuna sine kanalar.

Vi opplever at desse ordningane er godt kjent for aktuelle søkjarar, landbruksorganisasjonane og kommunane i fylket. Det er relativt stabil søknadsmasse.

Midlane frå Klima- og miljøprogrammet (KMP) blir lyst ut kvart år, og aktuelle søkjarar blir informert om utlysing. Ved andre gongs utlysing blir også aktuelle søkjarar informert.

Innholdet i miljøvirkemidlene (andel)

Betegnelse på rapporteringskrav	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Hvor stor en andel (%) av PT søkere søkte RMP	42	44	44	46	43	41	45

Innholdet i miljøvirkemidlene (vurdering)

Betegnelse på rapporteringskrav	Beskrivelse
Gi en vurdering av om omfanget av utførte miljøtiltak gjennom RMP har vært stabilt, stigende eller synkende de siste fem år.	Søknadsmassen for regionale miljøtilskot har vore nokså jamn over tid. I enkeltår kan det vere litt mindre omfang på enkelttiltak som t.d. tidlegspreiing (særleg i ekstra nedbørrike år), men jamnt over held omfanget seg på omtrent same nivå trass i at det blir færre bruk totalt.
Gi en vurdering av om omfanget av utførte miljøtiltak gjennom SMIL har vært stabilt, stigende eller synkende de fem siste år.	Dei siste fem åra har talet på SMIL-søknader halde seg nokså stabilt. I 2024 var det 298 SMIL-søknader, ein liten auke frå 277 året før. Det varierer mykje kor stor aktivitet det er i kommunane. Vi har hatt fokus på dei lokale retningslinene og har mål om at vidare arbeid med desse vil vere med å gjere betre både forvaltning og informasjon om SMIL-ordninga.
Gi en vurdering av om omfanget av utførte miljøtiltak gjennom KMP har vært stabilt, stigende eller synkende de fem siste år.	Med ei dobling av potten ved dei to siste tildelingane er framleis potten liten, men det er no ei ramme som kan gje støtte til drift av eit prosjekt eller fleire for ein sesong. Gode kurs, som dreneringskurs, kan nytte same mal for eit større omland, noko vi trur har god effekt då også potten til drenering aukar.
Gi en vurdering av om omfanget av utførte miljøtiltak gjennom øvrige miljøvirkemidler har vært stabilt, stigende eller synkende de fem siste år.	Omfanget av tilskot til drenering dobla seg frå 2022 til 2023. Ei svak auke frå 2023 til 2024. Auke både i tal søknader og tilsagn.
Gi en kort omtale av hvordan og i hvilken grad Statsforvalteren har bidratt til å gjøre ordningene kjent.	Kommunane blir informert gjennom kommunesamlingar/møte (fysiske og digitale) og gjennom eit ukentlig nyheitsbrev for kommunal landbruksforvaltning. Vi lager informasjon om RMP som kommunane distribuerer ut til kvar enkelt søkjar om produksjonstilskot. Kommunane har sine egne e-postlister eller SMS-lister som blir brukt. I tillegg ligg informasjon tilgjengeleg på heimesider. For UKL og Verdsarv har vi kontakt med både kommune og grunneigarar/drivar gjennom deltaking i ulike utval og arbeid med planar m.v.

3.1.1.12 Barnehageeiere og skoleeiere har ansatte med kompetanse som fremmer utvikling, læring og trivsel tilpasset barn og unges behov**Tilskotsordning for lokal kompetanseutvikling i barnehage og grunnsopplæring**

Gjennom systematisk kartlegging har UH, PPT og leiarar i skule og barnehage vore aktive deltakarar i Kompetanseløftet. Både leiarar og tilsette i barnehage og skule har medverka i utforminga av tiltaka. Dette har bidratt til auka forståing for spesialpedagogikk og inkludering. Frå regionane blir det

rapportert om at tiltaka har styrka det profesjonelle læringsfellesskapet i laget rundt barna og elevane. Samanlikna med nasjonalt nivå i årsrapporteringa, har Møre og Romsdal i større grad involvert fleire aktørar i det tverrfaglege og tverrsektorielle samarbeidet som omhandlar psykisk helse og kompetansebehov i PPT.

Som eit resultat av Kompetanseløftet har desse tiltaka samla sett ført til at dei *tilsette* har auka sin kompetanse. Likevel ser vi at det framleis er ein veg å gå for å kunne seie at tiltaka har bidratt til ønskt praksisendring som fremjar utvikling, læring og trivsel tilpassa barn og unge sine behov. Årsrapporteringa viser mellom anna at Møre og Romsdal ligg bak nasjonalt nivå når det gjeld gjennomføring av tiltaka.

Når det gjeld Regional ordning, har Møre og Romsdal mellom anna hatt stort fokus på psykososialt barnehagemiljø, pedagogisk leing av utviklingsprosessar og barnehagen som lærande organisasjon. Både PPT, helsestasjon og barnevern er med i tverrfagleg samarbeid i temaa som er valt i partnerskapa. Leinga har lagt til rette for at tilsette har vore involverte, og tilsette i barnehage har også meldt om behov til sine leiarar. På bakgrunn av desse prosessane kjem det fram i rapporteringa at tiltaka har bidratt til ønskt praksisendring, og styrka det profesjonelle læringsfellesskapet i barnehagane.

I Desentralisert ordning, har fleire av samarbeidsforma i Møre og Romsdal hatt overordna del av læreplanen, læringsmiljø, inkludering og tilrettelegging som tema i partnerskapa. I rapporteringa ser vi at tiltaka har bidratt til kollektiv utvikling av skulane. Dette gjeld først og fremst at tiltaka har auka samarbeid på skulane, og dei har auka felles merksemd om tema og målsetjing. I Møre og Romsdal blir det rapportert om at tiltaka har bidratt til ønskt praksisendring.

Kompetansekrav for tilsetting

Samla sett kan vi i grunnskulen i Møre og Romsdal sjå ein auke i at tilsette fyller kompetansekrava for tilsetting, samanlikna med fjorårets rapportering i GSI. Elles ser vi at avviket frå kompetansekravet er størst på 5.-7.trinn med 4,47%.

Det er framleis ei utfordring å rekruttere barnehagelærarar med godkjend utdanning til barnehagane i fylket. Særleg er dette ei utfordring for distriktkommunane.

Det har vore ei positiv utvikling i bruken av dei frie midla i regional kompetanseordning til å bygge kompetanse i barnehagesektoren i kommunane. Fleire kommunar nyttar no ordninga for å stimulere til deltaking på barnehagelærarutdanningane, fagbrev for barne- og ungdomsarbeidarar, og andre kompetanseheevande tiltak. Dette bidrar til at barnehagane har tilsette med kompetanse som fremjar utvikling, læring og trivsel tilpassa barn sine behov. Den positive utviklinga skuldast eit grundig arbeid med retningslinjene i samarbeidsforma og dialog kring moglegheitene som ligg i bruken av dei frie midla.

Oppfølgingsordninga

Vi har to kommunar som er med i oppfølgingsordninga. Kommunane viser ein bevisst innsats for å fremje utvikling, læring og trivsel tilpassa barn og unge sine behov gjennom kompetanseutvikling og samarbeid mellom ulike etatar. Sjølv om det er utfordringar og behov for meir tid for å sjå synleg effekt på læringsresultata, erfarer vi at det går i retning mot styrking av kompetansen blant tilsette i barnehagar og skular.

Læringsmiljøprosjektet

I 2024 var tre kommunar i Møre og Romsdal med i kvar si pulje i prosjektet. Kommunane er rekruttert inn etter ei risikovurdering basert på mellom anna vår kjennskap til sektor, saker i handhevingsordninga og andre klagesaker, resultat frå Elevundersøkelsen og diverse bekymringsmeldingar m.m. Kommunane har ved fleire høve gitt tilbakemelding om at dei har god nytte av prosjektet, og at dei får målretta rettleiing frå Læringsmiljøsentret. Vi vurderer utifrå tilbakemeldingar og deltakinga vår i styringsgruppermøta, at prosjektet medverkar til heilskapleg kompetanseheving for dei tilsette - knytt til trygge og gode leike- og læringsmiljø.

Kompetansetiltak i partnerskap med UH (fra kapittel 3.1.7.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Kommuner og fylkeskommuner utvikler og gjennomfører kompetansetiltak i partnerskap med UH.

For å legge til rette for at kompetansetiltak i partnerskap er i tråd med lokale vurderingar av kompetansebehov, har vi i 2024 gjennomført fleire dialogmøte med leiarane av SAFO, i tillegg til dei faste SAFO-møta. I møta har vi sett fokus på og reflektert kring retningslinjene for tilskotsordningane, medverknad og kva som inngår i mandatet for samarbeidsforma. Vi har løfta opp og hatt dialog om at innstillingane skal vere basert på ei vurdering frå barnehage- og skuleeigarar om kompetanseutviklingsbehov, og at dette skal vere forankra i lokale planar og dialog med UH.

På sjølve SAFO-møta har vi i forkant diskutert agendaen med leiarane. I heile 2024 har vi hatt gjennomgang av retningslinjene for tilskotsordningane på møta. I samband med SAFO-møta der innstillinga har vore tema, er vi einige om at leiar for SAFO orienterer om forarbeid som er gjort lokalt i regionane. Leiarane er også oppfordra til å vise til kva som ligg til grunn for lokale vurderingar i samarbeid med og i partnerskapa. På møta er det ofte god dialog i partnerskapet, men vi registrerer at partnerskapa ikkje er like godt forankra i alle samarbeidsforma. Det er ei stor og krevjande oppgåve for involverte partar å sikre at til dømes skildringa av tiltaka som vert planlagde er så tydelege som råd når innstillingane vert sende til SAFO. Samstundes må ein sikre at UH er godt nok involvert. Behovet for involvering gjeld også skildringa av korleis partnerskapet er.

Vi erfarer også at i dei SAFO som har få leiarskifte, er det gode etablerte system for kompetansekartlegging. Her er overordna lokale planar styrande for

arbeidet i regionen, og det kan sjå ut til at dei klarer å bygge ein kultur der kontinuerleg læring og utvikling er ein naturleg del for desse SAFO. Tverrfagleg samarbeid mellom ulike aktørar og involvering av barnehage- og skuleeigarar, UH, og andre relevante partar ser ut til å vere betre sikra. Dette bidrar til at kompetanseutviklinga framstår meir heilskapleg og dekker fleire av dei nødvendige områda. Det kan sjå ut til at denne stabiliteten bidrar på ein betre måte til å sikre at kompetanseutviklinga i partnarskapa er i tråd med vurderingar av kompetansebehov. Dette sett i samanheng med tiltaka, strategiane og samarbeidet med Statsforvaltaren. Vidare at kompetanseutviklinga også vert gjennomført på ein meir effektiv og målretta måte.

Tiltakene i Kompetanseløftet sees i et tverrsektorielt perspektiv (fra kapittel 3.1.7.1.1.2 i TB)

Rapportere på

Tiltakene i Kompetanseløftet sees i et tverrsektorielt perspektiv hvor PP-tjenesten og andre relevante støttetjenester er inkludert

Det at tiltaka i Kompetanseløftet skal sjåast i eit tverrsektorielt perspektiv, har vore eitt av temaa for refleksjon og erfaringsdeling i møte med leiarane av SAFO. Eitt samarbeidsforum har til dømes som overordna mål å førebygge utanforskap og utvikle samarbeidskompetanse. Dei brukar BTI-plattformen for å vareta laget rundt barn og unge. I møta fortel dei om korleis dette arbeidet blir organisert. Dialog og erfaringsdeling om Kompetanseløftet er med på å auke medvitet om intensjonane med ordninga. Fleire fortel om nyoppretta «inkluderingssteam» som ein motiverande faktor for at Kompetanseløftet blir sett i eit tverrsektorielt perspektiv.

I forlenginga av dette arrangerte vi saman med samarbeidsforuma ein fysisk erfaringskonferanse, "Saman om kunnskap for framtida". Vi hadde særleg fokus på inkluderande læringsmiljø, samarbeid rundt barn som treng ekstra innsats, og eleven/barnet si stemme. Her hadde vi fleire praksiseksempel på korleis tverrfagleg samarbeid er viktig for læring, tryggleik, skulemiljø og motivasjon. I tillegg hadde vi fokus på korleis vi kan prøve å finne gode spor til tverrfagleg samarbeid ved ein høgskule. Tilbakemeldinga i etterkant av samlinga var mellom anna at fleire ønsker å vere deltakande på denne konferansen. Dette for å få betre oversikt over kva arbeid som går føre seg i dei ulike regionane, og for erfaringsdeling og kompetanseheving.

Elles er fleire relevante støttetjenester inkludert i Kompetanseløftet. Dette kan vi sjå av rapporteringa i Møre og Romsdal. PPT deltar i partnarskapa, er involvert og samarbeider i stor grad om tiltak i Kompetanseløftet. Rapporteringa fell godt saman med dei tiltaka og prioriteringane som er gjort i dei ulike samarbeidsforuma i vårt fylke. I våre samarbeidsforum kan vi sjå at barnevern, helsestasjonar og skulehelsetenesta har ei brei involvering i arbeidet.

Statsforvaltaren deltar to gongar i året på konferansar arrangert av PPT-leiarane i fylket. Her har det mellom anna vore drøfta korleis PP-tenesta skal vere meir til stades i barnehagar og skular. Dette for at dei i større grad kan bidra til å førebygge vanskar og tilpasse tilboda til mangfaldet i barne- og elevgruppa. Fleire melder om at dei er i ein "skvis" mellom å vere til stades og tida som vert brukt på sakkunnig arbeid. Vi vil fortsette med å bruke arenaen på PPT-konferansen til å legge til rette for og bidra til samarbeid på tvers. Ved erfaringsdeling og det å skape samanheng, kan kompetansen i laget rundt barnet bli styrka.

Statsforvalter skal støtte og veilede kommunene i oppfølgingsordningen (fra kapittel 3.1.7.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Alle kommuner i oppfølgingsordningen har bedret sine systemer og økt sin kompetanse til å kartlegge, analysere og vurdere kompetansebehov i sine virksomheter

Dei to kommunane som deltar i oppfølgingsordninga er no inne i gjennomføringsfasen. Den eine kommunen ser utviklingsområda dei arbeider med i samanheng med andre kompetanseutviklingsområde som kommunen deltar i. For å kunne arbeide meir systematisk og heilskapleg med kompetanseutvikling, har dei involvert andre etatar i kommunen som arbeider med barn og unge. Dette har dei gjort for at fleire i kommunen kan få ta del i den rettleiinga som kommunen får frå UH. Slik kan dei skape felles forståing for kommunen sitt utfordringsbilde, og korleis ein saman kan arbeide meir systematisk på tvers av etatane i kommunen.

Med bakgrunn i dette ser vi at samarbeidet mellom kommunen og UH er godt, og det er ein tydeleg forankring i utviklingsarbeidet basert på kommunen si kartlegging og analyse frå forfasen. Vår vurdering er at kommunen er i stand til å gjennomføre gode kvalitetsprosessar i kommunen sentralt og i dei ulike einingane. Kommunen har også ei langsiktig tenking for utviklingsarbeidet.

På grunn av endring på skuleeigarnivå i overgangen mellom forfasen og gjennomføringsfasen, starta den andre kommunen seinare med tiltak i gjennomføringsfasen. For at kommunen skulle kunne gjennomføre tiltak, blei kommunen, UH og Statsforvaltar samde om å skalere ned tiltaka i gjennomføringsfasen til å gjelde på skolenivå. Dette blei gjort utifrå skolane sine behov i forfasen, og tiltak retta mot matematikk og lesing blei prioritert. Arbeidet er organisert med felles samlingar i regi av UH, og mellomarbeid mellom samlingane på kvar enkelt skole. Ein ressurslærarar på kvar skole leiar mellomarbeidet mellom samlingane. I tillegg er det oppretta faggrupper som lærarane deltar i på tvers av skolane. Dette for å dra nytte av kvarandre sin kompetanse, og for å vurdere behovet for kompetanseheving i desse faga.

I denne kommunen erfarer vi at kommunen arbeider med utviklingsarbeid på skolane innanfor valte område, og at profesjonsfelleskapet på skolane er blitt styrka. Vi opplever også at samarbeidet mellom UH og kommunen fungerer godt, men at det er meir kortsiktige behov som ligg bak vurderingane for kompetansetiltak. Sjølv om det i forfasen har blitt rettleia i kartlegging og analyse av utviklingsområde ser vi at kommunen har eit stykke igjen for å forstå eige utfordringsbilde fullt ut, spesielt på skoleeigarnivå.

Kommunane gir i tilbakemelding at deltakinga i oppfølgingsordninga har auka deira bevisstheit på eige utfordringsbilde i kommunen. Dette er også vår

opfatning, men at spesielt den eine kommune har eit stykke igjen til å fullt ut forstå eige utfordringsbilde. Vi ser og at kommunane har ulik tilnærming på korleis dei arbeider systematisk og langsiktig med tanke på kompetanseutvikling.

Statsforvalter skal støtte og veilede kommunene i oppfølgingsordningen (fra kapittel 3.1.7.1.2.2 i TB)

Rapportere på

Alle kommuner i oppfølgingsordningen jobber med målrettede tiltak basert på analyser av utfordringer og behov for å bedre læringsmiljøet og læringsutbyttet for barn og unge.

Statsforvaltaren har i starten av gjennomføringsfasen vektlagt å få fram samanhengen med andre kompetansetiltak kommunane deltek i. Dette har ført til at ein av kommunane har sett tiltaka i gjennomføringsfasen i samheng med andre utviklingstiltak som kommunen deltek i. Spesielt er dette retta mot Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis, men kommunen har også ei bevisst kopling mot barnehage, helse og andre etatar i kommunen. Dette for å skape ein raud tråd i arbeidet med utviklingstiltak i oppfølgingsordninga.

Kommunen erkjenner at endringsprosessen dei er inne i vil ta tid, og ein kan ikkje forvente resultat etter berre eit år i gjennomføringsfasen. Derfor vil koplinga med skole, barnehage, helse osv. vere noko dei vil arbeide vidare med etter at oppfølgingsordninga er ferdig.

Den andre kommunen har ikkje greidd å knyte deltakinga i oppfølgingsordninga opp imot andre kompetanseutviklingstiltak i særleg grad. Dei kom seinare i gang med gjennomføringsfasen enn planlagt, og har knytt tiltak i oppfølgingsordninga til matematikk og lesing.

Tilbakemeldinga frå kommunen er at den rettleiinga som kommunen får frå UH, blir opplevd som nyttig og verdifull. Dette fordi skolane kan arbeide meir systematisk mot felles mål innanfor lesing og rekning, og dermed sikre eit betre læringsutbytte for elevane i desse faga.

Begge kommunane arbeider med målretta tiltak i oppfølgingsordninga, men desse tiltaka har til no ikkje gitt synleg effekt på læringsresultat og læringsmiljø. For eksempel ser vi ikkje nokon synleg reduksjon av innmelde skolemiljøsaker til Statsforvaltaren frå kommunane etter at dei starta i oppfølgingsordninga. Dette kan ha fleire årsaker. Ein av kommunane starta med gjennomføringsfasen hausten 2024, og har arbeidd med tiltak i 6 månader. Den andre kommunen arbeider med å implementere endringane som er gjort i organisasjonen.

Sjølv om tiltak til no ikkje har gitt synlege resultat, arbeider begge kommunane målretta med tiltak basert på eigne utfordringar og behov. Etter vår vurdering vil kommunens arbeid med dette truleg gi effekt for læringsmiljøet og læringsutbyttet over tid.

Prioritering av skole- og barnehagemiljø og spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp (fra kapittel 3.1.7.1.3.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalterne skal prioritere barnehage- og skolemiljø og spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp i sitt arbeid. Disse prioriteringene skal være førende for statsforvalters arbeid innanfor kompetanseutvikling. Statsforvalterne skal gjøre risikovurderinger av barnehage- og skoleeiers forutsetninger for å løse sine oppgaver og arbeide målrettet for å styrke barnehage- og skoleeiers kompetanse ved behov.

Barnehage- og skolemiljø, samt spesialundervisning/individuell tilrettelagt opplæring og spesialpedagogisk hjelp har høg prioritet i arbeidet vårt. Vi vurderer risiko og kompetansebehov til barnehage- og skoleeigarar utifrå mellom anna klagesaker, handhevingsordninga, meldingar frå foreldre/andre, Elevundersøkelsen, Kommunebilde og kjennskap til sektor. Vi har også sendt ut ei spørjing til kommunar/eigarar. Her spurde vi om kva for tiltak dei ønsker frå Statsforvaltaren for at barnehage- og skoleeigarar og tilsette i einingane skal få auka kompetanse om barnehage- og skolemiljø, samt spesialpedagogisk hjelp og individuell tilrettelegging.

Vi har arrangert konferanse med tre fagdagar for skulesektoren, samt barnehagekonferansen "Gi meg tid" over to dagar. På begge konferansane var leike- og læringsmiljø og spesialpedagogikk gjennomgåande tema, og i nokre av innlegga vart dei også sett i samheng. Vidare har vi spelt inn webinar om kapittel 11 og 12 i opplæringslova som er distribuert til sektor. Vi oppmodar i mange samanhengar å ta i bruk Udir sine kompetansepakkar i utviklingsarbeidet.

Før nytt skuleår sendte vi ei orientering til skuleeigarar og skuleleiarar. I orienteringa oppmoda vi tilsette i grunnskulen og vidaregåande opplæring til å ta i bruk webinarar vi har laga, viste til aktuelle samlingar som vi skulle ha i haust, og skreiv særskilt om endringane i kapittel 11 i opplæringslova. Vi la ved lenke til "Rettleiaren for tilpassa opplæring og individuelt tilrettelegging". Vi publiserte informasjonsbrevet som ein artikkel på vår heimeside og på Facebook, dette for å nå breidt ut. Statsforvaltaren erfarer at denne orienteringa har hatt stor effekt, då vi har fått tilbakemeldingar om at til dømes webinarar er tatt i bruk av fleire skular i deira utviklingsarbeid. Liknande tilbakemelding har vi fått frå PPT.

Statsforvaltaren har eigne samarbeidsgrupper for både barnehage- og skolemiljø i Region Nord. Vi vurderer at dette bidrar positivt til vår eiga kompetanseutvikling, noko som igjen gir gevinst for kvaliteten på vårt arbeid internt og ut imot sektor. Ein del av tiltaka, samt vurdering av effekten av dei, er meir detaljert skildra under resultatmål 3.3.3.1.3.1 og 3.3.3.1.3.2.

3.1.1.13 Andre oppdrag

Vi har eit godt samarbeid med RVTS om å gjere kjent dei valdsførebyggande verktøya «Jeg vet» og «Snakke sammen». Vi arrangerte eit kurslederkurs i «Jeg vet» i 2024 i samarbeid med RVTS som hadde god deltaking. KORUS har vore aktiv samarbeidspart knytt til BTI-arbeidet.

Vi har og i samarbeid med Bufetat hatt kursdag for barnevernstenestene i fylket om Familieråd i høgkonfliktsaker.

Vi vurderer at kompetansesentra er viktige samarbeidspartar og at det er eit behov for å auke kompetansen og kunnskapen ute i kommunane og dei aktuelle tenestene.

Dei valdsførebyggjande verkøya "Jeg vet" og "Snakke sammen" har vore orienterte om til barnehage- og skolesektoren i ulike samanhengar i kommunedialogen og i øvrig kontakt med barnehage- og skoleeigarar. Det kjem fram at verkøya blir nytta, men at det er ulikt i kor stor grad. Vår vurdering er at det framleis er eit behov for både å orientere om verkøya og å etterspørre i kva grad og på kva måte dei blir nytta.

3.1.2 Statlig virksomhet er godt samordnet på regionalt nivå

3.1.2.1 Gode og helhetlige tjenester til utsatte barn og unge

Overordna vurdering

Arbeidet med å yte gode og heilskaplege tenester til barn og unge går stadig framover i kommunane i fylket. Etter vår vurdering er lovendringane og dei nasjonale føringane og satsingane som har kome i dei ulike fagområda i oppvekstfeltet dei siste åra, no relativt godt kjend i alle tenestenivå i kommunane. Kommunane er i gang med å organisere tenestene og lage struktur for at samarbeid og samhandling skal skje. Det betyr likevel ikkje at alle barn, unge og familiar opplever og erfarer at hjelpa dei treng er samordna og heilskapleg riktig enda. Det er framleis eit godt stykke arbeid igjen med å implementere planar og struktur og endre praksis i det utøvande nivået i tenesteytinga.

Vår vurdering er at utviklinga går i riktig retning, men at det tek tid å dreie etablerte struktur og endre arbeidsmåtar slik at målet om gode og heilskaplege tenester blir nådd.

Våre tiltak og vurdering av nytten av dei

Vi meiner det har vore viktig for utviklinga at vi har bidratt med informasjonsarbeid og kompetanseheevande tiltak for kommunane. Det har vore behov for å gjenta informasjon om til dømes lovendringar og nasjonale satsingar, og hjelpe kommunane til å sjå samanhengar og lage oversikt. For kommunane er det viktig at vi kan tilby samlingar og treffpunkt med informasjon og erfaringsdeling, og vi har hatt godt samarbeid med kompetansesentra og andre aktørar i dette arbeidet. Til dømes samarbeider vi med KORUS og RVTS om implementering og oppfølging av BTI-arbeidet i fylket. Vi meiner også at det har vore viktig at vi har hatt oppmerksomhet på prioritering av førebygging og samordning av tenestene i våre møte med kommuneleiinga, til dømes i dialogmøte og kommunemøte. Vår innsats og vårt tilbod må treffe alle nivå i kommunane, for å vere ein god pådrivar og støtte for utviklinga.

Fylket har eit FACT-ung team i full drift. Oppbygging av FACT-ung team er krevande og for mindre kommunar kan ressursbruk, tilgang på kompetanse sett opp mot gevinst bli vurdert som lite hensiktsmessig. Desse kommunane ytrar ofte ønske om andre samarbeidsmodellar for ulike lavterskeltilbod.

Det er vanskeleg å vurdere effekten av vidareføringa av helsefelleskapet si satsing 'barn og unges helseteneste' med sju samhandlingsforløp for dei vanlegaste psykiske plagene hos barn og unge sidan den ikkje er ferdig implementert.

Det er og verdt å nemne at ein gjennom partnerskapa i kompetanseordningane på barnehage-, skole- og opplæringsfeltet og har eit fokus på at tiltaka må kome alle barn og unge til gode. Vi har arbeidet med eit inkluderande barnehage- og skolemiljø, samt at barnet og eleven sine rettar til spesialpedagogisk hjelp og individuelt tilrettelagt opplæring blir oppfylt, som prioritet i saksbehandlinga vår og i det utadretta arbeidet mot kommunar og barnehage- og skoleeigarar. Arbeidet med å auke skolenærværet og å redusere fråværet, har hatt og har eit fokus hos oss. Dette har vore tema både i rettleiing, i møte og anna samarbeid med til dømes mobbeombodet og elev- og læringeombodet i fylket. Det førebyggjande arbeidet og tidleg inngripen er framheva. Vi vurderer at denne prioriteringa og dette fokuset bidrar til betre og meir heilskaplege tenester for barn og unge. Statsforvaltaren må halde fram med å prioritere dette høgt.

Godt og samordnet tjenestetilbud i kommunene til utsatte barn og unge og deres familier (fra kapittel 3.2.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Godt og samordnet tjenestetilbud i kommunene til utsatte barn og unge og deres familier

Sjå status i kommunane i rapporteringspunkt 3.1.2.1.

Det er framleis eit godt stykke arbeid igjen med å implementere planar og struktur og endre praksis i det utøvande nivået i tenesteytinga.

Når det gjeld kompetansen i kommunane om utsette barn, unge og deira familiar, ser vi at utviklinga går i riktig retning. Det tek tid å dreie etablerte struktur og endre arbeidsmåtar slik at måla om gode og heilskaplege tenester til barn og unge blir nådd. Men vi ser at arbeidet med å få innarbeidd barnets beste vurderingar i alt arbeid og på alle nivå i kommunane, er godt i gang.

Det er mange rapportar og informasjon som gir kommunane god kunnskap om situasjonen til barn og unge i kommunen. Vi ser at kommunane bruker

tilgjengeleg informasjon i sitt arbeid. Det som er viktig framover er å få sett dette i system og få arbeid tverrfagleg og samordna med dei utfordringane ein finn.

Hva med tidlig og samordnet hjelp -hvordan ligger kommunene an med det?

Vi har i vår aktivitet, dialog og kontakt med kommunane lagt vekt på å sjå samanheng mellom endringane i velferdslovgjevinga, faglege føringar, barnevernsreforma/oppvekstreforma, førebyggjande plan med meir. Dette for å få til tverrfagleg og felles innsats for utsette barn og unge.

I 2024 har vi bidratt til utvikling og kompetanseheving rundt samordning av tenester for utsette barn og unge gjennom fleire aktivitetar og innsatsområde. Vi nemner nokre av dei her:

I samarbeid med Helse Møre og Romsdal om Barn og unges helseteneste arrangerte vi ei strategisamling for leiarar i oppvekstfeltet i alle kommunar. Tema i samlinga var mellom anna den nye rettleiarar for psykisk helsearbeid for barn og unge, barnekoordinator og samarbeid og implementering. Det var god deltaking frå leiinga i nesten alle kommunane.

Ein stor del av kommunane i fylket er BTI-kommunar. Vi har hatt eit nært samarbeid med KORUS og RVTS og det er etablert regionalt nettverk med fleire samlingar i året. Ved å delta i nettverket får vi innsikt i status og utfordringar hos kommunane. Vi får ein arena til å dele informasjon. I nettverket har vi blant anna presentert og diskutert rettleiarane "Samarbeid om tenester til barn, unge og deres familier" og "Veileder om psykisk helsearbeid barn og unge". Det er også svært nyttig for kommunane å få delt sine erfaringar i nettverksmøta. Av dei kommunane som ikkje nyttar BTI som modell for samhandling, veit vi at nokre nyttar andre samhandlingsmodellar, til dømes Laget rundt barnet. Vi har ikkje full oversikt over samhandlingsmodellar i kvar kommune.

Vi har sidan lovkravet kom i 2022 vore pådrivar for at kommunane skal utarbeide og vedta plan for det førebyggjande arbeidet etter barnevernslova. Det er framleis fleire kommunar som ikkje har vedtatt førebyggjande plan men alle er i gang med arbeidet. På dette området har vi konkret oversikt over kvar kommune. Den førebyggjande plana blir ulikt organisert i kommunane og det vil være viktig for oss å følge opp korleis kommunane etterlever plana, slik at den faktisk verkar i praksis.

Vi har i 2024 etablert ei kursrekke med "Oppvekstwebinarar". Disse tar for seg tema som går på tvers av sektorar og tenester innanfor oppvekst- og velferdsområdet i kommunane. Tema for årets webinar har vore reglane om samarbeid i velferdslovgjevinga, barnekoordinator og individuell plan, barnevernsreforma som ein oppvekstreform, planverk for det førebyggjande arbeidet, verjemål for barn, barn og bustad og samarbeid mellom Nav og barnevern. Kommunane gir tilbagemelding om at webinarar blir opplevd å være nyttige og bidrar til auka forståing om dei ulike tenestene sine ansvarsområde og rammer for det tverrsektorielle samarbeidet. Vi fortset med webinarar i 2025.

Ei god og hensiktsmessig organisering av tenestene og å få til ei endring av arbeidsmåtar slik at målet om gode og heilskaplege tenester til barn og unge blir nådd, ser vi som hovudutfordringa til kommunane. Vidare er det ei utfordring å få sett planar ut i praksis og at barnets beste og vurderingane rundt det, blir lagt til grunn i alt arbeid og på alle nivå i kommunen.

Ein refleksjon vi har gjort oss er at det er viktig å ha auge for gapet mellom det førebyggjande tilbodet og tilbodet til dei særleg utsette barna med behov for tenester frå fleire instansar. Det blir viktig å følgje med på at samordning av og samarbeid i tenestene blir sikra på alle nivå av hjelpebehov.

3.1.2.2 Tilsyn skal være samordnet, målrettet og medvirke til læring og forbedring

Vi vurderer at vår måloppnåing knytt til at tilsyn skal være samordna er god.

Vi har over år jobba systematisk med samordning av statlege tilsyn. Vi oppfatar at bruk av tilsynskalender er godt kjent blant kommunane våre. Det å kunne registrere inn tilsyn kvartalsvis gjer registreringskvaliteten betre, men samordningsfunksjonen meir krevjande. Det er eit større behov for å følge med på omfanget av tilsyn og opprette dialog med kommunar for å bidra til samordning. Vi ser at det å ha full oversikt over alle tilsyn tidleg på året, er vanskeleg.

Vi har møtepunkt med statlege tilsynsmyndigheiter og kontrollutvalssekretariata 1 til 2 gangar årleg. Desse møtepunkt har fokus på samordning.

Forventninga om at tilsyn skal føre til læring og forbedring kjem tydelegare i føringar frå overordna myndigheit til den enkelte sektor. Vi erfarer at eigenvurderingstilsyn ser ut til å gi god læring og forbedring. God dialog og samarbeid med kommunane i forkant og ved gjennomføring av tilsyna, opplæringstiltak og veiledning, samt god oppfølging etter at det i tilsyn er avdekkja lovbrøt, ser vi også gir læring og forbedring.

Som eigen forbedring kan vi brukt meir tid på å samordne oss med planlagt forvaltningsrevisjon, og ikke minst bruke forvaltnings-revisjonane inn i vårt risikovurderingsarbeid når vi planlegg tilsyn.

Den samlede tilsynsbelastningen for den enkelte kommune skal ikke være for stor. (fra kapittel 3.2.1.2.1.1 i TB)

Rapportere på

Den samlede tilsynsbelastningen for den enkelte kommune skal ikke være for stor.

Vår erfaring er at kommunane opplev tilsyn som ressurskrevjande. Dette sjølv om vi samordnar tilsyna våre og nyttar tilsynskalenderen. Vi er oppteken av å ikkje belaste kommuneleiinga meir enn det som er naudsynt og tek omsyn til dette ved val av kommunar vi fører tilsyn med.

I 2024 har vi gjennomført færre systemrevisjonar som gjeld helse- og omsorgstenester enn i tidlegare år. I samband med landsomfattande tilsyn med

folkehelsearbeid for å fremje god psykisk helse hos barn og unge, og tilsynet med bruk av medisindispenser hos eldre som bur heime, avgrensa vi belastninga for utvalde kommunar ved å avklare passande datoar for revisjon i forkant av fastsetjing av datoane. I dei valde kommunane er det ikkje nyleg gjennomført forvaltningsrevisjon.

På barnehage- og opplæringsområdet gjennomførte vi i 2024 tre statlege tilsyn. Vi gjennomførte 12 skriftlege tilsyn. Vår vurdering er at når det er hensiktsmessig å nytte skriftlege tilsyn, er det også mindre belastande for kommunane og dermed er det med å ta ned den samla tilsynsbelastninga for kommunane.

Gjennom året har vi hatt kontakt med andre statlege tilsynsetatar og den kommunale eigenkontrollen for å sikre at den samla tilsynsbelastninga for kommunane ikkje blir for stor. Alle statlege tilsynsetatar nyttar tilsynskalenderen aktivt.

Tilsyn fører til læring og forbedring i kommunen. (fra kapittel 3.2.1.2.2.1 i TB)

Rapportere på

Tilsyn fører til læring og forbedring i kommunen.

Verksemdsområde sosial berekraft

I samband med landsomfattande tilsyn på barnevern- og sosialområda har vi god erfaring med dialogmøte med kommunane for å følge opp lovbrota. Gjennom desse dialogmøta sikrar vi nødvendig rettleiing og oppfølging i endringsarbeidet. Vi har fått tilbakemelding om at møta og oppfølginga opplevast nyttige for kommunen. Prosessen i oppfølginga av tilsyn har etter vår vurdering ført til læring og utvikling og endringane i kommunen har fått positive følger for fosterbarn og fosterforeldre.

Dei siste fire åra har vi tatt i bruk alle oppfølgingsmetodane som Statens helsetilsyn skildrar i sin rettleiar for behandling av tilsynssaker. I 2024 har vi i endå større omfang ansvarleggjort tenesta ved å oversende saka til dei for ei gjennomgang. Når vi sender ei klage til kommunen for intern gjennomgang med rapport til oss, skildrar vi dei sentrale temaa i saka for å hjelpe kommunen med å finne ei innretning som fører til forbedring. Vi gir alltid tilbakemelding på rapportane og framhevar oppnådd forbedring.

Effekten er at kommunane i større grad blir kjende med sine plikter til kvalitetsarbeid og at dei samlar erfaring. Vi har merka oss at det gir betre eigarskap til resultatet når verksemda sjølv står for gjennomgangen.

Vi ser likevel at det er forskjell mellom kommunane, og dette har ikkje berre med storleiken på administrasjonen å gjere. Særleg i tilfelle der fleire einingar i kommunen har vore involvert og svikt i samvirke bidrog til hendingane, kan det vere vanskeleg å få til felles læring. I slike tilfelle er det behov for tettare oppfølging og rettleiing frå Statsforvaltaren både undervegs og i etterkant av gjennomgangen. Vi har sett god effekt når vi tilbyr eit møte for avklaring av dei sentrale spørsmåla før oversending av klagen. Slik sikrar vi betre forståing av kva rapporten skal innehalde.

Sjå også til pkt. 3.1.3.1.3.1

Gjennom 2024 har vi både rettleia og ført tilsyn på fleire område innanfor barnehage og skole. Vi har i samband med innføring av ny opplæringslov brukt ressursar på rettleiing slik at vi sikrar at kommunane er godt kjende med og forstår endringar i lova. Vi vurderer at effekten av dette kan føre til at det vert færre klagar til oss. Men vi ser også at vi må følgje opp kommunar med tilsyn for å sikre regeletterleving. I samband med gjennomføring av tilsyn har vi eit formøte med kommunen der vi går gjennom kva tilsyn er og korleis det blir gjennomført. Vi går då også gjennom aktuelt lovverk og kontrollområde slik at tilsynsobjektet skal ha forståing av kva vi kontrollerer i tilsynet. Av dei tilsyna vi har gjennomført, ser vi at det har ført til endring av praksis i kommunen, t.d. gjennom betre oppfølging av eigen internkontroll. Dette vil i neste omgang sikre barn og unge sine rettar.

Ei vurdering frå verksemdsområde berekraftig naturbruk

I kontrollarbeidet har vi fokuserte på kommunane si gjennomføring av risikobasert kontroll, med gjennomgang av dokumentasjon som kommunane sendte inn og fagsystem. Vi har lagt vekt på pålæring og dialog gjennom egne digitale dialogmøtar med sakshandsamarar. Tilbakemeldingane frå kommunane på denne arbeidsformen er positive.

Læring er ein viktig del av kontrollen. Kontrollane skal auke kompetansen hos kommunane. Vi har derfor gjort, vi ha derfor egne digitale gjennomgangar med sakshandsamarane der vi gjekk gjennom funn og hadde samstundes rettleiing av regelverk. Vi reiste ut til kommunane og hadde sluttmøter med sakshandsamarar og kommuneleiing. Tilbakemeldingane frå kommunane er gode, vi legg vekt på å

Tilbakemelding frå kommunane på gjennomføring av denne typen kontroll er positiv.

Vi har gjennomført seks tilsyn med sivilbeskyttelsesloven og forskrift om kommunal beredskapsplikt i 2024. Kommunane som fekk tilsyn er valt ut etter ei risikovurdering. Vi har fokus på rettleiing og dialog både i formøtet, gjennom tilsynsdagen, og i etterkant av tilsyna våre, og vi får positive tilbakemeldingar på forma.

3.1.2.3 Klimahensyn skal ivaretas i alle sektorer

- Klimaomsynet er ikkje ivaretatt i alle sektorar i Møre og Romsdal. Det er få eller ingen sektorar som peiker seg ut, men varierar frå kommune til kommune og frå sak til sak om omsynet til klima er ivaretatt eller ei.
- Vårt inntrykk er at vi er nærare delmålet. Klima blir oftare enn før tatt omsyn til. Kortsiktig økonomi vinn som regel over omsyn til klima, så lenge det

ikkje er regelverk eller støtteordningar på plass. Ny regel om 30 % miljøvekting i offentlege innkjøp verkar å bli følgt, men regelverket virker ikkje alltid etter intensjonen.

- Sett i eit fleirårsperspektiv ser utviklinga ut til å gå i riktig retning. Talet på kommunar som har laga klimabudsjett fortset å stige år for år, og i 2024 var det 16 kommunar som hadde dette (med varierende kvalitet). Talet på kommunar som lagar kommunedelplan for klima går også oppover. Sjølv om vi berre er oppe i ni kommunar med opptatert klimaplan, så går utviklinga i riktig retning. Mange vel å integrere klimaplanlegginga i samfunnsdelen framfor å lage eigen kommunedelplan. Vi ser at det er vanskeleg å oppfylle SPR klima og energi berre gjennom samfunnsdelen.
- Vi trur mykje av utviklinga i kommunane kan tilskrivast vår målretta innsats gjennom dialog med kommunane, kurs, konferanse og samlingar.

Vernskogarbeidet:

Effektane av vernskogarbeidet er noko vanskeleg å måle. Frå landbruksdirektoratet er vi bedne om å avvente vernskogarbeidet mot fjell/naturfare, så fokuset i Møre og Romsdal er vernskog mot kyst. Dei aller fleste vurderingar kring vernskog mot kyst her i fylket går på leplanting og uttak av denne. Ny veileder for vernskog gjeld ikkje leplanting, då dette ikkje er definert som skog.

Arbeidet i Møre og Romsdal vil difor vere ei kalibrering av vernskog mot kyst i alle kommunar og ei synleggjering i digitale kart med ei felles forskrift for vernskog. Ei forbetring i seg sjølv, men om det har nokon reell effekt er usikkert då det er lite risiko knytt til hogst av lebelte.

Naturfare og problematikken kring haustbare ressursar i bratt terreng som i dag ligg som vernskog, er det alle kommunar, skogeigarar og tømmeraktørar ventar på.

Statsforvaltaren sit på ei nøkkelrolle i dette arbeidet, for å få kalibrerte og likt vurderte løysingar i alle kommunar.

Kommunale klima- og energiplaner klimatilpasning og klimagassreduksjon (fra kapittel 3.2.1.3.1.1 i TB)

Rapportere på

Alle kommuner gjennomfører tiltak som bidrar til å redusere klimagassutslipp, og har integrert klimatilpasning i sine planer i tråd med Statlig planretningslinje (SPR) for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning.

Klima- og energiplanlegging

Vi formidlar forventningane i SPR gjennom høyringssvara vi gir til planstrategiane. Her legg vi spesielt vekt på at SPRen skal ligge til grunn for all planlegging, at kommunen må ha ambisiøse mål og at måla bør fastsetast i samfunnsdelen (før nye SPR var på plass i desember 2024). Vi kommenterar også på om det er planlagt rullering av kommunedelplan for klima og energi og oppfordrar til å utarbeide klimabudsjett eller liknande styringssystem for organisere og fordele arbeidet med klimatiltak på ein effektiv måte.

Få eller ingen kommuner klarer å følge opp mål og tiltak knytt til utleppsreduksjonar som planlagt. Dette kan skyldast for høge ambisjonar, uklar ansvarfordeling og at det ikkje blir etterspurt av politikarane. Ein del kommuner begynner å få betre system for å følge opp mål og tiltak i planer, og fleire og fleire har klimabudsjett som sett mål og tiltak på dagsorden.

Klimatilpassing

Vi har som standard å formidle krav/forventingar frå SPR i alle oppstartvarsler knytt til planarbeid der dei ikkje har nemd dette sjølv. Vi ser kommunane er flinke til å nytte kunnskapen i klimaprofil (som no ser ut til å vere godt kjent) inn i ROS-arbeidet. Vi ser òg at SPR stadig oftare vert nytta i planarbeidet, men her er det framleis ein liten veg å gå.

Kommunenes arbeid med klimatilpassing og klimagassreduksjon (fra kapittel 3.2.1.3.1.2 i TB)

Rapportere på

Kommuner og andre myndigheter i fylket integrerer klimahensyn (både utslippsreduksjoner og tilpasning til et klima i endring) på en systematisk måte i alle sine aktiviteter og oppgaver og samarbeider for å nå klima- og miljømålene.

Vi har allerie sendt eigen rapport på dette oppdraget per e-post til roar.skuterud@miljodir.no i tråd med oppdraget (frist 1.9.2024). Dette er dobbeltrapportering. Vi rapporterar likevel nokon hovudpunkta her:

1. Systematisk integrering av klimaarbeidet

- Om lag 43 % av kommunane (12 av 28 kommunar/fylkeskommunen), har integrert klimaomsynet på ein systematisk måte.
- Vi rår til at Miljødirektoratet ser på avsnittet om "hvordan fastsette mål" i rettleiaren til klima- og energiplanlegging og tilpasser detaljeringsnivået til ulike plannivå (sjå vår rapport).
- Utsleppsreduksjon og tilpassing er integrert i kommuneplanens samfunnsdel og arealdel. Klimahendingar er vurdert i heilhetleg ROS-analyse med plan for oppfølging av prioriterte tiltak. Litt under halvparten av kommunane har oppdatert eigen klima- og energiplan (nyare enn 4 år). 17 av 28 kommunar/fylkeskommune har klima som fast punkt i budsjett og økonomiplana. 16 av 28 kommunar og fylkeskommune har ein oppdatert handlingsplan for klima og energi. 16 av 28 kommunar/fylkeskommune har faste møtepunkter om klimagassreduksjon på tvers av sektorar.
- Vi vurderar suksesskriteriar for integrering av klimaomsynet til å vere:
 - god medverknad av politikarane

- at politikarane etterspør klimaarbeid
- at klima har ein sentral plass i kommunedialogen frå statsforvalteren si side
- tverrfaglege grupper i kommunane der medlemma har fått eit reelt ansvar for klimaarbeidet i sin einheit/seksjon

2. Samarbeid gjennom nettverk

- Nettverket på Nordmøre leda av SEBAN på Tingvoll er det einaste fungerande nettverket igjen i fylket etter at Miljødirektoratet trakk støtta til nettverk gjennom Klimasats.
- Innhold i nettverket: Reduksjon av klimagassutslipp, naturmangfold og klimatilpassing.
- Suksesskriterier for klimanettverk:
 - Ei fungerande styringsgruppe/ god forankring i toppen
 - Mål for arbeidet og kva nettverket skal oppnå
 - Medlem som har som arbeidsoppgave å jobbe med klima, og får satt av tid til dette
 - Stimuleringsmiddel med krav til at overnevnte er på plass
 - At nettverket omfatter både klimatilpassing, reduksjon av klimagasser og naturmangfold, slik at dette sjåast i sammenheng og det ikkje vert for mange nettverk kommunane må delta i.
- Barrierer for klimanettverk:
 - Dårlig forankring i medlemskommunene
 - Medlemma har ikkje tid til å arbeide med klima
 - Dårlig struktur og ingen som sørger for framgang
 - At det er for mange andre konkurrerande nettverk
 - Dårlig økonomi i kommunane – vi opplever at kommunene ikkje kan delta på fysiske arrangement med dagpakke på kr 750 pga. trang kommuneøkonomi.

3.1.2.4 Beredskap i en utfordrende sikkerhetspolitisk situasjon

Den endra tryggingsspolitiske situasjonen har gjort at Statsforvalteren har auka fokuset på totalforsvaret, og har tett samarbeid med Forsvaret og politiet. Statsforvaltar, sjef HV11 og Politimester i Møre og Romsdal møtast jamleg, der den tryggingsspolitiske situasjonen er tema.

Den tryggingsspolitiske situasjonen og aktuelle tiltak regionalt og lokalt har i tillegg vore tema på sivil-militært kontaktmøte, på fleire møte i fylkesberedskapsrådet, samt på ulike møte med kommunane om samfunnssikkerhet og beredskap.

I 2024 har statsforvalteren i Møre og Romsdal, i samarbeid med HV-11 og politiet, gjennomført to lokale totalberedskapskurs over fem dagar. Det er avsett 30 plassar til toppleiarar i offentlig og privat sektor. Dette som eit heilt konkret tiltak for å få løfte beredskap høgare på dagsorden pga den endra tryggingsspolitiske situasjonen. Vi planlegg å fortsette med dette kurset i 2025.

Vi har i høyringar til kommunale planstrategier spelt inn at den endra tryggingsspolitiske situasjonen kan få konsekvensar for kommunale planar etter pbl. Spesielt planar som omfattar kritisk infrastruktur/-samfunnsfunksjonar. "Totalberedskap" var eit øvingstema på ein skrivebordsøving for kommunal kriseleiing.

Oppdatert analyse (fra kapittel 3.2.1.4.1.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren har oppdatert analyse av sikkerhetspolitisk krise og væpnet konflikt i fylkesROS, inkludert oppfølgingsplan.

Analyse av tryggingsspolitiske krise og væpna konflikt er med i vår FylkesROS og vart ferdigstilt i 2023. Analysen er basert på plangrunnlag utarbeidd frå DSB, og er utført i samarbeid med Forsvaret ved HV-11 og Politidistriktet. Vi har òg ein gradert del av analysen.

Vi ser det er naudsynt å jobbe vidare med gradert ROS. Vi har ikkje hatt ressursar til å prioritere dette arbeidet i 2024. Ein grundigare analyse vil støtte opp under beredskapsarbeidet/-planlegginga i fylket. DSB har kome med scenario knytt til artikkel fem, og dette kan vere til hjelp i vårt vidare arbeid med gradert ROS.

Vi følgjer opp risiko- og sårbarhetsbiletet i ei rekke sivil-militære møtearena som regionalt totalforsvarsmøte, regionalt tryggingssforum, fylkesberedskapsrådet og møte med statsforvaltar, politimester og sjef HV11.

Vi har i 2024 øvd tematikk med tryggingsspolitiske krise i øvinga for kriseleiinga til kommunane i fylket.

Beredskapsplanlegging (fra kapittel 3.2.1.4.1.2 i TB)

Rapportere på

Statsforvalterens egen beredskap og regionale samordningsansvar er oppdatert og legges til grunn i embetets arenaer og aktiviteter for det sivil-militære samarbeidet.

Prioriterte tiltak for å styrke totalforsvaret regionalt inngår i beredskapsplanleggingen.

Statsforvaltaren sitt planverk for eigen beredskap og samordningsansvar er oppdatert og vert lagt til grunn for det sivil-militære samarbeidet.

Vi har deltek i samarbeidet på tvers av alle embeta med revisjon av den underliggende planen til SBS (sivilt beredskapssystem). Dei ulike analysane frå FylkesROS og funn frå desse ligg til grunn for arbeidet.

Totalforsvaret er jamleg, helt eller delvis, tematikk i møte med FBR. Det kjem til å fortsatt vere viktig tema hos FBR framover.

Vi har øvd kommunane på hendingar/utfordringar som kan oppstå i eit øvre krisespekter. Mange av kommunane har gjort funn i samband med evalueringa som dei planlegg å følgje opp. Betre og meir robuste planar hos kommunane i fylket vil betre totalforsvaret regionalt.

Styrket sivil-militære samarbeid regionalt (fra kapittel 3.2.1.4.1.3 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren legger til rette for styrket sivil-militært samarbeid regionalt, inkludert utvikling av det regionale vertslandstøttekonseptet

Statsforvaltaren har tett samarbeid med HV11 og Politimeisteren i Møre og Romsdal.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har laga eit regionalt vertslandsstøttekonsept saman med Statsforvaltaren i Trøndelag ferdigstilt i 2019.

Representantar frå HV11, Politiet og Sivilforsvaret vert invitert i vår fagsamling for kommunale beredskapsmedarbeidarar. Samlinga legg til rette for informasjonsdeling, kjennskap til kvarandre, kunnskapsauke og nettverksbygging.

Vi oppmodar til at representantar frå HV11 vert inkludert i kommunale beredskapsråd.

Oversikt over sårbarheter i tilknytning til ressurs- og forsyningssituasjonen. (fra kapittel 3.2.1.4.1.4 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren legger til rette for regionalt samarbeid for å ha oversikt over sårbarheter i tilknytning til ressurs- og forsyningssituasjonen.

Vi har hatt auka fokus på dette saman med medlemmane i Fylkesberedskapsrådet. Nærings- og fiskeridepartementet har informert FBR om matvareberedskap og drivstoffberedskap i Noreg. Legemiddelberedskap var òg eit tema på same møtet. Vi har i 2024 starta eit arbeid med å kartlegge matforsyningstryggleiken i fylket som ein del av arbeidet med FylkesROS.

Generelt ser vi mellom anna at det er eit gap mellom ønske om etablering av kraftkrevjande industri i fylket og produksjonen av kraft/overføringskapasitet av kraft inn til fylket som kan gjere dette mogleg.

3.1.2.5 Andre oppdrag

· Vi deltek i DSB sitt evalueringsnettverk, og har i 2024 hatt et eige møte med DSB om funn etter hendingar og øvingar. Vi har dei seinare år styrka systematiseringa av evalueringsarbeid etter øvingar og hendingar, og korleis vi følg opp lærepunkt. Statsforvalteren har utarbeida ein enkel oppfølgingsplan som reviderast årleg.

· Vi har i 2024 støtta NFD med kartlegging og gitt innspel til NFD sitt arbeid med prioriteringsordning for forsyning av drivstoff.

· Vi har i 2024 støtta Forsvaret med å kvalitetssikre forslag til rekvisisjonar for 2025.

· Vi har i 2024 oppretta dialog med KDS (kraftforsyningens distriktssjef) om korleis vi i samarbeid kan sikre nettselskapa best mogleg grunnlag for deira rasjoneringsplanar. Vi rakk ikkje gjennomføre planlagd arbeid i 2024, og vil prioritere dette i 2025.

3.1.3 Rettssikkerhet er ivaretatt på en enhetlig måte

3.1.3.1 Høy kvalitet i veiledning, kontroll, tilsyn og saksbehandling

Verksemdsområde berekraftig naturbruk

På foreningsområdet har vi godt kvalifisert arbeidstakarar slik at vi kan levere høg kvalitet innanfor rettleiing, tilsyn og saksbehandling. Vi jobbar

kontinuerleg med å tileigne oss ny kunnskap. Spesielt gjennom dei samarbeidsforum som finnes mellom statsforvaltarane, til dømes Nasjonal tilsynsforum og Teams-grupper som avløp og akvakultur.

Høg kvalitet i rettleiing

Vi kan rettleie kommunar og verksemder med høg kvalitet, men det medføre også høg tidsbruk for oss. Det er viktig at vi i nokre situasjonar prioriterer ned rettleiinga slik at vi får brukt ressursane på gebyrbelagde oppgåver.

Høg kvalitet i tilsyn

I 2024 har vi fått etablert ei tilsynsgruppe og har arbeida systematisk med å auke kompetanse i denne gruppa. Vi er svært nøgd med at dei fysiske tilsynskurs frå Miljødirektoratet er aktiv igjen. Hospiteringa ein av våre tilsette gjennomførte i 2024 hos Miljødirektoratet ga eit godt utbytte både for saksbehandlaren og for seksjonen. Miljødirektoratet gjer ein god jobb med å utvikle viktig rettleiingsmaterieill knytt til tilsyn. Tilsynsfrekvensen var god på hausten, og vi forventar at vi får til eit tilfredsstillande antal tilsyn framover.

Høg kvalitet i saksbehandling

Innafor saksbehandling er det spesielt arbeidet med IED verksemder som er ei utfordring. Dei fora som er oppretta av Miljødirektoratet fungerer godt og er heilt nødvendig for at vi skal klare oppgåva.

Totalt sett vurderer vi at vi leverer god på dette målet. Framover vil vi fokusere på tilsyn og få til ein god framdrift i arbeidet med IED-verksemder.

Verksemdsområde sosial berekraft:

Statsforvaltaren har i 2024 bistått kommunane i deira arbeid med å etterleve nytt kap. 6A i integreringslova og midlertidige reglar for personar som har fått opphaldsløyve etter utlendingslova §34. Vi har mellom anna arrangert regelverkssamling for alle kommunar der dette var tema, samt arrangert teamsmøte for kommunane saman med fylkeskommunen og IMDI der dette også var tema. Vi har rettleia ved førespurnad, saksbehandla saker, samt delteke med innlegg på etterutdanningssamling for målgruppa for heile fylket. Vi har med bakgrunn i eiga risikovurdering valt rettleiing framfor å gjennomføre tilsyn i 2024. Totalt sett vurderer vi har god kvalitet i veiledning, kontroll og saksbehandling.

På området skole og barnehage er vurderinga vår at vi med aktiviteten vår i 2024 er på veg i positiv retning med tanke på målet om høg kvalitet både i rettleiing, tilsyn og i saksbehandling. God utnytting og vidareutvikling av kompetansen i seksjonen, også tverrfagleg, gjer at kvaliteten på arbeidet vårt i all hovedsak er god. Vi har og tilsette som tar vidareutdanning, noko som og styrker den samla kompetansen. Samtidig legg vi vekt på kompetansedeling og har læringsøkter for å bidra til den interne kompetanseutviklinga. Dette er med på å i neste omgang gi betre kvalitet i både rettleiing, tilsyn og saksbehandlinga vår. Vi har no fleire medarbeidarar som har arbeidd her over tid og vi erfarer at stabilitet er viktig for å oppretthalde kvalitet i arbeidet vårt.

På området sosial og bamevern har vi arbeidd godt med implementering av ny policy på tilsyn- og klagebehandling, i tråd med rettleiinga frå Statens Helsetilsyn. Vi har tatt i bruk alle metodane for arbeidet. Med dette har vi betra vår kvalitet både på tilsyns- og klagebehandling. Vi opplev at verksemdene har god nytte av vår rettleiing og at vår rettleiing har høg kvalitet.

På området helse og omsorg har vi i 2024 prioritert behandling av rettighetsklager. Av denne grunn har vi gjennomført få kontroller/tilsyn og det er vanskeleg å gi ei overordna vurdering. Vi bruker Helsetilsynet sine kvalitetsindikatorar ved utforming av skriftlege rapportar og avsluttande brev, og opplever at dette aukar kvaliteten. Rettleiing har vore etterspurt meir enn vi har hatt kapasitet til, noko som viser både relevansen av vår rettleiing og behovet for opplæring i regelverket. Vi rettleier alltid skriftleg i rettighetsklager som blir oppheva eller omgjorde, og opplever at få saker blir sendt på nytt til klagebehandling. Dette styrker vår oppleving av at vi gir relevant rettleiing av god kvalitet. Ressursmangel fører til auka saksbehandlingstid, noko som svekkjer kvaliteten i arbeidet.

Alle klagesaker er behandlet innen (fra kapittel 3.3.1.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Alle klagesaker er behandlet innen 12 uker, jf. § 7-1 bokstav d, i byggesaksforskriften

Vi har ikkje greidd målet om at alle klagesaker blir behandla innan 12 veker. Tvert imot er 92 % av sakene ikkje behandla innan fristen.

Som vi rapporterte for 2023, var bemanningssituasjonen redusert i 2022 og 2023 som følgje av rekrutteringsvanskar og permisjonar. Som varsla blei situasjonen forverra i 2024 der fire av fem faste tilsette hadde foreldrepermisjon. I tillegg har det vore langtidssjukemeldingar. Det var difor ikkje mogleg å nå tidskravet.

Etterslepet i restanselista er stort ved inngangen til 2025. Men bemanningssituasjonen blir betra ved at dei fleste tilsette kjem tilbake, og seksjonen får fleire medarbeidarar. Vi stiller også interne saksbehandlingskrav for å bygge ned restanselista. Det er likevel ikkje realistisk å nå kravet om 12 vekers behandlingstid.

Tal inkomne byggesaker var 134, noko som var betydeleg færre enn i 2022 og 2023 då tala var svært høge. Vi hadde fritak frå å bli tildelt settesaker. Hadde vi hatt settesaker ville tal inkomne saker vore som normalt.

Saksbehandlingstid i antall uker for klager over kommunens vedtak i byggesaker etter plan- og bygningsloven

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 12 uker
100 %	- 92 %	8 %	108	9

Alle klagesaker der det er gitt (fra kapittel 3.3.1.1.1.2 i TB)

Rapportere på

Alle klagesaker der det er gitt utsatt iverksetting etter forvaltningsloven § 42, er behandlet innen 6 uker, jf. § 7-1 bokstav e, i byggesaksforskriften

Sjå teksten til punkt 3.3.1.1.1.1. Det har ikkje vore mogleg for oss å nå kravet.

Saksbehandlingstid for klagesaker der det er gitt utsatt iverksetting etter forvaltningsloven § 42

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 6 uker
100 %	- 100 %	0 %	4	0

Alle ekspropriasjonssaker i førsteinstans (fra kapittel 3.3.1.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Alle ekspropriasjonssaker i førsteinstans på plan- og bygningsrettens område er behandlet innen 12 uker

Målet blei oppnådd.

Saksbehandlingstid i antall uker for ekspropriasjonssaker på plan- og bygningsrettens område

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 12 uker
100 %	0 %	100 %	2	2

Alle ekspropriasjonssaker som klageinstans (fra kapittel 3.3.1.1.2.2 i TB)

Rapportere på

Alle ekspropriasjonssaker som klageinstans på plan- og bygningsrettens område er behandlet innen 12 uker

Målet blei nådd.

Saksbehandlingstid i antall uker for ekspropriasjonssaker (klageinstans) på plan- og bygningsrettens område

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 12 uker
100 %	0 %	100 %	1	1

God fremdrift og kvalitet i regulering av utslipp etter forurensningsloven (fra kapittel 3.3.1.1.3.1 i TB)

Rapportere på

God fremdrift og kvalitet i regulering av utslipp etter forurensningsloven, i tråd med skjerpede krav gjennom EØS-avtalen

Vi ligg langt bak ønska framdrift knytt til innføring av dei forskjellige BREF dokumenta. Men vi har hatt fokus på arbeidet i 2024.

For BREF Avfallsbehandling har vi gått gjennom dei fleste anlegga, og siden det ikkje er behov for ta inn BAT-AEL i løyve meiner vi at vi er ferdig med arbeidet. Kravet knytt til tilstandsrapport i forureina grunn kunne truleg ha vore betre fulgt opp. Vi har eit avfallsanlegg som treng BAT-AEL og vi vil oppdatere det løyve så snart som rå.

Vi har i overkant av 10 verksemdar som er omfatta av BREF Næringsmiddel, i disse sakene har vi komme eit godt stykke lenger i 2024, og vi fått gjort fleire samrådssaker. Vi vil oppdatere løyve i 2025, men er ikkje sikker på om vi vil klare alle sakane.

For SA BREF har vi sendt ut pålegg om opplysningar til nokre verksemdar. Fiskeolje er ein stor industri i Møre og Romsdal og vi anslår at det er rundt 10 verksemdar som er omfatta av dette BREF-dokumentet. Det er dessverre ein del feil-registreringar i Forurensingsdatabasen, og nokre verksemdar er registrert under fine-chemicals. Både vi og bransjen tykkjer det er vanskeleg å vurdere kva BREF som er riktig for denne bransjen.

For BREF dokumentet som gjeld kjemisk overflatebehandling må vi starte med ein kartlegging. Vi trur det det er mange fleir som er omfatta ein det som er registrert i Forurensingsdatabasen. Vi har starta ein lokal tilsynsaksjon retta mot denne bransjen.

Vi har også eit anlegg som er omfatta av BREF for overflatebehandling og impregnering. For dette anlegget har vi fått inn nok opplysningar til å behandle saka, men vi har ikkje fått prioritert arbeidet.

3.1.3.2 Effektiv og korrekt lov- og tilskuddsforvaltning

Statsforvaltaren har i 2024 hatt stort fokus på arbeidet med internkontroll. Vi har arbeidd med rutinar, risikovurderingar og vesentlegheitsvurderingar. Arbeid med internkontroll er ein prosess, og vi fortset arbeidet i 2025. Vi har eit mål om at vi i løpet av 2025 skal ha rutinar for alle ordningar og oppgåver. Rutinar, risikovurderingar og vesentlegheitsvurderingar skal nyttast i løpande arbeid, oppdaterast og eventuelt reviderast i januar kvart år i lag med arbeidet med verksemdplanlegging og rapportering.

I arbeidet med internkontroll har vi i 2024 og skal vidare i 2025 ha ekstra fokus på eigne ordningar. Det er på eigne ordningar vi har størst behov for gjennomgang og revidering av rutinar.

Statsforvaltaren prøvde ut ny metode for gjennomføring av forvaltningskontroll i 2024. Vi fokuserte på kommunane si gjennomføring av risikobasert kontroll, med gjennomgang av dokumentasjon som kommunane sendte inn og fagsystem. Vi fokuserte vidare på læring og dialog gjennom eigne digitale dialogmøtar med sakshandsamarar. Tilbakemeldingane frå kommunane var positive, og både kommunane og Statsforvaltaren lærte mykje.

Statsforvaltaren har gjennomført fleire webinar på ulike fagområde for kommunane. I 2024 blei det tilsett fleire nye sakshandsamarar i kommunane og det var stort behov for opplæring og oppfølging både gjennom felles webinar og individuell veiledning. Statsforvaltaren har hatt fagsamlingar for kommunane digitalt/fysisk på jord, skog og særlover. Vi har oppretta arbeidsgrupper med kommunane der vi jobbar saman om internkontroll for tilskotsforvaltninga hos kommunane. Arbeidet held fram i 2025.

Statsforvaltaren deltek på fagwebinar i regi av Landbruksdirektoratet og i fagnettverk på tvers av embete. Vi er aktive i samarbeidet om kontroll og internkontroll på tvers av embete. Vi meiner vi har ein god og målretta plan for å betre både vår og kommunane sitt arbeid med internkontroll og risikovurdering, for å nå målet om auka effektivitet og korrekt lov- og tilskotsforvaltning.

Effektiv internkontroll knyttet til tilskuddsforvaltning (fra kapittel 3.3.1.2.1.1 i TB)

Rapportere på

Effektiv internkontroll med tilskuddsforvaltningen på landbruks- og reindriftsområdet

I 2024 fortset Statsforvaltaren arbeidet med internkontroll. Vi skal i løpet av 2025 ha oppdatert alle rutinar for alle ordningar og oppgåver. Vi har laga ein struktur på landbruksseksjonen sin internkontroll som ser slik ut:



Landbruksseksjonen skal gjennomgå og eventuelt oppdatere reglement, policy og rutinar i januar kvart år i lag med arbeidet med virksamhetsplanlegging og rapportering.

I 2025 skal vi fortsette med ekstra fokus på rutinar og risikovurderingar og finne gode kontrollpunkt for eigne ordningar. Vi har som mål at alle rutinar på eigne ordningar skal vere ferdige i løpet av 2025.

Vi skal også halde fram det gode samarbeidet med andre embete på fag, kontroll og internkontroll.

Kontroll av foretak - husdyrkonsesjon

Betegnelse på rapporteringskrav	Svar
Er kontroll av foretak på husdyrkonsesjonsområdet gjennomført i samsvar med Ldirs rundskriv?	Ja
Antall foretak der det er innhentet opplysninger utover det som er tilgjengelig i egne systemer	1
Antall foretak som er fulgt opp etter kontroll i tidligere år	2
Antall foretak hvor det er gjennomført stedlig kontroll	1
Antall foretak som er kontrollert pga. mistanke om driftsfelleskap	0
Antall foretak som har fått vedtak om standardisert erstatning på grunn av overproduksjon	0
Antall foretak som har fått vedtak om standardisert erstatning pga. driftsfelleskap	0
Antall foretak som er kontrollert, og hvor vedtak om standardisert erstatning er under arbeid	2
Beløp standardisert erstatning sendt til Ldir for innkreving	0

SFMR har gjennomført kontroll av to svineprodusentar som hadde overproduksjon i 2022 og 2023. Varsel vart sendt i desember og vedtak sendast ut i januar 2025. Totalt beløp standardisert erstatning i varsel for begge produsentar er kr. 206 615. Begge produsentane har hatt overproduksjon i fleire år. Vi skal i 2025 følgje opp med rettleiing av begge produsentane med mål om at begge produserer ihht. regelverket. Begge føretaka vil få kontrollert sin produksjon i 2024 i løpet av januar slik at dei kan redusere tilsvarande i 2025. SFMR vil følgje opp begge føretaka i 2025. SFMR planleggar mengdekontroll av alle eggproduksjonar i fylket som ligg nær konsesjongrensa. Vi har tatt ut eitt føretak til kontroll i 2024, vært på stadleg kontroll og vil fortsette kontrollen inn i 2025. Vi jobbar samstundast med eigne rutinar for kontroll av ordninga, risikovurderingar og kontrollpunkt.

Kontroll av foretak - tidligpensjonsordningen

Betegnelse på rapporteringskrav	Svar
Kontrollert som følge av mistanke om avvik	2
Saker funnet i orden	1
Saker med feil	0
Beskrivelse av feilene	

Det har ikkje lykkast så langt å kome i kontakt med den andre av dei to kontrollerte tidlegpensjonsmottakarane så langt. Dette vært fulgt opp vidare.

Internkontroll for tilskuddsforvaltningen

Ordning	Etablert internkontroll	Risikobasert kontroll	Effekt av risikobasert kontroll
Tilskudd til tidligpensjon	Delvis	Nei	Rutina for ordninga skal reviderast våren 2025, og det skal gjerast risikovurderingar.
Tilskudd til landbruksvikarvirksomhet	Ja	Nei	Rutina vart revidert i 2024. Vi jobba med risikovurderingar men vart ikkje heilt ferdig, arbeidet heldt fram i 2025.
Tilskudd til veterinærreiser	Ja	Ja	SFMR har i 2024 arbeidet med rutinar for ordninga. Vi har etablert nye rutinar for kontroll, risikovurdert og tilpassa kontrollpunkt etter infrastruktur i fylket og der det er størst risiko for feil.
Stimuleringsstilskudd til veterinærdekning	Nei	Nei	Mangler rutinar og risikovurderingar. I løpet av 2025 skal det opprettast rutinar og det skal gjerast risikovurderingar for ordninga.
Tilskudd til fylkesvise prosjekter innen klima- og miljøprogrammet	Ja	Ja	Rutina vart revidert i 2024. Vi jobba med risikovurderingar, funnet kontrollpunkt men vart ikkje heilt ferdig, arbeidet heldt fram i 2025.
Erstatning etter offentlige pålegg	Nei	Nei	Mangler rutinar og risikovurderingar. I løpet av 2025 skal det opprettast rutinar og det skal gjerast risikovurderingar for ordninga.
Tilskudd ved produksjonssvikt	Ja	Nei	Rutina vart revidert i 2024. Vi jobba med risikovurderingar men vart ikkje heilt ferdig, arbeidet heldt fram i 2025.
Kompensasjon for riving og opprydding av pelsdyrhus	Nei	Nei	Mangler rutinar og risikovurderingar. I løpet av 2025 skal det opprettast rutinar og det skal gjerast risikovurderingar for ordninga.
Fylkesvise rentemidler fra skogfond	Delvis	Nei	Rutinen er under revidering. Vi har de to siste åra fått ei betydeleg auka i rentemidlar. Vi skal risikovurdere oppgåva samstundast som rutina reviderast våren 2025.
NMSK, kommuneskog	Delvis	Nei	Rutina for NMSK er under arbeid og skal reviderast i 2025
Tilskudd til skogbruksplanlegging med miljøregistreringer	Ja	Nei	Rutina vart revidert i 2024. Vi jobba med risikovurderingar men vart ikkje heilt ferdig, arbeidet heldt fram i 2025.
Tilskudd til siidaandeler og reinlag	Ikke aktuell	Nei	
Tilskudd til reinbeitedistrikter og reinlag	Ikke aktuell	Nei	
Andre ordninger			

SFMR har i 2024 hatt ekstra fokus på rutinar og risikovurderingar for eigne ordningar. Dette er en lengre prosess og arbeidet fortsett i 2025. Vi har som mål at alle ordningar der SFMR er førstinstans skal ha oppdaterte rutinar, risikovurderingar og vesentlegheitsvurderingar som ligg i vårt kvalitetssystem, Styringsbiblioteket, i løpet av 2025.

Internkontroll som ivaretar kontroll med kommunenes tilskuddsforvaltning (fra kapittel 3.3.1.2.1.2 i TB)**Rapportere på**

Effektiv internkontroll som ivaretar kontroll med at kommunenes tilskuddsforvaltning på landbruksområdet utføres på en forsvarlig måte og i henhold til etablert internkontroll. Forvaltningskontroll skal gjennomføres i minst 20 prosent av kommunene.

Statsforvalteren har revidert rutina for forvaltningskontroll. Vi har fokus på å tilrettelegge forvaltningskontrollen slik at den er effektiv, hensiktsmessig og læringsbasert. Vi vekslar derfor mellom temakontroll, dokumentkontroll, heildigital kontroll og ein kombinasjon av digital kontroll med fysiske møter.

Statsforvalteren har våren 2024 gjennomført forvaltningskontroll av 9 kommunar for ordningane produksjonstilskot (PT) og nærings- og miljøtilskot i skogbruket (NMSK). For begge ordningane har vi kontrollert gjennomføring av risikobasert kontroll for søknadsomgangen 2023. Kontrollen i 2024 er ei forlenging av dokumentkontrollen av kontrollplanar i 2023, som også danna grunnlaget for vårt risikobaserte utplukk av kommunar. Vi kontrollerte innhenta dokumentasjon, kontrollplanar, kontrollskjema for stadleg kontroll, varsel og vedtak for eventuelle avkortingar, registreringar og opplysningar i eStil PT og ØKS, samt internkontrollrutinar. Vi fokuserte på læring og hadde eigne digitale gjennomgangar med sakshandsamarane der vi gjekk gjennom funn og hadde samstundes rettleiing av regelverk. Vi reiste ut til kommunane og hadde slutt møter i mai med sakshandsamarar og kommuneleiing. Tilbakemelding frå kommunane på gjennomføring av denne typen kontroll var positive. Vi erfarte at måten kontrollen var gjennomført på ga eit godt bilete av kommunane sin kompetanse på samanhengen mellom kontrollplan og utplukk av

føretak til kontroll samt gjennomføringa av sjølve kontrollen.

Vi såg også at fleire av kommunen løyste utfordringar med kontroll på ulike og gode måtar. Vi valgte difor å ha stort fokus på forvaltningskontroll i den fysiske fagsamlinga på jord i 2024. Vi vurderte at deling av erfaringer og metodar kommunane imellom vil gje både ein større delingskultur og meir likebehandling mellom kommunane. Tre av kommunane som hadde god gjennomføring av risikobasert kontroll var med på presentasjonen og fortalde korleis dei gjennomfører risikobasert kontroll og opplevde forvaltningskontrollen.

Kontroll med kommunenes tilskuddsforvaltning

Kommune	Omfang	Resultat	Oppfølging kontrollene
Nordre Sunnmøre landbrukskontor - Felles landbrukskontor for Ålesund, Giske, Haram og Sula	Produksjonstilskot (PT). Vi kontrollerte gjennomføring av risikobasert kontroll for søknadsomgangen 2023.	Ingen avvik. God gjennomføring av risikobasert kontroll, kontroll av 10% av søkemassen, bruk av kontrollskjema ved stadleg kontroll ihht. regelverk, gode registreringar og bruk av fagsystem, risikobasert utplukk av føretak samsvara med kontrollplan, varsel og vedtak om avkorting samsvara med regelverk. Gode rutinar for kontroll av driftsfellesskap.	Ingen oppfølging
Molde kommune	Produksjonstilskot (PT) og nærings- og miljøtilskot i skogbruket (NMSK). For begge ordningane har vi kontrollert gjennomføring av risikobasert kontroll for søknadsomgangen 2023.	Ingen avvik. God gjennomføring av risikobasert kontroll, kontroll av 10% av søkemassen, bruk av kontrollskjema ved stadleg kontroll ihht. regelverk, gode registreringar og bruk av fagsystem, risikobasert utplukk av føretak samsvara med kontrollplan, varsel og vedtak om avkorting samsvara med regelverk.	Ingen oppfølging
Smøla kommune	Produksjonstilskot (PT). Vi kontrollerte gjennomføring av risikobasert kontroll for søknadsomgangen 2023.	Ingen avvik. God gjennomføring av risikobasert kontroll, kontroll av 10% av søkemassen, bruk av kontrollskjema ved stadleg kontroll ihht. regelverk, gode registreringar og bruk av fagsystem, risikobasert utplukk av føretak samsvara med kontrollplan, varsel og vedtak om avkorting samsvara med regelverk.	Ingen oppfølging
Fjord kommune	Produksjonstilskot (PT) og nærings- og miljøtilskot i skogbruket (NMSK). For begge ordningane har vi kontrollert gjennomføring av risikobasert kontroll for søknadsomgangen 2023.	Ingen avvik i ordninga nærings- og miljøtilskot i skogbruket (NMSK). Fjord kommune og Sykkylven kommune kjøper teneste (skogforvaltning) hos Stranda kommune. Stranda kommune har retningslinjer, kontrollplan, internkontrollrutiner og god gjennomføring av risikobasert kontroll på ordninga felles for dei tre kommunane. Registreringar som er gjort i fagsystemet ØKS er også bra. Avvik for ordninga produksjonstilskot.Fjord kommune hadde ikke gjennomført risikobasert kontroll ihht. regelverket.	Oppfølging av ordninga produksjonstilskot gjennom rettleiing hausten 2024. Kommunen blir tatt ut i forvaltningskontroll for ordninga produksjonstilskot i 2025
Gjemnes kommune og Kristiansund kommune (Kristiansund kommune kjøper teneste hos Gjemnes kommune)	Produksjonstilskot (PT) og nærings- og miljøtilskot i skogbruket (NMSK). For begge ordningane har vi kontrollert gjennomføring av risikobasert kontroll for søknadsomgangen 2023.	Avvik for begge ordningane. Kommunen hadde ikkje gjennomført risikobasert kontroll ihht. regelverket.	Oppfølging av begge ordningane gjennom rettleiing hausten 2024. Ny sakshandsamar i Gjemnes kommune frå 1. juni 2024. Kommunane blir tatt ut i forvaltningskontroll av begge ordningane i 2025

I 2024 vart det tilsett fleire nye sakshandsamarar i nokre av kommunane i fylket. SFMR har difor i 2024 prioritert rettleiing individuelt og gjennom webinar for alle som oppfølging av nyttilsetting. Vi har hatt fleire fagwebinar og fysisk fagsamling på jord og skog. Gjennom forvaltningskontrollane ser vi at det er mangelfullt med internkontrollrutinar hos kommunane. SFMR har difor oppretta arbeidsgrupper på jord og skog, der vi i lag med kommunane arbeider for at dei sjøl skal lage malar for rutinar. Arbeidet starta i 2024 og vi fortsett med dette i 2025.

Forvaltningskontroller av kommunene, 20%

Resultatmål	Differanse (resultatmål - resultat)	Resultat	Antall gjennomførte forvaltningskontroller	Antall kommuner i embetets ansvarsområde
20 %	13	33 %	9	27

SFMR gjennomførte forvaltningskontroll av 9 kommunar våren 2024. I tillegg har vi løpende oppfølging av dokumentkontroll av retningslinjer for ordningane spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) og tiltak i beiteområde i perioden 2023 - 2026, for alle kommunane.

Internkontroll; informasjonssikkerheten i fagsystemene (fra kapittel 3.3.1.2.1.3 i TB)

Rapportere på
Effektiv internkontroll som sikrer at kun brukere med tjenstlige behov hos kommunene og statsforvalteren har nødvendige tilganger til fagsystemene som Landbruksdirektoratet stiller til rådighet.

Tilgang til fagsystema blir gitt etter at vi har fått e-post (unntaksvis telefon) frå ein person tilknytta landbruksforvaltninga i kommunen. Dette er nesten utan unntak ein person som vi kjenner. Det blir gitt ei kort orientering om kva oppgåver vedkomande skal ha og dermed kva tilganger som trengst. For godkjennarrolle krevst det budsjett disponeringsfullmakt.

I tråd med skriftleg rutine gjennomfører vi systematisk kontroll med alle tilganger kvart år. Dette blir gjort i januar. I denne gjennomgangen blir det vurdert om vedkomande fortsatt skal ha tilgang til fagsystema og kva roller vedkomande skal ha. Spesielt fokus vil det vere på godkjennarroller samt tilganger som er for fylkesnivå. Det blir førtlogg over endringane som blir gjort.

Det er ikkje store avvik som er avdekt. Typisk vil gjennomgangen avdekke at det personar som har bidratt i ein overgangsfase (overlapp) når nyttilsett medarbeider skal overta. Så er det ikkje alltid vi får beskjed når dette ikkje gjeld lenger, samt når nokon blir pensjonistar eller får andre oppgåver i kommunen.

Kontroll med tilgangene til Ldirs fagsystemer

Betegnelse på rapporteringskrav	Kortfattet beskrivelse
Hvordan gjennomføres periodisk kontroll/revisjon og hvilke risikovurderinger ligger bak?	Gjennomgang av kvar enkelt brukartilgang og ei vurdering av om det er ein person vi veit er tilknytta landbruksforvaltinga i kommune eller hos statsforvaltar. Særleg fokus på godkjennarrollene. Dei få personane vi er usikre på, blir sjekka opp ekstra.
Hvor ofte gjennomføres kontrollen?	Årleg gjennomgang, blir utført i januar.
Hvilke avvik er eventuelt avdekket?	Ingen avvik, men det vart fjerna seks brukartilganger. Dette er personar som har slutta eller fått andre oppgåver i løpet av siste året.

Kontroll av "vanlig jordbruksproduksjon" (fra kapittel 3.3.1.2.1.4 i TB)**Rapportere på**

Kommunene har rutiner som sikrer at grunnvilkåret om "vanlig jordbruksproduksjon" er oppfylt når vedtak om produksjons- og avløsertilskudd fattes.

Vanleg jordbruksproduksjon er det grunnvilkåret som krev eit fagleg skjønn for å vurdere. Vi har temaet oppe kvart år, og gjerne fleire gonger i året med litt ulik vinkling. I grove trekk handlar 'vanleg jordbruksproduksjon' om tilstrekkeleg høg avdrått når det gjeld husdyr og om det er aktiv drift på areal, men det kan òg vere knytt til dyrevelferd.

I vår rettleiing av kommunane er det lagt vekt på både å fylle på med kunnskap om kva vanleg jordbruksproduksjon faktisk inneber, og kva hjelpemiddel (rapportar og andre oppslag) som finst for å gjere kommunane i stand til å fatte riktige vedtak.

Vår erfaring er at manglande oppfylting av vanleg jordbruksproduksjon er mest vanleg i sauehald, der det er stor variasjon både i tal lam per søye og i slaktevekter. Svært ofte heng desse saman. Dermed blir stadig meir areal marginalisert. Det gjeld først og fremst grovfôrareal. Mange disponerer store areal med lange avstandar mellom. Dei mest marginale teigane blir ofte svakare gjødsla, sjeldnare pløygd og er ofte prega av veldig svak drift. Kontroll er tidkrevjande og skjer på ei tid på året der det er usikkert å kunne fastslå om det vart hausta noko, særleg viss det skjer i form av beiting. Og kor mange dyr må ha beita kor lenge for å kunne hevde at det er blitt hausta ei avling?

Det dukkar stadig oftare opp vurderingstilfelle med dyrehald utan at det er næringsmessig preg.

Vi erfarer fortsatt at det er variasjon mellom kommunane når det gjeld kor ofte og kor strengt dei vurderer vanleg jordbruksproduksjon, trass at vi har fokusert mykje på det i fleire år. Det er også veldig skeivt fordelt kor stor utfordring det er med dette vilkåret. I vårt område er det utan tvil utegangersau som er driftsforma som utfordrar grunnvilkåret mest, og det er nokre få kommunar som har ein stor andel av dei som driv med det. Når dette er kommunar med tynne fagmiljø (typisk ein person) i den kommunale landbruksforvaltinga, blir slitasten stor.

Vanlig jordbruksproduksjon

Betegnelse på rapporteringskrav	Beskrivelse
Hvilke tiltak har Statsforvalteren iverksatt for å sikre at grunnvilkåret kontrolleres og at rapporter for å risikovurdere grunnvilkåret brukes i kommunene?	Vi har temaet oppe minst eit par gonger i året. Det er fast innslag på våre fysiske fagsamlingar, men vi har også spissa tema på webinar. Det går på både kunnskap om kva vanleg jordbruksproduksjon er og ikkje er, samt hjelpemiddel (rapportar, oppslag m.v.) for å gjere riktige vurderingar.
Hvilken effekt har tiltakene overfor kommunene hatt?	Vi har grunn til å tru at over litt tid har talet på føretak som ikkje oppfyller vilkåret blitt redusert med om lag ein tredel. Dette kjem delvis av auka fokus på temaet, men òg det at må skrivast ein kommentar i eStil PT dersom det er varselmelding der. Fortsett er det ein variasjon mellom kommunane, og dermed eit forbettringspotensiale.

Oppfølging av saker om dyrevelferd og produksjons- og avløsertilskudd (fra kapittel 3.3.1.2.6.1 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren bidrar til at kommunen har god kompetanse på, og oppfølging av, dyrevelferdssakene som oversendes fra Mattilsynet i tråd med rutinen for utveksling av informasjon mellom Mattilsynet og landbruksforvaltningen.

Temaet dyrevelferd er oppe kvar gong på den årlege fysiske fagsamlinga. Der er også Mattilsynet til stades. Det er rutiner for informasjonsutveksling, der Mattilsynet sender kopi av vedtak som er relevante (alvorlege brot, avviking, forbod mot dyrehald) til både kommune og statsforvaltar. Det er ikkje mange slike i løpet av eit år (typisk rundt 4-5) og vår erfaring er at kommunane følger opp desse sakene i saksbehandlinga av søknader om produksjonstilskot.

Kommunane blir i enkeltsaker fulgt opp enten ved telefonisk kontakt eller ved å sjå i fagsystemet eStil PT om korleis søknadsbehandlinga går.

På generell basis har vi oppfølging i form av at temaet er belyst kvart år på fysisk fagsamling samt med jamne mellomrom i webinar.

3.1.3.3 Befolkningen har tillit til tjenestene og får ivaretatt sin rett til forsvarlige og nødvendige tjenester

Vi vurderer at befolkning generelt sett får oppfylt retten til nødvendige og forsvarlege tenester innan barnevern, helse-, omsorgs- og sosiale tenester. Men vi må ta eit atterhald om at vi baserer vårt inntrykk berre på førespurnader og klagesaker, ikkje på eigne undersøkingar utanom desse.

Vi ser at ressursituasjonen i dei sosiale tenestene i NAV-kontora er svært pressa grunna stor auke i søknader og klager på økonomisk stønad. Dette vil etter vår vurdering kunne gå ut over forsvarleg saksbehandling og tildeling av sosiale teneste. Dette kan sette tilliten til dei sosiale tenestene under press slik vi vurderer det.

Barnevernet utfordrast av situasjonen med mangel på tilpassa hjelpetiltak og på institusjonsplassar og fosterheimar. Vi vurderer likevel at den merksemda

som er på rettstryggleik, kompetansutvikling og god leiing og styring gir positiv effekt. Dei verkemidla dei har tilgjengelege no, gjer dei betre i stand til å samarbeide på tvers for å ivareta tillit, medverking og rettstryggleiken til barn, unge og deira familjar.

Vi har ikkje eit påliteleg grunnlag for å uttale oss om utviklinga med auke av klager som gjeld pasient- og brukarrettar eller kvaliteten i tenestene dei siste åra er uttrykk for svekt tillit eller eit teikn på at befolkninga ikkje mottar forsvarlege og nødvendige helse- og omsorgstenester. Men vi ser at svak kvalitet på saksbehandlinga i kommunar til dels gjer det usikkert om befolkninga får forsvarlege og nødvendige tenester. Vi opplever dessverre at utviklinga går i feil retning.

Statsforvaltaren har lite å bidra med inn for å forbedre situasjonen ettersom vi også har lang saksbehandlingstid og manglar ressursar til rettleiing om saksbehandling generelt.

Statsforvalteren skal ta kontakt med det enkelte barn (fra kapittel 3.3.1.3.1.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal ta kontakt med det enkelte barn med tilbud om tilsynssamtale og skal gjennomføre samtale med alle barn som ønsker det.

I 2024 fekk 95% av barna som budde på institusjonane under våre tilsyn, tilbud om samtale. Vi legg til rette for at barna både skal vere godt informert om at vi kjem på tilsyn og vi gjennomfører tilsyn etter skuletid. Vi opplever at leiarane på institusjonana arbeider med barna som bur der og prøver å motivere dei til å ha samtalar med oss. Det var 28 av 65 barn som ville snakke med oss. Dei barna som ikkje var på institusjonen under tilsynet, fekk som hovudregel tilbud om samtale i ettertid.

Vi gjennomførte eitt utsett tilsyn like før jul. Der gav vi ikkje eit reelt tilbud om samtale med barna, men sa til leinga at barna kunne ringe oss.

Saksbehandlingstid for tilsynssaker HOD (fra kapittel 3.3.1.3.3.1 i TB)

Rapportere på

Saksbehandling av tilsynssaker:

- Behandlingsmåte 1 (avslutning med veiledning) og 2 (oversendelse til virksomheten/helsepersonellet): 80 % av sakene skal behandles innen 4 uker
- Behandlingsmåte 3 (virksomheten følge opp og rapporterer) og 4 (møte med virksomhet og pasient): 80 % av sakene skal behandles innen 3 måneder
- Behandlingsmåte 5 (statsforvalteren utreder og avgjør): 80 % av sakene skal behandles innen 6 måneder

Vi oppnår ikkje saksbehandlingstid for tilsynssaker innan helse- og omsorgstenester med behandlingsmetode 4 og 5. Når det gjeld metode 4 er det få saker som danner grunnlaget for statistikken og enkelte saker gir store utslag i denne.

Manglande måloppnåing, særleg for behandlingsmetode 5, skuldast færre ressursar til saksbehandling samanlikna med 2023. Dette skjer samtidig med ein konstant auke i talet på hendingbaserte tilsynssaker dei siste åra (sjå kommentar under tabellen).

Saksbehandlingstid – tilsynssaker innen helse- og omsorgstjenester - behandlingsmåte 1

Behandlingsmåte	Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
Avgjorte tilsynssaker på HODs område, behandlingsmåte 1: Minst 80 prosent innen 4 uker.	80 %	9 %	89 %

Saksbehandlingstid – tilsynssaker innen helse- og omsorgstjenester - behandlingsmåte 2

Behandlingsmåte	Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
Avgjorte tilsynssaker på HODs område, behandlingsmåte 2: Minst 80 prosent innen 4 uker.	80 %	2 %	82 %

Saksbehandlingstid – tilsynssaker innen helse- og omsorgstjenester - behandlingsmåte 3

Behandlingsmåte	Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
Avgjorte tilsynssaker på HODs område, behandlingsmåte 3: Minst 80 prosent innen 3 måneder.	80 %	16 %	96 %

Saksbehandlingstid – tilsynssaker innen helse- og omsorgstjenester - behandlingsmåte 4

Behandlingsmåte	Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
Avgjorte tilsynssaker på HODs område, behandlingsmåte 4: Minst 80 prosent innen 3 måneder.	80 %	-13 %	67 %

Det er 6 saker som danner grunnlag for statistikken. En av disse er en kombinasjon med rettighetsklage og tilsynsoppfølging kom til senere. Registret med inndato for rettighetsklagen. Den andre saken ble avsluttet 2 uker etter fristen.

Saksbehandlingstid – tilsynssaker innen helse- og omsorgstjenester - behandlingsmåte 5

Behandlingsmåte	Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
Avgjorte tilsynssaker på HODs område, behandlingsmåte 5: Minst 80 prosent innen 6 måneder.	80 %	- 15 %	65 %

Manglende måloppnåelse skyldes færre ressurser til saksbehandling sammenlignet med 2023. Dette skjer samtidige en konstant økning av antall hendelsesbaserte tilsynssaker de siste årene. Bare fra 2022 til 2023 var det en økning med 9 %, noe som fører til etterslep. Fra 2023 til 2024 var det en ytterligere økning med 22 %.

Saksbehandlingstid for tilsynssaker AID (fra kapittel 3.3.1.3.3.2 i TB)**Rapportere på**

Median saksbehandlingstid for tilsynssaker innen sosiale tjenester behandlet etter ny behandlingsmåte 5 (statsforvalteren utreder og avgjør): 5 måneder eller mindre

Vi har ikke hatt metode 5 saker.

Saksbehandlingstid for tilsynssaker: 5 måneder eller mindre (Sosial)

Saksområde	Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
Sosial	50 %		

Vi har ikke hatt metode 5 saker på sosialområdet i 2024.

Avsluttede klagesaker (fra kapittel 3.3.1.3.3.3 i TB)**Rapportere på**

Avsluttede klagesaker unntatt dekning av utgifter til pasientreiser (pasient- og brukerrettighetsloven § 2-6): Minst 90 prosent innen 3 måneder.

På sosialområdet har vi avslutta 76 klagesaker, og 87% av disse er behandla innan 3 måneder. Vi har hatt ei dobling i talet på klagesaker samanlikna med 2023.

På området helse og omsorg må resultatet vurderast opp mot andre arbeidsoppgåver på området. Vi har sett ein tydeleg auke i talet på rettighetsklager som gjeld helse- og omsorgstenester dei siste to åra. Frå 2022 til 2023 var det 74 % fleire klager, i stor grad frå BPA, avlastning og psykisk helsevern i spesialisthelsetenesta. I 2024 fekk vi ytterlegare 25 % fleire saker. Vi har vurdert alle klager ut frå konsekvensar for pasienten/brukaren og prioritert ut frå det. Vi har forenkla saksbehandlinga, men har ikkje kunna kompensere for ei så stor auke i saker.

Saksbehandlingstid - avsluttede klagesaker unntatt dekning av utgifter til pasientreiser (pbrl. § 2-6): minst 90% innen 3 måneder

Saksområde	Resultatmål	Prosentpoeng	Realitetsbehandlet innen 3 md.
Sosial	90 %	- 3 %	87 %
Helse/omsorg	90 %	- 35 %	55 %

Resultatet må også vurderast opp mot andre arbeidsoppgåver på området. Vi har sett ein tydeleg auke i talet på rettighetsklager som gjeld helse- og omsorgstenester dei siste to åra. Frå 2022 til 2023 var det 74 % fleire klager, i stor grad frå BPA, avlastning og psykisk helsevern i spesialisthelsetenesta, og i 2024 fekk vi ytterlegare 25 % fleire saker. Vi har vurdert alle klager ut frå konsekvensar for pasienten/brukaren og prioritert ut frå det. Vi har forenkla saksbehandlinga, men har ikkje kunna kompensere for auken.

Overprøve vedtak om bruk av tvang og makt (fra kapittel 3.3.1.3.3.4 i TB)**Rapportere på**

Overprøve vedtak om bruk av tvang og makt overfor personer med psykisk utviklingshemning: Minst 90 prosent innen 3 måneder.

Overprøve vedtak om bruk av tvang og makt har vore prioritert, men vi har dessverre ikkje nådd målet i 2024. Dette skuldast dels omorganisering og omlegging av arbeidsmetodar, og dels at vi fekk inn veldig mange saker i mai. Vi trur at arbeidet vi har lagt ned i 2024 vil vise seg på resultatmåla for 2025.

Resultatet må også vurderast opp mot andre arbeidsoppgåver på området. Vi ser mellom anna at vi har hatt ei auke på 35% på a-meldingar sett opp mot 2023. Vi har også hatt to saker for Barneverns- og helsenemnda som har vore tidkrevjande.

Saksbehandlingstid - Vedtak om bruk av tvang og makt: minst 90% innen 3 måneder

Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
90 %	- 12 %	78 %

Avsluttede klagesaker som gjelder tvang i barneverninstitusjoner (fra kapittel 3.3.1.3.3.5 i TB)

Rapportere på

Avsluttede klagesaker som gjelder tvang i barnevernsinstitusjoner og omsorgssentre: Minst 90 prosent innen 1 måned.

Vi behandla 26 klager på tvang i barnevernsinstitusjonar i 2024.

Grunna endring i personell i seksjonen har vi ikkje nådd målet om saksbehandlingstid. Vi har arbeidd slik at vi har gjennomført flest mogleg av institusjonstilsyn, hatt kontakten med dei fleste som har klaga på tvang.

Vi har iverksett tiltak med tettare oppfølging som vi meina vil gi resultat framover.

Saksbehandlingstid - klager på tvang i barnevernsinstitusjoner og omsorgssentre: minst 90% innen 1 måned

Resultatmål	Differanse	Avsluttet innen 1 måned
90 %	- 14 %	76 %

Resultatmål - stedlig tilsyn tvang og makt (fra kapittel 3.3.1.3.4.1 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal ha oversikt over alle brukere med vedtak om tvang, og skal utarbeide en plan for gjennomføring av de lovpålagte stedlige tilsynene for den enkelte bruker. Med utgangspunkt i denne planen skal stedlig tilsyn etter overprøve og godkjente vedtak om bruk av tvang og makt prioriteres ut fra tvangsbrukens omfang og mulige konsekvenser for den enkelte bruker.

I Møre og Romsdal er det ca. 130 personar med gyldige tvangsvedtak per 2024. Målsetninga er å gjennomføre stadleg tilsyn i desse sakene over ein periode på 10 år, noko som vil seie at vi må gjennomføre 12-13 tilsyn kvart år fram til 2035. Plana er laga basert på dagens ressursituasjon. Vi har utarbeida ei liste med risikofaktorar, og vurderer kvart einskild sak på eit av tre risikonivå. Dette vil gje oss ein indikasjon på korleis saker vi skal prioritere. Saker med omfattande og inngripande tvangsbruk, tvangsbruk mot barn og saker med sterk motstand vil bli prioritert.

Vi løfter samtidig eit ønske om større fleksibilitet i tilsynsmetodikk. Vi ser mellom anna at vi kunne oppnådd større effekt med systemtilsyn i mange saker.

Resultatmål SFMR (fra kapittel 3.3.1.3.5.7 i TB)**Rapportere på**

Tilsynsaktiviteter tilsvarende: 190 poeng

Ressursituasjonen gjer at vi ikkje var i stand til å gjennomføre tilsynsaktivitetar mot kommunane tilsvarende meir enn 102 poeng. Ein medverkande faktor er auken av rettighetsklager som vart prioritert i tråd med prioriteringskriteria frå Statens helsetilsyn, som tilseier at enkeltsaker går framfor planlagt tilsyn.

Aktivitetsvolum av tilsyn med kommunale helse- og omsorgstjenester

Resultatmål	Differanse	Resultat
190	- 88	102

Resultatmål SFAG og SFMR (fra kapittel 3.3.1.3.6.4 i TB)**Rapportere på**

Tilsynsaktiviteter tilsvarende: 45 poeng

Trange budsjett og for få ressursar gjer at vi ikkje var i stand til å gjennomføre tilsynsaktivitetar mot spesialisthelsetenesta tilsvarende meir enn 28 poeng. Ein medverkande faktor er auken av rettighetsklager dei siste åra og auka tal på hendingbaserte tilsynssaker som begge vart prioriterte i tråd med prioriteringskriteria frå Statens helsetilsyn, som tilseier at enkeltsaker går framfor planlagt tilsyn.

Aktivitetsvolum av tilsyn med spesialisthelsetjenesten

Resultatmål	Differanse	Resultat
45	- 17	28

Ressursituasjonen gjer at vi ikkje var i stand til å gjennomføre tilsynsaktivitetar mot spesialisthelsetenesten tilsvarende meir enn 28 poeng (det står 34 poeng i oversikta som vi ser i NESTOR). Ein medverkande faktor er auken av rettighetsklager som vart prioritert i tråd med prioriteringskriteria frå Statens helsetilsyn, som tilseier at enkeltsaker går framfor planlagt tilsyn.

Resultatmål SFMR (fra kapittel 3.3.1.3.7.7 i TB)

Rapportere på

Tilsynsaktiviteter tilsvarende: 65 poeng

Vi har hatt ein del arbeid i 2024 med å følgje opp lovbrota vi fann i dei tilsyna vi gjorde i 2023. Desse oppfølgingspoenga vert ikkje tatt med før tilsyna vert avslutta i 2025. I tillegg har vi hatt ein vanskeleg ressursituasjon som har gjort at vi har valgt bort nokre oppgåver. Blandt dei eit av dei landsomfattande tilsyna som var planlagt med dei sosiale tenestene. Dette var gjort etter ei risikovurdering og vi har utsatt det tilsynet til 2025.

Aktivitetsvolum av tilsyn med sosiale tjenester

Resultatmål	Differanse	Resultat
65	- 39	26

3.1.3.4 Andre oppdrag

Statsforvaltaren har ei eiga samarbeidsgruppe for tilsyn.

Her er oppfølging og samordning ifht kommunane sitt lovkrav om internkontroll tema. Gjennom vår tilsynsvirksomheit etterspør vi alltid kommunens system for internkontroll. Dette gjelder tilsyn på ulike fagområder, til dømes barnevern, sosialteneste, helse og beredskap.

3.1.3.5 En effektiv og velfungerende vergemålsforvaltning

2024 var nok eit krevjande år for verjemålsseksjonen i Møre og Romsdal. Vi hadde ein utfordrande situasjon både når det gjeld budsjett, bemanning og ein omfattanda omorganiseringssjess i embetet.

Vi oppnådde målkravet for klagebehandling, for gjennomføring av rekneskapskontrollen, vergegodtgjering og for oppretting av verjemål for vaksne.

Vi nådde ikkje målkrav for saksbehandlingstid på bruk av kapital (70% innan 20 dagar). Årsaka til dette var reduksjon i talet tilsette på økonomiområdet siste halvåret, prioritering av rekneskapskontrollarbeidet, og innføring av NØK. Forsenking i nytt økonomisystem (NØK) gjorde at vi ikkje fekk ei etterlengta effektivisering av arbeidsprosessane på økonomiområdet.

I 2024 såg vi og ei auke i saker om stadfesting av framtidsfullmakt. Samtidig såg vi ikkje at auka i mottekne framtidsfullmakter resulterte i nedgang i søknader om oppretting av verjemål.

For å sikre mest mogleg ressursar til ordinær saksbehandling, har vi også i 2024 måtte avslå førespurnadar om å halde føredrag/innlegg om verjemål og framtidsfullmakt.

I vårt fylke vart det hausten 2024 oppretta fire nye mottak for einslege mindreårige asylsøkarar. Dette førte til ei stor auke i arbeidsmengda på området.

Fufinn-prosjektet med individtilpassing av verjemål gir ei auke i talet på saker om endring av verjemål også i 2024.

Lang saksbehandlingstid av innmeldte feilmeldingar til SRF var framleis til hinder for ein effektiv arbeidskvardag hos oss.

Situasjonen for verjemålsseksjonen opplevast som krevjande. Vi ser at rammar og budsjett vil gi oss utfordringar i tida som kjem, særleg i forhold til målkrava og kunne yte hjelp til dei som treng det mest tidleg nok.

Statsforvaltaren vurderer at verjemålsforvaltinga, med stor bredde av oppgåver, må seiast å være så velfungerande og effektiv som tildelte ressursar tillét. Vi held fram arbeidet med å sikre at den einskilde sin rettstryggleik og sjølvråderett blir ivareteken. Vi vil samstundes understreke at totalsituasjonen på verjemålsområdet gjer denne jobben svært krevjande.

Opprett verjemål for vaksne (fra kapittel 3.3.2.1.1.1 i TB)
Rapportere på

Opprett verjemål for vaksne – 80 % av vedtakene skal være fattet innen 90 dager.

Vi oppnådde målet til saksbehandlingstid på opprett verjemål for vaksne i 2024. Tiltaka som vart iverksett hausten 2023 vart vidareført også i 2024. Heile seksjonen har lagt ned ein stor innsats for å betre tala våre på dette området.

Saksbehandlingstid - Opprett verjemål – 80 % av vedtakene skal være fattet innen 70 dager

Resultat	Resultatmål	Differanse
94 %	80 %	14 %

Klagesaksbehandling (fra kapittel 3.3.2.1.1.2 i TB)

Rapportere på

Klagesaksbehandling – 80 % av klagen statsforvalteren mottar på vergemålsområdet skal være behandlet innen 60 dager.

Vi har i 2024 hatt ei auke på omlag 18% i innkomne klagesaker samanlikna med 2023. Alle er behandla innan 60 dagar.

Klagesaksbehandling – 80 % av klagen Statsforvalteren mottar på vergemålsområdet skal være behandlet innen 60 dager

Resultat	Resultatmål	Differanse
100 %	80 %	20 %

Vergeregnskapskontroll (fra kapittel 3.3.2.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Alle vergeregnskap i sentralt uttrekk fra Statens sivilrettsforvaltning skal være kontrollert innen fristen.

Vi nådde målet om gjennomføring av kontroll av alle verjeregnskap i det sentrale uttrekket innan fristen. Vi har gode rutinar på området, og kontrollen vart godkjend av revisor. Det var til saman tre tilsette som gjennomførte kontrollen.

Alle vergeregnskap i sentralt uttrekk fra Statens sivilrettsforvaltning skal være kontrollert innen fristen

Resultat	Resultatmål	Differanse
100 %	100 %	0 %

3.1.3.6 Vergemål utøves med respekt for vergehavers behov og vilje

I alle saker, der det er mogleg, gjennomfører vi samtaler med personen om vilje og behov. I 2024 er det gjennomført slike samtaler i 59% av sakene, noko som er under snittet for landet (63%). Der det ikkje er mogleg å få til samtale med personen, gjennomfører vi samtaler med verje, nærstående, tilsette i institusjonar, helsevesen og andre knytt til personen for å kartlegge vilje og behov. Vi legg til rette for at person med verje skal få uttrykt si vilje på ein måte som er mest mogeleg tilpassa den enkelte. I tillegg innhentar vi også skriftleg dokumentasjon frå personen der det er mogeleg og hensiktsmessig.

Frivilligheita i eit verjemål og person med verje sin sjølvråderett, vert kommunisert ut til verjer, personen sjølv, offentlege instansar og andre gjennom rettleiing og saksbehandling.

Vi har stort merksemd på frivilligheit og sjølvråderett i vårt daglege arbeid - og ser at verjene i aukande grad legg dette til grunn i si utføring av verjeoppdrag.

Vergers kompetanse (fra kapittel 3.3.2.2.1.1 i TB)

Rapportere på

Vergene har god rolleforståelse og utøver rollen med respekt for vergehavers selvbestemmelsesrett. Alle verger har fått tilbud om god opplæring og flere verger har gjennomført e-læringskurs.

Sjølvråderett for personar med verjemål er eit prioritert tema i all vår kommunikasjon med verjene.

Nye verjer vert pålagt å gjennomføre introduksjonskurs før dei vert oppnemnt. Vi oppmodar også verjene til å gjennomføre dei andre kursa som ligg tilgjengeleg i kursportalen. Vi ser ei auke i talet gjennomførte kurs i 2024 samanlikna med 2023.

Avslutning av vergemål (fra kapittel 3.3.2.2.1.2 i TB)

Rapportere på

Saker hvor vergehavere ikke lenger ønsket verge er avsluttet raskt.

I 2024 har vi hatt auka merksemd på å avslutte verjemål så snart som mogeleg, når personen med verje sjølv ber om det. Dette heng saman med det auka fokuset på frivilligheit og sjølvråderett innafør verjemålsområdet. Vi har god oversikt over desse sakene, og dei blir prioritert. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid på alle typar avslutt-saker i 2024 er 14 dagar. Det er ei halvering samanlikna med 2023 da gjennomsnittleg saksbehandlingstid var 32 dagar.

Midlertidig vedtak om fratakelse av rettslig handleevne (fra kapittel 3.3.2.2.1.3 i TB)

Rapportere på

Vedtak om midlertidig fratakelse av rettslig handleevne er straks brakt inn for tingretten.

Som hovedregel vert sakene brakt inn for tingretten utan unødige opphald. Tidsbruken vert begrunna i kvar sak. I saker der det er naudsynt å fatte vedtak raskt for å ivareta verjehavar sine interesser, kan det enkelte gonger ta tid å innhente nødvendig dokumentasjon. I dei tilfella ser vi at det kan ta noko lengre tid før saka vert brakt inn for retten.

Det vart fatta to vedtak om midlertidig fråtaking i 2024.

3.1.3.7 Barnehaagemyndigheter, barnehageeiere og skoleeiere forstår, formidler og etterlever regelverket

Gjennom ulike verkemiddel og tiltak gjer vi eit arbeid for å bidra til at kommunen formidler, forstår og etterlever regelverket. Dette gjeld både gjennom klagesaksbehandling, tilsyn og rettleiing. Det er ulikt mellom kommunane i kva grad dei har kunnskap og kompetanse om regelverk. Både overfor kommunen som barnehaagemyndigheit og barnehage- og skoleeigarar er vi medvitne om kva vi prioriterer å løfte fram. Gjennom den kontinuerlege registreringa vi gjer av klagesaker og i kontakt med kommune og barnehage- og skoleeigarar oppdaterer vi vår eigen kunnskap om kva behovet er og kvar behovet er størst. Vidare vel vi tiltak og verkemiddel ut frå kva vi meiner vil ha størst effekt for forståing og oppfyljing av regelverket. Vi rettleiar, løfter fram tema på samlingar eller lagar webinar med utvalde tema og kapittel i lov- og regelverk. Vidare gjennomfører vi tilsyn og oppfølging av tilsyn slik at tilsynsaktiviteten, i tillegg til å avdekke eventuelle lovbrøt, skal ha positive konsekvensar for forståing av og etterleving av regelverket. Dette er noko vi har kontinuerleg fokus på og som gjenspeglar seg i det kontinuerlege ROS-arbeidet. Vi har etablert ei ROS-gruppe som har eit særskilt ansvar for å følge med og ha fokus på dette.

Vi viser elles til rapportering på resultatmåla som følger i punkta frå 3.3.3.1.1.1 til og med 3.3.3.1.9.

Statsforvalteren skal bruke virkemidlene, tilsyn og veiledning, målrettet, for å bidra til regeletterlevelse hos barneha (fra kapittel 3.3.3.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal bruke virkemidlene, tilsyn og veiledning, målrettet, for å bidra til regeletterlevelse hos barnehaagemyndigheter, barnehageeier og skoleeier.

Når vi vurderer val av verkemiddel mellom rettleiing og tilsyn er all kunnskap Statsforvaltaren har viktig. Vi vurderer heile tida kva som er mest tenleg. Tilsyn er ofte omfattande og endar i pålegg. Rettleiing kan vere mindre ressurskrevjande. Ein viktig faktor er vår vurdering om kommunen er enkel å rettleie og om vi har erfaringar frå tilsvarande frå før. Vi har i rettleiing erfart at kommunar legg eigne tolkingar i det vi rettleier om. Og om vi har slike erfaringar så kan tilsyn nok vere rett verkemiddel for å sikre rett regeletterleving.

Gjennom 2024 har vi både rettleia og ført tilsyn på fleire område innanfor barnehage og skole. Vi har i samband med innføring av ny opplæringslov brukt ressursar på rettleiing slik at vi sikrar at kommunane er godt kjende med og forstår endringar i lova. Vi vurderer at effekten av dette kan føre til at det vert færre klagar til oss. Men vi ser også at vi må følgje opp kommunar med tilsyn for å sikre regeletterleving. Av dei tilsyna vi har gjennomført, ser vi at det har ført til endring av praksis i kommunen, t.d. gjennom betre oppfølging av eigen internkontroll. Dette vil i neste omgang sikre barn og unge sine rettar.

Når det gjeld tilsyn med lærarnorm vurderer vi at nokre av dei kommunane som ikkje følgjer lærarnorma, ikkje har god nok internkontroll og kvalitetssikring av tal frå telledato til endeleg innlevering av data til Utdanningsdirektoratet. Dette vil vi følgje opp med rettleiing til alle kommunar.

Valg av tilsynsaktiviteter (fra kapittel 3.3.3.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal velge de tilsynsaktivitetene som er best egnet til å gjenopprette etterlevelse av regelverket på en rask og effektiv måte. Statsforvalteren kan gi veiledning istedenfor å føre tilsyn, der det vurderes som best egnet virkemiddel.

Risikobildet ved starten av året var bygd opp av dei opplysningane vi hadde gjennom statistikk som BASIL, GSI og andre kjelder. Dette vart supplert med den restrisiko vi hadde frå 2023 og dei signala som kom gjennom Hovudinstruks og Tildelingsbrev. Risikobildet synte at vi måtte følgje godt med på «spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning»-området og barnehage- og skulemiljø. Innføring av ny opplæringslov ville også utgjere ein risiko for manglande regeletterleving. På barnehageområdet vurderte vi at vi måtte følgje opp barnehaagemyndigheita og det var spesielt ein kommune som skilte seg ut på dette området. I tillegg kom Utdanningsdirektoratet si nasjonale risikovurdering om fylkeskommunen sitt ansvar for gjennomføring av eksamen.

Vi gjennomførte tilsyn med fylkeskommunen sitt ansvar for gjennomføring av eksamen. Risikovurderinga var nasjonal og Utdanningsdirektoratet stod for risikoanalyse og val av tilsynstema og kontrollområder.

Vi opna tilsyn med barnehaagemyndigheita i ein kommune som ikkje hadde ført tilsyn med barnehagar på fleire år. Kommunen har berre kommunale

barnehagar og det er ikkje mange år sidan kommunen gjekk vekk frå struktur på to nivå.

I samband med at ny opplæringslov tok til å gjelde frå 1. august 2024 har vi brukt ressursar på rettleiing av kommunar, fylkeskommune og skular om verknaden av den nye lova. Med bakgrunn i enkeltpørsmål frå kommunar har vi valt å svare ut med rettleiing og tolkingssvar til alle kommunane. Nokre av problemstillingane har vi også sendt vidare til Utdanningsdirektoratet. Vi arrangerte ei regelverksamling i siste kvartal. Det var for heile sektoren med vekt på skolemiljø og individuelt tilrettelagt opplæring. Vi har også spelt inn og publisert webinar om kapittel 11 og kapittel 12 i den nye opplæringslova. Desse har vi igjen delt opp i kortare bolkar slik at dei skal vere lettare å ta i bruk ute i sektor. Fleire kommunar har gitt tilbakemelding på at dei ønsker seg fleire webinar frå oss, til dømes i 45-minuttsøkt. Vi vurderer at det kan ha god effekt for å betre regeletterlevinga.

Vi har gjennomført eit tilsyn på skolemiljø og internkontroll. Dette er eit stort og omfattande tilsyn og det har gjennom året vore dialog med Utdanningsdirektoratet om fokus og skille mellom opplæringslova og kommunelova sine krav til internkontroll. Vi erfarer at effekten av desse tilsyna kan vere noko avgrensa for dei tilsette på skolane. Internkontroll og koplinga mot kommunen sitt ansvar er ikkje alltid like lett å forstå for dei tilsette.

Vi har også i år valt å gjennomføre tilsyn med læramorma. Dette ser vi på som viktig for kvaliteten i skolen, men vi vil også vurdere om andre verkemiddel kan takast i bruk for å følgje opp kommunane på dette området. Til dømes gjeld dette kommunar vi har hatt tilsyn med tidlegare, og som framleis ikkje oppfyller norma. Vi erfarer at det er behov for å minne kommunen som skoleeigar på at dei har eit ansvar for å kvalitetssikre tal i GSI før endeleg godkjenning. Det kan virke som om fleire kommunar ikkje har god nok internkontroll på dette området. Vi må til ei kvar tid, målretta vurdere kva tiltak som vil gi best effekt. I etterkant må vi følgje med på om gitte tiltak faktisk har hatt effekt og dersom ikkje, eventuelt kvifor. Vi ser at dei fleste brota ligg på 1.- 4. trinn.

På barnehageområdet har vi i 2024 valt å gjennom året ha fleire dialogmøte med barnehagemyndigheita i kommunane. I møta har vi lagt stor vekt på rettleiing om regelverk, noko vi har vurdert at det er stort behov for. Kontakten og mangel på henvendelsar frå sektor har understøtta dette.

Risikobildet endrar seg i løpet av eit år. Vi vurderer at nokre av risikoane er mindre eller borte. Men sjølv om dei er borte i ein kommune, kan det likevel oppstå same risiko i ein annan kommune seinare. Situasjonen rundt krevjande kommuneøkonomi er utfordrande for kommunane og dermed er det ikkje alltid at dei vurderingar og vedtak som blir gjort er etter regelverket. Vi jobbar fortløpande med ROS-analysar gjennom året. Vi må prioritere og omprioritere innanfor dei ressursane vi har. Den restrisiko som vi har avdekkja ved årsslutt, tar vi med oss inn i neste års risikobilde og planlegging.

Kompetanse på trygt og godt skolemiljø (fra kapittel 3.3.3.1.3.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal bidra til at skolene har kompetanse på hva som gir et trygt og godt skolemiljø.

I november arrangerte vi tre konferansedagar i Molde. På dag 1 var samarbeidsforum i fylket målgruppa. Målgruppe på dag 2 og 3 var skuleeigarar, skuleleiarar, PPT-tilsette, m.fl.

Inkluderande læringsmiljø, tverrfagleg samarbeid rundt barn som treng ekstra tilrettelegging, barnets stemme, skulenærver, internkontroll og kapittel 12 i opplæringslova var nokre av temaa. Praxisforteljingar frå fleire skular, samt føredragshaldarar frå mellom anna fylkeskommunen, Høgskulen i Volda, mobbeombodet, elev- og lærlingombodet, Dembra, Statped, Kunnskapsdepartementet, Utdanningsforbundet og Statsforvalteren, gjorde at deltakarane fekk belyst tilgrensande tema frå ulike perspektiv.

I ulike samanhengar, der vi møter skuleeigarar, -leiarar og -tilsette, viser vi fram og anbefaler å ta i bruk Udir sine skulemiljøsider aktivt i utviklingsarbeidet, til dømes dei ulike kompetansepakkane. Vi viser også ofte fram rundskrivet om skulemiljø, og oppmodar å nytte det som ei «handbok».

Vidare har vi spelt inn eit webinar om kapittel 12 i ny opplæringslov. Dette er publisert på nettstaden til Statsforvalteren i Møre og Romsdal og sendt ut til alle skular og kommunar i fylket.

Vi har hatt nokre rettleiingsmøte med enkeltkommunar/-skular når vi har avdekt tydeleg behov for slikt, særleg knytt til enkeltsaker i handhevingsordninga, og på førespurnad frå kommunar/skular. Både kommunane/einingane og vi opplever dette som konstruktivt, men ressursituasjonen gjer at vi ikkje har høve til å gjere dette mange gonger løpet av eit år.

Rett før jul sende vi ut ei spørjing til alle kommunane. Her etterspurde vi informasjon om mellom anna:

- talet på aktivitetsplanar som er utarbeidde
- kor mange skular som har tatt i bruk dei ulike kompetansepakkane til Udir om "trygt og godt"
- kor mange skular som har tatt i bruk webinaret som vi har utarbeidd om kapittel 12 i opplæringslova, og korleis dei opplever nytten av det
- kva for planar skulesektoren har for intern kompetanseheving knytt til trygt og godt skulemiljø for inneverande og neste skuleår
- kva for tiltak kommunane ønsker frå Statsforvalteren for at dei skal få auka kompetanse om mellom anna skulemiljø

Vi har fått nyttige svar frå kommunane som har svart på spørjinga. Til dømes har ein del skrive at dei ønsker fleire webinar frå oss som dei kan ta i bruk i utviklingstida på skulen, då dei har opplevd dei som nyttige. Samtidig ser vi at det er forholdsvis få einingar i nokre kommunar som har tatt i bruk modular frå kompetansepakkane til Udir. Vi vurderer derfor at vi må halde fram med å oppmode om å ta dei i bruk, og minne om plikta til å jobbe systematisk og førebyggjande.

Vi har mottatt nokre evalueringssvar etter konferansedagane i november. Tilbakemeldingane tar vi med oss i planlegginga av tiltak for 2025.

Vi vurderer det som sannsynleg at tiltaka som vi har gjennomført, samla sett har bidratt til å heve kompetansen hos skuleeigarar og -leiarar på kva som gir eit trygt og godt skulemiljø. At eigarar og leiarar tar dette vidare til utviklingsarbeidet på einingsnivå, vil samtidig vere avgjerande for at kompetansen blir omsett til praksis.

Psykososialt barnehagemiljø (fra kapittel 3.3.3.1.3.2 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal bidra til at barnehageeier og de som arbeider i barnehagen har kompetanse på hva som gir et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø.

I ulike møte og i anna kontakt med kommunar som myndigheit og kommunale og ikkje-kommunale barnehaageeigarar, er eit trygt og godt barnehagemiljø eitt av temaa vi vel å løfte fram på dagsordenen. Dette for å auke medvitet om kor viktig det er å arbeide med dette i det pedagogiske tilbodet i barnehagane. Dette er også tema på møte med dei ulike samarbeidsfora i fylket.

I oktober var Statsforvalteren medarrangør på Barnehaagekonferansen 2024 «Gi meg tid». Leikemiljøet var eitt av fleire gjennomgåande tema, og eitt av innlegga handla mellom anna om tiltak for barn som utfordrar med åtferd, knytt til retten til eit trygt og godt barnehagemiljø.

Barnehaagekonferansen har ei brei målgruppe; pedagogisk personale, eigarar, myndigheit, PPT og høgskuletilsette. Dette gjer at vi med denne konferansen når heilt ned til praksisfeltet med kompetanseheving.

Rett før jul sende vi ut ei spørjing til alle kommunane. Her etterspurde vi informasjon om mellom anna:

- talet på aktivitetsplanar som er utarbeidde i barnehagane i kommunen
- kor mange barnehagar som har tatt i bruk Udir sin kompetansepakke «Trygt og godt barnehagemiljø»
- kva for planar barnehagesektoren har for intern kompetanseheving knytt til trygt og godt barnehagemiljø for inneverande og neste barnehaageår
- kva for tiltak dei ønsker frå Statsforvalteren for at dei skal få auka kompetanse om mellom anna barnehagemiljø

I nokre kommunar har mange av barnehagane tatt kompetansepakken i bruk, i andre kommunar er det få eller ingen. Vi vurderer derfor at vi må halde fram med å oppmode om å bruke ressursane, og minne om plikta til å jobbe førebyggjande.

Vi vurderer det som sannsynleg at tiltaka som vi har gjennomført, samla sett har bidratt til å heve kompetansen i barnehagesektoren på kva som gir eit trygt og godt barnehagemiljø. At vi etterspør tal på aktivitetsplanar, kan også skape bevisstgjerjing hos spesielt myndigheit, eigarar og leiarar rundt planplikta. Vi erkjenner samtidig at det er behov for fleire og meir omfattande kompetansehevande tiltak frå vår side for at dei skal gi tilfredsstillande effekt. Sektor har i spørjinga gitt oss fleire innspel på kva dei ønsker kompetanseheving på i det vidare arbeidet. Dette tar vi med oss vidare inn i 2025.

Rask behandling i saker etter § 9 A-6 (fra kapittel 3.3.3.1.3.3 i TB)

Rapportere på

Alle saker er ferdigbehandlet så raskt som mulig

Saker knytt til handhevingsordninga har til ei kvar tid høgste prioritet hos oss. Vi er no to hovudansvarlege for handhevingsordninga. Dette sikrar at arbeidet ikkje stoppar opp ved frávær eller liknande. Dei to hovudansvarlege ringer på alle saker, og vi har som mål å gjere dette same dagen som saka kjem inn. Med at vi er to tilsette som har som fast oppgåve å registrere saker og ta kontakt med meldar, blir dette gjort effektivt. Vi gjennomfører gjerne samtale med eleven i tidsrommet der vi ventar på å motta dokumentasjon frå skulen/kommunen, og vi har no dei aller fleste samtalar over Teams. Dette har effektivisert arbeidet vårt ytterlegare det siste året.

Saksbehandlingstid står alltid på agendaen i Skolemiljøforum, som vi har kvar 14. dag. Alle som jobbar i handhevingsordninga er derfor kjent med status på mediantid og gjennomsnittleg saksbehandlingstid. Vi har eit uttalt mål at gjennomsnittleg saksbehandlingstid skal vere innanfor 30 dagar. Vi er alltid to saksbehandlarar på kvar sak. Leiar for Skolemiljøforum følger ved behov opp framdrifta i sakene direkte med saksbehandlarane.

Vi vurderer at arbeidet fungerer godt då vår gjennomsnittlege saksbehandlingstid må kunne seiast å vere rimeleg.

Arbeide systematisk for å behandle skolemiljø saker (fra kapittel 3.3.3.1.3.4 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal arbeide systematisk for å behandle skolemiljø saker innen rimelig tid.

Vi viser her til rapportering på resultatmål 3.3.3.1.3.3, utan å gjenta det her.

Vi kan legge til at vi har hatt eit omfattande arbeid med å utarbeide nye malar som er tilpassa den nye opplæringslova og endringane i handhevingsordninga. Gode malar, klare prosedyrar og tett oppfølging ser ut til å effektivisere behandlinga av skulemiljøsakene.

Skulemiljøforum som vi har kvar 14. dag er ein arena der vi mellom anna deler erfaringar og drøftar problemstillingar i enkeltsaker ved behov. Alle som jobbar med handhevingsssakene er med i forumet, og her er både juristar og pedagogar representerte.

Vi ser at det systematiske arbeidet vårt med å behandle skulemiljøsakene effektivt, gjenspeglar seg i statistikken for saksbehandlingstida vår.

Rettsanvendelse og forståelse av saksbehandlingsreglene i vedtak (fra kapittel 3.3.3.1.4.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal arbeide systematisk for å bidra til at antall vedtak med feil fra skoleeier reduseres

Vi har i 2024 hatt ein større gjennomgang av vår klagesakshandsaming på opplæringsområdet. Vi har sett spesielt på rutinar og organisering av vårt arbeid med klagesaker, kva som er føremålstenleg oppfølging av klagesaker samt kvalitetsarbeid. Vi har starta opp eit større arbeid med gjennomgang og utbetring av interne rutinar og malar, samt sett på krava til kvalitet opp mot effektivitet og kva som er forsvarleg og godt nok. Ei meir effektiv utnytting av våre ressursar på klagesaksområdet, utan at det går utover naudsynt kvalitet, vil frigjere ressursar til rettleiing og tilsyn av skoleeigar der det trengst for å redusere feil i vedtaka.

Vi har også i 2024 sett på kva nytteverdi rettleiing i våre klagevedtak har, samanlikna med å bruke desse ressursane på direkte rettleiing til enkelte skoleeigarar og skolar, eller kurs og konferansar. Vi har etter rettleiingsmøte med skoleeigarar og/eller aktuell skole, sett ein effekt på etterfølgande vedtak derifrå. Vi ser det som sannsynleg at dette skuldast vår rettleiing, utan at vi kan seie dette for sikkert.

I vårt systematiske ROS-arbeid har vi i 2024 hatt stort fokus på val av verkemiddel og korleis vi eventuelt kombinerer desse. Dette arbeidet vil bli vidareført også i 2025. Dette tenker vi vil resultere i at vi på ein enda betre måte vil kunne arbeide systematisk og effektivt for å bidra til at feil i vedtak frå skoleeigar vert redusert.

I 2024 har vi også deltatt på felles nettverksmøte for PP-tenesta i regionen der vi har bidratt med gjennomgang av regelverk knytt til mellom anna sakkunnig vurdering. Det blir sett av god tid til refleksjonar og diskusjonar. Vi har fått tilbakemelding på at dette har stor nytteverdi når det gjeld å skrive gode og forsvarlege sakkunnige vurderingar. Ei fullstendig sakkunnig vurdering vil bidra til at kommunen har eit betre grunnlag for å fatte vedtak om individuelt tilrettelagt opplæring med færre feil.

Vi har i 2024 utarbeidd webinar om opplæringslova kapittel 11 om tilpassa opplæring og individuell tilrettelegging for skoleeigarar, skoleleiarar og PP-tenesta. I tillegg har vi spelt inn fleire webinar med gjennomgang av kapittel 5 og 12. Alle webinarar er publisert på heimesida vår. Også på regelverkssamling i november 2024 om ny opplæringslov for private og offentlege skoleeigarar og skoleleiarar og PP-tenesta, gjekk vi gjennom opplæringslova kapittel 11. På samlinga fokuserte vi på forståing og bruken av ny opplæringslov og endringane på fleire viktige område. Det er kort tid sidan samlinga vart arrangert, så det er vanskeleg å vurdere effekten per i dag. Vi vurderer likevel at det er sannsynleg at samlinga kan bidra til reduserte feil i vedtaka frå skoleeigar.

Vi har også i 2024 jamleg rettleia skoleeigarar og skolar som tar kontakt for regelverksavklaring og bruken av opplæringslova og forvaltningslova. Vi har i tillegg tatt direkte kontakt med enkelte skoleeigarar og skoleleiarar for å rettleie der vi har sett eit stort behov for dette på bakgrunn av ROS-analyse eller enkeltsak. Nokre lovtolkningsspørsmål har vi sendt vidare til Utdanningsdirektoratet for avklaring.

Samla sett vurderer vi at vi har jobba systematisk og målretta gjennom heile 2024 med fokus på å bidra til færre feil i skoleeigar sine vedtak. Vi vurderer det slik at det er viktig å halde fram med gode tiltak på dette området, og å vere bevisst på å nytte dei riktige tiltaka overfor skoleeigar og skolar på bakgrunn av vår ROS-analyse.

Vedtak fra barnehagemyndighet med rettsanvendelsesfeil eller saksbehandlingsfeil (fra kapittel 3.3.3.1.4.2 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal arbeide systematisk for å bidra til at antall vedtak med feil fra barnehagemyndigheten reduseres

Denne rapporteringa heng saman med det som er rapportert i punktet over, 3.3.3.1.4.1.

Etter dialog med kommunane har vi i 2024 hatt fleire digitale møte med barnehagemyndigheit, saksbehandlarar og eigarar. Tema for møta blir valt etter innspel frå kommunane, eller område der vi erfarer gjentakande feil i saksbehandlinga og regelverksforståing.

Kommunane har gitt tilbakemeldingar på at desse møta er nyttige. Møta bidrar til tettare kontakt mellom Statsforvalteren og barnehageeigarar/saksbehandlarar. Vi vurderer at tiltaka har bidratt til ein betre dialog med kommunane og at vi når fleire med vår rettleiing ved å nytte korte, digitale møte. Vidare er vår vurdering at effekten av desse møta også er færre saksbehandlingsfeil i vedtak frå barnehagemyndigheita i kommunane.

Statsforvalteren skal bidra til at elever får den spesialpedagogiske tilretteleggingen de har krav på (fra kapittel 3.3.3.1.5.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal bidra til at elever får den spesialpedagogiske tilretteleggingen de har krav på etter opplæringsloven

I samsvar med vårt oppdrag har vi i 2024 hatt ekstra stort fokus på å bidra til at elever får den spesialpedagogiske tilrettelegginga dei har krav på. Vi har brukt ressursar på å prioritere klagesaker som gjeld spesialpedagogisk tilrettelegging, samt har vi nytta ulike former for rettleiing, både i våre klagevedtak, i form av direkte rettleiing, kurs/konferansar og webinar. Dette for å sikre elevane sin rett.

Vi har også i 2024 deltatt på felles nettverksmøte for PP-tenesta i regionen. Vi har bidratt med gjennomgang av regelverk, til dømes om krava til sakkunnig vurdering. Det er sett av god tid til refleksjonar og diskusjonar. Vi har fått tilbakemelding om at dette har stor nytteverdi når det gjeld å skrive gode og forsvarlege sakkunnige vurderingar. Eit betre beslutningsgrunnlag vil også gi færre feil i vedtak om individuell tilrettelagt opplæring. Vi har i 2024 hatt webinar om nytt regelverk kap. 11 om tilpassa opplæring og individuell tilrettelegging, for skoleeigarar, skoleleiarar og PP-tenesta. Dette er publisert på vår heimeside. På regelverkssamling i november om ny opplæringslov for private og offentlege skoleeigarar og skoleleiarar og PP-tenesta, gjekk vi gjennom regelverket og forståinga/bruken av kap. 11.

I tillegg har vi hatt omfattande rettleiing direkte mot enkelte skoleeigarar og skolar, både etter førespurnad, men også på eige initiativ på bakgrunn av enkeltsaker og ROS-analyse.

Trass desse tiltaka, viser ulike evalueringar og spørjingar at det framleis er ønske om meir rettleiing om fagleg innhald knytt til kapittel 11. Både skular, barnehagar og PPT har framleis behov for meir konkret kunnskap om dette kapittelet. Vår vurdering er at med det arbeidet vi har gjort i år, har vi kome eit stykke på veg for å sikre at elevane sine rettar blir oppfylt. På bakgrunn av det behovet vi samla sett erfarer at skoleeigarar framleis har, prioriterer å halde fram med fokus på dette arbeidet også i 2025.

Spesialpedagogisk hjelp etter barnehageloven (fra kapittel 3.3.3.1.5.2 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal bidra til at barn får den spesialpedagogiske hjelpen de har krav på etter barnehageloven.

Statsforvaltaren bidrar til at barn får den spesialpedagogiske hjelpa dei har krav på gjennom vår klagesaksbehandling. Vi har rettleia foreldre, leiarar, eigarar, PPT og andre ved førespurnader til oss. Vi gir også ei skriftleg rettleiing i vedtaka vi skriv.

Vårt inntrykk er at tiltaka er føremålstenlege og bidrar til at kommunane oppfyller retten om spesialpedagogisk hjelp.

Statsforvaltaren er merksam på at det er starta eit arbeid i ein kommune som medfører ei endring i korleis kommunen vedtar og tilbyr spesialpedagogisk hjelp. Informasjonen rundt dette er tatt inn i vårt ROS-arbeid, og vil bli følgt med på i 2025.

Fritak for fag (fra kapittel 3.3.3.1.5.3 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal bidra til at alle skoleeiere følger regelverket om fritak for fag.

Vi har rettleidd skriftleg til PPT-leiarforum når det gjeld informasjon og lenker knytt til «fritak for opplæring og retten til å få igjen tapt undervisning». I tillegg bidrog vi hausten 2024 fysisk på ei samling til PPT-leiarane om fritak frå vurdering med karakter i framandspråk og på samling for fylkeskommunen. Her vart det også sett fokus på overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande opplæring, og kva for konsekvensar det kan få for elevar som manglar viktig eller vesentleg fagleg kompetanse frå grunnskulen.

Spørsmål og problemstillingar knytt til fritak frå fag kjem ofte fram gjennom andre saker vi får inn. I særleg grad gjeld dette klagar på individuelt tilrettelagt opplæring, saker om bekymringsfullt skulefråvær og/eller bruk av alternativ opplæringsarena. Det har vore færre spørsmål frå sektor om fritak frå fag direkte til oss. Vi hadde dette oppe i møte med kommunane 10. april 2024.

Vi vurderer at vi gjennom tiltaka våre har gjort sektor meir bevisst på regelverket og konsekvensar for elevar knytt til fritak frå fag. Vi vurderer likevel at det er grunn til å framleis aktivt informere og gi rettleiing om regelverket etter opplæringslova kapittel 11, og moglege konsekvensar eventuelle fritak frå fag kan få for eleven. Særleg gjeld dette elevar med bekymringsfullt skulefråvær og/eller elevar med vedtak om individuell tilrettelegging og/eller bruk av alternativ opplæringsarena.

Spesialundervisning i vidaregåande opplæring (fra kapittel 3.3.3.1.5.4 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal bidra til at elever i vidaregåande opplæring får spesialundervisning i tråd med regelverket

Spesialundervisning/individuelt tilrettelagt opplæring har høg prioritet i arbeidet vårt. Vi vurderer risiko og kompetansebehov til fylkeskommunar utifrå mellom anna klagesaker, handhevsingsordninga, meldingar frå foreldre/andre, Elevundersøkinga, Kommunebilde og kjennskap til sektor. Vi har også hatt

møte med fylkeskommunen der ny opplæringslov og kapittel 11 har stått på agendaen.

Som omtala i 3.1.7.1.3.1 har vi i e-post oppmoda også tilsette i vidaregåande opplæring om å ta i bruk webinar vi har laga. Vi viste også til aktuelle samlingar, samt endringar i opplæringslova kapittel 11. Vi har fått tilbakemelding om at webinarer er nytta til kompetanseheving og utviklingsarbeid.

Overgang mellom ungdomsskule og vidaregåande skule kan vere ein sårbar prosess for enkelte elevar, særleg for dei som har rett til spesialundervisning/individuell tilrettelagd opplæring frå ungdomsskulen. Dette har vi erfart gjennom skulemiljøsaker og i rettleiing til både elevar, føresette og vidaregåande skular. Under planlegginga av konferansen "Opplæringslova – ei av landets viktigaste lover" samarbeidde vi med fylkeskommunen om innhald og bidrag. Fylkeskommunen hadde innlegg om overgangar og korleis sikre at elevar skal lukkast på første forsøk. Det er no planlagt samarbeidsmøte om korleis sikre gode overgangar.

Gjennom dialog med fylkeskommunen og PPT, samt tilbakemeldingar i evalueringar, er det avdekt behov for meir kunnskap om den nye opplæringslova, og særleg kapittel 11. Det er også ytra eit ønske om eit tettare samarbeid med Statsforvalteren.

Då det er kort tid sidan regelverkssamlinga, er det per i dag vanskeleg å seie noko sikkert om effekten av tiltaka. Vi vurderer det likevel som sannsynleg at tiltaka bidrar til at elevar i vidaregåande opplæring i større grad får spesialundervisning i tråd med regelverket.

Innføring av nye læreplaner (fra kapittel 3.3.3.1.6.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal bidra til at skoleeiere, skoler og lærebedrifter forstår og etterlever Læreplanverket for Kunnskapsløftet (LK20/LK20-S).

Vår innsikt i kor vidt LK20 er forstått og etterlevd hos skoleeigarar, har vi først og fremst frå arbeid og løpande rettleiing knytt til eksamens- og prøveområdet, samt frå vår klagehandsaming på standpunktarakterar.

Vi har LK20, læreplanar og vurderingsordningar jamt oppe som tema på møta vi har med sektor. I tillegg er LK20 i praksis, vurderingspraksis og leing av skolebasert kompetanseutvikling gjennomgåande tema for alle dei fem regionale nettverka i kompetanseordninga (dekom).

Vi finn at rapporten *Evaluering av Fagfornyelsen* (EVAFF) samsvarer godt med bildet frå vårt fylke. Vi opplever at det er stor oppslutning om LK20. Men vi ser også framleis teikn, mellom anna frå vår klagebehandling på standpunktarakterar, som kan tyde på at det er ulikt kor godt det er arbeidd med fagfornyinga i profesjonsfellesskapa i kommunar og på skolar.

I 2024 vart det arbeidd intensivt med å sikre lokalt gitt og sentralt gitt eksamen. Av utadretta tiltak vi har gjennomført i 2024 er:

- Tilsyn med Møre og Romsdal fylkeskommune med tema sikring av eksamen.
- Møte om eksamen og vurdering 13. februar. Målgruppe var skoleeigarar og skoleeining. Tema: Tilbakeblikk på eksamensgjennomføringa 2023, eksamen 2024, PAS-økt, fornya fokus på arbeid med fagfornyinga og vurdering med vekt på standpunktavurdering.
- Kartleggingar til kommunane i januar og mars. Tema: Risikoar knytt til eksamensgjennomføringa.
- Digitalt møte med kommunane 10. april: Hovudtema: Sikring av eksamen 2024. Her informerte vi om tilsynet med sikringa av eksamen med fylkeskommunen, samanfating av svara på kartlegginga i mars, samt gjennomgang av Udir sine anbefalte tiltak for å sikre eksamen.

Klagebehandlinga på standpunktarakterar gir Statsforvalteren viktig informasjon om kor vidt skolane har forstått og etterlever LK20. Tendensen vi har sett gjennom år med nedgang i talet på klager på standpunktarakterar, viste seg også i 2024. Vi fekk då inn 36 klagar i fag (34) og i orden og åtfærd (2). Dette er på same låge nivå som i 2023.

Av klagane var praktisk-estetiske fag og valfaga i overvekt. Dei utgjorde totalt 27 av 34 klagar i fag. Faga vi ser er flest klagar i er kroppssøving (8), mat og helse (6) og valfaget fysisk aktivitet og helse (6). Opphevsprosenten var i 2024 høg: 33 av 34 klagar i fag gjekk tilbake til skolen for ny vurdering. Dette skuldast i hovudsak at eleven sin samla kompetanse etter læreplanen i faget ikkje var tydeleggjort og/eller at vurderingsgrunnlaget var for smalt sett i høve til kompetansemåla i læreplanen. I klagane på orden (1) og åtfærd (1) stadfesta vi begge vedtaka.

Effekten av tiltaka

Vi opplever at vi gjennom våre tiltak har løpande og god kontakt med kommunane i fylket. Dette gjeld også Møre og Romsdal fylkeskommune.

Når det gjeld eksamen, vurderer vi at gjennomføringa av denne i 2024 var mindre utfordrande enn i 2023. Vi opplever at arbeidet som vart gjort våren 2024 gjennom informasjon, møte, kartleggingar og anbefalte tiltak hadde god effekt. Vi hadde også god tilgang på sensorar til sentralt gitt eksamen i matematikk. Sjølv om det var marginalt med fagpersonar å velje frå i norsk og engelsk, var det likevel mange nok.

Når det gjeld det større bildet knytt til forståinga og etterlevinga av LK20 i sektor, er det framleis slik at vi merkar oss utfordringar og ulikheiter mellom kommunar, men også innanfor kommunar. Dette kan henge saman med pandemien, men også forhold som utskifting av sentrale personar og/eller storleik på kommunen. Denne informasjonen tek vi med oss vidare, mellom anna i ROS-arbeidet og i vår planlegging av 2025.

Klager på standpunktarakterer

Hvor mange klager på standpunktarakterer i fag har dere behandlet etter vårens standpunktavurdering (totale antallet)?	Antall behandlede klager på standpunktarakterer hvor karakteren ble opphevet/klageren fikk medhold (totale antallet)?	Hvilke fag utmerker seg med høy klageandel og/heller høy medholdsprosent?
34	33	Kroppssøving (8), mat og helse (6) og valfaget fysisk helse (6). (Valfaga totalt: 10)

Rammeplan for SFO (fra kapittel 3.3.3.1.7.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal bidra til at skoleeiere og skoler forstår og etterlever rammeplanen for SFO.

Vi har tatt opp nasjonal rammeplan som tema i samarbeidsforuma i fylket vårt. Der har vi vist til webinar som ligg på Utdanningsdirektoratet sine sider, og oppmoda til å bruke dette på planleggingsdagane.

Planen var å ha innføringa av nasjonal rammeplan i dialog med skuleeigarar, men vi har ikkje gjennomført dette tiltaket. Vi har mottatt førespurnader knytt til rammeplanen, og rettleia utifrå dette. I tillegg har vi fått nokre spørsmål knytt til regelverket for SFO. Dette har vi gitt rettleiing om. Vi har også vore i kontakt med Udir for å få avklart rettslege spørsmål som vi har mottatt, knytt til SFO.

Vi erkjenner at vi ikkje har fått gjennomført alle tiltaka vi planla for 2024, og at dette kan ha betydning for korleis skoleeigar og skolar forstår og etterlever rammeplanen.

Prioritering av skole- og barnehagemiljø og spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp (fra kapittel 3.3.3.1.8.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalterne skal prioritere barnehage- og skulemiljø og spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp i sitt arbeid. Disse prioriteringene skal være førende for arbeidet innenfor rettssikkerhet. Statsforvalterne skal gjøre risikovurderinger av barnehage- og skoleeiers forutsetninger for å løse sine oppgaver og arbeide målrettet for å styrke barnehage- og skoleeiers kompetanse ved behov.

For å sikre at vi prioriterer barnehage- og skulemiljø, spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp, starta vi tidleg opp med å planlegge og konkretisere tiltak. Desse tiltaka, evaluering og verknaden av dei er omtala i 3.1.7.3.1, 3.3.3.1.5 og 3.3.3.1

Når det gjeld risikovurderingar og tiltak viser vi til det vi har skrive under «Prioritering av skole- og barnehagemiljø og spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp (frå kapittel 3.1.7.1.3.1 i TB)»

Når det gjeld prioritering av skulemiljø knytt til arbeidet innanfor rettstryggleik, viser vi til rapportering på resultatmål 3.3.3.1.3.3 og 3.3.3.1.3.4.

Vi har også ført tilsyn med skulemiljø og internkontroll i den kommunen der vi vurderte at risikoen og behovet var størst, sjå punkt 3.3.3.1.2.1. Risikoen knytt til denne kommunen var avdekt gjennom fleire alvorlege saker i handhevingsordninga, klagesaker og bekymringsmeldingar.

Støtte arbeidet med realkompetansevurdering av voksne (fra kapittel 3.3.3.1.9.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal støtte skoleeier i arbeidet med realkompetansevurdering av voksne.

For å støtte skoleeigar i arbeidet med realkompetansevurdering av voksne, har vi rettleia fylkeskommunen og kommunane om regelverket. Dette har vi gjort både på førespurnad og når det har vore på vår agenda i møte. Realkompetansevurdering har vore tema på Teamsmøte med kommunane og fylkeskommunen, samt tema på fysisk regelverkssamling. Vi har og deltatt med innlegg om realkompetansevurdering på samling for vaksenopplæringsfeltet i fylket.

3.1.3.8 Statsforvalteren understøtter nasjonale myndigheters, fylkeskommunenes og kommunenes arbeid med bosetting og integrering

Vi har på ulike måtar understøtta arbeidet med bosetting og integrering. Gjennom etablering av - og arbeidet i tverrfagleg samansett samarbeidsgruppe på integreringsfeltet, har vi tverrfagleg m.a. oppmoda kommunane om å bosette etter anmodningstal. Tverrfagleg samarbeid på området gjeld også eksterne samarbeidspartar. Vi registrerer at kommunar til dels slit med å bosette tilstrekkeleg jf. anmodning frå IMDI. Dette varierer mellom kommunar. I kommunedialogen er både bosettiing og integrering eit av hovedområda som blir løfta opp t.d. i kommunebilde og tema i kommunebesøk. Det er eit fokus på deltaking i opplæring og arbeid. Arbeidet er prioritert også for 2025. Informasjon og rettleiing om regelverk og midlertidig regelverk har også vore fokusområde. Vår samla vurdering er at SFMR sitt arbeid og innsats på dette feltet har bidratt og bidrar til utvikling i positiv retning.

Samarbeid mellom stat, fylkeskommuner og kommuner om rask og treffsikker bosetting. (fra kapittel 3.3.4.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Godt samarbeid mellom stat- og kommunesektor om bosetting av nyankomne flyktninger.

I høyringsuttalar i planarbeidet anmodar vi at kommunane fattar vedtak om bosetting. Vi rettleiar også om gjeldande regelverk på området. I forventningsbrevet sendt til alle kommunar er dette også tema. Her oppfordrar vi også kommunane og fylkeskommunen til samordning og samarbeid

med NAV og med arbeidsgivarar i lokalsamfunnet. Teamsmøta (3 stk.) som SFMR har hatt i samarbeid med fylkeskommunen, NAV og IMDI med kommunane og tenestene har slik vi vurderer det, bidratt til godt samarbeid mellom stat og kommune.

3.1.4 Gjennomførte evalueringer

Samfunnstryggleik og beredskap:

- internevaluering etter ekstremvêra "Ingunn" og "Jakob"
- internevaluering etter øving av kriseleiinga og FBR knytt til atomberedskap

3.2 Avvik på oppdrag i tildelingsbrevet og/eller faste oppgaver i hovedinstruks

3.2.1 Tverrsektorielle oppdrag/oppgaver

Statsforvaltaren har ikkje gjennomført tilsyn med kommunal beredskapsplikt og helseberedskap i 2024. Dette skuldast ressursknappheit. Det blir vist til prioriteringsrekkefølge for oppgåver frå Helsetilsynet under punkt 5.3.8.17 i hovudinstruksen.

3.2.2 Arbeids- og inkluderingsdepartementet

Ingen avvik

3.2.3 Barne- og familiedepartementet

Ingen avvik

3.2.4 Helse- og omsorgsdepartementet

Vi har avvik knytt til hovudinstruksen punkt 5.3.8.12. Der statsforvaltaren har overprøvd og godkjent vedtak om bruk av tvang og makt overfor personar med psykisk utviklingshemming, skal statsforvaltaren gjennomføre stadleg tilsyn i tråd med rettleiaren frå Helsetilsynet. I tillegg til dette skal statsforvaltaren føre tilsyn etter ei risikovurdering. Statsforvaltaren har berre gjennomført 3 stadlege tilsyn i 2024. Vi har prioritert saksbehandling på overprøvingar, noko som har medført at det ikkje har vore tilstrekkelege ressursar til å reise ut på fleire tilsyn.

I 2024 vart det ikkje gjennomført egeninitierte risikobaserte systemrevisjonar med helse- og omsorgstjenestene, verken i kommunane eller i spesialisthelsetenesten. Vi vurderer informasjon frå ulike kjelder og noterer denne i områdeovervaking, men vi har ikkje kapasitet til å drive eigeninitiert risikostyrt tilsyn. Dette gjer at den førebyggjande effekten som tilsyn kan ha, ikkje blir oppnådd i tenesta. Vi prioriterte i 2024 de to landsomfattande tilsyn i regi av Statens helsetilsyn på områda folkehelse og eldresatsing (medisinsdispensarar) sidan informasjon frå vårt fylke bidrog til eit meir komplett nasjonalt kunnskapsgrunnlag for myndigheitene og andre instansar.

3.2.5 Justis- og beredskapsdepartementet

Ingen avvik

3.2.6 Klima- og miljødepartementet

Tildelingsbrevet:

Vi har ikkje hatt kapasitet til å følge opp alle områda som er peika ut som aktuelle for supplerande vern.

Vi har ikkje greidd å starte opp at arbeidet med forvaltningsplanar i verneområde og måtte sende tilbake tildelte lønsmidlar øremerka dette arbeidet.

Vi har ikkje greidd å halde oppsatt framdriftsplan for arbeidet med marint vern, sjølv om vi i år har prioritert arbeidet høgare.

Hovudinstruksen:

Vi har ikkje fulgt opp naturforvaltningsvilkår gjennom pålegg om undersøkingar og tiltak i tråd med veileder M-721/2017

Vi har ikkje sendt inn oppdatert informasjon om kultiveringsanlegg og kultivering av anadrom fisk til Miljødirektoratet.

Vi har i liten grad hatt samarbeid med fylkeskommunen om innlandsfiskeforvaltninga (men mykje samarbeid om anadrom fisk)

Vi har for liten kapasitet til å ha tilsyn med og følgje opp ulovlege tiltak i vassdrag, kantsone og nedbørfelt. Her bidreg og kommunane i for liten grad.

Vi har heller ikkje hatt kapasitet til å fatte vedtak om grense elv/sjø.

Vi er ikkje i heilt i mål når det gjeld oppdatering av løyva for avfallsanlegg som fell inn under EUs industriutslippsdirektiv (IED) innan fastsette fristar.

3.2.7 Kommunal- og distriktsdepartementet

Ingen avvik

3.2.8 Kunnskapsdepartementet

Ingen avvik.

3.2.9 Landbruksdepartementet

Ingen avvik.

3.3 Særskilte rapporteringskrav fra tildelingsbrevet

Kvalifiseringsprogrammet (fra kapittel 7.3.1.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal gjøre rede for

- de største utfordringene i NAV-kontorenes arbeid med kvalifiseringsprogrammet og hva statsforvalteren gjør med utfordringene.
- resultatet av statsforvalterens oppfølging av NAV-kontor som har særlige utfordringer i arbeidet med kvalifiseringsprogrammet.

Dei største utfordringene NAV- kontora opplever med arbeid med kvalifiseringsprogrammet

Vi stilte dette spørsmål til alle våre 19 NAV- kontor. Vi fekk svar frå 16 kontor som representerer 22 kommunar.

Ut frå svara ser vi at dei største utfordringane er;

- vanskeleg å finne rett innhald/aktivitet fordi deltakarane har mange forskjellige utfordringar å ta omsyn til
- eigen organisering av arbeidet og egne rutiner som fungerer
- å identifisere retten til KVP, det er få som søker sjølv
- for få ressursar på NAV- kontoret målt opp mot andre prioriterte oppgåver
- saksbehandling og forvaltning av programmet, både i statleg og kommunalt system. Programmet oppleves fortsatt komplekst og byråkratisk
- kompetanse på regelverket og turnover i kontoret

Det vi har gjort for å redusere utfordringane for NAV-kontora

Vi har gjennom året gitt rettleiing på telefon, e-post eller i TEAMS-kanalen vår. Vi opplever at rettleiinga bidreg til avklaring på spørsmåla dei har.

Vi deler problemstillingane og svara i TEAMS-kanalen som er åpen for dei som er medlem i KVP nettverket i NAV-kontora . Dette gjer at alle får del i dei svara vi gir.

Vi har hatt nettverksmøte for dei som arbeider med KVP.

Vi snakkar om KVP i alle naturlege fora og oppfordrar til auka bruk, men vi veit at Møre og Romsdal ligg litt lavt sett opp mot resten av landet.

Vår vurdering er at vi gjennom den aktiviteten vi har, bidreg til auka forståing og løysing av ein del av utfordringane det er peika på over. Samstundes må nokre av utfordringane løysast internt i NAV-kontora.

Vi har ikkje hatt ressursar til særkilt oppfølging av enkeltkontor i 2024 ut over det vi har beskrevet over.

Aktivitetsplikt (fra kapittel 7.3.1.2 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal, på bakgrunn av innsikt og opplærings tiltak, gi en overordnet vurdering av kommunenes bruk av aktivitetsplikt for mottakere av økonomisk stønad under 30 år i fylket. I tillegg skal det beskrives hva slags aktiviteter det stilles vilkår om å delta i.

Statsforvalteren si overordna vurdering av kommunane sin bruk av aktivitetsplikt for mottakarar av økonomisk stønad under 30 år i fylket.

Det vi ser er at vilkår etter § 20 og 20 A er lite brukt i kommunane og kan vere blanda saman med vurdering av inngangsvilkår for å få økonomisk stønad etter § 18. Dette ser vi i klagesaker der det i vedtak blir stilt vilkår utan heimel og konsekvens. Det blir formulert meir som informasjon til brukar om kva NAV forventar. Å stille vilkår etter § 20 A, krev at NAV har relevante aktivitetar å tilby og det krev oppfølging. Det kan derfor tenkast at mange saker blir

innvilga utan å stille vilkår om aktivitet men heller med tilbod om aktivitet. Dette i påvente av til dømes statleg støtte eller løn.

Vi får svært sjeldan klagesaker som omhandlar dette og vi får svært få spørsmål frå NAV-kontora om § 20 A. I 2024 hadde vi ingen. Vi har heller ikkje hatt tilsyn på temaet.

Dette gjer at vi totalt sett ikkje har god oversikt over NAV-kontora sin bruk av aktivitetsplikt.

For å auke kunnskapen i NAV-kontora om aktivitetsplikta har vi hatt dialog om denne på møter med leiarane i NAV. Vi har laga opplæringsfilmar om sosialtenestelova der dette er med og vi har tatt det opp på fagdagar tidlegare år. Vi har fram til no ikkje merka at dette har gitt effekt.

Beskrivelse av kva aktiviteter det stilles vilkår om å delta i av NAV-kontora.

Vi har spurt NAV-kontora om kva type aktivitet dei stiller som vilkår for unge under 30 år. Dei svarer

- vere registrert som arbeidssøklar, vere aktive og sende meldekort
- vere tilgjengeleg for arbeidsgivarar og NAV
- delta på arbeidsretta aktivitet som det blir gitt tilbod om som eksempel digital jobbklubb, statleg eller kommunalt tiltak og norskkurs
- møte til avtale, til samtaler hos NAV og utarbeide CV
- møte opp til andre offentlege avtalar eller oppfølging og gå til legen
- og nytte andre økonomiske rettar

Økonomisk rådgivning (fra kapittel 7.3.1.3 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal gi en overordnet vurdering av hvilke behov kommunen har for kurs og opplæring innenfor økonomisk rådgivning. Statsforvalteren må identifisere hvilke fagfelt i NAV og øvrige tjenester i kommunen som deltar på kursene de gjennomfører.

Bakgrunn for vår vurdering.

Vi kjøper ressursar frå tre NAV-kontor til å løyse noko av oppdraget vårt knytt til økonomisk rådgjeving. Dei er nærare tenesta, har god kompetanse og erfaring og ser kva utfordringar NAV-kontora har. Vi har tett dialog med dei.

Vurdering av behov for kurs og opplæring innafor økonomisk rådgiving.

Vi har saman med dei tre kontaktpersonane gjort ei vurdering av kva behov det er for kurs og opplæring i fylket vårt.

Vi ser at det generelt sett er eit behov for opplæring internt i NAV-kontora, mellom anna på områda dagleg økonomi, budsjett, trekk og enkel kartlegging. Både dei statlege og kommunalt tilsette i NAV har behov for kurs og opplæring innafor økonomisk rådgjeving.

Deltaking på kursa våre.

Vi har arrangert kurs i dagleg økonomi for deltakarar i introduksjonsprogram i samarbeid med Flyktingtenesta.

Tilsette i Flyktingtenesta og Tildelingskontor har tatt kurs og opplæring innafor økonomisk rådgjeving.

Det er gjennomført digitalt grunnkurs for å få ei grunnleggande forståing og kunnskap om emnet. Alle rettleiarar i NAV-kontora har hatt tilbod om dette for å få ei grunnleggande forståing og kunnskap om emnet.

Vidaregåande kurs og ekspertkurs har som mål å gi dei som deltek kompetanse til å gi individuell økonomisk rådgjeving på alle nivå. Desse kursa har vore tilbydt både kommunalt og statleg tilsette i NAV.

På nettverkssamlingar, kurs og fagdagar har vi også invitert tilsette frå Namsmannen, kommunalt tildelingskontor, DPS og medhjelparar ved tvangssal av bustad.

Kompetansehevende tiltak utsatt ungdom (fra kapittel 7.3.1.4 i TB)

Rapportere på

Statsforvalterne skal gjøre rede for kompetansehevende tiltak som de har iverksatt for oppfølging av utsatt ungdom i NAV-kontoret. Det bes også om en vurdering av om statsforvalterens tilrettelegging for erfaringsutveksling om oppfølging av utsatt ungdom i NAV i samarbeid med NAV Fylke, har effekt.

Fleire NAV-kontor har motteke tilskot til utvikling av dei sosiale tenestene i NAV, der målet er å følgje betre opp ungdom som fell utanfor. NAV-kontor med slike prosjekt har gjennom heile året og i ulike fellesforum presentert frå prosjekta til informasjon og inspirasjon til dei andre NAV-kontora.

Barn og unge står på dagsorden gjennom heile året i vår kontakt med NAV-kontora.

Vi har ikkje samarbeidd med NAV Fylke om dette i 2024 grunna av ein krevjande ressursituasjon.

Tilgjengelighet til sosiale tjenester (fra kapittel 7.3.1.5 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal vurdere hvordan NAV-kontorene sørger for tilgjengelighet til sosiale tjenester for brukere som har ulike behov og forutsetninger. I tillegg skal statsforvalteren gjøre rede for hvordan digitalisering gjennom DIGISOS påvirker tilgjengelighet til de sosiale tjenestene.

Korleis NAV-kontoret arbeider for at dei som ikkje bruker digitale løysingar skal ha tilgang til dei sosiale tenestene.

Dei som ikkje er digitale, har språkvanskar eller andre vanskar får hjelp av NAV til å søkje på papir. Fleire kontor viser til at dei har informasjon om korleis innbyggjarane kan søke på kommunen si heimeside og at det er mogleg å skrive ut søknad på papir. Ein del NAV-kontor har postkassar på utsida av kontora som kan brukast heile døgnet.

Dei fleste NAV-kontor har vakttelefon og tilbyr "drop-in" til faste tider. Nokre tilbyr direktetelefon til rettleiar. NAV tilbyr opplæring i bruk av DIGISOS.

Statsforvalteren si vurdering.

Vi har gjennom fleire år hatt stor merksemd på tilgjengelegheit til dei sosiale tenestene i vår kontakt, i tilsyn, samt i dialog og møter med NAV-kontora og kommuneleinga. Vi ser at dette har hatt effekt og at NAV-kontora no har blitt meir tilgjengelege. DIGISOS har også vore med på å auke tilgjenge til dei sosiale tenestene.

Dei største utfordringane for nokre av brukarane no, kan vere å få snakke /ha munnleg dialog om eiga sak, få hjelp til å skaffe dokumentasjon i eigen sak og få informasjon ut til dei som ikkje kan norsk. Ei innføring av sikker løysing for digital dialog vil kunne vere til hjelp for dei brukarane som er digitale og frigjere tid til dei som ikkje er det. Etter vår vurdering er det og behov for å utvide DIGISOS til alle tenestene i sosialtenestelova.

Korleis NAV-kontora oppfatar at DIGISOS påverkar tilgangen til dei sosiale tenestene.

Vi stilte dette spørsmålet til våre 19 NAV-kontor og fekk svar frå 16 kontor, som representerer 22 kommunar:

- Alle svarar at DIGISOS gjer økonomisk stønad meir tilgjengeleg
- Fleire søker digitalt enn på papir
- Nokon opplever at det er vanskeleg med ettersending av dokumentasjon.
- Ofte er søknadane mangelfulle, noko som krev at NAV tar kontakt for å få opplyst saka
- Vanskeleg for dei som ikkje kan norsk

Nav-kontora saknar å kunne ha digital dialog med brukarar som har søkt.

Tilskudd til utvikling av de sosiale tjenestene i NAV- kontoret (fra kapittel 7.3.1.6 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal gi en kort, overordnet vurdering av måloppnåelsen i arbeidet med tilskudd til utvikling av de sosiale tjenestene i NAV-kontoret.

Det er no 9 kommunar i Møre og Romsdal som mottok midlar til utvikling av sosiale tenester i NAV-kontoret.

Vår vurdering er at tilskotet er viktig og bidreg til at NAV-kontora gir større merksemd til dei kommunale oppgåvene. Det motiverer til å identifiserer og utvikle nye arbeidsmetodar, og for å finne gode løysningar som mest sannsynleg også kan overførast til andre NAV-kontor. Tilskot bidreg også til betre kvalitet i tenestene og for brukarane.

Vi ser at dei NAV-kontora som etter ein treårsperiode har avslutta sine prosjekt har endra sine arbeidsmetodar. Dei har og fått ein betre dialog og samhandling med andre tenester i kommunen.

I forbindelse med introduksjonsordning... (fra kapittel 7.3.1.7.1 i TB)

Rapportere på

I forbindelse med introduksjonsordning for nyankomne innvandrere (integreringsloven/introduksjonsloven) skal statsforvalteren rapportere på antall klagesaker, hva klagen gjelder og utfallet av klagen. Statsforvalteren bes om å skille klager etter introduksjonsloven og integreringsloven, samt etter midlertidig kapittel 6A i integreringsloven.

Statsforvalteren i Møre og Romsdal behandla i 2024 ein klage etter introduksjonslova, seks klager etter integreringslova, samt at ei klage etter midlertidig

kapittel 6A i integreringslova er under behandling.

Type klage, lovverk, resultat:

- stans av program, integreringslova- ikkje medhald
- forlenging og varigheit av program- integreringslova- ikkje medhald
- fritak for prøver og opplæring, introduksjonslova- ikkje medhald
- introduksjonsstønad, integreringslova- ikkje medhald
- forlenging og varigheit av program, integreringslova, kap 6A- under behandling
- fritak for prøver/opplæring, integreringslova, ikkje medhald
- forlenging og varigheit av program, integreringslova, ikkje medhald

På området opplæring i norsk... (fra kapittel 7.3.1.7.2 i TB)

Rapportere på

På området opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere (integreringsloven/introduksjonsloven) skal statsforvalteren oppgi antall klagesaker, hva klagen gjelder og utfallet av klagen. Statsforvalteren bes om å skille klager etter introduksjonsloven og integreringsloven, samt etter midlertidig kapittel 6A i integreringsloven.

Statsforvalteren i Møre og Romsdal hadde ingen klagesaker i 2024 på området opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere.

Rapportering på statsborgerseremonier (fra kapittel 7.3.1.7.3 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal rapportere på statsborgerseremonier.

I 2024 ble det avholdt en Statsborgerseremoni i Møre og Romsdal på Scandic Seilet hotell i Molde.

-

Det vart sendt ut 803 invitasjonar, kor 152 nye statsborgarar deltok på seremonien.

Statsforvalteren skal også rapportere på.... (fra kapittel 7.3.1.7.4 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal rapportere på antall deltakere i opplæring norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere (også personer som ikke er omfattet av integreringsloven/introduksjonsloven). I tillegg skal statsforvalteren rapportere på antall årsverk i kommunene som gir opplæring i norsk og samfunnskunnskap iht. integreringsloven/introduksjonsloven.

I Møre og Romsdal var det første halvår 3126 deltakere som fekk opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Totalt brukte kommunane 151,6 årsverk på dette.

I andre halvår var det 2482 deltakere som fekk opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Kommunane brukte totalt 147 årsverk på dette.

Kommunenes oppfølging av krisesenterloven (fra kapittel 7.3.2.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal rapportere på antall gjennomførte tilsyn med kommunenes oppfølging av krisesenterloven, gi en vurdering av tilgjengelighet og kvalitet på tilbudet til kvinner, menn og barn.

I 2024 har vi vært på besøk hos eit av våre tre krisesenter. Vi har planlagt besøk hos dei to andre krisesentera i 2025.

Vår vurdering av tilgjengelegheit og kvalitet på tilbudet for kvinner, menn og barn:

Vi har følgd opp og avslutta tilsynsaktiviteten mot Ålesund kommune knytt til Sunnmøre krisesenter. Tilsynet blei påbegynt i 2023 som gjeld eige lokale for menn. I 2024 har vi vidare hatt eit tilsynsmøte med Ålesund kommune v/Sunnmøre krisesenter og barnevernstenesta etter meldingar om at barn som hadde vore i kontakt med barnevernet budde aleine på krisesenteret. Desse tilsyna har medverka til at krisesenteret er klar over korleis lowerket og at tilbudet blir gitt innfor lova.

Etter vår vurdering er fylket sitt behov dekt med tre krisesenter geografisk fordelt i fylket. Alle kommunar i fylket er tilknytt krisesenter og har informasjon

om krisesentertilbudet på sine heimesider. Ein av kommunane er knytt til eit krisesenter i Trøndelag.

Det er framleis variasjonar i tilgjengelegheit og kvalitet på tilbudet for kvinner, menn og born på dei tre krisesentera i fylket.

Vi er kjent med at Kristiansund kommune planlegg nytt krisesenter men vi veit ikkje når dei planlegg oppstart. Statsforvalteren har ved fleire høve presisert til våre krisesenter at tilbudet til menn og barn også til ei kvar tid skal oppfylle pliktane etter lovverket,

Vi har over fleire år hatt fokus og stimulert samarbeidet knytt til kommunane sitt arbeid med handlingsplanar mot vald i nære relasjonar. Alle kommunar har planar på plass.

Alle kommunar har no på plass handlingsplanar mot vald i nære relasjonar.

Tilsyn med kommunenes oppfølging av krisesenterloven

Totalt antall kommuner i fylket	27
Antall krisesentertilbud i fylket	3
Antall tilsyn med kommuner som har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune 2022	3
Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune) 2022	0
Antall tilsyn med kommuner som har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune 2023	1
Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune) 2023	0
Antall tilsyn med kommuner som har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune 2024	1
Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune) 2024	0

Ekteskapsloven, anerkjennelsesloven og brudvigjingslova (fra kapittel 7.3.2.2 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal i årsrapporten rapportere på saker statsforvalteren håndterer etter ekteskapsloven, anerkjennelsesloven og brudvigjingslova.

Digitale søknadar om separasjon og skilsmisse utgjør 87,5 % av alle innkomne søknadar.

Det ny systemet SAK skil ikkje mellom § 21 og § 22. Det er rapportert samla på § 21 frå og med april.

Ekteskapssaker

Lov	Sakstype	Sum	Innvilgelser	Avslag	Avvisninger	Andel mottatt digitalt
Ekteskapsloven	Separasjon, jf. § 20	492	483	0	9	88 %
Ekteskapsloven	Skilsmisse, jf. § 21	451	449	2	0	87 %
Ekteskapsloven	Skilsmisse, jf. § 22	9	5	4	0	60 %
Ekteskapsloven	Tillatelse til å inngå ekteskap selv om vergen har nektet, jf. § 2	0				
Ekteskapsloven	Samtykke til ekteskap mellom adoptivbarn og tidligere adoptivfamiliemedlem, jf. § 3 andre ledd	0				
Ekteskapsloven	Fritak fra krav om forlovere, jf. § 7j	0				
Ekteskapsloven	Fritak for dokumentasjon av skifte, jf. § 8 siste ledd	2	0	2	0	0 %
Ekteskapsloven	Klage på at prøvingsattest ikke er utstedt, jf. § 10 andre ledd	0				
Ekteskapsloven	Klage på at vigsel er nektet, jf. § 14 tredje ledd	0				
Ekteskapsloven	Godkjenning av ugyldige ekteskap, jf. § 16 andre ledd	0				
Ekteskapsloven	Reise sak om et ekteskap består eller ikke, jf. § 16a	0				
Ekteskapsloven	Anerkjennelse av utenlandske ekteskap, jf. § 18a andre ledd bokstav a	0				
Ekteskapsloven	Anerkjennelse av utenlandske ekteskap, jf. § 18a andre ledd bokstav b	0				
Ekteskapsloven	Anerkjennelse av utenlandske ekteskap, jf. § 18a andre ledd bokstav c	0				
Ekteskapsloven	Reise sak for å oppløse ekteskap som er inngått i strid med § 3 eller § 4, jf. § 24 andre ledd	0				
Anerkjennelsesloven	Anerkjennelse av utenlandske skilsmisser eller separasjoner, jf. § 4 første ledd	62	62	0	0	0 %
Brudvigjingslova	Godkjenning av ugyldige ekteskap, jf. § 11 tredje ledd	0				

Vedtak etter barneloven (fra kapittel 7.3.2.3 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal rapportere på antall fattede vedtak etter barneloven i årsrapporten. Statsforvalteren bes om å spesifisere sakstype etter hjemlene i barneloven.

Statsforvalteren har ikke gjort vedtak etter barnelova i 2024. Dette gjelder alle sakstypar.

Saker etter barneloven

Lov	Sakstype	Antall vedtak
Barneloven	Klage på avslag på krav om opplysninger, jf. § 47 andre ledd	0
Barneloven	Tap av opplysningsrett, jf. § 47 tredje ledd	0
Barneloven	Vedtak om tvangskraft for avtaler, jf. § 55	0

Veiledning og informasjon på familierettens område (fra kapittel 7.3.2.4 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal gi en kort omtale av statsforvalterens arbeid med veiledning og informasjon på familierettens område.

Vi rettleiar på alle spørsmål vi får om dette. Dei fleste spørsmåla gjeld foreldreansvar, reisekostnader og samvær. Det siste året har vi hatt fleire spørsmål om foreldreansvar og val eller bytte av skole. Dei fleste spørsmåla kjem frå foreldre som tar kontakt på telefon. Det vi veit er at konflikhtar i skulen som er bakgrunn for at det tas kontakt i mange av sakene.

Dei spørsmåla vi har svart på, har ført til at dei som spør har fått avklara kva rettar dei har.

Tilsyn med familievernkontorene (fra kapittel 7.3.2.5 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal rapportere på antall tilsyn med familievernkontorene.

Statsforvalteren har ikkje prioritert tilsyn med familievernkontor i 2024. Dette med bakgrunn i ein krevjande ressursituasjon i seksjonen, og med bakgrunn i ei risikovurdering og vår eiga kunnskap om familievernkontora i fylket.

Tilsyn med familievernkontorene

Totalt antall familievernkontor i fylket	Antall gjennomførte tilsyn i 2024	Antall gjennomførte tilsyn i 2023	Antall gjennomførte tilsyn i 2022
3	0	2	2

Akuttberedskap i kommunene (fra kapittel 7.3.2.6 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal redegjøre for statsforvalternes vurdering av kvalitet og risiko i barnevernet i fylket.

Kvalitet og risiko i våre barnevernsinstitusjonar

Vi har hatt ei stabil og god leiing ved våre institusjonar over fleire år og vurderer kvaliteten som god. I 2024 har det vore skifte på 2 institusjonar men førebels berre tilsett på den eine. Vi har eit godt samarbeid og løpande dialog med leiarane.

Som i 2023 er det framleis bekymring for Bufetat si handtering av bistandsplikta. Det gjeld særleg for tilbod til barn og unge med behov for plass i institusjon og fosterheim (akutt, "åtfærd høg", beredskapsheim) Situasjonen har vedvart i heile 2024 og vi har i løpet av året behandla og konkludert med lovbrøt i akutte saker. Trass i pågåande regionale og nasjonale tiltak, er situasjonen fortsatt krevande og kritisk ved inngangen til nytt år.

Som sagt tidlegare i rapporteringa, har vi meir enn ei dobling i tvangsprotokollar, som er urovekkande. Vi oppfatter dette som utslag for markant endring i kompleksiteten rundt det enkelte barnet i kombinasjon med feilplasseringar og at det blir redusert kapasitet for plasseringar i tråd med det institusjonane er godkjent som.

Vi har hatt jamlege dialogmøte med regionleiinga i Bufetat region midt, saman med Statsforvalteren i Trøndelag. Dette skal fortsette i 2025.

Vår vurdering av risiko i barnevernstenestene

Vi gjer risikovurderingar av barnevernstenestene basert på rapporteringa frå kommunane, skjema frå Bufdir på utvalde indikatorar frå kommunane si rapportering og SSB, tilstandsrapportar frå kommunane, resultat frå tilsyn og klagebehandling, samt anna informasjon vi får om tenestene. I 2024 har vi ikkje gjennomført dei ordinære dialogmøta med kommunane som kunne ha gitt oss ytterlegare kunnskap om status og eventuell risiko i tenesta.

Det har vore ei stor utfordring i 2024 at kvaliteten på rapporteringa og statistikken vi har fått frå Bufdir, ikkje har vore korrekt og oppdatert i samsvar med tala frå kommunane. Mange kommunar har gått over til nye fagsystem som har gjort det vanskeleg for dei å halde oversikt og rapportere rett.

Landsomfattande tilsyn med eigenvurdering på undersøkingar i barnevernet er sett i gang. Nær alle kommunar deltek, og framdrifta samsvarer med planen for tilsynet. Kommunane gir positive tilbakemeldingar om metodikken for tilsynet, og Statsforvalteren prioriterer oppfølging av kommunane gjennom desse prosessane også neste år.

Vi har hatt tett dialog med to tenester som har hatt og fortsatt har ein spesielt utfordrande situasjon. Vi har gjennomført eit tilpassa dialogmøte med den eine kommunen.

Vi har gjennomført samlingar med leiinga for barnevernet i kommunane, samt delteke på samlingar med leiarane i samband med kompetansesatsinga, delteke i læringsnettverk og andre tiltak i kompetansesatsinga. Etter vår vurdering har vi generelt god oversikt over situasjonen i dei ulike tenestene.

Vår vurdering av kvaliteten på kommunalt barnevern

Alle kommunar har ein akuttberedskap som er organisert som eit interkommunalt barnevernsvakt-samarbeid. Det gjer at barn og unge og deira familier er sikra oppfølging utanfor normal arbeidstid. Kommunane opplever likevel at de kan stå utan eit akuttilbud på grunn av manglande tilbod om institusjon eller

beredskapsheim frå Bufetat. Tilbodet som blir gitt kan også vere langt vekke frå barnets familie og nettverk.

Vi ser at det er store forskjellar i tilgjengelege hjelpetiltak for barn og familiar i kommunane.

Fleire tenester har utfordringar med å rekruttere og halde på nødvendig fagkompetanse. Det er også vanskeleg i mange tenester å få søkarer med ønska fagkompetanse og erfaring, noko som krev mykje grunnleggande opplæring av nyttilsette. I mange tenester er det stor utskifting av tilsette og tidvis høgt sjukefråvær. Vidare opplyser fleire tenester at dei må bruke private konsulentar for å løyse oppgåvene til barnevernstenesta. Vi er uroa for at tenestene i aukande grad bruker private aktørar for å løyse kjerneoppgåver på barnevernsfeltet, og at tenestene ikkje sjølve er rusta til å utføre oppgåvene sine.

Gravplassloven (fra kapittel 7.3.2.8 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal rapportere på antall saker om askespredning og utfallet i disse sakene. Statsforvalteren i Vestfold og Telemark skal gi en oversikt over antall saker av hver sakstype nevnt i oppdraget og utfallet i disse sakene.

Vi har i 2024 behandla totalt 180 søknader om askespredning.

Vi har gitt tillatelse i 143 og avslag i 23 saker

Lov om helligdager og helligdagsfred (fra kapittel 7.3.2.9 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal rapportere på antall dispensasjonssøknader, avslag og innvilgelser, jf. § 5 i lov om helligdager og helligdagsfred. Statsforvalteren skal rapportere på antall søknader om typisk turiststed, avslag og innvilgelser.

Vi har behandla to dispensasjonssaker og to forskriftssaker i 2024. Alle søknadane blei avslått.

Godt og samordnet tjenestetilbud til utsatte barn og unge og deres familier (fra kapittel 7.3.2.10 i TB)

Rapportere på

Statsforvalter skal gjøre en kort, overordnet vurdering av i hvilken grad kommunene har et godt og samordnet tjenestetilbud til utsatte barn og unge og deres familier, herunder hvorvidt lovbestemmelsene om samarbeid og samordning i velferdslovgivningen er kjent og implementert. Det skal gå frem av vurderingen om kommunene ivaretar ansvaret med å beslutte hvilken instans i kommunen som skal ha koordineringsansvaret. Statsforvalter skal også gi en kort vurdering av kommunenes kompetanse om utsatte barn og unge og kommunenes behov for kompetanseutvikling for å sikre et mer samordnet tjenestetilbud.

Det skal fremgå hvordan embetet vurderer hovedutfordringene når kommunene ses under ett. Statsforvalter skal videre gi en kort omtale og vurdering av embetets innsats på området.

Tenestetilbudet til utsette barn og unge og deira familier variera mellom kommunane. Mange har utvikla eit godt tenestetilbud på førebyggjande nivå, men har mindre tilbod for dei som har meir omfattande behov for hjelp frå fleire instansar i kommunen. Fleire kommunar er i ferd med å utvikle tenestetilbudet for å førebygge til dømes psykiske vanskar hos barn og unge. Når det gjeld om tenestetilbudet er samordna, har vi avgrensa kunnskap om korleis tenestene faktisk blir opplevd i praksis hos brukarane. Vår oppfatning er at kommunane har fått relativt god kjennskap til lovbestemmingane om samarbeid og samordning i velferdslovgivinga, men vi ser at det er svært utfordrande å sikre at både informasjon og kompetanse blir formidla ut i alle tenestenivå. Det kan vere tilsette i administrative eller koordinerande stillingar som har god kjennskap, men dei som møter barn og unge i det daglege, til dømes lærarar og assistentar, kan ha mindre kjennskap til både lovendringar, planar og strukturar internt i kommunen.

Vår overordna vurdering er at kommunane i liten grad har implementert strukturar og rutinar slik at tenestetilbudet faktisk er samordna, og at det vil ta tid å oppnå ei reell praksisendring.

Kommunane sin kompetanse om utsette barn og unge er varierende. Det er svært mange tilsette med god kompetanse innafor dei ulike fagområda, men det varierar i kor stor grad kommunane nyttar kompetansen systematisk og målretta. Det er kontinuerleg behov for å informere kvarandre internt i kommunane om dei ulike instansane sine oppgåver, ansvar, tiltak og tilbod. Det er behov for å auke kunnskap om barns rettar, forvaltningskompetanse, her under reglar om meldeplikt, teieplikt, opplysningsplikt og generelle saksbehandlingsreglar. Det er også kontinuerleg behov for å fylle på kunnskap innafor ulike fagområde, til dømes kunnskap om vald og overgrep, traume, psykisk helse og rus, samtalar med barn, kultursensitivitet og minoritetskompetanse og radikalisering. Auka fagkompetanse vil likevel ikkje være nok i seg sjølv til å sikre at tenestene blir samordna og til at fagpersonar samarbeida. Vi trur det er viktig å styrke sentrale nøkkelpersonar sin kompetanse og kunnskap om implementering og endringsprosessar, slik at samarbeidet og kompetansen blir realisert i praksis.

Vi har dette året hatt nokre aktivitetar, men ikkje omfattande tiltak, for å implementere eller gjere kjent lovbestemmingane om samarbeid og samordning i velferdslovgivinga. Til dømes har vi hatt innlegg på ulike samlingar, enten utført av oss sjølve eller andre innleigde. Vi har elles brukt dei treffpunktta og

arenaene der vi har møtt kommunane, til å minne om lovbestemmingane og sjå dei i samanheng med andre føringar og satsingar i oppvekstfeltet. Vi har også gitt rettleiing og informasjon ved høve, både i enkeltsaker og på systemnivå, til dømes i klage- og tilsynssaker og i planuttalar.

Hovudutfordringa for kommunane for å oppnå samordna tenestetilbod er samansett. Det er fleire faktorar som bidreg til at prosessane ikkje går så raskt som kanskje ønska. Fleire kommunar har ei administrativ tverrsektoriell leiing, og mange har laga ein struktur eller kart over organisering av tenestene og samarbeid. Ansvaret for å gjennomføre og følgje opp at struktur og planar vert sett ut i live, kan trass dette vere fragmentert eller utydeleg. Vi trur ei av hovudutfordringane er at ansvaret må være tydeleg adressert, sjølv om det er eit felles ansvar i fleire sektorar. Ein annan faktor er ressursutfordringar i tenestene. Her er det ulike dimensjonar som til dømes turnover, sjukefråvær, mange og store oppgåver og økonomisk knappheit. Tenestene er svært pressa når det gjeld ressursar og har lite kapasitet utover lovpålagde kjemeoppgåver til utviklings- og endringsarbeid.

Ei stor utfordring for kommunane er dei mest alvorlege og komplekse sakene, kor fleire tenester er involvert. Tiltaksapparatet er ikkje tilstrekkeleg bygd ut i kommunane til å gi eit heilskapleg tilbod tilpassa barna og familiene sine behov. Kommunane rapporterer også om manglande tilbod for fleire av desse familiene innfor spesialisttenestene. I vårt fylke er det til dømes svært lang ventetid hos BUP, og Bufetat har brote bistandsplikta i fleire saker kor barn treng tiltak utanfor familien. Dette fører til at dei aller mest sårbare barna ikkje får god og samordna hjelp til rett tid.

Vår eigen innsats er også prega av avgrensa ressursar til å prioritere utviklingsarbeid og oppfølging av kommunane. Vi ser at det hadde vore nyttig med ei betre oversikt over kommunane sine utfordringar og behov, og status i kvar enkelt kommune. Vi har likevel hatt relativt tett dialog med kommunane på ulike nivå, og vi har arrangert samlingar for oppvekstfeltet saman med blant anna Helse Møre og Romsdal, KORUS og RVTS Midt. Vi har også vore pådrivar og delteke i ulike nettverk innfor fagfelta, og nytta alle moglegheiter i kontakt med kommunane til å informere og støtte dei i oppgåva om å samordne tenestetilbodet.

Vår vurdering er at innsatsen vår har effekt, men vi vil trekke fram at samarbeidet med kompetansesentera og andre aktørar, og ikkje minst kommunane, er heit nødvendig for å lykkast i arbeidet.

Psykisk helse og rus (fra kapittel 7.3.3.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalter skal gi en kort og overordnet vurdering av hvorvidt kommunenes arbeid på psykisk helse- og rusfeltet utvikles i tråd med Opptrappingsplanen for psykisk helse og Forebyggings- og behandlingsreformen på rusfeltet.

Forebyggings- og behandlingsreformen på rusfeltet

Stortingsmeldingas del 1 er førebels ikkje behandla i Stortinget. Stortingsmeldinga har derfor ikkje hatt effekt i 2024.

Evaluering av det første webinaret i ei webinarrekke i samarbeid med TSB i Midt-Noreg viser at kommunane finn tiltaket svært viktig.

Opptrappingsplanen for psykisk helse

Hovudprioritet i 2024 har vore å implementere ny nasjonal rettleiar for psykisk helsearbeid for barn og unge. Rettleiaren er kjent i kommunane og den blir vist til i søknadene som kjem inn for tilskotsordninga Kommunalt rustilskot, og for tilskot til Oppfølging av barn og unge med psykiske helseutfordringar og rusmiddelrelaterte problem som 2. prioritet.

Kurs i Snakke, Jeg Vet og TRT har gjort tilsette i barnehage og skule tryggare i situasjonar der dei har kjent på uro rundt eit barn.

Det er store variasjonar i korleis kommunane nyttar folkehelseoversikta i sine planar til å identifisere faktorar som påverkar psykisk helse. Mange kommunar har tiltak på plass, men ikkje alle tiltaka er basert på hovudutfordringane identifisert i oversiktsdokumenta. Det er behov for meir støtte og rettleiing for å styrke helsefremjande og førebyggjande tiltak, spesielt i møte med økonomiske utfordringar.

Når det gjeld lågterskeltilbod, er det utfordringar knytt til rekruttering og opprettholding, til dømes Rask psykisk helsehjelp (RPH), på grunn av økonomiske og logistiske barrierar. Det er også behov for betre interkommunalt samarbeid og meir engasjement frå helseføretaka for å etablere fleire ACT/FACT-team for personar med langvarige og samansette behov og FACT-ung team.

Fleirtalet av kommunane har ikkje lykkast med å sørge for at personar med psykiske lidningar og personar med rusmiddelproblem har ei god bustadsituasjon. Det er framleis behov for betra koordinering, ressursar og støtte for å oppnå måla i Opptrappingsplanen for psykisk helse og Forebyggings- og behandlingsreformen på rusfeltet.

Rapportering på kompetanse- og rekrutteringssituasjonen (fra kapittel 7.3.3.2 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal gi en samlet vurdering av kompetanse- og rekrutteringssituasjonen innen helse- og omsorgstjenestene i kommunene, herunder hvordan den regionale koordinatorfunksjonen som ble etablert i 2023 har understøttet kompetanse- og tjenesteutviklingen. Samlet vurdering skal videre inkludere allmennlegetjenestene, svangerskapsomsorgen og helsestasjon- og skolehelsetjenesten, samt den fylkeskommunale tannhelsetjenesten. Herunder gi en vurdering av tilgangen på utdanningstilbud i fylket, tilgangen på desentraliserte deltidsutdanninger i helse- og sosialfagutdanninger.

Kompetanse, rekruttering og utdanningstilbud

Kommunane i Møre og Romsdal har utfordringar med å rekruttere nok og riktig fagkompetanse, spesielt sjukepleiarar, vernepleiarar, helsefagarbeidarar, læringar, legar og psykologar. Nokre kommunar manglar lovpålagt kompetanse som psykolog og ergoterapeut.

Samarbeidet mellom kommunane, academia, fylkeskommunen og Statsforvaltaren gir gode moglegheiter til å påverke utdanningane. Høgskulen i Volda planlegg bachelor i sjukepleie i samarbeid med Helse Møre og Romsdal.

Alle kommunane i fylket fekk kompetanse- og tenesteutviklingstilskot i 2024, men det er stor variasjon i kva tiltak dei søkte om. Dei fleste fekk tilskot til vidaregåande opplæring og fagskuleutdanning innan psykisk helsearbeid, rusarbeid og eldreomsorg/demens. 23 av 27 kommunar fekk tilskot på bachelornivå, flest innan sjukepleie. Søknad til desentralisert sjukepleier-utdanning har gått ned, og det er utfordringar med riktig kompetanse i tenesta til personar med utviklingshemming. Alle 27 kommunane fekk tilskot på vidareutdanning/masternivå. Å rekruttere breiddekompetanse er ei utfordring, særleg i dei minste kommunane. Få kommunar søker på habilitering og rehabilitering.

Søknad på leiarutdanningar held seg jamt høgt. Møre og Romsdal er einaste fylket utan Menn i helse, og det blir jobba for å etablere dette.

Regional koordinatorfunksjon

Det er to personar som innehar den regionale koordinatorfunksjonen, noko som gjer det mindre sårbart og meir robust. Bruk av Koordinatorfunksjonen har gjort det mogleg å følgje opp kommunane på ein tettare og betre måte. Bruk av øyremerkte midlar har vore viktig for å sikre ressursar til dette viktige arbeidet. Styrking av kompetansen og utdanning ut frå framtidig behov er eit vesentleg bidrag til berekraftig utvikling.

Allmennlegeteneste

Vi har samarbeid med ALIS midt som held innlegg for LIS1-legar under våre kurs om offentleg helsearbeid. Slik har vi bidratt til å auke kjennskap til kommunens rolle i etterutdanninga og senke terskelen for å starte spesialisering. Gjennom kommuneplanar har vi løfta fram legetenestene og kommunelegefunksjonen i det langsiktige planarbeidet i helsetenestene. Vi ser ei positiv utvikling med tanke på rekruttering. Talet på fastlegelister utan fastlege er halvert frå 2022 til årsskiftet. Det er ei positiv utvikling kva angår spesialisering i samfunnsmedisin, men det har vore varierende i kva grad kommunane er registrert som utdanningsverksemd.

Svangerskapsomsorg, helsestasjon og skolehelseteneste

Vi har ikkje hatt kapasitet til å følgje opp situasjonen rundt svangerskapsomsorga, helsestasjonen og skulehelsetenesta særskilt.

Tannhelseteneste

I det årlege samarbeidsmøtet med fylkestannlegen var kompetanse eit tema. Det er framleis underskot på tannhelsepersonell, men fylket har tilfredsstillande tilgang på tannlegar.

Tilsyn (fra kapittel 7.3.4.1.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal i årsrapporten redegjøre for tilsyn med verger og blant annet beskrive:

- risikovurderinger i forkant av tilsyn
- funn i tilsyn
- oppfølging av verger og tiltak statsforvalteren har iverksatt på bakgrunn av tilsyn

Vi har hatt tilsaman 43 tilsynssaker i 2024, basert på bekymringsmeldingar. Vi har fulgt opp vidare i dei tilfella der vi har hatt mistanke om at verje ikkje utfører oppdraget i tråd med mandatet. I fire av tilsyna er verje fråteke oppdraget. I dei andre tilsyna er det gitt rettleiing etter behov. Dei fleste sakene vart avslutta uten funn.

Vergers kompetanse (fra kapittel 7.3.4.1.2 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal i årsrapporten gi en overordnet vurdering av vergers kompetanse og opplæringsbehov. Risikovurderinger, gjennomførte og planlagte tiltak skal beskrives, samt opplevde og forventede effekter.

Statsforvaltaren opplever at den generelle kompetansen til verjene er aukande. Bakgrunnen for dette er truleg det digitale e-læringskurset som alle nye verjer gjennomfører før dei vert oppnemnde. Tilbakemeldingane på dette er gode og dei digitale kursa bidres til at alle verjene får den same opplæringa/informasjonen.

Vi opplever at mange verjer står i fleire omfattande og komplekse problemstillingar no enn tidlegare, noko som krev utstrekt rettleiing og oppfølging frå oss.

Vi gjennomførte hausten 2024 to samlingar for faste verjer, ei på Nordmøre og ei på Sunnmøre. Vi fekk inntrykk av at verjene stort sett opplevde samlingane som positive, både fagleg og sosialt.

Vi sit att med ei uro for at vi på grunn av manglande ressursar ikkje har kapasitet til naudsynt opplæring, rettleiing og bistand i tilstrekkeleg grad.

Knappe ressursar til opplæring og rettleiing av verjene, gir ein risiko for uheldige situasjonar for personen med verje, verjene og oss. Dette kan resultere i både økonomiske tap, tap av omdømme og eventuelle krav om erstatning.

Årsrapportering rettshjelp (fra kapittel 7.3.4.2.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal rapportere på antall innkomne, innvilgede og avslåtte søknader i 2023, fordelt på henholdsvis fritt rettsråd og fri sakførsel. Statsforvalteren skal i tillegg rapportere på gjennomsnittlig saksbehandlingstid og antall restanser.

Statsforvalteren skal i årsrapporten også redegjøre for sine vurderinger av overordnet status på rettshjelpsfeltet. Rapporten skal inneholde en analyse av effektene av de endrede inntekts- og formuesgrensene som kom i i 2022 og 2023.

Tala for søknader om fri rettshjelp i Møre og Romsdal er stabile. I 2024 har vi motteke 363 søknader til behandling. I tillegg kjem krav om salær frå advokater som har saker for Kontrollkomisjonen og tolkekrav.

Av det samla talet utgjer stykkprisar innvilga av advokater sjølv 254 saker, 22 saker er innvilga stykkpris frå Statsforvaltaren, og 29 saker er utvida bevilling etter rettshjelpsforskrifta § 3-5. Fritt rettsråd utgjer 345 saker og fri sakførsel 18 saker.

Flere privatpersonar søker no om fri rettshjelp sjølve og mange av desse søknadane er lite opplyst og vanskeleg å gje god rettleiing og svar i.

Ordninga med fri rettshjelp omfattar framleis for få av dei som treng advokatbistand i krevjande sivile saker. Auke i bruttoinntektsgrensa har gjort at fleire som har inntekt over minsteytelsen i folketrygda har rett på dekning av advokatutgifter. Endringane i formuegrensa har hatt svært lite å seie.

Rettshjelp

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Fritt rettsråd	Fri sakførsel
Innkomne søknader	363	345	18
Innvilgede søknader	313	305	8
Avslåtte søknader	50	40	10

Rettshjelp 1.2 - Saksbehandlingstid og antall restanser

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall
Gjennomsnittlig saksbehandlingstid	30
Antall restanser	2

Vi ligger jevnt på 30 dager sakshandsamningstid. Resanser fra 2024 er 2 saker som ikkje er handsama på grunn av manglande opplysningar.

Forliksråd (fra kapittel 7.3.4.3.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal i årsrapporten

- gi en overordnet redegjørelse for arbeidet som er utført i forbindelse med oppnevning av medlemmer til forliksråd og tilsyn med forliksråd.
- gi en overordnet vurdering av eventuelle forhold som departementet bør være kjent med i forbindelse med utredningen av forlikradsordningen, jf. Stortingets vedtak nr. 445 (2022-2023).

Vi har på systematisk vis sett til at alle kommunane sendte inn oversikt over val av nytt forliksråd, og etterspurt dette ved behov. Deretter oppnemnte vi dei nye forliksråda. I tillegg har vi etterspurt og sikra at medlemma har signert dommarforsikring.

Samfunnssikkerhet i plan (fra kapittel 7.3.4.4 i TB)

Rapportere på

Samfunnssikkerhet i plan

Statsforvalteren bes rapportere på:

- Hvilke forventninger til samfunnssikkerhet i planer etter plan- og bygningsloven er formidlet til kommunene?
- Hvordan vurderer Statsforvalteren at deres bistand er ivarettatt i kommunenes arbeid med samfunnssikkerhet etter plan- og bygningsloven?
- Hvordan vurderer Statsforvalteren at deres bistand er ivarettatt i integrering av funn fra helhetlig ROS i kommuneplanens samfunnsdel og arealdel?

I våre fråsegner til oppstart viser Statsforvaltaren til DSB sin rettleiar "Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging" og vi tilrår at kommunen stiller kvalitetskrav til ROS-analysen. Vidare gjer vi merksam på «Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing». Vi viser til relevante rettleiarar og forventar at desse nyttast i arbeidet med ROS-analysen. Vi har det siste året vore opptatt av klimatilpassing og tryggleik rundt

verksemdar med farleg stoff/eksplosivar. Vi ser kommunane er blitt flinke til å avklare og følgje opp farar knytt til skred, kvikkleire, flaum, og stormflod. Vidare har vi formidla "Nasjonale forventningar til regioanl og kommunal planlegging 2023-2027" til kommunane. Vi har i 2024 hatt ekstra fokus på å formidle ut oppdatert rettleiar "Havnivåstiging og høge vassstandar" frå DSB.

Vi deltek i regionale planforum der vi tidleg i planprosessen kan støtte kommunane i deira planarbeid. I 2024 måtte vi prioritert slik deltaking noko ned.

Vi deltek i andre relevante møter og rettleiar over både e-post og telefon ved behov. Vi bidreg inn i Statsforvalteren og fylkeskommunen sitt nyheitsbrev om plan som går til alle kommunane i fylket. Mykje av rettleiinga føregår normalt gjennom våre høyringsfråsegner til planar. I år har vi nedprioritert denne typen rettleiing grunna ressursituasjonen i seksjonen.

Vi held ein del innlegg om samfunnstryggleik i plan når dette vert etterspurt, og vi har høve til å stille.

I oppstartsvarsel til kommuneplanen sin samfunnsdel gjer vi merksam på at arbeidet med heilskapleg og systematisk samfunnstryggleiks-arbeid tek utgangspunkt i kommunen sin heilskapleg ROS-analyse. Vi tilrår derfor kommunen å nytte samfunnsdelen til å fastsette langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og oppfølging av kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik (inkludert klimatilpassing). Vi tek òg dette opp i tilsyn med kommunane etter kommunal beredskapsplikt.

Vi vurderer at vi har ein sentral rolle i kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik etter pbl, og i integrering av funn frå heilskapleg ROS-analyse i samfunnsdel og arealdel til kommuneplanen. Vi ser at våre høyringsfråsegn ofte/alltid vert vareteke i planar etter pbl. Det er ei noko større utfordring å sikre integrering av funn frå heilskapleg ROS-analyse særleg inn i kommuneplanen sin samfunnsdel, men òg her ser vi store positive endringar frå førre gong samfunnsplanane var på høyring.

Hensynssoner rundt storulykkevirksomheter (fra kapittel 7.3.4.5 i TB)

Rapportere på

Hensynssoner rundt storulykkevirksomheter

Statsforvalteren bes rapportere på:

- Hva er status for opprettelse av hensynssoner rundt storulykkevirksomheter i kommuneplan (alternativt i reguleringsplan) hos kommunene som har storulykkevirksomheter?
 - Angi gjerne hvilke kommuner som har opprettet hensynssoner i kommuneplanen (eller ivarettatt dette tilstrekkelig på annen måte).
- Hvilke tiltak gjør statsforvalteren overfor kommunene for å oppnå målet om etablering av hensynssoner rundt storulykkevirksomheter, herunder etablering av nye storulykkevirksomheter?

Vi har oversikt over kommunane som har storulykkeverksemdar, og sikrar gjennom plansakshandsaminga at naudsynte omsynssoner vert oppretta/vidareført i aktuelle arealplanar. Dette gjerast gjennom fråsegn til planoppstart og ved høyring av planar. Vi fremjar motsegn til planar dersom det er mangelfull dokumentasjon på tilstrekkeleg tryggleik rundt storulykkeverksemdar. Temaet vert òg diskutert med relevante kommunar, t.d. ved tilsyn.

Vi fører ikkje liste over kva kommunar som har oppretta (ev. ikkje oppretta) omsynssoner kring storulykkeverksemdene i sine eksisterande arealplanar. Vi handsamar plansaker etter kvart som dei kjem inn, og kjem med våre krav/forventningar om bruk av omsynssoner når vi får plansaker som inkluderer storulykkeverksemdar.

FylkesROS og oppfølgingsplan (fra kapittel 7.3.4.6 i TB)

Rapportere på

FylkesROS

Statsforvalteren skal:

- Redegjøre for status på fylkesROS og tilhørende oppfølgingsplan
- Redegjøre for om uønskede hendelser i en sikkerhetspolitisk situasjon og/eller væpnet konflikt er inkludert i fylkesROS.
 - Legges funn og oppfølging av tiltak til grunn for egen beredskap?
 - Legges funn og oppfølging av tiltak til grunn for samordnet beredskapsplanlegging i totalforsvaret regionalt?
- Redegjør for hvordan nye risikoer som følge av overgang til nye energibærere er inkludert i fylkesROS

FylkesROS vart sist oppdatert i 2023 med tre nye scenario. Vi hadde planar om eitt til to nye scenario i 2024, men hadde ikkje kapasitet til å utarbeide desse.

Tryggingsspolitisk krise/krig er eit av scenarioa i FylkesROS. Scenarioanalysen ligg føre i to versjonar, gradert og ugradert. Begge versjonane er bygd opp likt og tek utgangspunkt i eit nasjonalt scenario, utarbeid av DSB. Gradert versjon er utarbeida i tett samarbeid med HV-11 og Politiet, og er tenkt å vere eit dynamisk dokument som kan oppdaterast i takt med mellom anna arbeidet med objektsikring.

Statsforvalteren øvde kommunal kriseleiing på hendingar i øvre krisespekter i 2024.

Nye risikoer som følge av overgang til nye energibærarar er ikkje direkte omtala i FylkesROS, men der relevant vert det skildra/drøfta som eit risiko- og/eller sårbarheitsforhold knytt til det enkelte scenario. Det er elles eit tema som jamleg vert drøfte m.a. i møte med FBR og kommunar. Spesielt elektrifiseringa av samfunnet og kva det betyr for beredskapen/beredskapsplanlegginga.

Kommunal beredskapsplikt - overordnet beredskapsplan (fra kapittel 7.3.4.7 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal redegjøre for om beredskapsplaner for storulykkevirkosomheter er samordnet og integrert med overordnet beredskapsplan.

Når Statsforvalteren er på tilsyn med ein kommune med storulykkevernsemd vert dette drøfta som eit tema i møte med kommunen. Dersom kommunen ikkje har sikra samordning/integrering, eller er usikker på dette, oppmodar vi kommunen til å sikre naudsynt integrering/samordning.

Ut over møte med kommunar gjennom tilsyn har vi ikkje aktivt kartlagt om beredskapsplanar for storulykkeverksemdar er samordna og integrert med overordna beredskapsplan.

Avfallsplan i havn (fra kapittel 7.3.5.1 i TB)

Rapportere på

Rapportere en oversikt over havner som med nytt regelverk (forurensningsforskriften kapittel 20) vil falle utenfor kravet om avfallsplan.

Vi syner til ny melding frå Miljødirektoratet på Statsforvaltermett om revidert krav til rapportering av hamneoversikter.

Vi sende 21.08.2024 brev til alle kommunane om innsending av hamneoversikter. Vi har no fått tilsend oversikt frå 18 av kommunane. 9 har enno ikkje sendt inn oversikt.

Miljøkriminalitet (fra kapittel 7.3.5.2 i TB)

Rapportere på

Rapportering på antall anmeldte lovbrudd.

Det er meldt to saker til politiet i 2024. Ei sak om ulovlig motorferdsel og ei om ulovlig hogst i verneområde.

Det er sendt over 3 saker til Miljødirektoratet der vi har bedt dei vurdere bruk av overtredelsesgebyr. I den eine saka er det vedteke overtredelsesgebyr, den andre er framleis til vurdering og den siste vart sendt tilbake for ny vurdering og anmeldelse av ulovlig hogst.

Det er ikkje meldt saker på forureiningsområdet i år.

Det vil bli rapportert meir detaljert i eige brev til Miljødirektoratet.

Rapportering på antall innsigelsessaker fremmet og løst pr. miljøtema for 2023 (fra kapittel 7.3.5.3 i TB)

Rapportere på

Rapportering på antall innsigelsessaker fremmet og løst per miljøtema for 2023.

Rapportering gjøres i tabell og i samsvar med veiledning på Statsforvaltermett.

I 2024 hadde vi motsegn til 2 kommuneplanar og 31 reguleringsplanar.

Vi løyser dei fleste motsegnene gjennom dialog, men 2024 var eit uvanleg år med 5 meklingsmøte. Desse møta enda opp med at ei sak vart løyst medan 4 vart sendt til KDD for endeleg avgjerd. Dette var reguleringsplanar som hadde vore i prosess over nokre år.

Detaljert oversyn over talet på motsegner på ulike tema blir sendt over til Miljødirektoratet i tråd med det som ligg ute på Statsforvaltermett

Spesifikk omtale av arbeid med fornying og innovasjon (fra kapittel 7.3.6.1.1 i TB)

Rapportere på

Det skal:

- Gis en spesifikk omtale av arbeid med innovasjons- og fornyingsprosjekter i kommunene.
- Redegjøres kort for fordeling av skjønnsmidler til formålet, herunder rapportering i søknads- og rapporteringsportalen Prosjektskjønn, og formidling av resultatene.
- Gis en omtale av resultater av prosjektene.

Statsforvaltaren har arbeidd for færre og større prosjekt innan prosjektskjønn. Vi har samtidig gitt tydeleg retning for søknadar og definert at det er eit vilkår at fleire kommunar går saman om søknaden. Sidan 2019 har Statsforvaltaren samarbeidd tett med fylkeskommunen om å utvikle Berekraftsfylket Møre og Romsdal. Vi har brukt prosjektskjønnsmidlar for å styrke denne satsinga. Vi har framleis fire berekraftkoordinatorar finansiert gjennom prosjektskjønnsmidlar over to år. Koordinatorane er tilsett i kommunane og skal arbeide for vertskommunen og omlandet. Til saman vert heile fylket dekt. I Tingvoll kommune arbeider koordinatoren for Nordmøre. I Volda sit koordinatoren som har same rolle for Søre Sunnmøre. Molde har ditto for Romsdal. Nordre Sunnmøre (Ålesund) tiltrådte i april. Fylkeskommunen og statsforvaltaren samarbeider om å følgje opp koordinatorene. Alle koordinatorene har fått til prosjekt for kommunane i sin region. Det er også ein del samarbeid mellom koordinatorene og sidan dei har ulik kompetanse verkar dei dels for eit større omland på sitt fagfelt. Fylkeskommunen har avslutta satsinga Berekraftfylket, men samarbeidet om tematikken held fram.

Prosjekta som berekraftkoordinatorane arbeider med er dei same som vart identifisert som særleg krevjande for enkeltkommunar å arbeide med i fylkesrapporten om berekraft for Møre og Romsdal. Utfordringane er framleis store for regionen på desse felta. Difor er dette også tema for prosjektskjønnsøknadane for 2024.

- Sirkulærøkonomi
- Smart og berekraftig VA-sektor
- Berekraftig mat og mattryggleik
- Digitalisering av offentleg sektor
- Fattigdom og sosial inkludering
- Berekraftsertifisering av offentlege bygg

Kommunesektoren er framleis i omstilling med utfordringar knytt til økonomi, kostnadsutvikling, rekruttering av relevant fagkompetanse og målsetting om å effektivisere drifta. Samtidig må kommunane rigge seg for meir berekraftige planar og løysingar. Det kom inn 19 søknadar på til saman 18,6 millionar kroner. For 2024 er det tildelt 8,75 millionar kroner på prosjektskjønn.

Det vart gitt midlar til regionale innføringsleiarar i samband med innføring av Helseplattforma.

ROR IKT (Romsdalskommunane) har fått midlar til eit prosjekt knytt til automatisering og robotisering for å effektivisere arbeidsprosessar og utvikling av ein chat-bot.

Interkommunale samarbeid i Møre og Romsdal - rapport om dagens situasjon for å understøtte meir strategisk samarbeid mellom faste konstellasjonar av kommunar.

Kulturskoletilbud til barn på krisesenter. Føremål: bidra til auka livskvalitet for utsette grupper, motverke utanforskap. Prosjektet såg på moglegheiter og barrierar for å få kulturskolen inn i krisesenteret for å skape meir meningsfulle dagar for dei som bur der, samt gi musikkterapi.

Elektronisk lås - alle kommunane i fylket. Vil frigjere tid for helsepersonell som arbeider nær brukaren. Redusert tid på nøkkelhandtering; administrasjon og køyring, auke samhandling nær brukar. Spesielt viktig ved akutte hendingar som krev samhandling. Prosjektet reduserer risiko for nøklar på avvege og kan auke rettssikkerheit for ved at besøk frå ulike aktørar vert logga.

Det var eit stort sprik i søknadar, både tematisk og i kvalitet. Det vart derfor avgjort at neste gong det vert utlyst prosjektskjønnsmidlar, prøver vi å gi meir føringar for tema for søknaden.

Det skal gis rapportering i tabell... (fra kapittel 7.3.6.2.1 i TB)

Rapportere på

Det skal gis rapportering i tabell som viser:

- Antall saker om lovlighetskontroll etter klage som det er truffet vedtak i for året, hvor mange avgjørelser som er opprettholdt og hvor mange som er kjent ulovlige.
- Antall lovlighetskontroller som er foretatt etter initiativ av statsforvalteren, hvor mange avgjørelser som er opprettholdt og hvor mange som er kjent ulovlige.

Vi har i 2024 mottatt 9 saker med krav om lovlegkontroll etter klage.

Vi har gjennomført lovlegkontroll etter klage i totalt 7 saker, der 7 av 7 vedtak er stadfesta som lovleg. Vi har avvist 2 saker med krav om lovlegkontroll etter klage.

Vi har i 2024 mottatt 7 oppmødingar om å ta opp eit vedtak til lovlegkontroll av eige tiltak. Vi har ikkje tatt nokon av desse oppmødingane til følge.

Kommunalrettslig lovlighetskontroll etter klage og eget initiativ

Type lovlighetskontroll	Vedtak opprettholdt	Ulovlig vedtak	Sum
Etter klage	7	0	7
På eget initiativ			0

Vi har i tillegg avvist to saker med oversendte krav om lovlighetskontroller.

Kortfattet omtale av... (fra kapittel 7.3.6.2.2 i TB)

Rapportere på

Statsforvalterne skal gi en kortfattet omtale av hvilke særlige kommunalrettslige tema de veileder kommunene om, og om eventuelle kommunalrettslige saker som har vært ressurskrevende/hatt mye oppmerksomhet hos statsforvalteren.

Vi har i 2024 rettleia kommunane om saksbehandlingsreglane i kommunelova. Det gjeld til dømes spørsmål knytt til sakliste, utsetting av saker, interpellasjonar, lukking av møte med vidare. Vi har også ein del rettleiing knytt til reglane for utreden, fritak, opprykk, nyval, suppleringsval og kravet til kjønnsmessig representasjon.

Vi har i 2024 rettleia og halde innlegg om vilkåra og saksbehandlinga for saker som gjeld krav om lovlegkontroll. Vår rettleiing på dette området gjer at desse sakene blir behandla riktig i kommunen før dei blir sendt over til oss for endeleg avgjerd.

Kortfattet omtale i årsrapporten av bruken av interkommunalt samarbeid i fylket (fra kapittel 7.3.6.2.3 i TB)

Rapportere på

Statsforvalterne skal, på bakgrunn av egne erfaringer etter kontakt med kommunene, gi en kort omtale av omfanget av interkommunalt samarbeid i fylket, i hvilke former kommunene samarbeider, og hvilke tjenester det samarbeides om.

Det skal også gis en kortfattet omtale av utviklingstrekk, muligheter og utfordringer, fordeler og ulemper statsforvalterne ser i det interkommunale samarbeidet i fylke.

Kommunane i Møre og Romsdal har eit utstrakt interkommunalt samarbeid. NIVI analyse gjorde hausten 2023 ei ny kartlegging for å sjå på kva som har skjedd i det interkommunale samarbeidet i Møre og Romsdal gjennom 10 år. (Førige kartlegging i 2013)

Rapporten vart presentert på Nyttårskonferansen for toppleiarar i fylket i januar 2024, og viste ein nedgang i talet på interkommunale samarbeid. Etter fleire kommunesamanslåingar i 2020 var det eit venta resultat, men fortsatt har vi 200 ulike interkommunale samarbeid.

Nokre interkommunale samarbeid er organisert etter vertskommunemodellen. Til dømes Bamevernssamarbeidet på Søre Sunnmøre. Nokon samarbeid som IKS, til dømes renovasjon, mens andre er uformelle. Til dømes; Vestnes kjøper lønn og rekneskapstenester frå Ålesund.

Då Statsforvaltaren lyste ut prosjektskjønnsmidlar i 2024 for året 2025, oppmoda vi alle kommunane til å følge opp utfordringane som NIVI rapporten konkluderte med. Det å få på plass meir strukturerte samarbeid med faste partnere bør være ei klar målsetting for å rigge seg betre for framtida. "Shopping" etter adhoc prinsippet er kortsiktig, og i stramme økonomiske tider gir dette lite forutsigbarheit.

Vi knytta krav om ein vedtatt grunnavtale frå kvart kommunestyre, også kalla "strategi om framtidig interkommunalt samarbeid" for å sikre politisk forankring.

Det er stadig fleire kommunar som tek til orde for at ein må få etablert eit oppgåvefelleskap med nabokommunane der ein kan samarbeid om det meste. Det handlar ikkje lenger om å få arbeidsplassar i sin eigen kommune, men å få tak i rett kompetanse som kan utføre arbeidet. Pandemien lærte oss at vi kan jobbe fra ulike kontorstader, og likevel få gjort det vi skal.

Skal kommunane greie å halde fram som generalistkommunar er utvikling av eit meir strukturert og forutsigbart interkommunalt samarbeid heilt nødvendig. Det manglar noko verkemiddel i lovverket for å få til dette. Til dømes moglegheit til å overføre mynde til ein annan kommune innan oppgåvefelleskap.

Vi opplever å ha god dialog med våre kommunar om korleis Statsforvaltaren kan bidra inn i utviklinga av interkommunalt samarbeid for framtidas kommunar.

Behandling av klager på kommunenes vedtak etter offentliglova (fra kapittel 7.3.6.2.4 i TB)

Rapportere på

Statsforvalterne skal gi en kortfattet omtale av eventuelle klagesaker etter offentleglova som har vært ressurskrevende/hatt mye oppmerksomhet hos statsforvalteren, og inntrykket av totalomfanget av klagesaker etter offentleglova.

Ei sak om at foreldre fekk med seg feil baby heim frå ei fødestove på Sunnmøre på 1960-talet har generert mykje arbeid etter offentleglova i 2023 og 2024. I tillegg har vi ei klagesak frå VG som ikkje er behandla endå, med krav om innsyn i 1500 - 2000 dokument.

Tal klagesaker har vore nokså stabilt.

Sjå punkt 3.3.1.1.1.1 om bemanningssituasjonen, som har gjort at vi har svært lang saksbehandlingstid. Vi arbeider for å komme ajour så fort som mogleg.

Statsforvalterembeter som samordner statlig innsigelser (fra kapittel 7.3.6.3.1 i TB)
Rapportere på

Det skal rapporteres på statsforvalterens arbeid med samordning av statlige innsigelser, herunder i hvilken grad innsigelser blir løst gjennom dialog.

Det vi har hatt av samordning av statlege motsegner har vore så klare saker at vi ikkje har sett grunnlag for anna enn å fremje motsegnene for kommunen.

I eit tilfelle var det ein av dei statlege etatane som reiste motsegn utan å følgje dei fastlagde rutineane.

Detaljane går fram av tabellen.

Samordning av statlige innsigelser

Etat	1. Antall planer der andre statlige etater har <u>oversendt</u> innsigelse til statsforvalteren	2. Antall planer der innsigelsene fra andre statlige etater er <u>løst</u> før de er fremmet for kommunen	3. Antall planer der innsigelsene fra andre statlige etater er <u>avskåret</u> av statsforvalteren	4. Antall planer med innsigelse fra statsforvalteren og andre statlige etater <u>fremmet</u> for kommunen
Antall planer totalt	6	0	0	34
Statsforvalteren	0	0	0	33
Avinor	1	0	0	1
Direktoratet for mineralforvaltning				
Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap				
Fiskeridirektoratet	1	0	0	1
Forsvarsbygg				
BaneNor				
Kystverket	1	0	0	1
Luftfartstilsynet				
Mattilsynet				
NVE	2	0	0	2
Oljedirektoratet				
Politiet				
Riksantikvaren				
Statens vegvesen	2	0	0	2
Statsbygg				

Rapportering i SYSAM (fra kapittel 7.3.6.4.1 i TB)
Rapportere på

Alle statsforvalterne rapporterer byggesaker i SYSAM - rapporteringsløsningen for statsforvalterne.

- Av årsrapporten skal det fremgå totalt antall behandlede byggesaker.
- Av årsrapporten skal det fremgå antall saker der klagen ble gitt medhold, helt eller delvis.
- Av årsrapporten skal det i tillegg fremgå antall saker som ikke ble avgjort innen 12 uker. Det skal vises hvor lang gjennomsnittlig overskridelse var i disse sakene. Overskridelse skal føres i antall dager.
- Av årsrapporten skal det i tillegg fremgå hvor mange saker det ble avtalt lengre frist enn angitt i saksbehandlingsforskriften jf. pbl. § 21-8 andre ledd, hvor mange "særlige tilfeller" klageinstansen selv forlenget fristen i, og hvor mange saker der fristen ble forlenget på grunn av barmarksundersøkelse.

Sjå teksten til punkt 3.3.1.1.1.1.

På grunn av bemanningssituasjonen og det lange etterslepet i saksbehandlinga har vi ikkje sendt ut førebelse svar. Vi har svart på spørsmål frå publikum og kommunar om saksbehandlingstid.

Rapportering om byggesaker etter plan- og bygningsloven

Totalt antall behandlede saker	Antall saker gitt medhold	Antall saker ikke avgjort innen 12 uker	Gjennomsnitt dager ikke avgjort innen 12 uker	Antall saker gitt lengre frist	Antall særlige tilfeller klageinstansen selv forlenget	Antall saker fristen ble forlenget på grunn av barmarksundersøkelse
108	42	99	277	0	0	0

Rapportering av plansaker i SYSAM (fra kapittel 7.3.6.5.1 i TB)
Rapportere på

Alle statsforvalterne rapporterer plansaker i SYSAM-ny rapporteringsløsning for statsforvalterne.

- Av årsrapporten for 2024 skal det fremgå totalt antall behandlede klager på reguleringsplaner og gjennomsnittlig saksbehandlingstid i antall dager. Det skal i tillegg fremgå antall saker der klagen ble gitt medhold, helt eller delvis.

Rapportering om plansaker etter plan- og bygningsloven

Betegnelse på rapporteringskrav	
Antall behandlede klagesaker reguleringsplaner	16
Gjennomsnittlig behandlingstid i dager for klager på reguleringsplaner	220
Antall klagesaker om reguleringsplan som ikke er behandlet innen 12 uker	14
Antall klagesaker om reguleringsplan der klagen er gitt medhold helt eller delvis	3

Samarbeid om prioriterte innsatsområder i 'Alle trenger et trygt hjem (2021 – 2024) (fra kapittel 7.3.6.6.1 i TB)
Rapportere på

Det bes om en vurdering av samarbeidet mellom stat og kommune om de tre prioriterte innsatsområdene i den nasjonale strategien for sosial boligpolitikk, Alle trenger et trygt hjem (2021-2025):

- Ingen skal være bostedsløse
- Barn og unge skal ha gode boforhold
- Personer med nedsatt funksjonsevne skal på lik linje med andre kunne velge hvor og hvordan de bor

Hjelpetekst:

Statsforvalteren bes gi en kort, overordnet vurdering av måloppnåelsen og kort vurdere:

- I hvilken grad den statlige dialogen med kommunene er helhetlig og effektiv.
- Sett i et flerårsperspektiv: går utviklingen i riktig retning?
- I hvilken grad kan utviklingen tilskrives statsforvalterens innsats?
- Hvilke andre aktører har påvirket utviklingen?
- Hva kan statsforvalterne gjøre bedre framover

Vi har ein samarbeidsavtale med Husbanken, og har saman utarbeidd ei handlingsplan for året 2024. Vi har arbeidd med dei ulike innsatsområda igjennom vår saksbehandling og kontaktpunkt med kommunane

Vi gir høyringssvar på alle planar frå kommunane og har stort fokus på mellom anna barn og unge og den sosiale bustadpolitikken i kommunen.

Vi ser at våre kommunar beskriv ein innsats for personar med utviklingshemming og at det er økt eigaretablering for den gruppa.

Delen barnefamilier med startlån aukar og ein del kommunar har fleire trygge og gode utleigebustader.

Vår innsats i samfunnsreforma "Bo trygt hjemme" har bidratt til at det er meir fokus på fleire og tilpassa bustader til eldre ute i kommunane. På våre plansamlingar har vi hatt spesielt fokus på å koble helse og omsorg på planarbeidet i kommunane.

Klagesaker etter lov om kommunenes ansvar på det boligsosiale feltet (fra kapittel 7.3.6.7.1 i TB)
Rapportere på

Statsforvalteren skal rapportere på antall klager, saksbehandlingstid og resultatet av behandlingen av klager etter lov om kommunenes ansvar på det boligsosiale feltet.

Statsforvalteren har fått lite spørsmål om denne lova frå kommunane. Vi har berre hatt ei klagesak, og då var det vi som oppmoda kommunen om å handsame saka som ei klagesak. Vi trur at lova er lite kjent av målgruppa. Vi trur også at kommunene ikkje er heilt sikre på kor tid dei må fatte enkeltvedtak om folk er vanskeligstilte på bustadsmarknaden. Vi må jobbe meir med informasjon og rettleiing i høve dette, til kommunane i året som kjem.

Veiledning og informasjon universell utforming (fra kapittel 7.3.7.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal gi en omtale av statsforvalterens arbeid med veiledning og informasjon på universell utforming.

Rettleiinga føregår i fleire spor: planarbeid (både strategisk og etter plan- og bygningslova) og i samband med CRPD. SFMR ser CRPD og universell utforming i samanheng - blir CRPD etterlevd, vert også UU ivareteken.

Vi har gitt høyringssvar til alle kommunale planstrategiar og samfunnsplaner. Her er CRPD trekt fram som eit forhold kommunane må vurdere i samband med at dei utarbeidar planen. Vi gir kort informasjon om kva det omhandlar og kva det inneber for kommunane. Om lag halvparten av kommunane omtalar etter det CRPD i planen sin.

I oktober 2024 arrangerte Statsforvalteren, saman med fylkeskommunen, ein regional plan- og klimakonferanse med > 130 deltakarar, primært frå kommunane. I tillegg vart arrangementet streama. Her var dei store, uløyste utfordringane tema. CRPD, universell utforming og byutvikling og planarbeidd vart sett i samanheng.

I november 2024 gjennomførte vi webinar om CRPD for kommuneleiinga (politisk og administrativt), med fleirtalet av kommunar representert anten direkte i webinaret eller at opptak er sendt ut i ettertid (sendt på førespurnad frå kommunane). Vi har avdekt at kjennskapen til konvensjonen generelt var lav i kommunane. Dette gjeød særleg i grupper som ikkje arbeider direkte mot "brukarar". Det vart difor prioritert å gi ei innføring i området til administrativ og politisk leiing.

Møre og Romsdal har mange kommunar med låg aldersberekne. Det gjer det ekstra aktuelt å sørge for at innbyggjarane kan leve aktive liv og vere sjølvhjulpne så lenge dei kan.

Fremme likestilling og hindre diskriminering (fra kapittel 7.3.7.2 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal jobbe aktivt, målrettet og planmessig for å fremme likestilling og hindre diskriminering i sin rolle som arbeidsgiver og som offentlig myndighet, og redegjøre for arbeidet.

Del 1 - Faktisk tilstand for kjønnslikestilling

Tala som viser den faktiske tilstanden for kjønnslikestilling kjem fram i vår nøkkeltalsrapporteringa.

Alle som jobber deltid gjer det etter eige ønske og behov.

Del 2 - Korleis vi arbeider med likestilling og diskriminering

SFMR arbeider aktivt med å fremme likestilling og hindre diskriminering. Dette vert synleggjort gjennom vår lokale lønnspolitikk, rekruttering og personaloppfølging, samt at tillitsvalte og arbeidsgiver har arbeidd saman om dette i 2024.

I 2024 har vi hatt fokus på oppdraget til Statsforvalteren som offentlig myndighet, om å vere ein pådrivar for at kommunane skal arbeide aktivt for å fremme likestilling gjennom å bidra til å gjere aktivitets- og redegjeringsplikta og arbeidsmetoden som følger av Likestilling- og diskrimineringslova kjent. Vi har hatt møte med KUN for å vurdere samarbeid om oppdraget mot kommunane.

SFMR vil ha aktivitets- og redegjeringsplikta som eit tema i møte som embetsleiinga har med den einskilde kommune der ein ser på den heilskaplege statusen på alle tenestene til kommunen med bakgrunn i kommunebiletet. I løpet av ein fireårsperiode vil det vere gjennomført møte med alle dei 26 kommunane i MR.

Rapportering saksbehandlingstid i skulemiljøsaker (fra kapittel 7.3.8.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal rapportere på saksbehandlingstiden i håndhevingssakene per 31.12.

Saker etter opplæringslova § 9 A-6 andre ledd første punktum:

Brot på aktivitetsplikta:

- Saker der eleven framleis går på den skulen som skulemiljøsaka gjeld: Medianverdi: 26 dagar. Gjennomsnittstid: 30 dagar.
- Saker der eleven har slutta på den skulen som skulemiljøsaka gjeld: Medianverdi: 49 dagar. Gjennomsnittstid: 49 dagar.

Ikkje brot på aktivitetsplikta:

- Saker der eleven framleis går på den skulen som skulemiljøsaka gjeld: Medianverdi: 35 dagar. Gjennomsnittstid: 35 dagar
- Saker der eleven har slutta på den skulen som skulemiljøsaka gjeld: Ingen saker

(Alle vedtak fatta etter § 9 A-6 andre ledd første punktum i 2024:

Medianverdi: 28 dagar. Gjennomsnittstid: 32 dagar)

Rapportering av tilsyn etter barnehageloven og opplæringsloven (fra kapittel 7.3.8.2 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal rapportere på gjennomførte tilsyn der dere minimum har skrevet foreløpig rapport

Sjå tabellen

Funn fra foreløpig rapport i tilsyn etter barnehageloven og opplæringsloven

Tema	Deltema	Kommune	Kommunestørrelse: S:20000+ M:5000-20000 L:-5000	Barnehage- eller skolenavn	Type tilsyn	Antall kontrollspørsmål per tilsyn	Kontrollspørsmål som er avdekket brudd på i foreløpig rapport	Kommentar
Ansvar for gjennomføring av eksamen	Annet	Møre og Romsdal fylkeskommune	S		Kun skriftlig dokumentasjon	3	Sikrer fylkeskommunen at skolen, i rett tid, melder til eksamen alle elever som tar del i opplæringen i de fagene som blir avsluttet med eksamen?	
Ansvar for gjennomføring av eksamen	Annet	Møre og Romsdal fylkeskommune	S		Kun skriftlig dokumentasjon	3	Sikrer fylkeskommunen at kandidatene får tilgang til nødvendige hjelpemidler?	
Ansvar for gjennomføring av eksamen	Annet	Møre og Romsdal fylkeskommune	S		Kun skriftlig dokumentasjon	3	Sikrer fylkeskommunen at kandidatene får nødvendige tilpasninger under gjennomføringen av eksamen på eksamensdagen?	
Barnehagemyndighetens veiledning og tilsyn	Barnehagemyndighetens veiledning og tilsyn - risikovurdering	Tingvoll	L		Tilsynsbesøk	6	Har barnehagemyndigheten tilstrekkelig kunnskap om hvordan alle barnehageeierne oppfyller sine plikter etter barnehageloven?	2 deltema i samme tilsyn risikovurderer og veiledning
Barnehagemyndighetens veiledning og tilsyn	Barnehagemyndighetens veiledning og tilsyn - risikovurdering	Tingvoll	L		Tilsynsbesøk	6	Bruker barnehagemyndigheten denne kunnskapen til å gjøre risikovurderinger for å vurdere behov for veiledning og tilsyn?	2 deltema i samme tilsyn risikovurderer og veiledning
Barnehagemyndighetens veiledning og tilsyn	Barnehagemyndighetens veiledning og tilsyn - risikovurdering	Tingvoll	L		Tilsynsbesøk	6	Er barnehagemyndighetens risikovurderinger basert på oppdatert og gjeldende forståelse av barnehageloven?	2 deltema i samme tilsyn risikovurderer og veiledning
Barnehagemyndighetens veiledning og tilsyn	Barnehagemyndighetens veiledning og tilsyn - veiledning	Tingvoll	L		Tilsynsbesøk	6	Gjennomfører barnehagemyndigheten veiledning og tilsyn i tråd med sine risikovurderinger?	2 deltema i samme tilsyn risikovurderer og veiledning
Barnehagemyndighetens veiledning og tilsyn	Barnehagemyndighetens veiledning og tilsyn - veiledning	Tingvoll	L		Tilsynsbesøk	6	Er barnehagemyndighetens veiledning basert på oppdatert og gjeldende forståelse av barnehageloven?	2 deltema i samme tilsyn risikovurderer og veiledning
Skolemiljø og internkontroll	Skolemiljø og internkontroll - plikten til å varsle	Vanylven	L	Myklebust skule	Tilsynsbesøk	2	Sikrer kommunen at varslingsplikten blir oppfylt ved mistanke om eller kjennskap til at en elev ikke har et trygt og godt skolemiljø?	2 deltema i samme tilsyn "melde fra" o "undersøke"
Av positive trendar i området kan det spesielt nemnast tilflytting, oppstart av ny jordbruksdrift og investering eksisterande jordbruksdrift.

Som nemnt blir generell attgroing blir akta som den største trusselen mot kulturlandskapet i området. Attgroinga har mange og samansette årsaker, t.d. sesongdrift, mindre setring, mindre hogst til vedfyring og klimaendringar m.v. Der er fleire hytteområde og turstiar (DNT). Bruken av desse har potensielle motstridande interesser med jordbruket - spesielt i beitesesongen.

Det er innvilga tilskot til fleire næringsutviklingstiltak innan jordbruksdrift. Nokre gardar driv med gardsutsal, overnatting og utleige av lokale. Det er ei aktiv seter i området, som også er kurs- og besøksseter, og her det investert over fleire år.

Området har ikkje ein gjeldande forvaltningsplan p.t. I 2023 blei det laga eit utkast av Miljøfagleg utredning (MFU), som har vore på høyring i arbeidsgruppa. Planen var vedtak hausten 2024, men grunna noko ekstra arbeid med planen og frávær hos fast saksbehandlar i kommunen er dette utsett til første halvår 2025 - når fast saksbehandlar er tilbake på nyåret. I mellomtida har ein årlege lokale retningslinjer, som legg grunnlag for forvaltning av ordninga.

Samarbeidet mellom ulike aktørar fungerer godt for området. Fast saksbehandlar i kommunen har særleg god kontakt med grunneigarar og andre aktørar i jordbruket, i tillegg til statsforvaltar og regional forvaltning. Andre halvår i 2024 har det vore vikar for fast saksbehandlar.

Alnes

For UKL Alnes har det blitt innvilga totalt 486 650 kroner. Av dette er det kun innvilga til investeringstiltak. Det er innvilga mest innanfor til miljøtemaa; kulturminne og kulturmiljø (93 %) og formidling (7 %).

I all hovudsak bidreg tiltaka til å ta vare på verdiane i området. Dette gjeld spesielt ivaretaking av kulturminne og kulturmiljø i den eldste delen av busetnaden.

Natur- og kulturmiljøverdiane blir vurdert som stabile til styrka. Det er og blir gjort mange gode tiltak knytt til restaurering og istandsetting av gamle bygningar. Jordbruksdrifta i området er fortsatt sårbar, og etter vår vitande er det fortsatt kun ein drivar. I naturbeitemarka Alneslia er beitetrykket generelt for lågt, og her vil verdiane etter alt sannsyn bli svekka om det ikkje setjast inn tiltak.

Det er positivt at det er stor vilje til å gjennomføre fellestiltak i bygda som kjem mange til gode. Eit døme er den gamle fjellvegen på Alnes, som vart restaurert og utbetra.

Som nemnt er jordbruksdrifta i området sårbar. Innmark blir i all hovudsak skjøtta ved utleige til aktive brukarar utanfor bygda. Den største utfordringa er fortsatt den store tilstrøyminga av turistar. Det er få moglegheiter for parkering og dette fører til at folk parkerer på område som ikkje bør parkerast på, som til dømes dyrka mark.

Det er ingen konkrete tilbakemeldingar på at ordninga blir nytta i næringsutvikling basert på natur- og kulturmiljøverdier og jordbruksdrift.

Alnes har forvaltningsplan frå 2020. Kommunen har plan om å revidere denne i første halvdel av januar 2025.

Det har vore mykje frávær hos fast saksbehandlar i kommunen det siste året, men ny ressurs kom på plass midt i 2024. Denne har kome godt inn i arbeidet med ordninga og har god dialog med regional forvaltning. På lokalt nivå har det vore litt ulike interesser blant folket på Alnes mtp. kva tiltak som bør prioriterast, men kommunen reknar med at dette skal løyse seg etter møte og dialog om ny handlingsplan og prioriteringsplan i 2025.

Hjørundfjorden og Norangsdalen

For UKL området har det blitt innvilga totalt 921 392 kroner. Av dette er 56 % gitt til årlege driftstiltak og 44 % investeringstiltak. Det er innvilga mest innanfor miljøtemaa landskapsskjøtsel (66 %) og kulturminne/ kulturmiljø (22 %).

Kommunen melder at ordninga er blitt ein aktiv bidragsytar for å oppretthalde dagens jordbruksdrift gjennom areal og beitedyrtilskot. I tillegg bidreg den til fokus og tiltak på kulturarv og naturmangfald. UKL ordninga blir sett på som positivt for området, men tilbakemeldinga er at ein er avhengige av å ha aktive søkjarar til dei ulike tiltaka – og det avhenger mellom anna på kapasitet, kompetanse og andre ressursar. Sidan det minkar på aktive bruk i området, og stadig fleire legg ned jordbruksproduksjonen, kan det bli ei stor utfordring å halde ved like ulike verdier på sikt. Målet er å halde flest mogleg i drift lengst mogleg.

Av positive trender i området kan nemnast at nye generasjonar har overtatt fleire bruk i bygdene Trandal, Bjørke, Leira og Viddal. Det meldast om spennande tiltak under opparbeiding.

Nedgang i talet på aktive bruk og beitedyr blir sett på som den største trusselen. Dette har også potensielle, negative konsekvensar for landskap, biologisk mangfald, kulturminne og kulturmiljø. Det er ei stor utfordring med rekruttering av nye aktive brukarar i området.

Ordningane blir brukt til ulik næringsutvikling basert på kulturlandskapsverdiane og kommunen har fått gode tilbakemeldingar på det.

Området sin forvaltingsplan frå 2020 som blei oppdatert i 2022. Kommunen melder om at forvaltningsplanen fungerer greitt.

Kommunen har god dialog med grunneigarar, drivarar og andre aktuelle søkjarar. I 2024 gjennomførte kommunen fleire lokale UKL - møte i området, som dei har fått svært god tilbakemelding på. Det er elles god dialog mellom kommunen, Statsforvaltar og regional forvaltning.

Eikesdalen

For UKL området har det blitt innvilga totalt 500 000 kroner. Av dette er det innvilga mest til investeringstiltak (93 %) og innanfor miljøtemaa kulturminne og kulturmiljø (65 %) og landskapsskjøtsel (16 %).

Området fekk status i 2022 og vi har enda ikkje sett full effekt av ordninga. I fjor blei det i all hovudsak innvilga tilskot til utarbeiding av skjøtelsplanar og tilstandsrapportar for bygningar. På sikt vil desse bidra til å ta vare på mange av verdiane i området. Slik sett blir det vurdert at ordninga heilt klart bidreg til å ta vare på naturmangfald, kulturarv og jordbruksdrift allereie.

Kulturlandskapsverdiane blir sett på som styrka gjennom at blir utarbeida skjøtelsplanar for naturverdier og tilstandsrapportar for bygningar. Nokre tiltak er også igangsett og gjennomført. Mellom anna blei det gjennomført eit kurs i skjøtsel av hassel og alm i sommar, som bidreg til kunnskap og interesse for å ta vare på haustingskogsbruket.

Det er stor interesse og iver for ordninga etter oppstart. Mange som ønskjer å gjennomføre tiltak.

Det er ikkje peika på nokon spesifikke truslar eller utfordringar mot natur og kulturmiljøverdier eller jordbruksdrift per i dag.

Det er fleire planer om næringsutvikling basert på natur- og kulturmiljøverdier og jordbruksdrift. Her kan det spesielt nemnast skjøtelsplanar og vidareføring av tradisjonar knytt til haustingskogbruket.

Området har vedtatt forvaltningsplan som gjeld frå 2024, så den er heilt ny. Tilbakemeldinga frå kommunen er at den fungerer bra.

Kommunen har gjennomført fleire lokale møter med grunneigarar og andre aktuelle søkjarar i 2024. som dei har fått svært god tilbakemelding på. Det er elles god dialog mellom kommunen, Statsforvaltar og regional forvaltning.

Vestnorsk fjordlandskap delområde Geirangerfjorden

I verdsarvområdet (VA) er det innvilga i underkant av 4,4 millionar kroner. Av dette er har 53 % er gått til investeringstiltak og 47 % til årleg skjøtsel og drift. I verdsarvområdet er største miljøtemaa landskapsskjøtsel (55 %), kulturminne og kulturmiljø (21 %) og andre næringsretta tiltak (11 %).

Ingen tvil om at alle naturverdier, kulturmiljøverdier og jordbruksdrifta i verdiane er styrka gjennom bruken av VA-midlar. Dette gir både kommunane og søkjarane uttrykk for.

Samtidig er det stor usikkerheit knytt til jordbruksdrifta i Geiranger. Det er få aktive driftssenter med dyrehald att innanfor verdsarvområdet, og perspektivet på vidare drift er usikkert. Ein drivar forpaktar garden han driv, og er den einaste med buskap av betydning i bygda. Denne søkjaren har utført svært mange tiltak som har hatt store effektar på kulturlandskapet i Geiranger, t.d. gjerding, drenering, rydding. Kva som skjer når denne søkjaren gir seg er svært uføreseieleg.

Å ta opp att drifta på bruk som er nedlagde blir vurdert som krevjande, nesten uansett vilkår, da moglegheitene for inntekter frå andre næringar (m.a. reiseliv) er for gode til at jordbruket er konkurransedyktig. Resultatet er at mykje av areala i Geiranger vert drivne av bønder i nabobygda som har driftssenter utanfor området. Dette medfører svært mykje transport som er lite heldig av miljøomsyn. På den andre sida er ein avhengig av at areala vert drivne, og ein er difor prisgitt at dei som driv i dag held fram.

Mange tiltak som vert tildelt midlar (rydding, slått av marginale areal) hadde vore meir effektfulle dersom det same arbeidet hadde blitt utført med auka småfehald. I tillegg hadde det gitt positive effektar m.o.t. kulturlandskap, opplevingsverdi og miljøeffekt.

Det er positivt at ein del yngre folk nyttar ordningane for å ta att/ta vare på kulturminne og landskapskjøtsel i område der ein for nokre år tilbake ikkje rekna med at ein fekk sett i gang tiltak men at forfallet ville halde fram. På Herdalssetra er det skapt ny optimisme ved at ein har fått sett av pengar til fornying av driftsapparatet

Ordninga blir brukt til næringsutvikling basert på natur- og kulturmiljøverdier og jordbruksdrift. Det beste dømet er truleg Herdalssetra, men der er også andre satsingar der utbetring av stiar/råser og restaurering av bygg som gir potensiale for næringsutvikling, mest reiselivsbaserte.

I 2022 vart det utarbeida og vedtatt ein ny, felles tiltaksplan for kulturlandskapa for dei to delområda i Vestnorsk fjordlandskap Geirangerfjorden og Nærøyfjorden. Tilbakemeldinga er at den fungerer på ein hensiktsmessig måte for å få prioritert dei viktigaste tiltaka.

Samarbeidet mellom aktørane på lokalt og regionalt nivå fungerer godt. Vi har også god dialog og samarbeid med Vestnorsk fjordlandskap - delområdet Nærøyfjorden i Vestland- som vi ser på som veldig positivt.

Generelt

Alle dei fire UKL-områda har hatt god aktivitet i 2024, og kommunane melder om stor interesse for ordninga. Samla er det innvilga i underkant av 2,9 mill. kroner. Av dette er det innvilga 60 % til eingongstiltak/investeringstiltak og 40 % til årleg kjøtsel og drift. Største miljøtema er; landskapskjøtsel (41 %) og kulturminne og kulturmiljø (39 %). Prosentandelen for miljøtema biologisk mangfold har gått opp frå 8 % til 18 %, men fortsatt er det ein del tiltak som kun blir registrert under miljøtema landskapskjøtsel.

Vi vurderer at tiltak i alle områda bidreg til å ta vare på naturmangfald, kulturarv og jordbruksdrift på ein god måte. Utfordringane varierer noko mellom områda, men den største trusselen mot verdiane i er reduksjon i tal beitedyr og generell gjengroing.

Ordninga krev mykje arbeid frå kommunane. Vår vurdering er at det er høg motivasjon blant kommunane for å jobbe med UKL og Verdsarv, men at det i mange tilfelle må prioriterast ned i konkurranse med andre lovpålagte oppgåver.

Både kommunane og grunneigarane er frustrerte over den reduserte tildelinga dei siste åra. Dette fører til mindre føreseielegheit og redusert motivasjon. Her er det likevel meir å hente på betre samordning av tilskot frå ulike ordningar og sektorar.

Utalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyan, Vestnorsk fjordlandskap og Røros bergstad og Circumferensen

Betegnelse på rapporteringskrav	Beskrivelse
Bidrar tiltak støttet av tilskuddsordningen til å ivareta naturmangfold, kulturarv og jordbruksdrift på en tilfredsstillende måte?	Ja, vurderinga er at tiltak støtta av ordninga er ein viktig faktor for å ta vare på verdiane i områder. Kva for tiltak som blir innvilga støtte varierer frå område til område, ut frå områdets behov og dei søknadene som kjem inn. Områda er avhengige av engasjerte og driftig grunneigarar/brukarar, som har tid, ressursar og kompetanse for å få gjennomført mange tiltak – spesielt om dei går utover den vanlege drifta. Ein kan til ein viss grad styre kva for tiltak som blir gjennomført gjennom forvaltningsplan og årlege retningslinjer, men områda fortsatt avhengig av kva grunneigarar/driverar har ønsker og har kapasitet til å gjennomføre.
Er natur- og kulturmiljøverdiene i områdene styrket eller svekket?	Verdiane vurderast samla som oppretthaldt til styrka. Styrking gjeld spesielt kulturminne og kulturmiljø. Kjøtsel av einskilde naturtypar er i dei fleste tilfella oppretthaldt til styrka. Mellom anna er Eikesdalen godt i gang med kjøtselsplanar som vil bidra til å ta vare på verdiar og tradisjonar knytt til haustingsskogbruket. I gjennom å gi tilskot til kjøtsel av areal, beitedyrtilskot og investeringstilskot til rydding og gjerdering, bidreg ein til å hindre/bremse attgroinga. Likevel registrerast det ei viss attgroing mange stader. Dett vil nok på sikt kunne svekke fleire verdiar knytt til både landskap, biologisk mangfald, kulturminne og kulturmiljø.
Er det positive trender i områdene?	Ja, det meldes om fleire positive trender. Det er stor interesse for og engasjement rundt ordninga, og stor pågang av søknader. Dette antyder at interesse for å ta vare på kulturlandskapet og verdiane er stor. Spesielt positivt er tilflytting til områder/gardsbruk og investering i driftsapparatet i enkelte områder.
Er det noen spesielle trusler eller utfordringer mot natur- og kulturmiljøverdier eller jordbruksdrift i områdene?	Utfordringane varierer noko mellom områda, men den største trusselen mot verdiane i områda er, som elles i fylket, nedgang i talet på bruk og beitedyr. Kommunane melder om at mange som gjerne vil gjennomføre tiltak, men at tid og kapasitet ikkje alltid er til stede. Mangel på tid og ressursar er også ei utfordring i kommunane. Ordninga har ei krevjande saksbehandling, med separat saksbehandling i tre rundar (vedtak, utbetaling og etterrapportering) og ein stor variasjon i type tiltak. Vi registrerer at ordninga er sårbar i kommunar med ein eller få landbrukstilsette. Til tross for dette erfarer vi at saksbehandlerane er engasjerte i UKL, motiverte til å få til gode resultat og har eit godt oversyn over status og tiltak i områda.
Blir ordningen brukt i næringsutvikling basert på natur- og kulturmiljøverdier og jordbruksdrift?	Ja- her er det fleire prosjekter. I alle hovudsak ligg fokuset på å styrke og vidareutvikle dei verksemdar som finst frå før, så innan det tradisjonelle jordbruket. Det er større interesse for tilleggsnæringer i nokon område enn andre, t.d. Sunndal og Hjørundfjorden – Norangsdalen og Geiranger.
Finnes det en overordnet forvaltningsplan for området (ja/nei)?	Tre av fire UKL- områder har gjeldande forvaltningsplan. Alnes (frå 2020), Hjørundfjorden og Norangsdalen (frå 2020, med ein mindre revisjon i 2022), Eikedalen (ny plan i 2023). Fjellgardan i Sunndal har fått laga eit utkast i 2023 og planen er at plana skal bli vedtatt fyrste halvår i 2025.. I Verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap har dei to delområda felles plan tiltaksplan (frå 2022).
Fungerer de overordnede forvaltningsplanene/områdeplanene på en hensiktsmessig måte for å prioritere de viktigste tiltakene knyttet til alle deltema omfattet av formålet med ordningen?	Ja, tilbakemeldingane frå kommunane er at desse fungerer på ein hensiktsmessig måte for å få prioritert dei viktigaste tiltaka. Alle områda, med unntak av UKL Alnes, opererer i tillegg med årlege retningslinjer.
Fungerer samarbeidet mellom de ulike aktørene på lokalt og regionalt nivå på en tilfredsstillende måte?	Ja, dette fungerer på ein tilfredsstillende måte. Det er også tilbakemeldinga frå kommunane. I 2024 hadde vi «Regionalt forum for UKL- områder og verdsarvområdet» tre gonger (mars, juni og oktober). Forumet skal styrke dialogen og stimulere til auka samarbeid mellom områda, forvaltningsnivå og ulike fagmiljø. Utover dette har vi jamnleg kontakt med kommunane etter høve og tilbyr fagleg støtte til dei kommunane som ønskjer det. Vi kontinuerleg med å betre samordninga av verkemiddel frå ulike ordningar og sektorar.

3.4 Redegjørelse for, analyse og vurdering av ressursbruk

Ressursfordelingen på kapittel 0525.01/3525.02 i embetet er fortsatt forholdsvis stabil hvis vi sammenligner 2023 og 2024.

Embetet har i 2024 gjort tiltak for å nærme oss den opprinnelege tildelinga i budsjettfordelingsmodellen. Mellom anna er det gjort tiltak på området til Helse- og omsorgsdepartementet for å redusere ressursbruken, og overføre til dei områda som har fått for lite. Det får imidlertid den konsekvensen at vi blir enda lengre unna måloppnåing på HOD sine områder. Dette i ei tid kor saksmengden aukar. Det er svært uheldig, og vi har varsla HOD om dette gjennom dei årlege risikovurderingane.

Pr 2. tertial ga vi tilbakemelding om at vi forventar å gå i balanse ved årets slutt. Dersom det høge sjukefråveret ville fortsatte i 3. tertial, vil det resultere i eit mindreforbruk. Ved årets slutt viser resultatet eit mindreforbruk på kr 6 470 000 inkludert supplerende tildeling til lønnsoppgjøret 2024. Mindreforbruket

uten lønnsoppgjøret, utgjør
kr 3 945 000.

Mindreforbruket består av:

Avsatte midler til arkivrydding 800 000,-. Ifølge Forvaltningssenteret skulle jobben gjennomføres og faktureres i 2024, men dette blir ikke sluttført før i 2025, og utgiften kjem først da. Vi har hatt ei auke i sykepengerefusjon fra 2023 til 2024 på ca 1,4 mill.kroner. Vi har i enkelte tilfeller hatt utfordringer med å rekruttere etterspurt kompetanse. Noko som har ført til at vi har fått større vakansar i stillingar enn ønskeleg. Gjennom året har vi fått fleire belastningsfullmakter kor vi har bokført lønn. Dette er forklaringa på auka administrativ kostnadsdekning.

Ressursrapportering

Departement	Driftskapittel 2024	Driftskapittel 2023	Fagdep. 2024	Fagdep. 2023
Arbeids- og inkluderingsdepartementet	2 800	2 113	1 881	1 795
Barne- og familiedepartementet	5 115	3 759	1 099	1 317
Helse- og omsorgsdepartementet	17 927	21 018	6 645	6 086
Justis- og beredskapsdepartementet	15 848	6 295	2 197	11 205
Klima- og miljødepartementet	12 176	15 385	9 115	8 291
Kommunal- og distriktsdepartementet	12 298	32 302	150	117
Kunnskapsdepartementet	7 259	9 384	6 699	5 364
Landbruks- og matdepartementet	14 096	14 521	188	314
Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet	22 194	0	0	0
Andre	328	323	376	219
Sum	110 041	105 100	28 350	34 708

JD: Midlar til verjemål er flytta frå fagkapittel over til DFD frå 1.1.24. Drift av statsforvaltarene er flytta frå KDD til DFD frå 1.1.24

3.5 Samlet vurdering av måloppnåelse i forhold til samfunnsoppdraget og regnskapsresultat

Samla sett meiner vi at Statsforvalteren i Møre og Romsdal leverer gode tjenester til våre oppdragsgivere og innbyggere innenfor de økonomiske rammene vi har til rådighet.

Regnskapet per 31.12.2024 viser at embetet endte opp med et mindreforbruk på totalt kroner 6 469 millioner. Dette inkluderer kompensasjon for lønnsoppgjøret for 2024, kr. 2 525 000, som vert utbetalt i mars 2025. Dette er ikkje tatt med i beregningen av budsjettavviket i prosent (3,5%)

Vi viser også til statsforvalteren si eiga beretning i kap. 1. For embetet sitt regnskapsresultat for alle kapitler og poster viser vi til årsregnskapet i kapittel 6.

3.6 Andre forhold

Verksemdsområde Sosial berekraft

I 2024 innførte det lokale helseforetaket og fem kommuner det nye journalsystemet Helseplattformen. Denne oppfølginga har vore ressurskrevjande. Vår risikovurdering låg til grunn for oppfølginga, då omfanget av endringstiltaket medførte auka risiko for pasientsikkerheita. Det var difor viktig å følgje med på effekten av dei avbøtande tiltaka som helseforetaket sette i verk. Denne omfattande endringa vart dei første månadane nøye overvaka i eit samarbeid mellom Statsforvalteren i Møre og Romsdal og Statens helsetilsyn. Statsforvalteren følgde i tillegg opp heile 22 tilsynssaker i samband med innføringa.

4 Styring og kontroll hos statsforvalteren

4.1 Redegjørelse for vesentlige forhold hos statsforvalterens planlegging, gjennomføring og oppfølging

Statsforvalterinstruks, hovudinstruks og tildelingsbrevet er våre viktigste styringsverktøy.

Vi har tidlegare også hatt eige strategiplanar. Vi ser no at den viktigaste strategiplana mot 2030 er FN's berekraftsmål.

Operasjonalisering av oppgavene skjer i det enkelte verksemds område og deretter i den enkelte seksjon. Det er stor grad av medarbeidar involvering. Det same gjeld i administrasjonsstaben og samordningsstaben som tilsaman utgjer verksemdstøtte.

Vi følger opp mål som er sett gjennom resultatsikringsmøter kvart tertial. Her blir trafikklysmodellen brukt, slik at vi ser kordan vi ligger an når det gjeld leveranser og måloppnåing ved årsslutt.

Statsforvalteren i Møre og Romsdal innførte i 2024 eit nytt HR- system. (DFØ) Her ligg det enda betre moglegheiter til oppfølging av mål gjennom året for den enkelte medarbeidar og leiar. Vi trur det skal bli et godt styringsverktøy. Innføring vil skjje i 2025. SFMR er den første av statsforvaltarane som har gått til innkjøp av nytt HR system.

Viktig arenaer i løpet av året er møter i strategisk leiargruppe, utvida leiargruppe, møter med alle tilsette i kvart verksemds område, allmøter, AMU og IDF- møter med tillitsvalde.

4.1.1 Statsforvalterens risikostyring

På grunn av ny organisasjonsstruktur er det fleire endringar i vår praksis i fht. risikostyring.

Vi knytter risikostyring til virksamhetsplanarbeidet i embetet, og jobber med kontinuerleg forbetring av alle våre fagområde. Vi gjer nødvendige prioriteringar etter risikovurderingane. Dette som følgje av at oppdragsmengden ikkje samsvarer med tildelte ressurser.

Vi har dialog med våre oppdragsgjevarar om desse utfordringane, både gjennom styringsmøte og samla i tilbakemelding om vesentlege risikomoment knytt til oppdrag i tildelingsbrev og hovudinstruks.

Vi har tertialvise resultatsikringsmøter med alle leiarane. Her ser vi på korleis vi ligg an i forhold måloppnåing. Eventuelle omprioriteringar etter risikovurdering skjer i resultatsikringsmøtene.

Sjølv med manglande oppnåing av saksbehandlingstid og tilsyn, særleg innafor HOD og KDD sine område, vert SFMR si måloppnåing vurdert som tilfredstillande frå alle våre oppdragsgjevarar i tilbakemelding på årsrapporten for 2023. Vi får også tilfredstillande måloppnåing frå LMD sjølv om vi har brukt færre midler enn vi har fått tildelt.

4.1.2 Statsforvalterens internkontroll, herunder iverksatte tiltak

Delegeringsreglementet er ein del av internkontrollsystemet og tydeleggjer roller og ansvar i embetet. Som følge av ny organisasjonsstruktur er delegeringsreglementet endra frå 01.01.2024.

I tillegg utarbeidde vi eit **internt forventningsbrev** til alle tilsette, som ein del av vår intern kontroll i ny organisasjonsstruktur. Dette var ein første versjon, men har fungert rimeleg godt. Vi evaluerte dokumentet saman med tillitsvalde og utvida leiargruppa, og ny og forbetra versjon av internt forventningsbrev er utarbeidd for 2025. .

Når vi mottar hovudinstruks og tildelingsbrev frå våre oppdragsgivarar, så blir desse operasjonalisert i dei to verksemdsområda og i kvar seksjon hos oss.

Vidare gjennomfører vi resultatsikringsmøter med leiarane etter kvart tertial. Dette for å sjå kor vi ligg an i høve framdrift, prioriterte oppgåver og måloppnåing.

Om det er behov for justeringar eller omprioriteringar, skjer det etter resultatsikringsmøta.

Intern kontroll er sett tydeleg på dagsorden frå DFD, og vi vil i 2025 prioritere å gå gjennom alle våre rutiner og prosedyrer for å sjå kva som kan forbetrast.

I 2024 implementerte vi saman med dei andre Statsforvaltarane **felles styringsverktøy for leiinga til avviksbehandling**, risikovurderingar og revisjonskontroll av dokumenter, prosedyrer og retningslinjer. Alle avvik knytt til informasjonssikkerheit, HMS og tjenestekvalitet vert meldt og behandla i systemet.

Riksrevisjonen skal kontrollere at internkontrollen er ivareteitt på økonomiområdet. For 2023 hadde SFMR ikkje noko merknader på dette.

Med ny organisasjonsstruktur gjekk vi over frå å skrive referat frå kvart møte i strategisk leiargruppe og utvida leiargruppe til å lage ei oppsummering etter annakvar månad.

Dette var eit forsøk på å vere rasjonall og effektiv, men de tillitvalde er ikkje nøgd med dette. Det oppstår eit informasjonsvakum. Frå 2025 skal det skrivas referat frå alle leiarmøta hos SFMR, og desse skal vere tilgjengeleg for alle tilsette på intranettet.

Referat frå møte i AMU og IDF (tillitsvalte) er også tilgjengeleg for alle tilsette på intranettet.

4.1.3 Bemanning, kapasitet og kompetansesituasjonen hos statsforvalteren

For 2024 er nivået på turnover på same nivået som vi hadde før korona. Dette er handterbart.

Vi opplever å ha tilstrekkeleg med søkjarar til dei fleste av våre kunngjorte stillingar, men det har vore noko utfordring knytt til å få kvalifiserte søkjarar med rettsvitenskapleg kompetanse.

Det har mellom anna ført til utfordring for handsaming av plan- og byggesaksklager, der vi dessverre har fått ei auke i saks-behandlingstida. Vi har sett oss nøydd til å lage avtalar med andre embete om naboehjelp, for å kunne halde nede saksbehandlingstida. Heldigvis har våre naboembeter vore positiv til det.

I tillegg fekk vi ein avtale med DFD om at saker som gjaldt settestatsforvaltersaker, ikkje skulle sendast over til SFMR i 2024. Dette fordi vi kun sat att med ein saksbehandlar i sommar. Resten var ute i foreldrepermisjon eller nytilsatt på veg inn. Problemet var forbigående, og vi er no tilbake til ein normalsituasjon mhp bemanning innan dette område.

4.1.4 Forvaltning av egne eiendeler (materielle verdier)

Fagavdelingane har oversikt over eige utstyr for bruk i arbeidet utafor embetet. eks. Herje genbank. Elles har vi ikkje eigedelar av vesentleg verdi.

4.1.5 Oppfølging av eventuelle avdekkede svakheter/utfordringer, herunder merknader fra Riksrevisjonen og status for arbeidet med informasjonssikkerhet

Vi har ikkje merknader frå Riksrevisjonen i samband med regnskapsrevisjonen for 2023.

Riksrevisjonen har gjennomført oppstartsmøte hausten 2024 for regnskapsrevisjon av 2023. Årsregnskapet er ikkje ferdig revidert og revisjonsberetning er forventa å vere klar i 2. kvartal 2025. Vi har ikkje hatt noko forvaltningskontroll i 2024.

Status for informasjonssikkerhetsarbeidet:

Vi har også i 2024 hatt avvik som gjeld informasjonssikkerheit. Avvika handlar om sending av brev til feil mottakar og manglande sladding av personsensitiv informasjon. Alle avvik er handtert og rutiner gjennomgått for å unngå slike hendingar i framtida. Brota er vurdert til å gå inn under unntaket for meldeplikten, jf GDPR artikkel 33 (1) så det er ikkje meldt til Datatilsynet.

Våre tilsette har delteke på STAF sine obligatorisk kompetansetiltak og HOX-hunt programmet gjennom heile året.

SFMR gjennomførte undersøking om sikkerhetskulturen i embetet, og dette er lagt til grunnlag for tiltak på informasjonssikkerhetsområdet i 2025.

4.2 Rapportering av andre vesentlige forhold knyttet til personalmessige forhold, likestilling, HMS/arbeidsmiljø, diskriminering, ytre miljø og lignende

HMS/Arbeidsmiljø

Statsforvaltaren utarbeider statusrapport om HMS-arbeid kvart år i tråd med internkontrollforskrifta. Den viser kva vi har prioritert og jobba med, kva vi har lukkas med og kva vi kan bli betre på. Rapporten samanfatar resultat frå kvartalsvise tilbakemeldingar frå avdelingane/stabane, resultat etter vernerundar, avviksmeldingar og aktuelle tema som har blitt løfta fram gjennom året.

Med ujamne mellomrom sett vi fokus på det systematiske HMS-arbeidet slik at vi har ei felles forståing av kva vi legg i omgrepet arbeidsmiljø. Det er gjennomført ulike tiltak for at vi saman jobber kunnskapsbasert med arbeidsmiljøet vårt.

Vi har i 2024 hatt 17 HMS avvik, dei fleste av desse var relatert til fysiske forhold som manglande temperaturstyring og ventilasjonsstøy, men vi har også innmeldt avvik som gjeld psykososiale forhold.

Allmøte/Felles samlingar

Statsforvaltaren starta året med ei felles samling for alle medarbeidarane i ny organisasjonsstruktur. I tillegg er det gjennomført 2 allmøter og vi hadde ei medarbeidarsamling der tema var bruk av kunstig intelligens i vårt daglege arbeid.

Likestilling og mangfold

I embetet er det 103 kvinner og 37 menn, fordelinga mellom kvinner og menn er på same nivå som dei siste åra. Også på leiarivået er det ei overvekt av kvinner.

Fleire kvinner enn menn har deltidsstilling grunna omsorg for små born. Deltidsstillingar har vi berre der dette er eit ønske frå arbeidstakar. Vi har saman med tillitsvalde jobba med aktivitets- og redegjøringsplikten i 2024.

Våre kontorlokale og kontorutstyr er universelt tilrettelagte.

Vi har dei siste åra tilsett fleire medarbeidarar med nedsatt funksjonsevne og eller hol i cv og har deltatt på traineeprogrammet i staten. Våre leiarar har gjennomført e-læringsprogram om mangfoldsrekruttering. Vi har fortsatt få kvalifiserte søkarar med innvandrarakgrunn til våre stillingar.

Sjukefråvær

Det normale for Statsforvaltaren i Møre og Romsdal er eit jamnt over lågt sjukefråvær, men med svingningar. I 2024 hadde vi eit sjukefråvær på 5,6% . I 2023 låg sjukefråværet på 4,9%..

I 2024 hadde vi oppfrisking av sjukefråværsrutinane for leiarane våre. Målet var redusere sjukefråværet hos oss gjennom ei meir strukturert og tettare oppfølging. Vi skulle mellom anna gjennomføre dialogmøte 1 med bistand frå BHT som standard. Det har av ulike årsakar ikkje blitt gjennomført.

Med ny organisasjonsstruktur har leiarane fått eit mindre kontrollspenn i forhold til antal tilsette pr. leiar. Medarbeidar-undersøkinga (MUST) frå 2024 viser positive score og allereie no kan vi sjå at vi har lukkast med dette.

MUST 2024 viser ei høg score på arbeidsbelastning, dette samstundes som vi har fleire egenmeldingar som er arbeidsrelatert. Dette er urovekkjande og noko vi vil følgje tettare opp i 2025.

Internt berekraftsarbeid

SFMR vart Miljøfyrtårnsertifisert på nytt i 2023. I 2024 vidareførte vi dei interne klimatiltaka, slik at vårt klimaavtrykk skal vere så lavt som mogeleg.

Bedriftshelseteneste

Vi har valt å knytte til oss bedriftshelseteneste for heile verksemda. Dei er ein viktig samarbeidspartner for oss i HMS-arbeidet. Det gjeld anten vi ser på det førebyggjande arbeidet eller ved konkrete, oppståtte saker. Dei bidreg i det systematiske HMS-arbeidet vårt. Vi inngjekk ny avtale med BRA! Astero bedriftshelsetenester i 2024.

4.3 Fellesføringer 2024

1. Systematisk og helhetlig arbeid for å redusere klimagassutslipp, naturfotavtrykk og energibruk

SFMR har i mange år hatt fokus på det systematiske og heilskaplege arbeidet for å redusere klimagassutslipp, naturfotavtrykk og energibruk.

I 2024 vart SFMR sertifisert som miljøfyrtårn på nytt. Dei interne klimatiltaka som vi laga for 2023 vidareførte vi i 2024. Eigen miljøfyrtårnsrapport vil bli utarbeidd i samsvar med krav frå Stiftelsen Miljøfyrtårn.

Vi har hatt fokus på forventningar og reglar som gjeld spesielt reiseverksemd, tenestereiser og møter. Handlingsplan for 2024 – 2025 er utarbeidd og informert om på intranett. Faktorane med tilhøyrande tiltak er transport/reiser, møblar/utstyr, energi, avfall og innkjøp

Våre kontorlokaler som vi leiger er ikkje optimale i ft. energibruk, men vi har gjort noko eigne tiltak og vi har også vore pådrivar opp mot huseigar for å få på plass løysingar innafor avfallssortering.

I samband med at SFMR skal inngå ny husleiekontrakt i 2025 vil vi kunne leggje til grunn dei nye krava med omsyn til klimagassutslipp, naturfotavtrykk og energibruk i kravspesifikasjonen. Dette vil føre til at SFMR vil kome betre ut på desse forholda i framtida.

2. Positiv utvikling i antall ansettelser av personer med funksjonsnedsettelse

Vi har hatt 13 tilsettingar i 2024. 7,7% av tilsettingane er tilsetting av personer med funksjonsnedsettelse og/eller fravær fra arbeid, utdanning eller opplæring. Dette er ei positiv utvikling sett opp mot 2020 og 2021.

I 2020 oppnådde ikkje SFMR 5% målet, men i 2021 oppnådde vi 5% målet fordi vi tilsette ein trainee som stetta krava i den nasjonale traineeordninga etter at vi hadde lyst ut to stillingar gjennom traineeordninga i staten.

Dette er eit område vi har kontinuerleg fokus på slik at mellomanna krav om å kalle inn til intervju jf. Forskrift til lov om statens ansatte §4 og §4a blir ivarettatt av våre leiarar.

Dei fleste av våre leiarar har gjennomført e-læringsprogrammet om mangfoldsrekruttering.

3. Redusere konsulentbruken

Regnskapet viser at embetet samla brukte omlag 1,9 mill. på konsulenter i 2024, same nivå som i 2023.

Kr. 1 224 818,- er knytt til ekstern bistand i samband med prosjektleiing og miljøkartleggingar, i saka til Eide miljøservice. Resten er mellom anna knytt til bistand frå statsbygg i samband med ny husleieavtale, undersøkelser grensejustering og ordning av arkivmateriale for avlevering.

Vi har brukt konsulent innan kommunikasjonsbransjen til å gjennomføre interne mediakurs for våre medarbeidarar.

5 Vurdering av framtidsutsikter

5.1 Forhold i og utenfor statsforvalteren som kan påvirke statsforvalterens evne til å løse samfunnsoppdraget på sikt

Vi innførte ny organisasjonsstruktur frå 01.01.2024

Målet var å bygge ein ny organisasjonsstruktur som er betre samordna, meir robust og framtidsretta enn den organiseringa vi har hatt dei siste 10 åra.

Ei av utfordringane for både stat og kommune er sektoriseringa. Vi må greie å samordne og samhandle betre, på tvers av fagområda, for å sikre betre måloppnåing. Utsette barn og unge er eit slikt døme, som krev mykje samhandling.

Ei anna stor og urovekkande utfordring er tryggingssituasjonen i verda. For å vere meir førebudd har SFMR tatt initiativ til lokale totalberedskapskurs for toppleiarar frå offentlig og privat sektor. Kurset går over 5 dagar og vart i 2024 gjennomført i mai og oktober.

Vi må omstille oss, og antakeleg løyse oppgåver på heilt andre måter enn vi gjer i dag. Kanskje kan/må embeta jobbe meir på tvers i saker som ikke er avhengig av geografi.

Kunstig intelligens vil stå sentralt i korleis vi løyer våre oppgåver i framtida. Dette vil også kunne hjelpe oss med "harmonisering" i sakshandsaminga.

5.2 Konsekvenser for statsforvalterens evne til å nå fastsatte mål og resultater på lengre sikt

I tillegg til stramme økonomiske rammer, auka oppdragskrav og ikkje minst utfordringar med å rekruttere inn riktig fagkompetanse, ser vi også ein trend med ei stor auke i talet på klagesaker. Det gjeld ikkje berre i Møre og Romsdal. Det gjeld heile landet.

Kommunane står foran store omstillingsprosessar de næraste åra. Vi trur at også Statsforvaltarane må ta inn over seg at vi må gjere ting på nye måtar. Vi ser mange teikn allereie i dag på at dette er nødvendig. Restanseprosjektet er et slikt eksempel. Og stadig kjem det nokre nye og mindre "restanseprosjekt" som eit embete ønskjer å få hjelp av dei andre embeta med. På same måte som vi oppmoder kommunane om å sette inn tidleg tiltak, så bør også vi i statsforvalterfamilien starte arbeidet med å gjere ting på andre måtar. Ja, kunstig intelligens vil hjelpe oss, men det vil ikkje løyse alt.

Eit døme:

Ikkje alle saker er avhengig av geografi og kjennskap til fylke for å bli løyst. Separasjon og skilsmisse er eit slikt område. Rettstryggjeleik eit anna. Om vi kunne operere med "ei kø inn" til Statsforvaltaren ville det vore meir effektivt, og mindre sårbart. Det er også ei unik moglegheit til å teste ut korleis eit slikt system vil fungere, før vi eventuelt tar det vidare til andre områder. Og andre områder er fullt mogleg! Leining handlar om å vise retning og veg.

Mange statlege verksemdar har gått over til "ei kø inn"

Noreg har forplikta seg til å redusere våre klimautslepp med 55 % innan 2030. Dette synes krevjande! Vi treng fleire verty og strengare reglar frå nasjonale myndigheiter. Som eit informasjonstiltak har SFMR laga ein eigen kortfilm om folkevalde sitt ansvar opp mot berekraftsmåla, og vi jobber aktivt gjennom høyringssvar til samfunns- og arealplaner, samt i Tett-på prosjektet til våre 5 utvalde kommunar, med å lære opp og vektlegge ei berekraftig utvikling.

6 Årsregnskap

[Årsregnskap for Møre og Romsdal.pdf](#)

7 Vedlegg

Budsjettavvik

Betegnelse på rapporteringskrav	
Budsjettavvik (tusen kr)	6 469.0
Budsjettavvik (%)	3.5 %

Regnskapet for 2024 viser eit mindreforbruk på 6,469 millioner kroner. Sjå punkt 3.4 og ledelseskomentaren til årsregnskapet for ei forklaring til budsjettavviket. Mindreforbruket inkluderer kompensasjon for lønnsoppgjøret for 2024, kr. 2 525 000,- som vert utbetalt i mars 2025. Desse er ikkje tatt med i beregningen av budsjettavviket i prosent. Budsjettavviket ligg på same nivå som dei andre embeta som har mindreforbruk.

Husleie

Husleie (tusen kr)	9 326.0
Husleie (% av driftsutgifter)	8.5 %

Utgifter til leie har gått opp med 6,7 % frå 2023. Husleie utgjør 8,5% av driftsutgiftene og er det lavaste prosenten av alle embeta.

Journalposter

Betegnelse på rapporteringskrav	Journalposter totalt	Antall journalposter i elements	Antall journalposter i vergemåls-elements
Antall journalposter	78 584	44 283	34 301

Har ei auke på 5,3 % i totale antall journalposter frå 2023 til 2024.

Regnskapstall sortert på poster

Betegnelse på rapporteringskrav	2024
152001	111 424
152021	2 868
Post 01 (unntatt 152001)	7 064
Post 20-29 (unntatt 152021)	82 028
Post 30-39	16 864
Post 40-49	0
Post 60-69	66 433
Post 70-79	11 130
Post 80-89	5 177

I forhold til 2023 er det ein stor reduksjon på post 01, elles er det litt auke på alle postar.

Sykefravær

Betegnelse på rapporteringskrav	Dager/Prosentdel
Sum totalt sykefravær (legemeldt og egenmeldt)	1 746.0
Prosent sykefravær (legemeldt og egenmeldt)	5.6 %
Sum totalt sykefravær menn (legemeldt og egenmeldt)	163.0
Prosent sykefravær menn (legemeldt og egenmeldt)	1.9 %
Sum totalt sykefravær kvinner (legemeldt og egenmeldt)	1 583.0
Prosent sykefravær kvinner (legemeldt og egenmeldt)	7.0 %
Antall legemeldte sykedager for menn	105.0
Prosent legemeldte sykedager for menn	1.2 %
Avtalte arbeidsdager for menn	8 413.0
Antall legemeldte sykedager for kvinner	1 208.0
Prosent legemeldte sykedager for kvinner	5.3 %
Avtalte arbeidsdager for kvinner	22 583.0
Antall egenmeldte sykedager for menn	58.0
Prosent egenmeldte sykedager for menn	0.7 %
Antall egenmeldte sykedager for kvinner	375.0
Prosent egenmeldte sykedager for kvinner	1.7 %

Vi har ei auke i sum sjukefravær frå 4,9% i 2023 til 5,6% i 2024 (som er 0,2% høgare enn i 2022). Vi har eit måltal om at vi ikkje skal ha sjukefravær på over 4%, men vi ser at vi saman med to andre embete er dei som har lavast sjukefravær i 2024.

Likestilling

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall kvinner	Andel kvinner	Antall menn	Andel menn	Årslønn kvinner	Årslønn menn	Andel kvinners lønn av menns lønn
Totalt i virksomheten	103.0	73.6 %	37.0	26.4 %	726 000.0	697 297.0	104.1 %
Kategori 1: Embetsledelse/Dir/Admsjef	5.0	83.3 %	1.0	16.7 %	1 253 709.0	1 158 625.0	108.2 %
Kategori 2: Seksjonssjef/Ass dir	10.0	71.4 %	4.0	28.6 %	918 462.0	877 287.0	104.7 %
Kategori 3: Saksbehandler 1	53.0	75.7 %	17.0	24.3 %	716 177.0	722 935.0	99.1 %
Kategori 4: Saksbehandler 2	31.0	77.5 %	9.0	22.5 %	619 391.0	633 158.0	97.8 %
Kategori 5: Kontorstillinger	4.0	66.7 %	2.0	33.3 %	548 193.0	550 286.0	99.6 %
Kategori 6: Fagarb. stillinger	0.0	0.0 %	3.0	100.0 %	0.0	532 463.0	0.0 %
Kategori 7: Lærlinger							

Andel kvinners lønn av menns lønn er 104.1%, det same som for 2023. Elles er det noko endringar som følge av endringar i leiarstrukturen.

Årsverk

Betegnelse på rapporteringskrav	2024
Totalt antall årsverk	121.4
Totalt antall årsverk for kvinner	88.9
Totalt antall årsverk for menn	32.5
Totalt antall årsverk for faste stillinger	118.5
Totalt antall årsverk for midlertidige stillinger	2.9
Sum andel administrasjon	4.8 %
Økonomi	0.8
Lønn	0.9
Personal	1.8
Resepsjon/sentralbord	1.0
Andre administrative oppgaver (spesifiser i kommentarfeltet)	1.3
DFØs definisjon av årsverk er benyttet.	

Det er ein reduksjon i antal årsverk frå 2023 til 2024. Dette kjem som følge av forseinking i tilsettingar. Andre administrative oppgåver - Innkjøp 0,2, Kursadministrasjon 0,5, Digital medarbeidar 0,5

Turnover

Betegnelse på rapporteringskrav	2024
Turnover i prosent	9.9 %
Gjennomsnittlig antall ansatte	121.3
Totalt antall ansatte som sluttet (eksludert de som gikk av med pensjon) i løpet av året og ble erstattet	12.0
Totalt antall ansatte som sluttet	15.0
Herav ansatte som sluttet grunnet pensjonering	4.0
Herav ansatte som sluttet grunnet andre årsaker	11.0

Frå å hatt veldig lav turnover har vi i 2024 kome opp att på det nivået vi hadde på turnoveren før korona. Vi er eit av dei to embeta som har høgaste turnover i 2024.

HR - fordelt på kjønn

Betegnelse på rapporteringskrav	Kvinner	Menn	Totalt
Sum antall ansatte	103	37	140
Sum antall deltidsansatte	14	3	17
Sum antall midlertidige ansatte	4	2	6
Sum antall ansatte med personalansvar	12	4	16
Ufrivillig deltid			0

Driftsutgifter og lønn

Netto driftsutgifter	110 042.0
Administrativ kostnadsdekning	5 629.0
Brutto driftsutgifter	115 671.0
Lønn kap.152001	98 235.0
Lønnsandel av brutto driftsutgifter	84.9 %

HR - fordelt på alder/foreldrepermisjon

Betegnelse på rapporteringskrav	2024
Sum antall ansatte	140
Antall ansatte under 20 år	0
Antall ansatte 20 - 29 år	5
Antall ansatte 30 - 39 år	26
Antall ansatte 40 - 49 år	44
Antall ansatte 50 - 59 år	46
Antall ansatte over 60 år	19
Gjennomsnittlig ukesverk foreldrepermisjon kvinner	28
Dagsverk foreldrepermisjon kvinner	555
Antall kvinner i foreldrepermisjon	4
Gjennomsnittlig ukesverk foreldrepermisjon menn	12
Dagsverk foreldrepermisjon menn	362
Antall menn i foreldrepermisjon	6